23.mars	STAVANGER / SOLA	Innføring i styrearbeid - Nye styremedlemmer RHF og HF (styremedlemmer valt av og blant dei tilsette)		Opplæringsdag for nye styremedlemmer RHF og HF
18.april Kl. 1600	HAUGESUND Helse Fonna HF			Synfaring og fellesmøte med styret i Helse Fonna HF Felles middag med styret i Helse Fonna HF
19.april	HAUGESUND	• Årsoppgjer 2022 • Spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar • Berekraftig utvikling for psykisk helsevern og rus • Internrevisjonen sin rapport om tvang i psykisk helsevern - Rapportering på resultat i forbetringsarbeidet • Prosess for val av nye styre i HF-a og val av arbeidsutval	• Godkjenning av protokoll • AD si orientering - Tilsynssaker *Styret ønskjer å få lagt seg føre ei kort orientering om status knytt til Statsforvaltaren i Vestland sitt tilsyn med habiliteringstenesta for barn og ungdom (HABU) i Helse Bergen HF til styremøtet i april 2023.*	*Temasak: Psykisk helsevern med stor vekt på barn og unge; kunnskapsgrunnlag, behov, kompetanse, samhandling med kommunane*

		• Løypemelding om arbeidet med justerte resultatkrav i HF-a • AD si orientering - Løypemelding arbeidet med tiltaksplan 2035 - Løypemelding strategisk plan for digitale helsetenester • Temasak: Psykisk helsevern	- Lover, forskrifter og myndigheitskrav - Høyringar - Regionale planar under arbeid - Status beredskap • Rapportering frå verksemda • Orientering frå RBU	
2. mai	GARDERMOEN			Styreseminar alle RHF-styra, HOD
14. juni	STAVANGER	• Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2024 • Langtidsbudsjett 2024 – 2028, inkl. overordna risikovurdering knytt til investeringane/byggprosjekta • *Frå styremøte 7. desember (sak 120/22): Styret ønskja ein redgjersle for berekning av pensjonskostnadar og analyse av gjestepasientstraumar og vekst i gjestepasientkostnadar til eit seinare møte.* • Revidert Nasjonalbudsjett 2023 • Tertialrapportering *Styret bad om å få lagt seg føre ein tydelegare tidsplan for når dei ulike delplanane til regional beredskapsplan skal*	• Godkjenning av protokoll • AD si orientering - Tilsynssaker - Lover, forskrifter og myndigheitskrav - Høyringar - Regionale planar under arbeid - Status beredskap • Rapportering frå verksemda • Orientering frå RBU	Presentasjon: ROMLE ved Jon Bolstad Fellesmøte med Regionalt brukarutval *Temasak: Temasak om arbeidet som er gjort og pågår med forsyning, inkludert ansvarsfordeling mellom RHF og HF*

		arbeidast med. Styret er opptekne av å vite kva tid styret skal inn i dei ulike prosessane, og bad om at dette går inn i tidsplanen. Styret bad vidare om å få lagt seg føre ein årleg status for dette arbeidet – enten som ei temasak eller som del av tertialrapport. • Møteplan og årsplan 2024 • Nasjonal rapport – Forsking og innovasjon til pasientens beste • Lånesøknadar frå HF • Revidert tiltaksplan Helse 2035 • Strategisk plan for digitale helsetenester i Helse Vest • Temasak: Forsyning • AD si orientering • Orientering om status kjøp av helsetenester		
5. sept.	STAVANGER			Felles middag med styret i Helse Stavanger HF
6.sept.	STAVANGER	• Halvårleg rapportering på gevinstrealisering på innkjøpsområdet • Årleg fagspesifikk rapport om talet på eigne lærlingar og fagarbeidarar i helseføretaka	• Godkjenning av protokoll • AD si orientering - Tilsynssaker - Lover, forskrifter og myndigheitskrav - Høyringar	Synfaring og fellesmøte med styret i Helse Stavanger HF

			- Regionale planar under arbeid - Status beredskap • Rapportering frå verksemda • Orientering frå RBU	
4. okt.	STAVANGER	• Tertialrapportering • Ortopedi i Fonna regionen (013/23) • Temasak: Orientering om dei felleseigde selskapa og styret sitt ansvar	• Godkjenning av protokoll • AD si orientering - Tilsynssaker - Lover, forskrifter og myndigheitskrav - Høyringar - Regionale planar under arbeid - Status beredskap • Rapportering frå verksemda • Orientering frå RBU	Presentasjon av SAV • *Temasak: Orientering om dei felleseigde selskapa og styret sitt ansvar (059/21) – ev i samband med rapportering tilsynssak ambulansefly (Helse Nord)*
4.okt.	STAVANGER			Styremiddag RHF-styret og HF-styra
5. okt.	STAVANGER			Styreseminar RHF-styret, HF-styra, AD i HF-a og leiar av RBU deltek
1.nov.	STAVANGER	• Temasak om Risikostyring og risikovurdering	• Godkjenning av protokoll • AD si orientering	

			- Tilsynssaker - Lover, forskrifter og myndigheitskrav - Høyringar - Regionale planar under arbeid - Status beredskap • Rapportering frå verksemda • Orientering frå RBU	*Temasak: Risikostyring og risikovurdering, invitere Helsetilsynet*
6.des.	STAVANGER	• Styret si eigenevaluering og vurdering av AD • Regulering av lønn til administrerande direktør • Inntektsfordeling og resultatkrav 2024 • Innspel til Statsbudsjett 2025 • Innspel til Styringsdokument 2024 • *Temasak: Forbetringsarbeid, metodikk og prosedyre*	• Godkjenning av protokoll • AD si orientering - Tilsynssaker - Lover, forskrifter og myndigheitskrav - Høyringar - Regionale planar under arbeid - Status beredskap • Rapportering frå verksemda • Orientering frå RBU	*Temasak: Forbetringsarbeid, metodikk og prosedyre*

Tertialrapportering – Innspel frå styret:

- Til rapporteringa på kvalitetsindikatorane ønskja styret å ha fokus å lære av dei som har klart å nå måla på område der Helse Vest eller eit helseføretak har svake resultat.
- Rapportering på etterleving av Regional plan for habilitering og rehabilitering
- Internrevisjonen sin rapport om tvang i psykisk helsevern – Løypemelding på resultat i forbetringsarbeidet

- Riksrevisjonen si undersøking av psykiske helsetenester – rapportering på plan for oppfølging av tiltak
- Avansert oppgåveplanlegging – Sentrale KPI-ar
- Tilbakemelding på korleis prioritering av psykisk helsevern og TSB går 15/2-22
- Til neste gjennomgang av handlingsplan for sikkerheitspsykiatri ønskja styret ein orientering om samansetting av bemanning innanfor sikkerheitspsykiatrien, inkludert omfanget av ufaglærte. Styret ønskja også ei vurdering av om omfanget av vald og truslar i relasjon til medarbeidarane sin kompetanse. 23/3.22
- Orientering om dei felleseigde selskapa og styret sitt ansvar (059/21)
- Styret bad om å få lagt seg føre ein tydelegare tidsplan for når dei ulike delplanane til regional beredskapsplan skal arbeidast med. Styret er opptekne av å vite kva tid styret skal inn i dei ulike prosessane, og bad om at dette går inn i tidsplanen. Styret bad vidare om å få lagt seg føre ein årleg status for dette arbeidet – enten som ei temasak eller som del av tertialrapport.(012/23)

Til neste revisjon av «Rammeverk for verksemdsstyring i Helse Vest»: bør ein sjå på om trelinjemodellen for verksemdsstyring bør omtalast, samt vurdere om internrevisjonen bør skifte namn til konsernrevisjon (23/3-22)

I 2024 blir det fellesmøte med Helse Førde og Helse Bergen.

Forslag til tema på styreseminar/styremøte:

- Temasak om rekruttering: Ev invitere leiar av Helsepersonellkommisjonen Gunnar Bovim, februar 2023
- Temasak om psykisk helsevern med stor vekt på barn og unge; kunnskapsgrunnlag, behov, kompetanse, samhandling med kommunane (15/2-22), april 2023
- Temasak om arbeidet som er gjort og pågår med forsyning, inkludert ansvarsfordeling mellom RHF og HF (15/2-22), juni 2023
- Orientering om dei felleseigde selskapa og styret sitt ansvar (059/21) – ev i samband med rapportering tilsynssak ambulansefly (Helse Nord), oktober 2023
- Temasak om Risikostyring og risikovurdering, invitere Helsetilsynet (076/20 pkt. 5), november 2023
- Forbetringsarbeid, metodikk og prosedyre, desember 2023

10.03.2023

STYRESAK

GÅR TIL:	Styremedlemmer
FØRETAK:	**Helse Vest RHF**
DATO:	05.03 .2023
FRÅ:	Administrerande direktør
SAKSHANDSAMAR:	Torunn Nilsen
SAKA GJELD:	**Administrerande direktør si orientering**
ARKIVSAK:	2023/130
STYRESAK:	**024/23**
STYREMØTE:	**22.03. 2023**

FORSLAG TIL VEDTAK
Styret tek meldingane til orientering.

1. **Rapportering tilsynssaker**
- Notat ligg ved

2. **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
- Notat ligg ved

3. **Oversikt over aktuelle høyringar**
- Notat ligg ved

4. **Regionale planar under arbeid**
- Notat ligg ved

5. **Status beredskap**
   Orientering i møtet

6. **Arbeidsmiljøutvalet (AMU) årsrapport – 2022**
   Notat ligg ved

7. **Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette**
   Notat ligg ved

8. **Utvikling bemanning**
   Notat ligg ved

HELSE VEST

9. Høyring helsepersonellkommisjonen

Orientering i møte

STYRESAK 024/23 Administrerande direktør si orientering pkt. 1
OVERSIKT OVER TILSYNSSAKER I HELSE VEST[1]:
OVERSIKT OVER STATUS I TILSYNSSAKER SOM ER GJENNOMFØRTE, ELLER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.

Nytt sidan førre rapportering: **Ingen nye tilsyn siden førre rapportering.**

Tilsynssaker under arbeid:

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG FRIST FOR Å LUKKE AVVIKET
Statens helsetilsyn	Helse Bergen HF	Statens helsetilsyn gjennomførte tilsyn med Helse Bergen med tema handtering av celler og vev.	**Det blei avdekka eitt avvik:** *"Ledelsen ved Helse Bergen HF har mangelfull oversikt over humane celler og vev som benyttes i pasientbehandlingen. Helseforetaket håndterer bindevevshinner uten å sikre at gjeldene regelverk etterleves, og uten godkjenning for denne aktiviteten. Helseforetaket sikrer heller ikke at vesentlige endringer og årsrapporter blir sendt inn for alle områdene. Mangelfull oppfølging fra ledelsen kan ha medført redusert pasientsikkerhet ved donasjon og mottak av humane celler og vev."*	Helse Bergen hadde ingen merknadar til førebels rapport og ventar på den endelege rapporten frå Helsetilsynet.
Statens helsetilsyn	Helse Bergen HF	Statsforvaltaren i Vestland har oppretta tilsynssak knytt til NORWAIT-studien.	**Helsetilsynets avgjerd i saka:** *«Statens helsetilsyn har kommet til at Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus har brutt --kravet til forsvarlighet i medisinsk og helsefaglig forskning og kravet om internkontroll, jf. helseforskningsloven §§ 5 og 6 og tilhørende forskrift §§ 3-5 i forbindelse med forskningsprosjektet «Watch and wait – ved komplett klinisk respons etter neoadjuvant stråling for endetarmskreft» (Norwait-studien).*	Helse Bergen HF jobbar med å svare ut saka.

[1] Rapporten omhandlar berre dei mest alvorlege sakene der avvika fører til direkte fare for liv og helse. Andre tilsyn (og avvik av ulik grad) er ikkje inkludert her.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG FRIST FOR Å LUKKE AVVIKET
			Statens helsetilsyn har funnet det nødvendig å pålegge stansing av Norwait-studien ved Helse Bergen HF, jf. helseforskningsloven § 51. Videre pålegger vi Helse Bergen HF å slette personopplysninger som er innhentet i forbindelse med forsknings-prosjektet og å tilby pasientene som er inkludert i forskningsprosjektet en ny, ekstern vurdering. Helsetilsynet har konkludert med at *«Helse Bergen ikke har fulgt opp lokal studieleder/ prosjektmedarbeider og gjennomføringen av prosjektet slik regelverket tilsier. Pasienter er inkludert i strid med godkjent forskningsprotokoll, og forskningen har vært uforsvarlig».* Helse Bergen må difor - setje i verk tiltak for å sikre at pågåande og framtidige forskingsprosjekt blir forsvarleg organisert, gjennomført og følgd opp i samsvar med regelverk om helseforskning. Helsetilsynet har bedd føretaket gjere greie for kva tiltak dei har satt i verk for å sikre dette. - sende inn nye rutinar/skriftlege retningslinjer som er innført i føretaket for å sikre nemnte formål, og dokumentasjon som visar korleis desse blir innført i føretaket. - gå gjennom alle forskingsprosjekt som for tida gjennomførast ved Kirurgisk klinikk og gjere greie for om føretaket følgjar forskningsprotokollen og forhandsgodkjenning/vilkår frå REK. - gjere greie for korleis føretaket følgjar med på at leiarar som er delegert oppgåva med oppfølging av forskingsprosjekt (nivå 2-leiarar) gjennomfører oppgåva. For meir informasjon om saka, sjå her.	

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG FRIST FOR Å LUKKE AVVIKET
	Helse Stavanger HF	Statsforvaltaren i Vestland har oppretta tilsynssak knytt til NORWAIT-studien.	**Helsetilsynets avgjerd i saka:** *«Statens helsetilsyn har kommet til at Helse Stavanger HF, Stavanger universitetssjukehus har brutt --kravet til forsvarlighet i medisinsk og helsefaglig forskning og kravet om internkontroll, jf. helseforskningsloven §§ 5 og 6 og tilhørende forskrift §§ 3-5 i forbindelse med forskningsprosjektet «Watch and wait – ved komplett klinisk respons etter neoadjuvant stråling for endetarmskreft» (Norwait-studien).* **Statens helsetilsyn har konkludert med følgjande:** *«Denne saken har vist at helseforetaket ikke har ivaretatt sitt ansvar som koordinerende forskningsansvarlig og ikke har fulgt opp prosjektleder og gjennomføringen av studien slik regelverket tilsier. Saken har også vist at Helse Stavanger mangler et system for å følge med på gjennomføringen av multisenterstudier som virksomheten har ansvar for eller er involvert i.»* Helsetilsynet har difor bedd Helse Stavanger om å sende inn opplysningar om - føretakets involvering i andre multisenterstudiar - korleis føretaket skal sikre at nåverande og framtidige multisenterstudiar blir forsvarleg organisert, følgt opp og gjennomført i samsvar med regelverk om helseforskning - nye rutinar/skriftlege retningslinjer som visar korleis føretaket skal sikre at det ovannemnte blir innført i føretaket For meir informasjon om saka, sjå her. Helsetilsynet gjennomførte i tillegg tilsyn med prosjektleiar for studien, sjå her for meir informasjon. Saka mot prosjektleiar er avslutta.	Helse Stavanger HF jobbar med å svare ut saka.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG FRIST FOR Å LUKKE AVVIKET
Arbeidstilsynet	Helse Stavanger HF	Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn ved Klinikk psykisk helsevern vaksne, Avdeling for akutt- og intensiv psykiatri, sengepost AMC2 med tema: - Gjennomgang av ulykkeshending. - Systematisk HMS-arbeid (kartlegging, risikovurdering, handlingsplan, rutinar, rapportering og avvikshandtering) knytt til forhold i arbeidet som kan bidra til psykiske plager. - Informasjon og opplæring knytt til risikoforhold i arbeidet.	**Føretaket har motteke to varslar om pålegg:** 1. Arbeidsgivar skal kartleggje årsakar til arbeidsulykka. På bakgrunn av kartlegginga skal arbeidsgivar vurdere risikoen for at slike ulykker kan skje igjen og setje i verk tiltak og/eller utarbeide plan for å redusere mogelegheita for at dette kan skje. 2. Arbeidsgivar må forbetre verksemdas kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjonar som kan gjere at arbeidstakar blir utsatt for vald, trussel om vald og uheldige belastningar som følge av kontakt med andre. På denne bakgrunn skal arbeidsgivar lage planer og setje i verk tiltak for å redusere risikoen. Arbeidsgivar skal gjere dette i samarbeid med arbeidstakarane, verneombod og tillitsvalte.	**Tilbakemelding frå Helse Stavanger på varsel nr 1:** «*Avd. Akutt og intensiv er av den oppfatning at det er gjennomført og dokumentert en granskning av ulykken og har ettersendt dokumentasjon i saken som synliggjør dette. En tenker pålegg 1 må korrigeres i endelig rapport*.» Einingas risikovurdering skal revideras og utpekte risikoar skal leggas til. Avdelinga samarbeider med bedriftshelsetenesta om forbetring av føretakets risikovurderingesskjema, slik at Arbeidstilsynet sine krav blir synleggjort på ein betre måte ovanfor arbeidsgivar. Saken er meldt til lokalt arbeidsmiljøutval for gjennomgang den 08.11.22 og vil bli følgt opp i alle klinikkens avdelingar i etterkant. Helse Stavanger har utarbeida ein rapport med gjennomgang og gransking av hendinga. Dei ventar no på tilbakemelding frå Arbeidstilsynet.
Arbeidstilsynet	Helse Stavanger HF	Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn ved Klinikk psykisk helsevern vaksne, Sandnes DPS Varatun sengepost med tema vald, truslar om vald og uheldige belastningar - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan.	**Føretaket har motteke eitt varsel om pålegg:** Arbeidsgivar må forbetre verksemdas kartlegging og risikovurdering ved arbeidsstasjonar som kan føre til at arbeidstakar blir utsatt for vald, trussel om vald og uheldige belastningar som følge av kontakt med andre. På denne bakgrunn skal arbeidsgivar utarbeide planer og setje i verk tiltak for å redusere risikoen. Arbeidsgivar skal gjøre dette i samarbeid med arbeidstakarane, verneombod og tillitsvalte.	Einingas risikovurdering skal revideras og utpekte risikoar skal leggas til. Avdelinga samarbeider med bedriftshelsetenesta om forbetring av føretakets risikovurderingesskjema, slik at Arbeidstilsynet sine krav blir synleggjort på ein betre måte ovanfor arbeidsgivar. Saken er meldt til lokalt arbeidsmiljøutval for gjennomgang den 08.11.22 og vil bli følgt opp i alle klinikkens avdelingar i etterkant.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG FRIST FOR Å LUKKE AVVIKET
				Arbeidstilsynet har basert på tilsvar frå Sandnes DPS vurdert at vilkåret for pålegget ikkje er oppfylt og har difor gitt utsetting av frist til 17.03.23. Sandnes DPS skal ha ein breiare gjennomgang av saka samen med HMS-sjef før dei på nytt svarar ut tilsynet.
Statens helsetilsyn	Helse Fonna HF	Statens helsetilsyn har gjennomført tilsyn med bruk av IKT-system med legemiddelinformasjon.	**Tilsynets konklusjon:** 1. *«Helse Fonna har ikke i tilstrekkelig grad hatt oversikt over risiko for svikt ved innføring av KULE-prosjektet. Dette kan ha medført risiko for at behandlende personell ikke har hatt tilgang til fullstendige, nøyaktige og gyldige opplysninger om legemiddelbehandling, som kan ha medført økt risiko for feilmedisinering.* 2. *Helseforetakets rutiner for avvikshåndtering understøtter ikke i tilstrekkelig grad kvalitetsforbedring av IKT-systemer for legemiddelinformasjon. Bruk av avvikssystemet til læring og kontinuerlig forbedring er viktig, og kan bidra til å identifisere områder med høy risiko også andre steder i organisasjonen, og ut over menneskelige faktorer.* 3. *Samlet sett er helseforetakets rutiner for avvikshåndtering og identifisering av risiko ikke i tilstrekkelig grad egnet til å sikre forsvarlig legemiddelbehandling, hverken ved innføring eller endring av eksisterende systemer, eller i prosessen med kontinuerlig kvalitetsforbedring. Helsetilsynet har derfor også konkludert med at helseforetaket ikke har oppfylt sin plikt til å tilby forsvarlige helsetjenester ved legemiddelbehandling».* Sjå tilsynsrapporten for meir informasjon.	Helse Fonna sendte inn tilbakemelding 27.10.2022: Det er utarbeida handlingsplan med tiltak, tidsfristar og kven som er ansvarleg for oppfølging av tiltaka. Det er avtalt statusmøte i mars 2023.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG FRIST FOR Å LUKKE AVVIKET
Statens helsetilsyn	Helse Stavanger HF	Statens helsetilsyn har gjennomført tilsyn ved Avdeling for immunologi og transfusjonsmedisin for å undersøkje korleis dei handterer tapping av blod, testing (inkludert virusscreening), prosessering, oppbevaring, frigivelse av blod og blodkompo-nenter til transfusjon og fraksjonering, samt kvalitetsstyrings-systemet.	**Tilsynet avdekka eitt avvik:** *«Helse Stavanger har ikke tilstrekkelig kontroll med at nødvendig vedlikehold av frysere for oppbevaring av humant beinvev og amnionhinneprodukter blir utført. Manglende oppfølging av at kritisk utstyr blir vedlikeholdt kan over tid gi økt risiko for at humant materiale blir oppbevart under betingelser som ikke er egnet for å opprettholde god nok kvalitet.»* Sjå tilsynsrapporten for meir informasjon.	Etter førespurnad frå Helsetilsynet har Helse Stavanger har sendt inn ytterlegare opplysningar i saka og ventar no på tilbakemelding.
Statsforvaltaren i Vestland	Helse Fonna HF	Statsforvaltaren i Vestland har gjennomført tilsyn med Habiliteringsavdelinga for barn og ungdom. Dei har undersøkt om helseføretaket sørgjer for barn og unge under 18 år som vert tilviste med spørsmål om ulike grader av utviklingshemming og eller bruk av tvang, får trygge og gode tenestar.	**Konklusjon:** *«Barn med utviklingshemming som er fagleg vurderte til å ha behov for (ny) kognitiv utgreiing i Habiliteringstenesta for barn og unge, ventar langt ut over førespegla tid for inntak. Ved tilsynet kunne ingen opplyse kva tid barna vil få tilbod. Det ligg ikkje føre plan for når barna vert tekne inn til utgreiing. Helse Fonna HF sikrar difor ikkje at barna får hjelp til rett tid».* Sjå tilsynsrapporten for meir informasjon.	Helse Fonna HF jobbar med å svare ut saka. Frist for tilbakemelding er 20.10.22. **Følgjande konkrete tiltak er sett i verk i tenesta:** Det er utarbeida ein lokal opptrappingsplan med konkrete tiltak og mål for korleis tenesta skal styrkast. Følgjande tiltak er satt i verk for å redusere fristbrot og ventetider: Det er tilsett nye 2,5 stilling fast ved HABU: -Pedagog 100% -Psyk.spesialist 50% -Ergoterapeut 100% Det er tilsett ytterleg ca. 1 stilling vikar ved HABU. Det er også tilsett 1 vikarstilling ved HAVO. Helse Fonna HF mottok brev frå Statsforvaltaren datert 19.10.2022 med

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG FRIST FOR Å LUKKE AVVIKET
				oppfølgingsspørsmål og krav om kvartalsvis rapportering av utviklinga frå og med desember 2022. Tilsynet vert ikkje avslutta før det er dokumentert endring som varer over tid.
Statsforvaltaren i Vestland	Helse Bergen HF	Statsforvaltaren i Vestland har gjennomført tilsyn med Habiliterings-tenesta for barn og ungdom (HABU). Dei har undersøkt om helseføretaket sørgjer for barn og unge under 18 år som vert tilviste med spørsmål om ulike grader av utviklingshemming og eller bruk av tvang, får helsehjelp i samsvar med aktuelle lovkrav.	**Statsforvaltaren peiker på følgjande:** **«***Helse Bergen driv med ein for høg risiko for svikt ved at barn med utviklingshemming som er vurderte til å ha behov for (ny) utgreiing /vurdering i Habiliteringstenesta for barn og ungdom ventar langt ut over førespegla tid for inntak. Det er også uvisst kva tid dei vil få.* *<u>Dette er brot på</u>:* *Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten §§ 6-9, jf. spesialisthelsetjenesteloven §§ 2-2 og 3-4 a.* *Kjent sårbarheit i verksemda i Habiliteringstenesta for barn og ungdom er ikkje følgd opp med tilstrekkelege korrigerande tiltak. Forseinka utgreiing og oppfølging av barn og unge med langvarige og samansette behov innverkar på pasienttryggleiken og kan innebere at behandling og eigna tiltak ikkje vert sett inn i tide*». **Oppfølging**: Tilsynet omfattar ein avgrensa del verksemda i HABU. Statsforvaltaren tilrår at Helse Bergen gjer ei vurdering av den samla verksemda i HABU for å identifisere bakanfor-liggande forhold som medverkar til høg risiko for svikt i pasientretta verksemd, under dette ventetid på helsehjelp som avdekt ved tilsynet. Tilsynsrapporten ligg <u>her</u>.	I brev av 12.09.22 etterspurde Statsforvaltaren ytterlegare informasjon om: - eventuelt andre konkrete tiltak ut over styrking av bemanning - ei konkretisering av kva indikatorar/målepunkt som de vil bruke for følgje med på at tiltaka verkar over tid Statsforvaltaren etterspurde også talet på barn og unge i målgruppa som per 1. september 2022 ventar på utgreiing eller ny vurdering, kor mange som vil kome til innan oppgitt tid, kor mange som ikkje kjem til innan oppgitt tid, og kor lenge dei kjem til å vente. HABU i Helse Bergen opplyste i svar datert 03.10.22 at dei følgjer systematisk opp ventelister, og prioriterer både nye tilviste og ventande etter grad av alvor, nytte og ressursbruk. Ventande pasientar: - 32 pasientar har ikkje fått time innan førespegla tid. - 5 av desse er prioriterte pga. skulestartalder: vil få time 4-9 månader etter førespegla tid. - 27 av desse er 7-16 år gamle: vil få time 4-12 månader etter førespegla tid.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG FRIST FOR Å LUKKE AVVIKET
				Andre tiltak ut over rekruttering: Kortsiktige tiltak: - Overtidsarbeid for eksisterande psykologar i ein avgrensa periode (sjå til avtale PBU?). - Mellombels tilsetting av psykolog for å ta unna utgreiingar (ligg allereie planlagt i opptrappingsplan). - Tydeliggjere kriterium for inntak til utgreiing, både internt og eksternt. Langsiktige tiltak: - Ta sikte på at ein har psykolog i spesialisering heile tida (rullerende, praksisperiodar), "utdanningsstilling". I brev frå Helse Bergen av 30.11.2022 gjer føretaket greie for ventelista for målgruppa per 01.12.2022: - 22 pasientar har ikkje fått tildelt time til utgreiing innan førespegla tid (gjeld samla for førstegongsklassifisering og reklassifisering av utviklingshemming og nevropsykologisk kartlegging). - Alle må vente 8-12 månader ut over førespegla tid. Tiltak som er sett i verk: - Det er tilsett ein logoped og to psykologar som tiltrer i januar-mars 2023. - Det vert jobba med å gjere kriterier for inntak til utgreiing tydelegare, og det er innført internt inntaksteam for utgreiingar. I brev frå Statsforvaltaren av 20.12.2022 kommenterer dei at førre statusrapport viser lang ventetid. Statsforvaltaren

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG FRIST FOR Å LUKKE AVVIKET
				etterspurde ny statusrapport innan 01.03.23, inkludert opplysningar om avdelinga byrjar å sjå effekt av tiltaka. Det vert òg bede om følgjande opplysningar: - om barn på venteliste vert tekne inn etter fristdato eller om de gjer andre prioriteringar, i tilfelle korleis - om de tilbyr eventuelle kompenserande tiltak til barnet/familien og eller til kommunale tenester i påvente av inntak - kva informasjon som er gitt internt og eksternt om kriterium for inntak til utgreiing
Statens Helsetilsyn	Helse Bergen HF	Statens helsetilsyn har gjennomført tilsyn ved Blodbanken med tema handtering av blod og blodkomponentar.	**Avvik:** Helseføretaket har ikkje i tilstrekkeleg grad følgd opp at forbetringstiltaka frå 2017/2018 har fungert etter føremålet. Manglande iverksetjing og oppfølging av tiltak kan ha ført til at pasienttryggleiken ved transfusjon ikkje er forbetra som tenkt. ("Stort avvik": Ikkje kritisk, men gjev indirekte risiko). **Merknad:** Helseføretaket kan bidra til auka pasienttryggleik ved transfusjon utanfor sjukehus ved å inkludere tilbod om rettleiing og opplæring i avtalane. Tilsynsrapporten ligg her.	Helse Bergen jobbar med å svare ut saka og har i brev av 31.10.2022 gjort greie for at tiltak frå 2017/18 fungerer etter hensikta: 1. Faste målingar 2x/år over kor mange som har oppnådd kompetansekravet innan transfusjon. Målingane vert presentert for N2/3-møtet. 2. Forbetring av kurset: (1) styrande dokumentasjon om identifisering av pasient og praktisk transfusjon, (2) gjennomføring av test. Helse Bergen sendte inn presentasjon av status for oppfølging av avviket og gjennomgang av tiltaka til Helsetilsynet 13.01.23.
Statens legemiddelverk	Helse Bergen HF	Statens legemiddelverk har gjennomført tilsyn ved Avdeling for immunologi og	**Statens legemiddelverk fant desse avvika:** *(Avvikskategoriar: kritiske avvik [K], store avvik [S] og andre avvik [A]).*	Helse Bergen har utarbeida og gjennomført ein rekkje tiltak for å lukke avvika. Statens legemiddelverk er orientert om tiltaka i brev av 04.11.2022.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG FRIST FOR Å LUKKE AVVIKET
		transfusjonsmedisin for å undersøkje korleis dei handterer tapping av blod, testing (inkludert virusscreening), prosessering, oppbevaring, frigivelse av blod og blodkompo-nenter til transfusjon og fraksjonering, samt kvalitetsstyrings-systemet.	Kvalitetsstyringssystem: 1. Kvalitetsstyringssystemet har einskilde manglar og er tidvis mangelfullt implementert. [A] 2. Dokumentasjon av vedlikehald og reinhold er tidvis mangelfull [A] Personell: 3. Dokumentasjon på medarbeidaranes opplæring er stadvis mangelfull [A] Tilverking: 4. Statistisk prosesskontroll av blodkomponentane blir ikkje evaluert i samsvar med eigen prosedyre. [S]	Tiltaka er sakshandsama i Synergi. Alle avvika vert oppfatta som lukka.
Statens helsetilsyn	Dei regionale helse-føretaka	Tilsyn med ambulanseflytenesta - Undersøking av om befolkninga i Nord-Noreg får forsvarlege ambulanseflyteenester	**Helsetilsynet sin konklusjon:** «Pasienter med behov for øyeblikkelig hjelp har fått forsinket transport til forsvarlig behandlingssted, og faktorer innenfor tjenestens kontroll har bidratt til forsinkelsene. De regionale helseforetakene har dermed ikke sørget for at pasienter i Nord-Norge med behov for øyeblikkelig hjelp tilbys forsvarlige og koordinerte ambulanseflytjenester. Tilsynet har videre avdekket at de regionale helseforetakene ikke har oppfylt sitt ansvar for tilrettelegging og styring av ambulanseflytjenestens aktiviteter. Svikten gjelder plikten til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere ambulanseflytjenesten. Det foreligger etter dette brudd på spesialisthelsetjenesteloven §§ 2-1 a, 2-1 e, 2-2, 3-1 og 3-4 a, jf. helseforetaksloven § 2a, akuttmedisinforskriften §§ 1, 4 og 10 og forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten §§ 6-9. De regionale helseforetakene har ansvar for at luftambulansetjenesten forvaltes som en nasjonal tjeneste og at ambulansetjenestene i nødvendig grad er samordnet nasjonalt. Lovbruddet omfatter derfor alle de	Helsetilsynet har hjulpet Helse Nord RHF, helseføretaka i Nord-Norge og LAT HF i deira arbeid med oppfølging av tilsynet gjennom skriftleg dialog og faste møter. Helsetilsynet har bedd om månadleg rapportering av status for alle akuttoppdrag og særleg for pasientar med tidskritiske tilstandar. I brev datert 12.05.22 (sjå vedlegg 2) skriver Helsetilsynet mellom anna: «*Selv om Helse Nord RHF sammen med andre aktører har fått til forbedring på flere områder og har etablert et kvalitetsutvalg på tvers av foretakene, viser dataene samlet sett at det fra pasientenes ståsted fremdeles er risiko for forsinket transport som kan utfordre kravet til forsvarlig helsehjelp*.» Helsetilsynet har bedd om eit nytt møte med Helse Nord RHF og Helse Midt RHF der dei ber om at Helse Nord RHF gjer greie for vidare framdrift i lukking av avvika.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG FRIST FOR Å LUKKE AVVIKET
			regionale helseforetakene, selv om dette tilsynet spesifikt har undersøkt ambulanseflytjenestene som ytes i Nord Norge.» For meir informasjon om tilsynet, sjå tilsynsrapport og nyheitssak ifrå Helsetilsynet.	Helse Nord RHF har gjennomført nye møter med helsetilsynet i juni og august. Saka har vore til behandling i nasjonalt AD-møte. Helse Nord har (på vegne av alle regionane) sendt inn ein utgreiing av tiltak for å lukke avvika.

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 06.03.2023
FRÅ: Administrerande direktør
SAKSHANDSAMAR: Ann-Elin Djuvik Kro
SAKA GJELD: **Orientering om lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 26.01.2023 - 06.03.2023023**

ARKIVSAK: 2023/82
STYRESAK: **024/24**

STYREMØTE: **22.03. 2023**

Administrerande direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 27.01.23 – 06.03.23

Lov	**Dato for kunngjering**	**Kva lova/lovendringa gjeld**
Helseberedskapslova LOV-2000-06-23-56	10.02.23	Fullmaktene i helseberedskapslova § 5-2 blir gitt vidare verknad frå og med 15. februar 2023 til og med 14. mars 2023.
Folketrygdlova LOV-1997-02-28-19 Pasient- og brukarrettslova LOV-1999-07-02-63 Helsepersonellova LOV-1999-07-02-64 Pasientskadelova LOV-2001-06-15-53	03.03.23	Endringslov av 3. mars 2023 nr. 2 om endringar i helselovgivinga. Endringane er knytt til blant anna organisering av klagenemndene og behandling av personopplysingar i pasientskadesaker. ***Lov om endringer i helselovgivningen (organisering av klagenemndene, behandling av personopplysninger i pasientskadesaker m.m.) - Lovdata***

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 27.01.23 – 06.03.23

Forskrift	**Dato for kunngjering**	**Kva saka gjeld**
Forskrift om gebyr ved behandling av søknad om autorisasjon, lisens, spesialistgodkjenning og godkjenning av etterutdanning for spesialistar. (FOR-2023-02-09-190)	14.02.23	Formålet med denne forskrifta er å fastsette gebyr til dekning av kostnader i samband med Helsedirektoratet sitt arbeid med behandling av søknad om autorisasjon, lisens, spesialistgodkjenning, og godkjenning av etterutdanning av spesialistar i allmennmedisin, jf. helsepersonellova § 51 og § 53. Gebyr skal betalast til Helsedirektoratet ved innsending av søknad. Forskrifta er gjeldande frå 1. mars 2023 ***Forskrift om gebyr ved behandling av søknad om autorisasjon, lisens, spesialistgodkjenning og godkjenning av etterutdanning for spesialister - Lovdata***

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 27.01.23 – 06.03.23

Myndigheitskrav	**Dato**	**Kva saka gjeld**
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	17.02.23	Det ble den 17. februar 2023 gjennomført føretaksmøte i Helse Vest RHF. Det var ei sak til behandling. Saka gjaldt den økonomiske situasjonen. Sjå eiga styresak.

HELSE VEST

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 06.03.2023
FRÅ: Administrerande direktør
SAKSHANDSAMAR: Ingvild Braut
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar**

ARKIVSAK: 2023/75
STYRESAK: **024/23**

STYREMØTE: **22.03.2023**

Administrerande direktør si orientering pkt. 3

Oversikt over aktuelle høyringar per 06.03.2023

Høyringsinstans	Sakstittel	Motteke dato	Info om prosess	Høyringsfrist
Helse- og omsorgsdepartementet	Høyring - Forslag til endringar i reglane i bioteknologilova for preimplantasjonsdiagnostikk (PGD) og forbod mot genetisk testing av barn utanfor helsetenesta	28.02.2023	Vi koordinerer eit felles innspel i samarbeid med helseføretaka.	31.05.2023

Høyringsinstans	Sakstittel	Motteke dato	Info om prosess	Høyringsfrist
Helse- og omsorgsdepartementet	Høyring - Rapport frå ekspertgruppe som har vurdert akkreditering av universitet	21.02.2023	Vi førebur ei høyringsuttale.	03.05.2023
Helsedirektoratet	Høyring - Endringar i læringsmål i spesialistutdanninga for legar	15.02.2023	Koordinerer innspel med RegUt.	02.05.2023
Helse- og omsorgsdepartementet	Høyring - Endringar i smittevernlova (isolering og smittekarantene) og helseberedskapslova (medisinsk utstyr)	03.02.2023	Bedt om eventuelle innspel frå helseføretaka. Vi koordinerer eit høyringssvar.	11.04.2023
Helse- og omsorgsdepartementet	Høyring - Helsepersonellkommisjonens NOU 2023:4 Tid for handling - Personellet i ein berekraftig helse- og omsorgsteneste	02.02.2023	Vi koordinerer eit felles innspel i samarbeid med helseføretaka.	02.05.2023

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 06.03.2023
FRÅ: Administrerande direktør
SAKSHANDSAMAR: Brita Mauritzen Næss
SAKA GJELD: **Oversikt over regionale planar under arbeid mars 2023**

ARKIVSAK: 2023/122
STYRESAK: **024/23**

STYREMØTE: **22.03.2023**

Administrerande direktør si orientering pkt. 4

Styret i Helse Vest RHF bad i møtet den 07.09.17 om å få oversikt over regionale planar som er under arbeid eller revidering. Det er ingen planar under arbeid eller revidering p.t.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) årsrapport – 2022

Bakgrunn

Meir om AMU og VO i Forskrift om organisering, leiing og medverknad, kapittel 3, § 3-7 og arbeidsmiljølova kapittel 6, §§ 6-1 til 6-5.

Samansetting 2022

Siri Tjessem Fjælberg	verneombod
Guro Ringen Rana	vara verneombod
Kristian Bernhoff Frafjord	Arbeidstakarrepresentant (til 1.10.22)
Thomas Dag Iversen	vara arbeidstakarrepresentant
Brita Mauritzen Næss	arbeidstakarrepresentant
Maren Stapnes Ege	vara arbeidstakarrepresentant
Jan Erik Lorentzen	arbeidsgivarrepresentant
Baard-Christian Schem	vara arbeidsgivarrepresentant (til 1.8.22)
Hilde Christiansen	arbeidsgivarrepresentant
Bente Aae	vara arbeidsgivarrepresentant
Inger Cathrine Bryne	arbeidsgivarrepresentant
Ivar Eriksen	vara arbeidsgivarrepresentant

Gina B. Holsen har vore sekretær gjennom heile perioden.

Møter og saker i perioden

Det har vore 4 møte i 2022. Godkjenning av referat er fast sak på agendaen, og godkjende referat blir sende medlemmane og arkiverte. Innkalling og referat er tilgjengelege for alle medarbeidarane i Elements (arkivsystem).

Hovudpunkt i AMU sitt arbeid i 2022 har vore:

Faste saker

- HMS-handlingsplan
- årshjul
- sjukefråværsstatistikk i Helse Vest RHF
- medarbeidarundersøkinga ForBetring

Andre saker

OU-prosjektet «Vår nye arbeidsplass».

Helse Vest RHF flyttar frå Forus til nye kontorlokale i K8, Knud Holms gate 8, i Stavanger sentrum. Det har vore nokre prosessar i samanheng med førebuing til flyttinga som felles ryddedag, testing av arbeidsform, gjennomgang av kontormøblar mm. På fagdagen 9. november, for alle medarbeidarar, var konsulentar for oppdraget inviterte og dei presenterte fargeval, tekstilval mm. Flyttedato er 28. november 2023. Arbeidsplassløysing i K8 skal vere ei aktivitetsbasert skjerma løysing.

Microsoft 365

Innan utgangen av 2023 skal heile føretaksgruppa i Helse Vest, private ideelle og andre med driftsavtale med Helse Vest IKT, ta i bruk Microsoft 365. I praksis betyr det at vi skal ta i bruk og bruke fleire løysingar i Microsoft 365, og avvikle for eksempel lagring av dokument på F-disken (felles lagringsdisk på server). Vi vil få ein heilt ny plattform - skyløysing - for kontorstøtte, kommunikasjon, deling og digitalt samarbeid. Prosjekteigar for «Innføring av M365» er direktør for medarbeidar, organisasjon og teknologi.

Microsoft-løysingane vi har i dag blir erstatta av Microsoft 365. Det gjer det mogleg for oss å tilby alle medarbeidarar i Helse Vest tidsriktige, trygge og sikre løysingar for digitalt samarbeid, som er tilgjengelege uavhengig av om vi er til stade på arbeidsplassen eller ei.

Framdriftsplan
Overordna framdriftsplan for regionalt innføringsprosjekt hausten 2022:

- Helse Vest IKT klargjer den tekniske plattforma
- Helse Vest IKT testar ut M365 for alle sine medarbeidarar
- Lokale innføringsprosjekt startar opp
- Helse Vest IKT evaluerer testperioden og justerer styrande dokumentasjon
- Regionalt prosjekt utarbeider planar for opplæring og organisasjonsutvikling, SharePoint oppgradering (inkludert etablering av nye intranett) og kommunikasjon i M365. Det skal jobbast med gevinstrealisering og dokumenthandtering og alle andre planar knytte til overgangen det er å ta i bruk M365. Heile innføringsprosjektet skal vere gjennomført i løpet av 2023.

Alle avdelingar har hatt éin eller to representantar med i arbeidet.

Heimekontor, hybrid eller tilstade

I tråd med Arbeidsmiljølova (AML) §10-2(3) tilbyr Helse Vest RHF medarbeidarane fleksibel arbeidstid. Det er viktig for leiinga å understreke at arbeidsplassen er ein viktig, felles arena, og leiinga ønskjer at arbeidsplassen skal vere den gode arenaen for samarbeid, samspel og liknande.

Etter pandemien har det vore ekstra merksemd på å vere til stades. Vi har framleis fleksibel arbeidstid, fysisk tilrettelegging, utstyr og trivsel for heimekontor. Det er vedteke at alle medarbeidarar kan ha inntil ein dag heimekontor i veka, med unntak av resepsjonen (som er til stades kvar dag), men at det er venta at ein stiller fysisk i allmøte og avdelingsmøte.

Fagdag for alle medarbeidarar blei gjennomført 9. november med gode tilbakemeldingar og engasjement.

Gjennomførte kartleggingar

- Kartlegging av psykososialt arbeidsmiljø – ForBetring 2022

Godkjent av AMU 21.03.2023

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 07.03.2023
FRÅ: Administrerande direktør
SAKSHANDSAMAR: Bjørn Ivar Bø
SAKA GJELD: **Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF**

ARKIVSAK: 2019/5103
STYRESAK: **024/23**

STYREMØTE: **22.03.2023**

Administrerande direktør si orientering pkt. 7

Valstyre blei oppnemnd av styret i Helse Vest RHF i møte den 2. november 2022, og har hatt følgjande samansetting:

Leiar: Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN
Nestleiar: Oddvin Næsse, konserntillitsvald for YS
Medlem: Bjørn Ivar Bø, Rådgivar

Valstyret har fastsett valdagen til den 22. februar 2023. Valstyret har vedtatt at alle kunngjeringar om valet vil skje elektronisk. Dersom det blir fleirtalsval eller det kjem inn meir enn ei liste i samband med forholdstalsval, skal sjølve valet vere hemmeleg og skriftleg, og vil skje ved postsending slik som før. Dersom det berre kjem inn ei liste i samband med forholdstalsval, blir dei kandidatane som er kandidatar på denne eine lista valde utan at det blir gjennomført avstemming på lister. Når det er ei liste, er det dei som blir vald.

Frist for å komme med krav om forholdstalsval var 11. januar 2023. Valstyret mottok krav om forholdstalsval innan fristen frå Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund og Den norske legeforening.

Frist for å komme med valliste var 1. februar 2023. Valstyret mottok ei felles liste frå Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund og Den norske legeforening.

Lista var i samsvar med forskrifta og var motteke innan fristen. Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

«Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende»

Valresultat:

Styremedlemmar:

1. Wenche Kristin Røkenes, Sykepleier, avd for rus og psykiatri, Tronvik, Helse Førde
2. Linda Karin Gangstøe, Helsesekretær, Laboratorieklinikken, Helse Bergen
3. Geir Arne Sunde, overlege, Kirurgisk serviceklinikk, Helse Bergen

Varamedlemmar:

4. Jan Erik Nilsen, Psykiatrisk Sykepleier/rådgiver Klinikk psykisk helsevern, barn unge og rusavhengige, Helse Stavanger
5. Clarence Johnpillai, overlege, avdeling for akuttmedisin, Helse Førde
6. Gina Helland, sjukepleiar, Helse Fonna
7. Heidi S. Sundal Sevel, intensivsjukepleiar, Haukeland sjukehus, Helse Bergen
8. Johnny Ottessen, Vernepleier, Divisjon Psykisk helsevern, Helse Bergen

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2023, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen slik som avtalt på førehand.

Valresultatet blir kunngjort på Helse Vest RHF sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Vedlegg: Protokoll frå valstyret Helse Vest RHF per 23 februar 2023.

Sensitivity: Internal

HELSE VEST

PROTOKOLL FRÅ VALSTYRET I HELSE VEST RHF

Valstyret blei oppnemnd av styret i Helse Vest i møte den 2. november 2022, og har hatt følgjande samansetning:

Leiar: Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN
Nestleiar: Oddvin Næsse, konserntillitsvald for YS
Medlem: Bjørn Ivar Bø, Rådgivar

Retningslinjer for gjennomføringa av valet

Valstyret vedtok følgjande retningslinjer for gjennomføring av val:

1. Alle kunngjeringar om valet skal skje elektronisk
2. Valet skal skje ved postsending
3. Valet skal skje den 22. februar 2023
4. Krav om forholdstalsval må vere valstyret i hende innan 11. januar 2023
5. Listeforslag må vere valstyret i hende innan 01. februar 2023
6. Plan og materiell for valet blir lagt fram for valstyret for godkjenning
7. Forskriftene skal vere tilgjengelege på nettsidene: www.helse-vest.no

Kunngjering om val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF er utført i samsvar med valforskrifta og har skjedd elektronisk på nettet.

Krav om forholdstalsval blei rettidig motteke innan fristen den 11. januar 2023 frå Den norske legeforening, Fagforbundet og Norsk Sykepleierforbund, jf. forskrifta § 5 og § 10.

Kunngjering om forholdstalsval i Helse Vest RHF er utført elektronisk innan fastsette fristar.

Lister

Følgjande valliste blei tatt i mot i samsvar med forskrifta, og innan forslagsfristen gjekk ut:

1. Wenche Kristin Røkenes, Sykepleier, avd for rus og psykiatri, Tronvik, Helse Førde
2. Linda Karin Gangstøe, Helsesekretær, Laboratorieklinikken, Helse Bergen
3. Geir Arne Sunde, overlege, Kirurgisk serviceklinikk, Helse Bergen

Varamedlemmar:

4. Jan Erik Nilsen, Psykiatrisk Sykepleier/rådgiver Klinikk psykisk helsevern, barn unge og rusavhengige, Helse Stavanger
5. Clarence Johnpillai, overlege, avdeling for akuttmedisin, Helse Førde
6. Gina Helland, sjukepleiar, Helse Fonna
7. Heidi S. Sundal Sevel, intensivsjukepleiar, Haukeland sjukehus, Helse Bergen
8. Johnny Ottessen, Vernepleier, Divisjon Psykisk helsevern, Helse Bergen

Valstyret fekk tilsendt berre ei liste innan fristen.

HELSE VEST

Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

"Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er forslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende."

Funksjonstid og møteplikt

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2023, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre han/ho har lovleg forfall.

Resultatet av valet går fram av denne protokollen. Resultatet av valet blir med dette omgåande meldt til leiinga og styret i Helse Vest RHF ved original signert protokoll. Valet vil også bli kunngjort på Helse Vest sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Det finst dokumentasjon for alle kunngjeringane som er nytta for heile prosessen.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen, slik som avtala på førehand.

Valstyret, 23. februar 2023

Toril Østvold
Leiar

Oddvin Næsse
Nestleiar

Bjørn Ivar Bø
Medlem

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 09.03.2023
FRÅ: Administrerande direktør
SAKSHANDSAMAR: Hilde Brit Christiansen
SAKA GJELD: **Utvikling bemanning per mars 2023**

ARKIVSAK: 2023/251
STYRESAK: **024/23**

STYREMØTE: **22.03.2023**

Administrerande direktør si orientering pkt. 8

Det har vore ein vesentleg utvikling i bemanninga dei seinaste åra. Utvikling gjennom pandemien har særleg vore prega av behov for å styrke kapasiteten og sikre tilstrekkeleg fagleg kapasitet i periodar med høgt fråvær blant eigne medarbeidarar. På det høgaste var det om lag 4 000 medarbeidarar som ikkje var tilgjengelege for føretaka, (eigen sjukdom, karantene bestemmelsar, sjuke born, stengde skular og barnehagar mm). Ein har i desse periodane mobilisert pensjonistar, nytta innleigde helsepersonell vikarar i den utstrekning det har vore nødvendig. Ein viser i det vidare til utvikling for dei ulike stillingsgruppene.
Det er og verd å merke seg at Helse Bergen har overtatt Bergensklinikkene. Det har vore eit mål for Helse Bergen å utvikle og modernisere aktiviteten over noe tid i tråd med sine planar for rustilbodet.

Følsomhet Intern (gul)

Utvikling av gjennomsnittleg brutto månadsverk for helseføretaka for perioden 2018 – 2022:



År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
2022	23 370	23 333	23 383	23 418	23 366	23 433	23 696	23 758	23 754	23 759	23 762	23 773
2021	22 687	22 690	22 672	22 708	22 718	22 809	23 079	23 153	23 158	23 169	23 183	23 206
2020	21 958	21 949	21 954	22 067	22 100	22 195	22 436	22 508	22 516	22 560	22 579	22 613
2019	21 407	21 394	21 384	21 446	21 437	21 518	21 763	21 824	21 822	21 832	21 845	21 876
2018	21 125	21 132	21 123	21 140	21 140	21 200	21 431	21 485	21 472	21 464	21 471	21 481

Gjennomsnittleg netto månadsverk 2018 – 2022:



År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	August	September	Oktober	November	Desember
2022	20 025	19 551	19 531	19 656	19 647	19 492	18 423	18 596	18 673	18 795	18 819
2021	19 721	19 677	19 517	19 642	19 618	19 460	18 296	18 432	18 465	18 545	18 585
2020	19 111	18 788	18 568	18 847	18 934	18 835	17 789	17 937	18 037	18 139	18 220
2019	18 603	18 354	18 286	18 397	18 404	18 249	17 236	17 352	17 444	17 528	17 612
2018	18 330	18 077	18 030	18 079	18 136	17 998	17 007	17 104	17 182	17 277	17 329

Merk at ein ikkje har med juli månad dei einskilde åra. Årsaka til det er at netto månadsverk syner dei som har utført oppgåver. Hovudferieavviklinga skjer delvis i juni, men heile juli og noko i august kvart år.

Følsomhet Intern (gul)

Gjennomsnittleg tal medarbeidarar 2018 – 2022



År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	August	September	Oktober	November	Desember
2022	28 958	29 034	29 061	29 071	29 098	29 252	29 370	29 392	29 415	29 439	29 458
2021	28 105	28 146	28 167	28 182	28 215	28 393	28 544	28 569	28 597	28 627	28 664
2020	27 521	27 562	27 695	27 798	27 874	28 030	28 159	28 167	28 168	28 178	28 191
2019	27 027	27 068	27 086	27 100	27 118	27 259	27 354	27 359	27 365	27 371	27 403
2018	26 844	26 860	26 849	26 869	26 884	27 023	27 134	27 138	27 148	27 157	27 166

Utvikling i bruk av innleigde helsepersonell vikarar blir vist i brutto månadsverk 2018 – 2022. Det kan vere fleire vikarar som utgjer eit månadsverk. Dei blir ikkje registrert med fråvær, (sjølvsagt kan dei ha sjukefråvær, men det blir trekt i frå ved berekning av månadsverka):



År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	August	September	Oktober	November	Desember
2022	67	72	71	73	73	78	82	84	82	81	80
2021	46	41	38	42	42	42	54	59	60	61	63
Det er risiko i budsjettet for 2023 relatert til høgare løns- og prisvekst enn deflatoren som ligg til grunn i statsbudsjettet. Ein kompensasjon for auka løns- og prisvekst i revidert nasjonalbudsjett vil derfor isolert sett ikkje forbetre resultatet, men ta ned risikoen.

Resultatkravet for 2023 er fastsett med utgangspunkt i ei stram økonomisk ramme. Resultatkravet er derfor sett lågare enn det som er nødvendig for å gjennomføre investeringsplanane i føretaksgruppa. Det blir no i dialog med helseføretaka gjort ei vurdering av om ein skal justerte resultatkravet som følgje av den varige styrkinga av den økonomiske ramma. Målsettinga er å komme tilbake på eit resultatkrav opp mot det nivået som låg til grunn for rullering av ØLP våren 2022.

Vedlegg:

1. Talgrunnlag og analysar

Rapportering frå verksemda januar 2023

Vedlegg

Innhald

1. Målekort
2. Kvalitet og pasientbehandling
3. Prioritering av psykisk helsevern og rusbehandling
4. Aktivitet
5. Meldekultur
6. Sjukefråvær, månadsverk mv.
7. Alle møter
8. Økonomi/finans

Målekort

Målekort Helse Vest - januar 2023		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	65	50	
	Ventetid - PHV	45	49	40	
	Ventetid - BUP	40	56	35	
	Ventetid - TSB	35	35	30	
	Andel kontakter passert planlagt tid		13,10 %		
	* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandllingsformer				
	Korridorpasienter somatikk		1,50 %		
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnopphold		14 442	13 299	8,6 %
	Dagopphold		4 920	4 869	1,0 %
	Poliklinikk		132 875	117 973	12,6 %
Psykiatri	Døgnopphold		845	917	-7,9 %
	Dagopphold		29	17	70,6 %
	Poliklinikk		44 695	44 785	-0,2 %
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)		125	108	15,7 %
	Dagopphold		2	0	-200,0 %
	Poliklinikk		7 550	7 303	3,4 %
Bemanning	Brutto månedsverk		23 937	23 370	2,4 %
	Sykefravær	5,5 %	8,8 %	8,6 %	
			Regnskap	Budsjett	Avvik
Økonomi	Resultat		-19 354	37 699	-57 053

Prioritering av psykisk helsevern og rusbehandling

Tal ISF-konsultasjonar per fagområde – per januar

Somatikk	Hittil i år (Januar)			Endring til 2023		%-endring til 2023	
Polikliniske ISF-konsultasjonar	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022
Helseføretak	**107 367**	**110 788**	**124 930**	**17 563**	**14 142**	**16.4%**	**12.8%**
Helse Stavanger HF	33 457	33 419	37 667	4 210	4 248	12.6%	12.7%
Helse Fonna HF	13 316	13 712	15 306	1 990	1 594	14.9%	11.6%
Helse Bergen HF	49 930	51 842	59 505	9 575	7 663	19.2%	14.8%
Helse Førde HF	10 664	11 815	12 452	1 788	637	16.8%	5.4%
Ideelle sjukehus	**6 448**	**7 185**	**7 945**	**1 497**	**760**	**23.2%**	**10.6%**
Betanien	302	409	437	135	28	44.7%	6.8%
Haraldsplass	3 574	4 029	4 650	1 076	621	30.1%	15.4%
Revmatismesykehuset	2 572	2 747	2 858	286	111	11.1%	4.0%
Helseføretak inkl. ideelle sjukehus	**113 815**	**117 973**	**132 875**	**19 060**	**14 902**	**16.7%**	**12.6%**

BUP	Hittil i år (Januar)			Endring til 2023		%-endring til 2023	
Polikliniske ISF-konsultasjonar	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022
Helseføretak	**15 216**	**16 797**	**15 453**	**237**	**-1 344**	**1.6%**	**-8.0%**
Helse Stavanger HF	5 755	5 909	4 965	-790	-944	-13.7%	-16.0%
Helse Fonna HF	2 319	2 456	2 319	0	-137	0.0%	-5.6%
Helse Bergen HF	5 571	6 668	6 524	953	-144	17.1%	-2.2%
Helse Førde HF	1 571	1 764	1 645	74	-119	4.7%	-6.7%
Ideelle sjukehus	**600**	**785**	**753**	**153**	**-32**	**25.5%**	**-4.1%**
Betanien	600	785	753	153	-32	25.5%	-4.1%
Helseføretak inkl. ideelle sjukehus	**15 816**	**17 582**	**16 206**	**390**	**-1 376**	**2.5%**	**-7.8%**

TSB	Hittil i år (Januar)			Endring til 2023		%-endring til 2023	
Polikliniske ISF-konsultasjonar	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022
Helseføretak	**7 937**	**7 303**	**7 550**	**-387**	**247**	**-4.9%**	**3.4%**
Helse Stavanger HF	2 284	2 414	1 346	-938	-1 068	-41.1%	-44.2%
Helse Fonna HF	299	263	278	-21	15	-7.0%	5.7%
Helse Bergen HF	5 159	4 409	5 723	564	1 314	10.9%	29.8%
Helse Førde HF	195	217	203	8	-14	4.1%	-6.5%
Helseføretak inkl. ideelle sjukehus	**7 937**	**7 303**	**7 550**	**-387**	**247**	**-4.9%**	**3.4%**

VOP	Hittil i år (Januar)			Endring til 2023		%-endring til 2023	
Polikliniske ISF-konsultasjonar	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022
Helseføretak	**19 212**	**20 726**	**21 746**	**2 534**	**1 020**	**13.2%**	**4.9%**
Helse Stavanger HF	6 159	6 387	6 696	537	309	8.7%	4.8%
Helse Fonna HF	3 123	3 500	3 508	385	8	12.3%	0.2%
Helse Bergen HF	8 125	8 695	9 306	1 181	611	14.5%	7.0%
Helse Førde HF	1 805	2 144	2 236	431	92	23.9%	4.3%
Ideelle sjukehus	**5 845**	**6 477**	**6 743**	**898**	**266**	**15.4%**	**4.1%**
Betanien	1 080	1 368	1 529	449	161	41.6%	11.8%
Jæren DPS	1 702	1 680	1 809	107	129	6.3%	7.7%
Bjørkeli	834	866	948	114	82	13.7%	9.5%
Solli	2 019	2 248	2 201	182	-47	9.0%	-2.1%
Olaviken	210	315	256	46	-59	21.9%	-18.7%
Helseføretak inkl. ideelle sjukehus	**25 057**	**27 203**	**28 489**	**3 432**	**1 286**	**13.7%**	**4.7%**

	Hittil i år (Januar)			Endring til 2023		%-endring til 2023	
Polikliniske ISF-konsultasjonar	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022
Somatikk	**113 815**	**117 973**	**132 875**	**19 060**	**14 902**	**16.7%**	**12.6%**
Psykisk helsevern	**40 873**	**44 785**	**44 695**	**3 822**	**-90**	**9.4%**	**-0.2%**
VOP	25 057	27 203	28 489	3 432	1 286	13.7%	4.7%
BUP	15 816	17 582	16 206	390	-1 376	2.5%	-7.8%
TSB	**7 937**	**7 303**	**7 550**	**-387**	**247**	**-4.9%**	**3.4%**
Totalt	**162 625**	**170 061**	**185 120**	**22 495**	**15 059**	**13.8%**	**8.9%**

Kvalitet og pasientbehandling

Gjennomsnittleg ventetid per fagområde - behandling starta



Langtidsventande (>365)



Prosentdel fristbrot



Prosentdel fristbrot per fagområde



Kreftforløp

NPR har utfordringer med å publisere tall for januar.

Aktivitet

Aktivitet somatikk – DRG poeng per månad



Aktivitet somatikk – DRG-poeng hittil i år

DRG-poeng (døgn, dag og poliklinikk)	Hittil i år (Januar)			Endring til 2023		%-endring til 2023	
	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022
Helse Vest inkl. ideelle sjukehus	**24 894**	**25 595**	**28 908**	**4 014**	**3 313**	**16.1%**	**12.9%**
Helseføretak	**23 251**	**23 718**	**26 907**	**3 657**	**3 190**	**15.7%**	**13.4%**
Helse Stavanger HF	6 642	6 889	7 676	1 034	787	15.6%	11.4%
Helse Fonna HF	3 249	3 219	3 565	316	346	9.7%	10.8%
Helse Bergen HF	11 159	11 415	13 302	2 143	1 888	19.2%	16.5%
Helse Førde HF	2 200	2 196	2 364	164	168	7.4%	7.7%
Ideelle sjukehus	**1 643**	**1 878**	**2 001**	**358**	**123**	**21.8%**	**6.6%**
Betanien	110	127	97	-14	-30	-12.3%	-23.6%
Haraldsplass	1 364	1 536	1 698	335	163	24.5%	10.6%
Revmatismesykehuset	169	215	206	36	-9	21.6%	-4.4%
STG, TFG og stråle	**8 055**	**8 492**	**8 321**	**266**	**-171**	**3.3%**	**-2.0%**
Sum DRG-poeng totalt	**32 949**	**34 088**	**37 230**	**4 281**	**3 142**	**13.0%**	**9.2%**

DRG-poeng psykisk helsevern og TSB – poliklinikk

DRG-poeng (døgn, dag og poliklinikk)	Hittil i år (Januar)			Endring til 2023		%-endring til 2023	
	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022
Totalt PH - Psykisk helsevern	**9 215**	**10 026**	**10 142**	**927**	**116**	**10.1%**	**1.2%**
BUP - Psykisk helsevern for barn og unge	5 290	4 971	4 647	-643	-324	-12.2%	-6.5%
PHV - Psykisk helsevern for vaksne	3 925	5 055	5 495	1 570	439	40.0%	8.7%
Totalt TSB	**1 463**	**1 252**	**1 291**	**-172**	**39**	**-11.8%**	**3.1%**
Totalt PH og TSB	**10 678**	**11 278**	**11 432**	**755**	**154**	**7.1%**	**1.4%**

	VOP							BUP							TSB						
	Hittil i år (Januar)			Endring til 2023		%-endring til 2023		Hittil i år (Januar)			Endring til 2023		%-endring til 2023		Hittil i år (Januar)			Endring til 2023		%-endring til 2023	
DRG-poeng PH og TSB	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022
Helseføretak	**3 069**	**3 959**	**4 339**	**1 269**	**380**	**41.4%**	**9.6%**	**5 087**	**4 758**	**4 433**	**-654**	**-324**	**-12.8%**	**-6.8%**	**1 463**	**1 252**	**1 291**	**-172**	**39**	**-11.8%**	**3.1%**
Helse Stavanger HF	974	1 258	1 303	329	45	33.8%	3.6%	1 876	1 705	1 411	-465	-294	-24.8%	-17.2%	471	486	319	-151	-167	-32.1%	-34.3%
Helse Fonna HF	506	721	815	309	94	61.0%	13.1%	782	690	671	-111	-19	-14.2%	-2.8%	125	123	154	30	32	23.7%	25.7%
Helse Bergen HF	1 324	1 603	1 814	490	211	37.0%	13.1%	1 918	1 878	1 880	-38	2	-2.0%	0.1%	839	612	774	-65	163	-7.7%	26.6%
Helse Førde HF	265	377	406	141	30	53.2%	7.9%	511	485	472	-39	-13	-7.6%	-2.7%	28	31	43	14	11	50.5%	36.6%
Ideelle sjukehus	**856**	**1 096**	**1 156**	**300**	**60**	**35.1%**	**5.4%**	**203**	**213**	**214**	**11**	**1**	**5.3%**	**0.3%**							
Betanien	161	224	267	106	43	65.6%	19.1%	203	213	214	11	1	5.3%	0.3%							
Jæren DPS	264	298	316	52	17	19.8%	5.8%														
Bjørkeli	118	148	163	45	15	38.0%	10.0%														
Solli	284	374	363	79	-10	27.8%	-2.7%														
Olaviken	28	52	47	19	-5	65.1%	-9.8%														
Helseføretak inkl. ideelle	**3 925**	**5 055**	**5 495**	**1 570**	**439**	**40.0%**	**8.7%**	**5 290**	**4 971**	**4 647**	**-643**	**-324**	**-12.2%**	**-6.5%**	**1 463**	**1 252**	**1 291**	**-172**	**39**	**-11.8%**	**3.1%**

Somatisk aktivitet - %-endring ift. 2021 og 2022

Somatikk	Siste månad			Endring til 2023		%-endring til 2023		Hittil i år (Januar)			Endring til 2023		%-endring til 2023	
	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2023	2021	2022	2021	2022
Aktivitet	**131 690**	**136 141**	**152 237**	**20 547**	**16 096**	**15.6%**	**11.8%**	**131 690**	**136 141**	**152 237**	**20 547**	**16 096**	**15.6%**	**11.8%**
Sjukehusopphald, døgn	13 281	13 299	14 442	1 161	1 143	8.7%	8.6%	13 281	13 299	14 442	1 161	1 143	8.7%	8.6%
Sjukehusopphald, dag	4 594	4 869	4 920	326	51	7.1%	1.0%	4 594	4 869	4 920	326	51	7.1%	1.0%
Polikliniske ISF konsultasjonar	113 815	117 973	132 875	19 060	14 902	16.7%	12.6%	113 815	117 973	132 875	19 060	14 902	16.7%	12.6%
DRG-poeng	**32 949**	**34 088**	**37 230**	**4 281**	**3 142**	**13.0%**	**9.2%**	**32 949**	**34 088**	**37 230**	**4 281**	**3 142**	**13.0%**	**9.2%**
Døgn, dag og poliklinikk	24 894	25 595	28 908	4 014	3 313	16.1%	12.9%	24 894	25 595	28 908	4 014	3 313	16.1%	12.9%
STG	3 605	4 042	4 188	583	146	16.2%	3.6%	3 605	4 042	4 188	583	146	16.2%	3.6%
TFG	4 237	4 219	3 928	-310	-291	-7.3%	-6.9%	4 237	4 219	3 928	-310	-291	-7.3%	-6.9%
Stråleterapi	213	232	206	-7	-26	-3.1%	-11.1%	213	232	206	-7	-26	-3.1%	-11.1%

Meldingar i Synergi

Vald og truslar

Tal fordelte saker per hendingstype frå januar 2021 til og med januar 2023.

År	2021													2022												
«Hendelsestyper»	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Totalt	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Totalt	Jan
1 HMS																											
1. 9 Psykososialt arbeidsmiljø																											
1.9. 9 Vold og trusler om vold mot ansatte																											
1.9.9. 1 Angrep med gjenstand	15	4	9	12	5	8	5	13	4	10	5	4	94	9	4	7	9	5	5	8	11	5	6	2	4	75	9
1.9.9. 2 Angrep med varm væske		3	3	2	5	2			2	2	2	2	23	1		2	3	3	2			1	3	5	1	21	
1.9.9. 3 Bitt	1	5	5	3	4	4	4	2	2	1	5	2	38	5	1	3	3	1	3	6	4	5	5	5	2	43	1
1.9.9. 3 Dytting/pressing	4	3	5	6	5	7	9	4	8	8	2	3	64	10	7	4	4	6	7	4	2	3	4	10	2	63	6
1.9.9. 5 Kartlegging/risikovurdering	1						2				1		4							2		1				3	1
1.9.9. 6 Kloring/klyping/lugging	26	23	22	30	31	26	13	13	10	12	14	11	231	14	7	17	14	13	5	12	14	3	11	14	9	133	8
1.9.9. 7 Kvelertak		2	1	1	1	3	7	3	1	3	2		24	2	1	1	2	5	2	3	2	1	1			20	
1.9.9. 8 Opplæring/kunnskap/informasjon/øvelse							1						1														
1.9.9. 9 Skalling		2		2	3	3	1	2	2		1		16	2		1	1		1	1				2	1	9	1
1.9.9.10 Slag	58	34	31	43	49	72	20	39	46	47	64	36	539	44	31	43	42	45	26	28	44	13	34	39	37	426	24
1.9.9.11 Spark	28	26	16	23	15	19	17	7	17	34	28	11	241	19	16	19	18	18	16	24	18	13	8	19	7	195	12
1.9.9.12 Spytting	6	13	6	3	5	11	12	10	4	6	5	3	84	3	3	3	8	6	3	6	4	8	9	8	11	72	3
1.9.9.13 Trusler mot familie/venner		3			1		2			2	1	1	10	1		1			1	1	1					5	
1.9.9.14 Trusler om drap	22	11	29	24	24	21	14	23	18	35	25	22	268	8	22	17	15	9	7	11	9	15	19	10	18	160	10
1.9.9.14 Trusler om vold	46	40	32	25	34	41	48	25	28	67	28	31	445	19	18	25	23	27	23	21	43	27	44	44	47	361	29
1.9.9.15 Annen utagering	20	10	7	14	23	28	14	16	11	14	12	14	183	14	10	9	9	9	7	11	14	22	19	19	7	150	8
1.9.9.16 Verneutstyr/vernetiltak	1			1	1		1						4								1		1			2	
1.9.9.17 Vold og trusler utenom arbeidstid				1		2	1	2		1	2		9	1	3	1	1			1	2	3	1	4		17	
1.9.9.99 Annet - Vold og trusler om vold mot ansatte	18	22	27	19	20	29	14	28	40	40	24	33	314	27	18	27	15	28	24	24	15	32	30	15	16	271	11

Det har vore ei nedgang i tal slag, truslar om vald og anna vald og truslar mot medarbeidarar i perioden januar 2021 til januar 2023. Det ein nedgang for dei fleste hendingstypar for januar 2023, samanlikna med same periode 2021. Per januar 2023 var det 10 truslar om drap, 29 truslar om vald og 11 anna vald og truslar. Tala vil endre seg når alle registreringar er fordelt.

Samla oversikt over meldte hendingar

År	2021													2022												
Type saker	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Totalt	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Totalt	Jan
	149	173	230	245	305	372	76	83	297	216	249	215	2 610	221	172	199	241	441	395	168	215	344	318	307	263	3 284	231
1 HMS	923	739	755	707	790	880	674	712	793	973	967	819	9 732	851	822	751	752	807	798	681	706	854	923	943	923	9 811	915
2 Pasientrelatert	1 533	1 544	1 691	1 492	1 640	1 743	1 564	1 425	1 828	1 867	1 691	1 602	19 620	1 639	1 560	1 889	1 593	1 784	1 635	1 472	1 448	1 981	2 028	2 167	2 134	21 330	2 309
3 Drift	1 023	1 017	1 020	947	978	1 089	844	934	1 152	1 232	1 171	965	12 372	1 138	1 003	1 128	990	1 132	1 069	859	979	1 285	1 311	1 315	1 235	13 444	1 266
4 Informasjonstryggleik og personvern	53	93	77	65	57	58	40	62	59	75	75	48	762	62	61	65	63	65	57	41	68	90	84	65	76	797	91
5 Ide til forbetring	218	219	263	198	182	210	133	169	205	217	197	171	2 382	174	173	186	187	176	189	149	151	205	195	207	163	2 155	192

Vald og truslar mot medarbeidarar januar 2023 samanlikna med januar 2022

Januar 2023



Januar 2022



Det kan ikkje vere aksept for at medarbeidarar blir utsette for vald og truslar. Det må ikkje sette seg ein kultur at dette er "noko ein må forvente eller tola".

Gjennom prosjektet Topp 5 risiko – vald og truslar mot medarbeidarar vil vi rette søkelyset på tiltak og haldningar, i helseføretaka, i befolkninga og fremje god meldekultur.

Topp 5 hendingar **hittil** per januar 2023 vs januar 2022 - Legemiddelområdet

Januar 2023



Januar 2022



Meldte hendingar er på same nivå som for januar 2022.

Det er sett i verk fleire tiltak som skal ha effekt. Topp 5 hendingar for legemiddelområdet. Legemiddel ikkje gitt og Legemiddel ikkje ordinert høgast for legemiddelområdet for månadene september, oktober, november og desember 2022. Årsaka til dette er førebels uvisst.

Sjukefråvær og bemanning

Sjukefråværsutvikling hittil i år per januar 2023 samanlikna med januar 2020



2023 – januar:
Samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest var 8,81 ***% for januar 2023***. Sjukefråværet i januar 2023 er utan koronarelatert fråvær. Førre måling i januar utan koronarelatert fråvær var i 2020. Då var samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest på 7,23 %. Det har vært fleire samanfallande smitteutbrot i befolkninga som speglar fråværet i verksemdene.

Sjukefråværet varierer mellom føretaka og i det enkelte føretaket. Det er ein nedgang i luftvegsinfeksjonar, Covid og RS virus som og har ramme eigne medarbeidarar i perioden.



2020 – januar:
Samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest var 7,23 % for januar 2020.

Månadsverk og tal tilsette for føretaksgruppa Helse Vest hittil for åra 2019 – 2023



År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
2023	23 937											
2022	23 370	23 297	23 481	23 526	23 156	23 767	25 276	24 194	23 718	23 804	23 799	23 894
2021	22 687	22 693	22 636	22 816	22 757	23 266	24 700	23 666	23 202	23 267	23 324	23 461
2020	21 958	21 940	21 966	22 406	22 230	22 670	23 885	23 013	22 581	22 957	22 768	22 984
2019	21 407	21 381	21 365	21 632	21 401	21 921	23 236	22 250	21 803	21 925	21 975	22 221

Differansen mellom brutto og netto månadsverk er høgare for januar 2023, samanlikna med same periode i 2022 og 2021. Årsaka er mellom anna høgare sjukefråvær januar 2023.

Månadsverk og tal tilsette for føretaksgruppa Helse Vest hittil for åra 2019 – 2023



År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
2023	20 478											
2022	20 025	19 061	19 503	20 042	19 607	18 739	12 846	17 479	19 954	19 392	19 963	19 067
2021	19 721	19 629	19 231	20 012	19 518	18 700	13 268	16 505	19 500	18 776	19 326	19 011
2020	19 111	18 419	18 143	19 684	19 287	18 355	13 365	16 217	19 100	18 938	19 188	19 078
2019	18 603	18 069	18 150	18 726	18 429	17 364	12 961	15 831	18 305	18 233	18 389	18 535

Månadsverk og tal tilsette for føretaksgruppa Helse Vest hittil for åra 2019 – 2023



År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
2023	29 550											
2022	28 958	29 110	29 116	29 101	29 204	30 023	29 863	29 585	29 566	29 623	29 678	29 669
2021	28 105	28 187	28 208	28 229	28 345	29 283	29 205	28 793	28 769	28 850	28 920	29 069
2020	27 520	27 601	27 962	28 105	28 176	28 812	28 703	28 385	28 231	28 181	28 274	28 333
2019	27 027	27 109	27 121	27 143	27 188	27 966	27 866	27 408	27 402	27 415	27 441	27 750

Gjennomsnittleg utvikling 2019-2023



År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
2023	23 937											
2022	23 370	23 333	23 383	23 418	23 366	23 433	23 696	23 758	23 754	23 759	23 762	23 773
2021	22 687	22 690	22 672	22 708	22 718	22 809	23 079	23 153	23 158	23 169	23 183	23 206
2020	21 958	21 949	21 954	22 067	22 100	22 195	22 436	22 508	22 516	22 560	22 579	22 613
2019	21 407	21 394	21 384	21 446	21 437	21 518	21 763	21 824	21 822	21 832	21 845	21 876



År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
2023	20 478											
2022	20 025	19 551	19 531	19 656	19 647	19 492	18 571	18 423	18 596	18 673	18 795	18 818
2021	19 721	19 677	19 516	19 642	19 618	19 460	18 559	18 296	18 431	18 465	18 545	18 585
2020	19 111	18 789	18 568	18 847	18 934	18 835	18 003	17 789	17 937	18 037	18 139	18 220
2019	18 603	18 354	18 286	18 397	18 404	18 249	17 442	17 236	17 352	17 444	17 528	17 612

Gjennomsnittleg utvikling 2019-2023



År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
2023	29 550											
2022	28 958	29 034	29 061	29 071	29 098	29 252	29 339	29 370	29 392	29 415	29 439	29 458
2021	28 105	28 146	28 167	28 182	28 215	28 393	28 509	28 544	28 569	28 597	28 627	28 664
2020	27 520	27 561	27 694	27 797	27 873	28 029	28 126	28 158	28 166	28 168	28 177	28 190
2019	27 027	27 068	27 086	27 100	27 118	27 259	27 346	27 354	27 359	27 365	27 371	27 403



År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
2023	50											
2022	67	72	71	73	73	78	80	82	84	82	81	80
2021	46	41	38	42	42	42	44	54	59	60	61	63
2020	46	38	36	38	37	35	40	48	52	51	51	53
2019	21	19	20	15	16	16	20	26	30	29	31	33

Alle møter – planlegging gjennomføring av aktivitet

Digitale tenester

Digitale konsultasjonar, a-synkrone tenester

Oppdatert: 22.02.2023

Antall digitale kontakter (Drill ned for detaljer ->)



Antall konsultasjoner (Drill ned for detaljer ->)



Velg konsultasjonstype

Alle video- og telefonkonsultasjoner | Telefonkonsultasjoner | Telefonsamtaler | Videokonsultasjoner

Prosentdel telefon- og videokonsultasjonar

Oppdatert: 22.02.2023



PLANLAGTE, REPLANLAGTE OG GJENNOMFØRTE ELEKTIVE PASIENTKONTAKTER



NB! Forskjellen mellom antall planlagte (gul linje) og antall gjennomførte pasientkontakter (blå linje) er replanlegging av ulike årsaker (f.eks pasientønsket avbestilling, ikke-møtt, behandlers fravær m.m.) For oversikt over årsaker til replanlegging se fanen "Avslutningskoder"

FORKLARING:

Data som presenteres er alle planlagte og gjennomførte pasientkontakter. **Planlagte pasientkontakter** er alle pasientkontakter som ikke er avsluttet på oppdateringstidspunktet. En kontakt er satt til avsluttet når pasienten møter (ordinært avviklet), når pasienten utsetter (pasienten møter ikke til timen eller ga ikke beskjed, pasienten er syk, pasient ønsket avbestilling/ønsket endret tidspunkt), eller når sykehuset utsetter (manglende kapasitet, behandlers fravær eller andre årsaker). **Antall pasientkontakter med oppmøtetid** er antall planlagte pasientkontakter der oppmøtetidspunkt er fastsatt i DIPS. For eksempel "1. juni 2018 kl 08.00". **Antall tentative pasientkontakter** er antall planlagte pasientkontakter der pasientkontaktene ikke har et fastsatt oppmøtetidspunkt. For eksempel "november 2018" eller tidspunkt "00:00". **Antall planlagte pasientkontakter** er alle planlagte pasientkontakter fremover og tilbake i tid. **Antall gjennomførte pasientkontakter** er alle ordinært avsluttede pasientkontakter tilbake i tid. Forskjellen mellom antall planlagte og gjennomført pasientkontakter er antallet kontakter som replanlegges av ulike årsaker.

Kilde: Dips, oppdatert: 22. Feb 2023

Det er framleis for kort planleggingshorisont, som gjer det vanskeleg å tildele time med fastsett dato og tid. Det blir mykje bruk av tentativ månad, som er krevjande for både fagmiljøa og pasientane. For å få til god planlegging føreset det at ein har tatt i bruk avanser oppgåveplanlegging og arbeidsprosessane for tildeling av time til pasientane. Dette påverkar og ventetid. Mange pasientar ber om endring av time som ein konsekvens av dette.

Fristbrot – behandla og ventande

Resultat vert vist for: Fleire helseføretak / Fleire klinikkar

Inneheld data til og med: 20.02.2023

Talet på fristbrot behandla og ventande



Flest fristbrot behandla siste 3 månader* (drill ned for detaljar -->)



*Hittil i denne månaden og to føregåande månader

Dagar frå fristbrot til behandling start siste 3 månader*



Resultat vert vist for: Fleire helseføretak / Fleire klinikkar

Inneheld data til og med: 20.02.2023

Marker ønska timeval. Svart knapp markerer ditt val.

Velg alt | Ikke tildelt time | Tildelt time

Flest ventande pasientar med risiko for fristbrot (drill ned for detaljar -->)



Kilde: DIPS

HELSE VEST

Resultat vert vist for: Fleire helseføretak / Fleire klinikkar

Inneheld data til og med: 20.02.2023

Marker ønska timeval. Svart knapp markerer ditt val.

Velg alt | Ikke tildelt time | Tildelt time

Flest ventande pasientar med risiko for fristbrot (drill ned for detaljar -->)



Kilde: DIPS

Nye tilvisingar



Nye tilvisingar

Alle fagområder



Somatikk



BUP



PHV



Økonomi

Resultat per januar

	Januar 2023		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	-27 470	833	-28 304
Helse Fonna	-21 957	0	-21 957
Helse Bergen	-22 577	0	-22 577
Helse Førde	-5 972	0	-5 972
Sjukehusapoteka VEST	258	630	-372
Helse Vest IKT	868	1 089	-221
Helse Vest Morselskap	57 497	35 146	22 351
Til saman	-19 354	37 699	-57 052

Alle tal i heile tusen

Investeringar 2023 per helseføretak

Investeringar 2023 Helseføretak	Regnskap per januar 2023	Resten av året	Estimat 2023	Budsjett 2023
Helse Stavanger HF	156 814	2 982 616	3 139 430	3 139 430
Helse Fonna HF	5 391	300 224	305 615	305 615
Helse Bergen HF	77 130	1 472 870	1 550 000	1 550 000
Helse Førde HF	48 929	582 271	631 200	631 200
Sjukehusapoteka Vest AS	1 387	26 873	28 260	28 260
Helse Vest IKT AS	48 000	552 000	600 000	600 000
Sum	337 651	5 916 854	6 254 505	6 254 505

Alle tall i heile tusen

Investeringar store byggeprosjekt

Investeringar 2023 Store byggeprosjekter i føretaksgruppa	Regnskap per januar 2023	Resten av året	Estimat 2023	Budsjett 2023
Helse Stavanger- Nye SUS	143 067	2 666 594	2 809 661	2 809 661
Helse Fonna - Haugesund2020	3 677	246 938	250 615	250 615
Helse Bergen - Glasblokkene II	23 053	487 947	511 000	511 000
Helse Bergen - Protonsenter	21 460	278 540	300 000	300 000
Helse Førde- Nye Førde Sjukehus	34 255	560 545	594 800	594 800
Sum	225 512	4 240 564	4 466 076	4 466 076

Alle tall i heile tusen


Førebels likviditetesbudsjett 2023
5 000
4 000
3 000
2 000
1 000
0
-1 000
-2 000
-3 000
-4 000
-5 000
IB
JAN
FEB
MAR
APR
MAI
JUN
JUL
AUG
SEP
OKT
NOV
DES
Netto likviditet
Driftskredittramme

STYRESAK

GÅR TIL:	Styremedlemmer
FØRETAK:	Helse Vest RHF
DATO:	06.03.2023
SAKSHANDSAMAR:	Brita Mauritzen Næss
SAKA GJELD:	**Årsmelding pasient- og brukaromboda i Noreg 2022**
ARKIVSAK:	2019/5382
STYRESAK:	**026/23**
STYREMØTE:	**22.03. 2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

Oppsummering

Pasient- og brukaromboda har for 2022 laga ein felles rapport for heile landet, sjå vedlegg eller www.pasientogbrukerombudet.no

Pasient- og brukaromboda arbeider for å ivareta pasientane og brukarane sine interesser og rettar overfor spesialisthelsetenesta og overfor den kommunale helse- og sosialtenesta.

I årsmeldinga kommenterer pasientomboda dei oftast nemnde problemstillingane og formidlar synspunkt på område som klart kan forbetrast.

I spesialisthelsetenesta er det særleg fagområda psykisk helsevern og kirurgi med flest førespurnadar til Pasient- og brukarombodet.

Klagesaker til pasientomboda utgjer eit viktig grunnlag for forbetringsarbeid i helseføretaka.

Fakta

Pasient- og brukaromboda skal arbeide for å ivareta pasientane og brukarane sine behov, interesser og rettstryggleik i møte med spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Frå 1. januar 2020 fekk omboda utvida mandat til også å omhandle den offentlege tannhelsetenesta. Det er 15 pasient- og brukarombod i landet, og det er tilsett eit nasjonalt koordinerande ombod, lagt til Bergen.

Omboda er administrativt knytt til Helsedirektoratet, som har det formelle arbeidsgivaransvaret. Ombodet fekk i 2021 sitt eige brukarråd. Brukarrådet vil vere eit rådgivande organ til ombodet.

I 2022 tok Pasient- og brukarombodet imot 17 368 førespurnader, det er fleire enn nokon gong tidlegare. På landsbasis utgjer saker som omhandlar spesialisthelsetenesta 55 prosent, ei nedgang på 2 % frå året før.

I Helse Vest fekk ombodet 1445 førespurnadar relatert til spesialisthelsetenesta. Det var flest førespurnader som gjaldt psykisk helsevern for vaksne (31%), deretter ortopedisk kirurgi (15%), nevrologi (10%) og mage/tarm kirurgi (10%). Psykisk helsevern for barn og unge står for 7 % av førespurnadene.

Hovudårsaka til kontakt med ombodet var sjølve behandlingstiltaket (29 %). Vidare er det førespurnader om feil, usemje i, mangelfull eller forseinka diagnostisering, og klage på oppfølging av ventetid. Det er ein auke i kontakt grunna manglande tildeling av tenester (9%). Det er også ein dobling av talet på «klage på informasjon» som kontaktårsak (6%).

Pasient- og brukarombodet vil særleg trekkje fram følgjande for 2022:

- Mangelen på fastlegar har nasjonalt omfang og gjev alvorlege konsekvensar for pasientane.
- Psykisk helsehjelp må prioriterast høgare. Det er manglande kapasitet og kvalitet innanfor psykisk helsehjelp, både i kommunane og i spesialisthelsetenesta.
- Pasientane sin rett til likeverdig helsehjelp uavhengig av bustad og livssituasjon blir ikkje oppfylt.
- Mangelfulle sakshandsamingsrutinar i kommunehelsetenesta er ein trugsel mot pasienttryggleiken
- Eigendel for unge må fjernast.
- Samhandling mellom avdelingar og tenestestad, uavhengig av nivå, må bli betre.

Kommentarar

Pasientomboda kjem i kontakt med pasientar som på ein eller annan måte har fått ein skade på sjukehus i samband med manglande diagnostisering eller feil behandling, manglande eller uklar informasjon eller av anna grunn ikkje er nøgd med tilbodet. Gjennom arbeidet sitt får omboda også kunnskap om tenestene som er viktig i samband med forbetring og utvikling av kvaliteten på tenestene.

Når det gjeld psykisk helsevern, så er omboda kontakta på grunn av avslag på søknad om psykisk helsehjelp og manglande tildeling av tenester. Dei høyrer om mangel på døgnplassar og mangel på poliklinisk kapasitet. Ombodet blir og kontakta om at behandlinga i spesialisthelsetenesta blir avslutta for raskt.

Det er førespurnadar innan psykisk helsevern også i kommunar. Det er mangel på godt utbygde tenester til pasientar med psykiske lidingar i kommunane. Det er store variasjonar i kva slags tilbod som finst i kommunane, og skilnadene er store mellom by og land. Til dømes er det fleire kommunar som ikkje har lågterskeltilbod som rask psykisk helsehjelp, eller tilgang til oppfølging frå ACT/FACT-team for dei med meir alvorleg og samansett psykisk sjukdom. Kva tilbod som finst i kommunar kan også påverke pågangen på spesialisthelsetenesta.

Pasient- og brukarombodet trekkjer fram at samhandling og koordinering mellom spesialisthelsetenesta og kommunen er sentralt for å sikre pasienttryggleiken. Mellom anna kan ulik vurdering med tanke på alvorsgrad og kvar pasienten bør behandlast vere ei utfordring dersom konsekvensen er at pasienten ikkje får behandling. Forseinkingar i tolking av prøvesvar kan forseinke behandlinga, eller viktig informasjon som ikkje blir formidla gjer at behandlinga ikkje blir slik den burde vere.

Ombodet stiller spørsmål ved om alle har lik tilgang til helse- og omsorgstenester og peiker på omgrepet «helsekompetanse», om pasienten sin moglegheit til å forstå, vurdere og bruke helseinformasjon. I ei helseforvaltning med mange verksemder og ulike oppgåver på ulike nivå, og informasjon som blir meir digitalisert, stiller det store krav til pasienten. Fleire

utfordringar vert nemnd, til dømes at pasienten ikkje blir godt nok informert om behandlingsalternativ som finst, eller at det tek lang tid å få svar på ei tilvising.

Pasient- og brukarombodet har dei siste åra hatt auka fokus på barn og unge i alderen 16- 20 år og har hatt fleire møtepunkt med tenestefeltet og har etablert eit samarbeid med ung.no. Ei erfaring ombodet gjer seg er at det er eit aukande tal førespurnader der tilvising til BUP er avvist. Ombodet peiker på at forseinkingar i behandling (på grunn av avslag) kan få store konsekvensar for helsetilstand, familien som heilskap, i tap av skulegang og sosiale relasjonar.

Konklusjon

Pasientomboda er ei godt etablert ordning og gjer eit viktig arbeid for å ivareta pasientane sine interesser og rettar overfor spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Klagesaker til pasientomboda utgjer samtidig eit viktig grunnlag for forbetringsarbeid i helseføretaka.

Omboda peiker i sin årsrapport på fleire viktige problemstillingar og utdjupar tematikk som også er kjent for Helse Vest.

Omboda sine erfaringar vil bli nytta i regionalt arbeid med kvalitet og pasientsikkerheit i Helse Vest.

Vedlegg:
1 Aarsmelding 2022_nynorsk

Pasient- og brukarombodet

2022

Årsmelding

Alle kan kontakte Pasient- og brukarombodet for å fortelje sin historie.

Å få hjelp frå oss er gratis, og du treng ikkje tilvising for å ta kontakt. Vi har teieplikt og du kan vere anonym om du ønskjer det.

Innleiing

Noreg har eit mål om at alle innbyggjarane i landet skal ha lik tilgang til helsetenester uavhengig av inntekt og bustad. Vi har ei god helseteneste, og dei fleste får den hjelpa dei skal ha når dei treng det. Likevel skjer det feil, misforståingar, forgløymingar og neglisjering. Då har vi alle rett til å klage og å melde frå.

Pasient- og brukarombodet har 15 kontor spreidde i heile landet og i alle fylka våre. Vi arbeider for å ta hand om pasientar og brukarar sine behov, interesser og rettstryggleik overfor den statlege spesialisthelsetenesta, den fylkeskommunale tannhelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Vi arbeider òg for å betre kvaliteten i desse tenestene. Årsmeldinga er skriven på bakgrunn av erfaringane våre og dei over 17 000 førespurnadene vi har fått i løpet av 2022.

Trass i at restriksjonane Covid-19 medførte er fjerna, lever vi med viruset som framleis smittar, gjev følgjeskadar, leveringsproblem og lengre ventelister. Mangel på kvalifiserte tilsette i helse- og omsorgstenesta er problematisk kvar dag, fleire stader. Det same er mangel på nok areal. Budsjetta er stramme på alle nivå. Krigen i Ukraina har ført med seg auka kostnader, også for helse- og omsorgstenesta. Undersøkings- og behandlingsutsiktene er aukande. Fleire sjukdomar og plager kan behandlast, medisinar blir meir effektive og gjev mindre biverknader. Forventa levetid aukar. Det er vanskeleg å akseptere at behandlingsutsikter finst, men ikkje er tilgjengelege for pasienten.

Innbyggjarane våre har dessverre ikkje lik tilgang til helse- og omsorgstenester. Bustadadresse, kjønn, alder og språkferdigheiter påverkar tenestetilbodet du får, om og når sjukdom blir oppdaga, om du blir tilvist til rehabilitering, og kva sjansar du får til å leve eit fullverdig liv trass i sjukdom og skadar. Har du ikkje fast bustadadresse eller Bank-ID, eller ikkje handterer den digitale verda, har ikkje du same utsiktene som vi andre.

Året 2022 vart eit nytt rekordår for Pasient- og brukarombodet med over 17 368 førespurnader. Spent økonomi i fleire år har ført til færre tilsette, samtidig som arbeidsmengda har auka, også hos oss. Vi er takksame for at auka overføring for 2023 sikrar at vi kan halde ved lag talet på tilsette vi har i dag på dei 15 kontora våre, og halde fram arbeidet med å forbetre dei digitale løysingane våre.

Strategien vår er at Pasient- og brukarombodet skal tilby likeverdige tenester uavhengig av bustad, seie ifrå om svikt, urett og ulikskap, og gjere kvarandre gode. Det har påverka arbeidet vårt i heile 2022. Samarbeid på tvers av kontora har auka og gjer dei små kontora våre mindre sårbare. Vi deler kunnskap og erfaringar, og det kjem pasientar og brukarar til gode.

Jannicke Bruvik
Nasjonalt koordinerande pasient- og brukarombod

Pasient- og brukarombodet trekkjer særleg fram dette frå 2022:

- Mangelen på fastlegar har nasjonalt omfang og gjev alvorlege konsekvensar for pasientane.

- Psykisk helsehjelp må prioriterast høgare. Det er manglande kapasitet og kvalitet innanfor psykisk helsehjelp, både i kommunane og i spesialisthelsetenesta.

- Pasientane sin rett til likeverdig helsehjelp uavhengig av bustad og livssituasjon blir ikkje oppfylt.

- Mangelfulle sakshandsamingsrutinar i kommunehelsetenesta er ein trugsel mot pasienttryggleiken.

- Eigendel for unge må fjernast.

- Samhandling mellom avdelingar og tenestestad, uavhengig av nivå, må bli betre.

Innhold

Innleiing 1

Pasient- og brukarombodet trekkjer særleg fram dette frå 2022 : 2

Statistikk 4

- Statistikk spesialisthelseteneste 5
- Statistikk kommunal helse- og omsorgsteneste 6

Helseregionane våre 8

Fastlegekrisa 11

Psykisk helseteneste 14

- Spesialiserte tilbod og vanskelege prioriteringar 15

Har alle lik tilgang til helse- og omsorgstenester? 16

- Helsekompetanse 16
- Kommunikasjon og samval 17
- Val av behandlingsstad 18
- Fristbrot 18

Klage 20

Barn og unge 21

- Fokusområdet for Pasient- og brukaromboda: Ungdom 16–20 år 21
- Ung.no 21
- Fysisk og psykisk helse hos barn og unge 21
- Retten til barnekoordinator 22
- Avlasting for familiar med barn som har funksjonsnedsetjingar 22
- Eigendelar 23

Samhandling og koordinering av tenester 24

- Samhandling internt på sjukehus 24
- Samhandling mellom tenestenivå og mellom ulike sjukehus 25

Statistikk

I 2022 tok Pasient- og brukarombodet imot 17 368 førespurnader. Det er fleire førespurnader enn nokon gong tidlegare, og ein auke på 16 % i løpet av fem år.



Pasient- og brukarombodet fekk flest førespurnader om forhold i spesialisthelsetenesta. Fordelinga mellom nivåa viser at vi hadde 7198 saker i spesialisthelsetenesta og 5890 saker i kommunal helse- og omsorgsteneste.



Over 4000 av førespurnadene kunne ikkje plasserast på nivå, sidan vi ikkje fekk nok informasjon til å kunne plassere saka i ein bestemt kommune eller i ei verksemd i spesialisthelsetenesta. Vi fekk òg førespurnader som låg utanfor vårt ansvarsområde.

Statistikk spesialisthelseteneste

Kategorisering av førespurnadene som handlar om spesialisthelsetenesta, viser at vi blir mest kontakta om forhold innanfor psykisk helsevern og kirurgi. Talet på førespurnader innanfor psykisk helsevern har auka kvart år dei siste fem åra, frå 1485 førespurnader i 2018 til 2308 i 2022. Ein solid auke med 55 % på fem år. Tradisjonelt har det vore flest førespurnader til oss om kirurgi, men området hadde stor nedgang i 2020, noko som sannsynlegvis skreiv seg frå Covid-19-pandemien. Talet på førespurnader innanfor kirurgi har auka noko dei to siste åra, men har likevel ikkje nådd same nivå som før pandemien.

Talet på førespurnader innanfor indremedisin, nevrologi, fødselshjelp og kvinnesjukdomar, onkologi og rusmiddelavhengnad og annan avhengnad har hatt mindre variasjonar dei siste fem åra.



Når Pasient- og brukarombodet blir kontakta, registrerer vi førespurnaden både på tenestenivå, stad og årsak til at vi blir kontakta. Diagrammet under viser kategoriane som oftast var årsak til at vi vart kontakta i 2022.

I 19 % av sakene der førespurnaden handlar om spesialisthelsetenesta, er det sjølve behandlingstiltaket som er årsaka. I kategorien "behandlingstiltak" finn vi saker som opplevd pasientskade, feil i behandling eller undersøking eller ikkje oppnådd forventa resultat av ei behandling. Heile 38 % av denne typen førespurnader kan sporast til kirurgi, og då hovudsakleg ortopedisk kirurgi.

Manglande tildeling av tenester er hovudårsak til førespurnad i 8 % av sakene i spesialisthelsetenesta. Spesialiteten psykisk helsevern står for 43 % av førespurnadene der det blir klaga på manglande tildeling av tenester.

Ved førespurnader grunna usemje i, feil eller forseinka diagnostisering, skil spesialiteten nevrologi seg ut med forholdsvis høg andel. Innanfor onkologi er det mange som oppgjev manglande/dårleg oppfølging som årsak til at dei tok kontakt med Pasient- og brukarombodet.

Statistikk kommunal helse- og omsorgsteneste

Innanfor kommunal helse- og omsorgsteneste får vi flest førespurnader om fastlegetenesta. Førespurnader av denne typen har auka kvart år sidan 2018, og har auka med 44 % frå då til 2022. Heile 49 % av sakene til Pasient- og brukarombodet innanfor kommunal helse- og omsorgsteneste er om fastlegetenesta. Talet på saker som handlar om sjukeheim, helsetenester i heimen, legevakt, korttidsopphald i institusjon, omsorgsbustad, brukarstyrt personleg assistent og avlasting har hatt mindre variasjonar dei siste fem åra.



Til liks med spesialisthelsetenesta er misnøye med sjølve behandlingstiltaket hovudårsak til at vi blir kontakta om forhold i kommunal helse- og omsorgsteneste. Trass i at legevaktteneste berre står for 6 % av sakene i kommunal helse- og omsorgsteneste, står dei for 14 % av førespurnadene der sjølve behandlingstiltaket er hovudårsak til kontakt. Av dei som kontaktar oss grunna misnøye med medisinering, kan 73 % sporast til fastlegen, sjølv om fastlegesakene totalt sett står for 44 % av sakene i kommunal helse- og omsorgsteneste. Over halvparten av dei som kontaktar oss grunna misnøye med oppfølging, er misnøgde med oppfølginga frå fastlegen.

Årsak Kommunale helse- og omsorgstenester 2020–2022
0%
2%
4%
6%
8%
10%
12%
14%
Behandlingstiltak
Medisinering
Oppfølging
Manglende tildeling av tjenester -…
Egenandeler/finansieringsspørsmål
Omfang av tjenester
Diagnostisering
Omsorgsfull hjelp
Oppførsel
Henvisning
Informasjon
Medvirkning
11%
8%
7%
6%
6%
5%
6%
4%
4%
4%
4%
3%
2022
2021
2020

Helseregionane våre

Dei fire helseregionane våre dekkjer ulik del av befolkninga. Prosentdelen førespurnader vi får på dei ulike helseregionane, følgjer den delen av befolkninga som helseregionen dekkjer. Ingen av regionane peikar seg ut når det gjeld talet på klager i statistikken vår.



Helse Sør-Aust

I 2022 hadde Pasient- og brukarombodet 4310 saker som handla om forhold i Helse Sør-Aust. Spesialitetane vi får flest førespurnader på i Helse Sør-Aust er som følgjer: psykisk helsevern for vaksne (36 %), ortopedisk kirurgi (15 %), nevrologi (9 %) og psykisk helsevern for barn og unge (7 %). Dette samsvarer i store trekk med samansetninga av sakstypar frå tidlegare år. Frå 2021 til 2022 har vi likevel sett ein auke i saker som gjeld psykisk helsevern for barn og unge, onkologi, hjartesjukdomar og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Den viktigaste årsaka til førespurnader om spesialisthelsetenester i Helse Sør-Aust er sjølve behandlingstiltaket. Denne kategorien omfattar til dømes feil under ein operasjon, manglande behandling eller feil vurdering av hastegrad.

Den nest største årsaka gjeld manglande tildeling av tenester, til dømes avslag på behandling i spesialisthelsetenesta. Deretter følgjer saker knytte til diagnostisering, ventetid og informasjon. Dei vanlegaste årsakene til førespurnaden går igjen år etter år, med nokre små variasjonar. I 2022 har det blant anna vore ein auke i førespurnader der årsaka har vore knytt til manglande eller dårleg informasjon. Det har òg vore ein auke i saker om oppførselen til helsepersonell og saker om utskriving.

Helse Midt-Noreg

Vi tok imot 693 saker i 2022 som handla om Helse Midt-Noreg. Talet på saker i spesialisthelsetenesta totalt i regionen har vore omtrent som i 2021, og dei spesialite-

tane vi får flest førespurnader om, er psykisk helsevern for vaksne (33 %), ortopedisk kirurgi (14 %), nevrologi (12 %) og psykisk helsevern for barn og unge (8 %).

Den viktigaste årsaka til førespurnader om spesialisthelsetenester i Helse Midt-Noreg er sjølve behandlingstiltaket. Nest største årsak er oppfølging, deretter klager på informasjon. Den største endringa frå 2021 ser vi i auke i talet på saker som handlar om manglande tildeling av tenester / avslag. Meir enn halvparten av desse er innanfor psykisk helsevern.

Vi har hatt ein auke i talet på førespurnader om psykisk helsevern samanlikna med 2021. Førespurnadene knytte til barn og unge (BUP) har gått noko ned, og denne nedgangen ser vi i Trøndelag. Manglande tildeling av tenester / avslag er den årsaka som hyppigast blir oppgjeven innanfor psykisk helsevern, noko som er ei endring frå 2021 då hovudårsaka til kontakt med oss var knytt til sjølve behandlingstiltaket.

Helse Nord

Pasient- og brukarombodet tok imot 749 saker som handla om Helse Nord i 2022. Saksomfanget var på same nivå som føregåande år. Dei største fagområda var ortopedisk kirurgi (21 %), psykisk helsevern for vaksne (21 %), behandling av kreftsjukdomar (13 %) og mage-/tarmkirurgi (11 %). Desse fagområda har over fleire år vore mest framståande blant sakene som Pasient- og brukarombodet får frå helseregionen.

Sjølve behandlingstiltaket var årsak til heile 43 % av all kontakt med Pasient- og brukarombodet som gjaldt Helse Nord. Problemstillingane som vart tekne opp av pasientar og pårørande, var spørsmål om mogleg feilbehandling, komplikasjonar, val og gjennomføring av behandlingstiltak, diagnostikk og pasientforløp som ikkje følgde planen. Spørsmål om informasjon og medverknad var med som ein del av dei fleste sakene. Dei omtalte problemstillingane er gjengangarar.

Helseregionen er stor, og det er tilsvarande store avstandar mellom befolkning og helseføretak og mellom helseføretak. Førespurnadene til Pasient- og brukarombodet viser at samarbeid mellom helseføretaka og reiser i regionen er komplisert. Den vanskelege økonomiske situasjonen i Helse Nord har prega drifta til helseføretaka, noko vi ser att i førespurnadene til Pasient- og brukarombodet.

Helse Vest

Pasient- og brukarombodet tok imot 1445 saker som handla om Helse Vest, i 2022.

Vi fekk flest førespurnader som gjaldt psykisk helsevern for vaksne (31 %). Deretter ortopedisk kirurgi (15 %), nevrologi (10 %) og mage/tarm-kirurgi (10 %). Psykisk helsevern for barn og unge står for 7 % av førespurnadene som gjeld Helse Vest.

Hovudårsaka til kontakt med oss var sjølve behandlingstiltaket, med 29 %. Vidare har vi ei rekkje førespurnader som gjeld feil, usemje i, mangelfull eller forseinka diagnostisering, og klage på oppfølging og ventetid. Det er små skilnader i tal samanlikna med tal frå 2021, men vi ser likevel ein auke i kontakt grunna manglande tildeling av tenester, som står for 9 % av årsak til at Pasient- og brukarombodet blir kontakta.

Når det gjeld klage på informasjon som kontaktårsak, er talet lite prosentvis (6 %), men likevel dobla frå 2021. Dårleg eller lite informasjon er ei stor utfordring for dei det gjeld. Utan god nok forståing for eigen helsesituasjon, behandlingstiltak og vidare planar blir pasienten ein passiv mottakar av tenester som kanskje ikkje følgjer opp planlagd behandling.

Fastlegekrisa

Kommunane skal sikre at innbyggjarane får nødvendige helsetenester, medrekna fastlege. Plikta kommunen har til å sikre at alle har tilgang på nødvendige ålmennlegetenester og får forsvarleg helsehjelp, gjeld uavhengig av om behovet er akutt eller ikkje. Med dagens fastlegesituasjon er det fleire kommunar som ikkje kan tilby fastlege til alle.

Saker om fastlegetenester utgjorde 20 % av det totale talet på saker Pasient- og brukarombodet tok imot i 2022, det same som i 2021. Førespurnader som handlar om fastlege, utgjer 44 % av alle saker hos oss som gjeld kommunale helse- og omsorgstenester.

I Rogaland gjeld heile 61 % av dei kommunale sakene forhold rundt fastlege, medan Møre og Romsdal ligg lågast der førespurnader om fastlege står for 37 % av sakene innanfor kommunale helse- og omsorgstenester. Årsak til førespurnadene om fastlege er i store trekk dei same frå år til år. Dei vanlegaste årsakene til at vi blir kontakta, er misnøye eller usemje rundt behandlingstiltak, medisinering, diagnostisering, tilvising, oppfølging og manglande tilgjenge.

Konsekvensane av den nasjonale fastlegekrisa har vorte meir synlege det siste året. Vi blir kontakta av pasientar som har fått brev frå Helfo om at dei er flytta til ein annan fastlege fordi fastlegen deira har slutta eller på grunn av reduksjon av talet på listepasientar. Ein del pasientar opplever det tilfeldige uttrekket frå Helfo som svært urettferdig. Vi får tilbakemelding frå pasientar som meiner det burde vore ei individuell vurdering ved reduksjon av pasientlista. Det er særleg pasientar med kroniske lidingar og stort behov for god dialog og oppfølging frå fastlege, som synest det er vanskeleg å miste den faste legen sin. Andre opplever å bli flytta til ei liste utan fast lege. Dersom det ikkje er sett inn vikar på denne lista, fører det i realiteten til at ein står utan fastlege, men berre har eit fast fastlegekontor.

Sjølv om ein pasient har fastlege, er det likevel ikkje slik at fastlegen alltid er tilgjengeleg når pasienten vender seg dit. Vi høyrer om lang ventetid på telefonen, og at første ledige time for konsultasjon først er fleire veker fram i tid. Mange av dei som er i kontakt med Pasient- og brukarombodet, opplever å ikkje få fastlegetime innan dei fem tilrådde vyrkedagane.

I tilfelle der pasienten ikkje har ein fast lege, møter pasientar typisk legar som ikkje kjenner dei frå tidlegare, og som heller ikkje har hatt eller teke seg tid til å setje seg inn i pasientjournalen. At dette kan føre til vanskelege situasjonar rundt val av behandlingstiltak, bør ikkje overraske nokon. Vi høyrer om tilfelle der påbyrja behandling blir endra av ny fastlege, utan at pasienten forstår grunngjevinga.

Vi høyrer frå pasientar som opplever at legen trekkjer helseplagene deira i tvil, og tilfelle der pasienten si stemme ikkje blir høyrd.

Fastlegekrisa er ein risiko for pasienttryggleiken. Fleire av dei som er i kontakt med Pasient- og brukarombodet, fortel at dei er utan fastlege og derfor har prøvd å få helsehjelp hos legevakt. Vi høyrer om tilfelle der legevakta har avvist pasienten med grunngjeving om at sjukdomstilfellet ikkje er akutt nok, og at det derfor ikkje er ei oppgåve for legevakta. Kommunen tek då ikkje ansvaret sitt med å sikre alle som oppheld seg i kommunen, forsvarleg helsehjelp, og det er då større risiko for at alvorleg sjukdom ikkje blir oppdaga.

Som følgje av manglande fastlegedekning har mange kommunar oppretta lister utan fastlege, der listene blir tekne hand om av éin til fleire vikarlegar. Ei kartlegging utført av Allmennlegeforeningen viste at 1 av 24 pasientar stod på slik liste per 01.09.2022. Pasientar som ikkje har fast lege over tid, har større risiko for legevaktbesøk, akutte sjukehusinnleggingar og tidleg død. Dette seier noko om kor viktig fastlegen er for folkehelsa. Fastlegekrisa rammar særleg dei pasientane som har samansette og/eller langvarige lidingar, og som har eit spesielt stort behov for kontinuitet og oppfølging over tid.

Mangelfull fastlegedekning og lange ventelister gjev avgrensa rom for å velje fastlege, slik pasient- og brukarrettslova stadfestar. I dag kan ein fastlege ha fleire års ventetid, og i mange kommunar finst det ikkje legar med ledige plassar. Det gjer at retten til å velje fastlege for mange pasientar ikkje er reell.

Pasient- og brukarombodet er særleg uroa for dei mest sårbare pasientane som står utan fastlege, og som heller ikkje har råd til å kjøpe private helsetenester. Dagens fastlegesituasjon kan føre til at dei som ikkje har midlar til å skaffe nødvendig helsehjelp, får mangelfull oppfølging og dårlegare helse enn andre.

Pasient- og brukarombodet erfarer fleire stader at det er mangelfull informasjon til innbyggjarane om både situasjonen på fastlegekontora og moglege løysingar for å få legehjelp. Vi har blant anna etterspurt meir og betre informasjon til innbyggjarane om kvar pasientar kan få legetime når dei ikkje har fastlege. Vi erfarer at det er store ulikskapar hos kommunane når det gjeld korleis dei sikrar innbyggjarane nødvendig informasjon. Mangelfulle system fører til ein risiko for at pasientar utan fastlege ikkje blir fanga opp og tekne hand om.

Pasient- og brukarombodet vart kontakta av ein person som hadde hatt seks ulike fastlegar dei siste tre åra. Vedkomande var sjukemeld frå arbeidet sitt og venta på utgreiing. På grunn av manglande kontinuitet i oppfølginga og ulike syn på symptoma pasienten har, gjekk det mange månader utan at pasienten vart utgreidd. Vedkomande valde til slutt å ta i bruk eit privat tilbod, der det vart sendt tilvising til utgreiing i spesialisthelsetenesta. Dette førte til at pasienten fekk utført nødvendig operasjon kort tid etter.

Ein døyande pasient på sjukeheim fekk ikkje tilstrekkeleg palliativ behandling fordi sjukeheimslegen hadde slutta, det var ingen legar tilgjengeleg nokon stad, legevakt hadde ikkje kapasitet, og til slutt måtte sjukeheimen ringje 113. Ved hjelp av ambulanse og ein sjukehuslege som ikkje kjende pasienten, fekk pasienten føreskrive nødvendige medikament. Pasienten hadde store lidingar dei timane dette gjekk føre seg.

Trass i mange dystre døme på dårleg fungerande system og mangelfulle tenester, er det viktig å understreke at det også blir gjort mykje bra for å finne løysingar, og at det blir arbeidd kontinuerleg med å skaffe forsvarlege legetenester til alle.

Psykisk helseteneste

Pasient- og brukarombodet har dei siste åra hatt ein auke i førespurnader innan psykisk helsehjelp. Også i 2022 var psykisk helsehjelp det området vi fekk flest førespurnader på i spesialisthelsetenesta. I år utgjorde utfordringar innan psykisk helsehjelp heile 28 % av alle sakene våre.

Vi blir kontakta av pasientar eller pårørande som fortel om at dei har fått avslag på søknad om psykisk helsehjelp. Psykisk helseteneste står for ein høgare andel klager på manglande tildeling av tenester enn dei andre spesialitetane i spesialisthelsetenesta. Vi høyrer om mangel på døgnplassar og mangel på poliklinisk kapasitet. Talet på tilvisingar ser ut til å ha auka utan tilsvarande auke i kapasitet. Pasientar og pårørande opplever at pasientane må bli endå sjukare før dei får hjelp i spesialisthelsetenesta, og at kommunen i mellomtida ikkje har tilpassa tilbod. Vi blir òg kontakta av pasientar som opplever at behandlinga i spesialisthelsetenesta blir avslutta for raskt.

Lang ventetid er ei utfordring, og fleire av dei som kontaktar oss, opplyser at dei ikkje får teke i bruk retten til fritt behandlingsval. Frå 1.1.2023 vil ikkje lenger verksemder med Helfo-avtale vere tilgjengelege for val, som eit resultat av endring i lov om val av behandlingsstad. Kva slags konsekvensar dette eventuelt kjem til å få, veit vi ikkje enno. Men vi er uroa for at pasientane i ulike delar av landet ikkje vil få likeverdige tilbod.

Ein stor del av sakene vi får som handlar om psykisk helse, er knytte til sjølve behandlinga. Fleire stader i landet manglar tenesta kvalifiserte behandlarar. Det får konsekvensar for kvaliteten på tilbod til fleire diagnosegrupper. Enkelte pasientar opplever både hyppig byte av behandlarar, at utgreiinga og oppfølginga ikkje blir god nok, og at dei blir skrivne ut for raskt etter innlegging.

Pasient- og brukarombodet har fleire saker der samhandling og koordinering mellom spesialisthelsetenesta og kommunane har svikta, og der det ikkje har vorte gjeve tilbod om kontaktlege, koordinator og Individuell plan.

Det er ei aukande bekymring at fleire pasientar ikkje har oppfølging frå fastlege, samtidig som det er mangel på godt utbygde tenester til pasientar med psykiske lidingar i kommunane. Det er store variasjonar i kva slags tilbod som finst i kommunane, og skilnadene er store mellom by og land. Til dømes er det fleire kommunar som ikkje har lågterskeltilbod som rask psykisk helsehjelp, eller tilgang til oppfølging frå ACT/FACT-team for dei med meir alvorleg og samansett psykisk sjukdom. Fleire kommunar manglar tilbod om oppfølging/bistand på kveld og natt, og pasientane blir tilviste til legevakt når dei opplever ei forverring eller treng nokon å snakke med. Skilnadene set retten til eit forsvarleg og likeverdig tilbod på prøve.

I fleire av sakene våre snakkar vi med pårørande som er slitne, og som fortel om stor omsorgsbyrde. Dei får ikkje sikra rettane sine i tilstrekkeleg grad, og blir ikkje alltid anerkjende som den ressursen dei er for pasienten. Psykisk uhelse hos ein pasient påverkar livet og helsa også til dei pårørande på ein negativ måte, og fleire blir sjukemelde sjølv eller får økonomiske utfordringar.

Spesialiserte tilbod og vanskelege prioriteringar

Kvaliteten på tenester innan psykisk helsevern er avhengig av god samhandling mellom nivåa, tilstrekkeleg og relevant kompetanse og god koordinering for den enkelte pasienten.

Fleire av dei lokale kontora hos Pasient- og brukarombodet har opplevd ein auke i talet på førespurnader frå vaksne med ADHD-symptom som får avslag på tilvising til DPS. Avslaget er gjerne grunngjeve med at symptoma ikkje er alvorlege nok, og at dei "fungerer for godt". Dette står i sterk kontrast til pasienten si eiga oppleving av funksjonsnivå. Pasientar risikerer å ikkje få behandling korkje i kommunehelse-tenesta eller spesialisthelsetenesta dersom dei to nivåa gjer ulike vurderingar med tanke på alvorsgrad og kvar pasienten bør behandlast. Samhandling og kommunikasjon mellom nivåa blir viktig for å sikre pasienttryggleiken.

Pasient- og brukarombodet erfarer at det fleire stader i landet er mangel på tilbod til grupper som treng einingar med spesialkompetanse, eksempelvis alvorlege eteforstyrringar og autismespekterforstyrringar. Vi er opptekne av at tenestene må arbeide saman for å nyttiggjere seg kompetansen som finst, på ein slik måte at han kjem pasientar over heile landet til gode. Dette krev innovativ tenking og samhandling, men er viktig for å sikre eit forsvarleg og likeverdig helsetilbod, uavhengig av kvar i landet ein bur.

Vi har fleire pasientar og pårørande som kontaktar oss fordi dei meiner pasienten blir skriven ut for tidleg frå spesialisthelsetenesta, og fordi dei meiner kommunen ikkje har tilstrekkeleg kompetanse eller kapasitet. Tilbakemeldingane Pasient- og brukarombodet får, samsvarer med Riksrevisjonen sin rapport frå 2021, der dei undersøkte psykiske helsetenester.

Har alle lik tilgang til helse- og omsorgstenester?

Når vi blir ramma av sjukdom, er det viktig for oss å få helsehjelp til rett tid, på r ett stad og gjeven av kvalifisert helsepersonell. Pasient- og brukarrettslova gjev pasientar og brukarar rettar som skal sikre eit forsvarleg pasientforløp, heilt frå første kontakt med helse- og omsorgstenesta, via undersøkingar, behandlingar, rehabilitering, kontrollar og kommunale tenester. Alle skal ha lik tilgang til helse- og omsorgstenester, uansett bustad eller livssituasjon.

Helsekompetanse
For å få tilgang til eit likeverdig helse- og omsorgstenestetilbod er kunnskap om rettar og klagereglar avgjerande. I takt med at informasjonen blir meir digitalisert og lettare tilgjengeleg, aukar òg forventningane om at pasientar, brukarar og pårørande sjølv finn den informasjonen dei har behov for. Helsekompetanse handlar om å forstå, vurdere og bruke helseinformasjon. Her står individet sine ressursar, evner og føresetnader på den eine sida og kompleksiteten i helse-systemet på den andre sida. Dersom systema vi manøvrerer i er komplekse, vil sjølv den mest kompetente personen ha låg helsekompetanse.

Vi har i dag ei helseforvaltning med mange verksemder og ulike oppgåver på fleire nivå. Det store talet på førespurnader til Pasient- og brukarombodet viser at det for mange er krevjande å finne fram til og gjere seg nytte av dei ulike tenestene.

I eit pasientforløp er det mange situasjonar der helsekompetanse speler ei rolle. Pasientar skildrar til oss at dei ikkje veit kva for eit behandlingsforløp som er planlagt for dei, kven dei skal vende seg til når dei har spørsmål, kor mange utsetjingar eller forseinkingar dei må akseptere, korleis dei kan gå fram dersom dei vil protestere, kva for alternativ som er aktuelle og tilgjengelege for dei, og kva konsekvensar dei ulike situasjonane og vala kan få.

Pasient- og brukarombodet blir fortalt historier der pasientar og brukarar opplever at dei ikkje har fått den informasjonen som er nødvendig for å sikre reell medverknad. Typiske situasjonar oppstår ved endringar undervegs i eit pasientforløp, der informasjonen som er gjeven på førehand, ikkje lenger stemmer, og oppdatert informasjon uteblir.

Døme på problemstillingar der manglande helsekompetanse og manglande informasjon er ei av årsakene til kontakt med Pasient- og brukarombodet:

- Det tek lang tid å få svar på tilvising til spesialisert helsehjelp.
- Det er uvisse knytt til kva slags helsehjelp som er aktuell eller tilgjengeleg for pasienten.
- Pasienten får opplyst om ei ventetid som han eller ho oppfattar å vere standardisert og ikkje vurdert opp mot den enkelte pasienten sin helsetilstand og livssituasjon.
- Kapasitetsutfordringar blir oppgjeve som restriksjon utan at det blir kommunisert om dette er forsvarleg ut frå pasienten sine individuelle behov.
- Pasienten blir ikkje informert om kva for handlingsalternativ som finst.
- Det blir ikkje sett av tilstrekkeleg med tid til å informere eller tryggje pasientane og deira pårørande når det oppstår uføresette situasjonar, til dømes ved lang tid for tolking av biletdiagnostikk.
- Pasientar opplever at dei blir "flytta" mellom sjukehus i regionen utan at dei blir informerte eller har gjeve samtykke til dette.
- Sakshandsaming i kommunehelsetenesta følgjer ikkje regelverket, og pasientane kan miste viktig informasjon og klagerett.

Helsepersonell har plikt til å informere pasientane og brukarane om kva rettar dei har. Vi erfarer likevel at organisatoriske forhold i helse- og omsorgstenesta, manglande kjennskap til, forståing av, respekt for eller etterleving av pasient- og brukarrettane kan skape utryggleik, frustrasjon, mistillit, og for somme eit lengre sjukdomsforløp enn nødvendig.

Vi har ei befolkning med store variasjonar i helsekompetanse. Det fører til sosiale ulikskapar der pasientar med god helsekompetanse lettare får tilgang til den helsehjelpa dei meiner dei har behov for.

Kommunikasjon og samval

Pasient- og brukarombodet får mange førespurnader om vanskeleg kommunikasjon, og mykje misnøye over helsetenesta kan sporast tilbake til kommunikasjonssvikt. Det kan vere for lite, for sein, for uklar kommunikasjon eller ein kombinasjon av desse.

Retten til medverknad er ein lovfesta rett, og han heng nært saman med kommunikasjon, retten til informasjon og helsekompetanse. Helseføretaka omtaler ofte medverknad som "samval". Samval er aktuelt i medisinske og helsefaglege avgjerder som inneber val mellom fleire tilgjengelege og forsvarlege behandlingsalternativ, der pasienten sine eigne prioriteringar er viktige. Samval skal sikre at helsepersonell gjev tilstrekkeleg, presis og relevant informasjon om kva pasienten kan forvente av alternativa, og at helsepersonell får kunnskap om kva som er viktig for pasienten.

God kommunikasjon er ein føresetnad for å kunne gje forsvarleg og nødvendig helsehjelp. God kommunikasjon er kjenneteikna av at pasienten føler seg forstått, og at problema blir tekne på alvor. Tidspress, konsultasjonar som blir avbrotne av telefonar, og fokus på tekniske hjelpemiddel framfor pasienten kan øydeleggje kommunikasjonen. Dårleg kommunikasjon skaper utryggleik hos den enkelte, svekkjer tilliten og kan utgjere ein pasienttryggleiksrisiko.

Val av behandlingsstad

Ein viktig pasientrett er retten til å velje behandlingsstad.

Fleire pasientar som ønskjer å bruke denne retten, opplever at valfridomen er avgrensa. Dei opplever avslag på behandling ved andre sjukehus enn lokalsjukehuset sitt både innanfor eigen helseregion og spesielt i andre helseregionar. Grunngjevinga for avslag er gjerne at behandlingsstaden må prioritere pasientar innanfor eige ansvarsområde. Fastlegar opplyser at det er bortkasta å sende tilvising til anna helseføretak, fordi dei blir returnerte med beskjed om at tilvisingane må sendast til lokalt sjukehus. Gjestepasientbudsjetta påverkar høvet til å velje annan behandlingsstad.

Pasient- og brukarombodet får førespurnader som stadfestar at pasientane i for liten grad blir informerte om retten til å velje behandlingsstad. Dei veit ikkje korleis dei skal gå fram for å velje eller byte behandlingsstad, og dei får ikkje alltid informasjon om at det er klagerett på eit eventuelt avslag.

Dei tre døma under er typiske historier vi får høyre:

- Pasient som får behandling ved eit sjukehus på eit høgare behandlingsnivå, blir overført til lokalsjukehuset sitt basert på bustad, uavhengig av om pasienten ønskjer dette eller ikkje. Helsepersonell fortel om ei oppfatning internt i sjukehusa at dette er ein instruks som ikkje skal fråvikast.
- Pasientar busette i område der det ikkje er same tilgang på spesialisert helsehjelp som i andre delar av landet, blir avviste fordi dei tilhøyrer "feil" helseregion.
- Tilvisingar som blir sende til eit anna sjukehus enn pasienten sitt lokalsjukehus, blir returnerte til tilvisaren utan at ein tek med informasjon om klagerett eller grunngjeving.

Fristbrot

Mange pasientar står lenge i kø og ventar på undersøkingar, behandling, kontrollar eller rehabilitering. Det er store kapasitetsproblem fleire stader. For å utnytte kapasiteten betre, og redusere ulikskapane mellom dei som står i dei ulike helsekøane, er det etablert eit tiltak gjennom fristbrotordninga. Dersom sjukehusa ikkje får gjeve pasientane eit behandlingstilbod innan frist, ligg det føre eit fristbrot, og sjukehusa pliktar å melde frå til Helfo. Helfo skal handtere kontakt med pasientane og formidle behandlingstilbod ved eit anna sjukehus. Vi erfarer

at sjukehusa i varierande grad melder frå til Helfo om desse fristbrota. Av dei melde fristbrota til Helfo ser det dessutan ut til å vere eit avgrensa tal pasientar som gjennom denne ordninga faktisk gjennomfører behandlinga ved ein annan behandlingsstad enn der dei står i kø.

Pasientar vi er i kontakt med, er utrygge på konsekvensane av å gå ut av éin kø og over i ein ny kø, og dei fryktar auka belastning dersom pasientforløpet ikkje blir som forventa på eit sjukehus lenger unna. Skal fristbrotordninga fungere etter føremålet, må tenestene følgje opp pliktene sine og pasientrettane i langt større grad enn det vi ser i dag. Pasientane må informerast om ordninga på ein måte som gjer at dei får høve til å påverke eigen situasjon.

Dersom retten til informasjon og rett til samval ikkje blir oppfylt, retten til val av behandlingsstad og opninga for overføring til anna sjukehus ved fristbrot ikkje fungerer tilstrekkeleg eller er reelle rettar for pasientane, har ikkje befolkninga lik tilgang til helsetenester. Helsestyresmaktene må gjennom styrande dokument stille krav til helseføretaka om at dei syter for at desse rettane blir oppfylte, uavhengig av helsekompetanse, bustad og livssituasjon. Ordningar som ikkje fungerer etter intensjonen, må reviderast og eventuelt erstattast av meir målretta og effektive tiltak.

Klage

Dersom ein pasient blir påført skade eller alvorlege komplikasjonar, skal pasienten informerast om dette av helsetenesta sjølv. Det er lovfesta at pasienten samtidig skal informerast om høvet til å søkje om erstatning hos Norsk Pasienterstatning (NPE), og om høvet til å vende seg til Statsforvaltar og be om tilsyn. Det er òg lovfesta at pasientane skal informerast om høvet til å vende seg til Pasient- og brukarombodet.

Informasjon om klagerett og korleis ein skal gå fram for å klage, kan vere vanskeleg tilgjengeleg. Det er viktig å gje informasjon munnleg og skriftleg. Både spesialisthelseteneste og kommunal helse- og omsorgsteneste bør leggje til rette for ei enkel lågterskelløysing for å klage på nettsidene sine og sikre at same informasjon er tilgjengeleg for dei ikkje-digitale. Det bør òg opplysast om kva ein kan oppnå ved å klage.

I kombinasjon med mangelfull informasjon om klager og klagehandsaming blir ein viktig rettstryggleiksgaranti sett på spel når kommunar ikkje følgjer offentlege sakshandsamingsrutinar godt nok. Pasient- og brukarombodet meiner fleire kommunar har for dårlege sakshandsamingsrutinar. I tillegg er det stor variasjon frå kommune til kommune. Sakshandsamingsreglane i forvaltningslova blir ikkje følgde godt nok i fleire saker vi er kjende med. Dei viser at munnleg sakshandsaming, lang sakshandsamingstid, mangel på forsvarleg utgreiing og medverknad, vurderingar og grunngjevingar, mangel på lovreferansar, og at klager ikkje blir sende vidare til Statsforvaltar, er feil som gjentek seg. Når ikkje reglane for formell sakshandsaming i kommunane blir følgde, utgjer dette ein trugsel for pasienttryggleiken. Dersom kommunen sjølv ikkje kjenner til eller praktiserer regelverket, korleis kan ein sikre at pasientar og pårørande får sikra rettane sine?

Pasient- og brukarombodet hjelper til i ein del klager som handlar om ugrei oppførsel hos helsepersonell. Sakene handlar til dømes om situasjonar der pasienten opplever at spørsmål blir oppfatta som personleg kritikk overfor helsepersonellet, og responderer med forsvar eller avvising. Vi ser òg at kritikk eller klager frå pasientar og pårørande kan bli møtte med "skinn-orsaking", der ein orsakar opplevingane pasienten har hatt, framfor å orsake at helsepersonellet ikkje greidde å gjere jobben på ein slik måte at pasienten opplevde seg godt teken hand om og trygg. Ikkje sjeldan ser vi at ei uheldig hending eller ein uheldig samtale blir forklart med dårleg tid.

Tilbakemeldingar frå pasientar og brukarar kan vere eit verdifullt bidrag til at helsepersonell blir endå betre på å sjå resultatet av det dei gjer, og korleis pasientane opplever kommunikasjonen deira. På denne måten kan ein i større grad lukkast i å nå målet om å gje alle trygge og forsvarlege tenester. Ein god samtale tek ikkje nødvendigvis lengre tid enn ein dårleg samtale.

Barn og unge

Fokusområdet for Pasient- og brukaromboda: Ungdom 16–20 år

I 2021 og 2022 hadde Pasient- og brukarombodet auka fokus på barn og unge, både for å gjere oss kjent med brukargruppa og utfordringane deira, og for at dei skal kjenne til oss for å få hjelp ved behov. Valet vart gjort fordi denne aldersgruppa i liten grad tek kontakt med oss på eigne vegner. Den helserettslege myndigheitsalderen er 16 år, noko som vil seie at ungdom som har fylt 16 år, har rett til å få informasjon og ta avgjerder om eiga helse.

Vi har vore i kontakt med ei rekkje instansar som arbeider tett med ungdom, som helsesjukepleiarar, psykologar, vidaregåande skular, mobbe- og elev- og lærlingeombod, ungdomshelsestasjonar, ungdomspolitikarar, habiliteringstenester og ulike brukarorganisasjonar. Det har også vore halde møte med ungdomsråda i spesialisthelsetenesta, i fleire kommunar og ungdomsråd i ulike pasientorganisasjonar. Det er òg etablert eit samarbeid mellom Pasient- og brukarombodet og ulike regionale elev-, lærlinge- og mobbeombod. Kontaktpunkta og samarbeidet har gjeve oss viktige innspel på kva ungdom opplever som vanskeleg og problematisk når det gjeld helse, sjukdom og oppfølging frå helsetenesta.

Ung.no

Pasient- og brukarombodet starta eit formelt samarbeid med UNG.no hausten 2021. I dag er vi etablerte som ein del av svartenesta på nettsida med ei tverrfagleg gruppe på seks medarbeidarar frå fleire av lokalkontora våre. I 2022 svarte vi på over 120 ulike helserettslege spørsmål som ungdomar har sendt inn via nettsida. UNG.no hadde i 2021 i overkant av 21 millionar besøk og fekk inn 104 000 spørsmål frå barn og unge. Vi ser på Ung.no som kanskje den viktigaste plattforma Pasient- og brukarombodet kan vere tilslutta for å kome i kontakt med ungdom.

Fysisk og psykisk helse hos barn og unge

Kapasiteten i kommunane er ikkje alltid stor nok til å kome i gang med tiltak for unge som har det vanskeleg, på eit tidleg tidspunkt, og problem kan rekkje å vekse seg store før dei blir tekne tak i. Kroniske lidingar og sjukdomar med samansette behov krev samhandling og tenester frå ulike nivå i helsetenesta. Det krev planlegging og samarbeid, slik at tilbodet til pasienten blir koordinert og heilskapleg. Vi ser at dette ikkje alltid blir gjort. Unge fortel om lange ventetider, mangel på samhandling og koordinering av helsetilbodet og mangel på individuell plan.

Nokre barn og unge treng hjelp frå spesialisthelsetenesta, medan andre kan bli godt hjelpne utan spesialiserte og diagnosebaserte tenester. Lågterskeltilbod nær der dei unge er, kan gje raskare respons og auka utsikter til tilpassing og tilrettelegging.

Pasient- og brukarombodet får tilbakemelding om for lite ressursar til å dekkje barn og unge sine behov. Få døgnplassar for ungdom gjer det vanskeleg å kome raskt til behandling. Ungdom opplever at kriseteamet dei er i kontakt med, stengjer ned i feriar, slik at dei i periodar står utan støtte.

Det er mangel på helsepersonell med kompetanse innan barne- og ungdoms-psykiatri i heile landet. Vi er uroa for at kommunar ikkje er godt nok i stand til å førebyggje eller behandle lidingar, fordi dei ikkje har nok personale eller rett kompetanse.

Pasient- og brukarombodet erfarer eit aukande tal førespurnader der tilvising til BUP er avvist. Barn og unge er ekstra utsette og sårbare for brot i behandlings-relasjonar, utsetjingar og lite føreseielegheit. Forseinkingar kan få store konse-kvensar for helsetilstand, familien som heilskap, i tap av skulegang og sosiale relasjonar. Pasientar får avbrot i utgreiing og behandling ved ferieavvikling og sjukefråvær der det ikkje blir sett inn vikar. Noko som kan føre til at dei unge mistar tillit og motivasjon for behandling i BUP, og at dei indirekte blir fråtekne helsehjelp dei er vurderte å ha behov for.

Retten til barnekoordinator

Pasient- og brukarombodet erfarer i fleire tilfelle at familiar som har barn med funksjonsnedsetjingar, sjølv må finne ut av tenestene som finst, og kva for eit regelverk som gjeld for situasjonen deira. Det har no kome ein ny rett til barne-koordinator, som er meint å hjelpe desse familiane. Denne er heimla i pasient- og brukarrettslova.

Til skilnad frå ein vanleg koordinator vil ein barnekoordinator i tillegg til å koordi-nere helse- og omsorgstenester, også koordinere mot andre velferdstenester. Pasient- og brukarombodet meiner at informasjon om rett til barnekoordinator og innhaldet i denne tenesta ikkje er godt nok kjent.

Avlasting for familiar med barn som har funksjonsnedsetjingar

Pasient- og brukarombodet erfarer at tilbodet som blir gjeve til brukarar av kommunale tenester, varierer geografisk, og ikkje er i tråd med at brukarar skal sikrast likeverdige tenester av god kvalitet uavhengig av kvar dei bur. Vi ser at fleire kommunar manglar eigne barnebustader som kan brukast ved behov for avlasting. Nokre kommunar kjøper tilbod i andre kommunar, med den konsekvensen at barnet under avlasting bur langt unna foreldra.

Eigendelar

Unge mellom 16 og 18 år betaler eigendel hos legen. Dette gjer det vanskeleg å kunne oppsøkje helsehjelp utan å måtte spørje føresette om pengar til å betale

for helsehjelpa. Talet på besøk hos fastlegen stuper etter fylte 16 år, noko som ikkje nødvendigvis speglar behovet dei unge har for helsehjelp. Vi meiner at mange unge ikkje har eit reelt høve til å få helsehjelp utan at dei føresette veit om det. Det er viktig å revurdere regelverket for eigendelar for å sikre retten dei unge har til nødvendig helsehjelp.

Samhandling og koordinering av tenester

Pasient- og brukarombodet får kvart år stadig førespurnader om manglande koordinering både internt på sjukehusa og mellom sjukehus og kommunale tenester.

Samhandling internt på sjukehus

Rundt 10 % av sakene vi tok imot i 2022 om spesialisthelseteneste, gjaldt manglande eller dårleg oppfølging og mangelfullt internt samarbeid.

Vi erfarer at sviktande informasjonsflyt, manglande kontinuitet og uklare ansvarsforhold er medverkande årsaker til at ikkje alle pasientforløp fungerer etter planen.

Pasientar med kompleks helsetilstand treng heilskapleg og koordinert helsehjelp. Mange opplever likevel at hjelpa er fragmentert, og at det blir teke avgjerder utan at den komplekse tilstanden til pasienten er vurdert samla. Spesialistane skal avdelingsvis ha merksemd retta mot fagfeltet sitt, men systemet må vere tilrettelagt slik at ein sikrar eit heilskapleg perspektiv på behandlinga.

Vi ser at det kan vere ein fare for pasienttryggleiken når:

- forseinkingar i tolkinga av prøvesvar fører til forseinkingar i behandling
- viktig pasientinformasjon ikkje blir formidla vidare mellom avdelingane og behandlar ikkje har oppdatert informasjon
- dårleg informasjonsflyt fører til forseinkingar og misforståingar
- det er skott mellom avdelingane, og ingen har eller tek eit klart ansvar for pasienten og framdrifta i behandlinga

Avdøde Steinar Pedersen, tidlegare leiar av Nasjonalt senter for telemedisin, skildra pasientopplevinga si slik i ein kronikk på nrk.no i juni 2022:

> Jeg ble satt på vent. Kanskje til og med glemt.
>
> Jeg får ikke tak i noen som kan fortelle meg om jeg har, eller ikke har, kreft.

Pasient- og brukarombodet erfarer at faglege og kulturelle barrierar kan stå i vegen for informasjonsutveksling og samarbeid mellom sjukehusavdelingar. Ansvaret for å byggje ned slike barrierar ligg hos sjukehusleiinga. Spesialiseringa innanfor ulike fagfelt krev at sjukehusa har stort fokus på å sikre det grunnleggjande ansvaret for pasientane, uavhengig av om ei eller fleire avdelingar tek del i behandlingsforløpet. For pasientane vil godt samarbeid mellom avdelingar kunne vere einstydande med forsvarleg helsehjelp.

Det er ei kjensgjerning at kontaktlege- og koordinatorordningane i for liten grad blir brukte ved helseføretaka rundt i landet. Dette er lovpålagde oppgåver som skal bidra til nettopp intern samhandling. Vi forventar at helseføretaka gjev arbeidet med å styrkje desse ordningane prioritet og framdrift.

Samhandling mellom tenestenivå og mellom ulike sjukehus

Pasient- og brukarombodet ser i mange saker at samhandlinga mellom ulike stader i spesialisthelsetenesta og mellom sjukehus og kommunehelseteneste ikkje fungerer godt nok. Manglande samhandling mellom tenestenivåa kan medføre at pasientar ikkje får forsvarlege og koordinerte tenester, og kan i enkelte tilfelle utgjere ein stor pasienttryggleiksrisiko.

I sakene våre ser vi at:

- nokre pasientar blir skrivne ut frå sjukehus for så raskt å bli innlagde på nytt, andre pasientar blir liggjande lenge på sjukehus i påvente av kommunalt tilbod
- pasientar kan få oppfølging og behandling på fleire sjukehus for same liding utan at behandlande personell har tilstrekkeleg informasjon om dei ulike behandlingstiltaka
- ungdom opplever å få avslag frå spesialisthelsetenesta med grunngjevinga at dei kan få behandling i kommunal helseteneste samtidig som kommunen seier dei ikkje har eit passande tilbod
- lovpålagde ordningar med koordinator og individuell plan ikkje fungerer i praksis

Har du spørsmål til innhaldet i årsmeldinga vår?

Ring oss på 40 50 16 00

eller finn kontaktinformasjon direkte til lokalkontora våre på

pasientogbrukerombudet.no

Pasient- og brukarombodet

STYRESAK

GÅR TIL:	Styremedlemmer
FØRETAK:	Helse Vest RHF
DATO:	28.02.2023
SAKSHANDSAMAR:	Charlotta Schaefer
SAKA GJELD:	**Årleg melding 2022 frå Helse Vest RHF**
ARKIVSAK:	2022/853
STYRESAK:	**027/23**
STYREMØTE:	**22.03. 2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner årleg melding for 2022, og ber administrerende direktør sende meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.
2. Styret tek årleg melding for 2022 frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Oppsummering

Helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Meldinga frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av eit samanhengande plan- og meldingssystem. Systemet skal gi departementet grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for neste år. I årleg melding rapporterer Helse Vest på korleis dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet er følgd opp. Gjennom årleg melding får departementet eit grunnlag for å vurdere om dei helsepolitiske måla er innfridd.

Fakta

Vedtektene for Helse Vest RHF § 15 (Melding til departementet) har følgjande ordlyd:

"Styret skal innen den 15. mars hvert år sende en melding til departementet som omfatter styrets plandokument for virksomheten og styrets rapport for foregående år. Plandokumentet skal være av strategisk og overordnet karakter og vise hovedtrekkene i virksomhetens fremtidige drift innenfor de rammebetingelser som er gitt av staten som eier og helsemyndighet. Denne delen av plandokumentet vil inngå i vurderingsgrunnlaget for behandlingen av de enkelte års statsbudsjett.

Plandokumentet skal videre, med utgangspunkt i vurderinger av eksisterende drift, gi beskrivelse av forventede endringer i befolkningens behov for helsetjenester og i den helsefaglige utviklingen på fagområdene, vise behovet for utvikling og endring av tjenestene og driften av virksomheten og styrets vurdering av ressursbruken for de nærmeste årene, med forslag til finansiering.

Rapporten om virksomheten fra foregående kalenderår skal vise hvordan pålegg og bestemmelser som er gitt i foretaksmøtet eller satt som vilkår for bevilgninger, er fulgt opp. Rapporten skal også vise virksomhetens utvikling i forhold til det regionale foretakets plandokument."

I styringsdokumenta frå Helse Vest RHF til helseføretaka blir det stilt krav om at helseføretaka skal sende ei tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF. Meldinga skal følgje den same oppbygginga som meldinga frå Helse Vest RHF til departementet. Dei årlege meldingane frå helseføretaka blir brukt som datagrunnlag ved utarbeidinga av årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet.

Kommentarar

Årleg melding (vedlegg 1) er bygd opp etter mal frå Helse- og omsorgsdepartementet, og rapporterer på krav i Oppdragsdokumentet 2021 (kap. 2) og føretaksmøtet (kap. 3). I tillegg har dokumentet ei innleiing der Helse Vest gir eit samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2022.

Etter avtale med Helse- og omsorgsdepartementet er kap. 5 Plandokument, kraftig korta ned.

Årleg melding 2022 frå regionalt brukarutval er vedlegg til årleg melding, og skal følgje med når Helse Vest RHF sender Årleg melding 2022 til Helse- og omsorgsdepartementet.

Fristen for å sende inn årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet er 15. mars kvart år. Utkastet til årleg melding er sendt Helse- og omsorgsdepartementet innan fristen med melding om at styregodkjent årleg melding vil blir ettersendt.

Årleg melding 2022 for
Helse Vest RHF til
Helse- og omsorgsdepartementet



Innhold

Innhold....2
1. Innleiing....4
1.1 Visjon, virksomhetsidé og verdigrunnlag....4
1.2 Samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2022....5
2. Rapportering på krav i oppdragsdokument....10
2.1 Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling....10
2.2 Styrke forsking, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleiken....18



....24
2.3 Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp....29
3. Nye oppgåver 2022....36
3.1 Styrke psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling....36
3.2 Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbedre kvalitet og pasientsikkerhet....38
3.3 Rask tilgang til helsetjenester og sammenhengende pasientforløp....39

4. Rapportering på krav frå føretaksmøte 41
4.1 Krav og rammer for 2022 41
4.2 Øvrige aktuelle saker i 2022 55
5. Styret sitt plandokument 60

1. Innleiing

1.1 Visjon, virksomhetsidé og verdigrunnlag

Helseføretakslova § 34 pålegg dei regionale helseføretaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda, til Helse- og omsorgsdepartementet. Meldinga skal òg omfatte dei helseføretaka som det regionale helseføretaket eig. Vedtektene for Helse Vest RHF, § 15, seier at den årlege meldinga skal seie korleis pålegg og føresegner som er gitt i føretaksmøtet eller er sett som vilkår for løyvingar, er følgde opp.

Helseføretaka i Helse Vest skal sørgje for gode og likeverdige helsetenester til alle som treng det, når dei treng det. Det er det regionale helseføretaket sitt ansvar at oppgåvene blir løyste innanfor dei økonomiske rammevilkåra som er fastsette av Stortinget og tildelt over statsbudsjettet, og dessutan at verksemda blir utøvd i samsvar med gjeldande lover og føreskrifter.

Dei styringskrava Helse- og omsorgsdepartementet fastsett i oppdragsdokument og føretaksmøte, saman med vedtak som er gjort av styret i Helse Vest RHF, er lagt til grunn for verksemda. Helse Vest RHF skal leggje til rette for samordning og koordinering mellom og i helseføretaka. Ansvaret blir blant anna vareteke gjennom vedtak av felles strategiar og planar for helseføretaksgruppa, løpande rapportering, oppfølging av verksemda og tett samarbeid. Helseføretaka har ansvar for å omsetje regionale føringar i lokale strategiar og planar.

For å følgje opp resultatoppnåinga, er det månadlege dialogmøte mellom helseføretaka og Helse Vest RHF. Det er òg møte med dei private ideelle for å følge opp dei årlege bestillingane desse får. I tillegg blir det rapportert på status for styringsmåla, både til styra i helseføretaka og styret i Helse Vest RHF.

God verksemdsstyring handlar om å sette mål, definere oppgåver og ansvar for å nå måla, og løpande følgje opp resultata. Det føreset tydeleg leiing og strategisk retning, involvering av medarbeidarar og brukarar, og dessutan prosessar og internkontroll som støttar opp under å nå måla verksemda har. Samla utgjer dette dei nødvendige verkemidla for å nå resultat i verksemda og leggje til rette for læring og forbetring.

Visjon

Å fremje helse, meistring og livskvalitet er den overordna visjonen til Helse Vest.

Verdiar

Respekt, tryggleik og kvalitet er dei felles verdiane i spesialisthelsetenesta.

Mål

- Trygge og nære helsetenester
- God samhandling og effektiv ressursbruk i heile pasientforløpet
- Aktiv pasientdeltaking og heilskapleg behandling
- Ein framtidsretta og innovativ kompetanseorganisasjon

Strategi

Strategien, tiltaksplanen som ligg til strategien og den regionale utviklingsplanen skal bidra til å realisere visjonen til Helse Vest.

Målet er ein levande plan, som ein ikkje berre reviderer kvart fjerde år, men som til ei kvar tid er oppdatert og som gjer at ein kan vurdere innspel løpande. Både data- og kunnskapsgrunnlaget som er brukt for å lage utviklingsplanen vil endre og utvikle seg, på kort og lang sikt. Derfor har planen fått ei digital form, som gjer det mogleg å bruke, justere og endre planen i takt med utviklinga, ikkje berre i faste intervall. Ein vil oppdatere både grunnlaget og sjølve utviklingsplanen, og på den måten halde planen relevant over tid.

Regional utviklingsplan 2023-2035

Kvart føretak og dei private som har langsiktige avtalar med Helse Vest har lagt fram sine utviklingsplanar, som heng saman med den regionale. I tillegg til å vere ein overordna plan for dei enkelte regionale helseføretaka, vil desse planane inngå som grunnlag for og gi innspel til den kommande nasjonale helse- og samhandlingsplanen.

Den regionale utviklingsplanen inneheld fire strategiske hovudtema:

- Pasientar, brukarar og pårørande
- Medarbeidarar og kompetanse
- Samhandling
- Utvikling

I tråd med utviklingsplanen, blir den regionale tiltaksplanen revidert. Arbeidet med tiltaksplanen er planlagt ferdig første halvår 2023.

1.2 Samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2022

2022 starta med høgt belegg i sjukehusa og beredskap for covid-19, noko som har prega dei siste åra. Etter eit år stort sett ute av beredskap og innsats for å stabilisere drifta etter pandemiåra, var hausten prega av ein krevjande økonomisk situasjon og på nytt

auka merksemd på drifta når talet på innleggingar knytt til korona, influensa og RS-virus steig mot nyttår igjen.

Pandemien har krevd mykje av mange. Sjukehusa må framleis ta høgde for fleire utbrot av covid-19 og merker framleis konsekvensane av pandemien på nokre område, for eksempel skal ein ha kapasitet til å ta att utgreiing, behandling og oppfølging som har vore utsett. Ein kan framleis merke dei økonomiske konsekvensane, både etter pandemien og usikkerheita i verdsøkonomien som blant anna har vore sidan utbrotet av krigen i Ukraina.

Utfordringane har vore fleire gjennom året, og fleire av krava for 2022 er ikkje nådd. Det er tiltak for dei krava ein ikkje har fått til eller er ferdige med i 2022.

Overordna har føretaksgruppa Helse Vest gode resultat å vise til i 2022. Når det gjeld styringsmåla og dei ulike oppdraga er mykje oppnådd og grunnlaget godt for vidare utvikling.

Styret i Helse Vest RHF vil rette ein stor takk og særleg framheve innsatsen og kompetansen medarbeidarar i alle helseføretaka bidreg med, kvar dag.

Økonomi

Foreløpig økonomisk resultat for 2022 viser eit positivt resultat på 419 mill. kroner, 75,6 mill. kroner lågare enn budsjettert.

I 2022 var det ein generell pris- og lønsvekst som var langt høgare enn føresetnadene i statsbudsjettet. Dette reduserte realveksten i driftsløyvingane til dei fire regionale helseføretaka for 2022.

Helseføretaka står overfor store økonomiske utfordringar. Det kan ikkje forventast at dei økonomiske rammene vil auke i same grad som tidlegare. Drifta må tilpassast dette, og føretaksgruppa må vere førebudd på omstilling i åra som kjem. Det inneber å prioritere godt, og at oppgåver må løysast på nye måtar. I denne situasjonen er det viktig at det blir gitt føreseielege rammer slik at helseføretaka kjenner kva ein kan planleggje for dei neste åra.

I Helse Vest er investeringane i fysisk infrastruktur på historisk høgt nivå. Bygg er viktige føresetnader for både godt arbeidsmiljø og god pasientbehandling. Det er viktig at det blir arbeidd målretta for å få maksimalt ut av dei investeringane som blir gjort.

Gitt dei økonomisk utfordringane er det likevel viktig å skjerme prioriterte viktige område. Det skal framleis vere satsing på psykisk helsevern, og kompetansetiltaka for

medarbeidarane i sjukehusa må halde fram. Det same gjeld for satsinga på digitalisering, den er drifta i helseføretaka heilt avhengige av.

Oppnådde resultat

Dei felles styringsmåla gjer retning til arbeidet i spesialisthelsetenesta. Årleg melding viser at helseføretaka har nådd resultatmåla på fleire område.

Hovudtrekka i oppnådde resultat knytt til styringsmålet *Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling* er:

- Auke i budsjett i alle helseføretak innan psykisk helsevern.
- Styrking av sikkerheitspsykiatri.
- Styrka tilbod for barn og unge i psykisk helsevern, som vurderingssamtale ved tilvising og utgreiing, etablering og styrking av ulike fagteam.
- Styrka samarbeid med Bufetat og kommunane innan barne- og ungdomspsykiatri.
- Fleire DPS har nye behandlarstillingar, auke i kapasitet og etablering av nye FACT-team.
- Handlingsplan og styrka opplæring for å redusere tvang i psykisk helsevern.
- Førebuing og etablering av fellesmottak for tilvising i psykisk helsevern.
- Auka merksemd på akuttlinja i tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
- Måla for ventetider og aktivitet er delvis nådd.

Hovudtrekka i oppnådde resultat knytt til styringsmålet *Styrke forsking, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleiken* er:

- Sikring av kompetanse gjennom målretta rekrutteringsprosessar, fagleg opplæring og vidareutdanning. Talet på tildelte ulike planar for kompetanse, læringsmål og mål for aktive stillingar er om lag 246 000 for føretaksgruppa. Kompetanseplanane dekkjer om lag 2 420 000 enkelte kompetansekrav.
- Arbeid med kunnskapsgrunnlag knytt til, blant anna, ekstern turnover, berekraftig utvikling for intensivsjukepleiarar og berekraftig utvikling for psykisk helsevern og rus.
- Satsing for å auke talet på kliniske behandlingsstudiar slik at fleire pasientar kan få tilbod om utprøvande behandling. Som ein del av dette er det etablert ei regional forskingsstøtte som skal gjere det enklare for fleire føretak å delta i kliniske behandlingsstudiar, to NorTrials-sentre i regionen. Det nasjonale forskingsstøttenettverket NorCRIN blir leia frå Helse Bergen.
- Auke talet på utdanningsstillingar for vidareutdanning for spesialsjukepleiarar i anestesi, operasjon, kreft og for jordmor.

- Kontinuerleg og systematisk arbeid for å redusere pasientskadar. Det er framleis variasjon i resultata og det er sett i verk nye tiltak, for eksempel ein eigen regional plan for risikoområdet legemiddel (ROMLE).
- Reduksjon av totalforbruket av breispektra antibiotika, men ein gjer framleis tiltak for å få bruken ned på fleire enkeltområde.
- Arbeid med auke av intensivkapasiteten. Oppdraget er løyst på tre nivå; interregionalt, regionalt og lokalt, og i fleire fasar. Vurderinga er at tal intermediær-senger og intensiv senger (kategori 1-3) må sjåast i samanheng og at helseføretaka må ha fokus på tiltak for å behalde intensivsjukepleiarar og kompetansevedlikehald for sjukepleiarar som kan avlaste intensivsjukepleiarar ved behov for auka kapasitet eller beredskap; helseføretaka i Helse Vest følgjer dette vidare opp i 2023.
- Arbeid med etablering av regionalt behandlingstilbud for personer med kjønnsinkongruens.

Hovudtrekka i oppnådde resultat knytt til styringsmålet *Rask tilgang til helsetjenester og sammenhengende pasientforløp* er:

- Overgang til DIPS Arena legg til rette for betre moglegheiter for å ta i bruk digitale tilbod, blant anna konsultasjonar.
- Prosentdel pakkeforløp gjennomført innan standard forløpstid for alle forløpa samla når målet med 70 prosent fullført innan forløpstida. Helse Vest når også målet om at alle kreftpasientar skal vere registrert i pakkeforløp kreft med 84 prosent. Det er variasjon mellom dei ulike forløpa og Helse Vest jobbar med å forbetre resultata for dei forløpa med dårlegast måloppnåing.
- Førebuing av avvikling av fritt behandlingsval kor Helse Vest RHF skal sjå til at pasientar som mottar behandling hos private leverandørar gjennom godkjenningsordninga i fritt behandlingsval får vidareført det tilbodet dei har behov for når ordninga blir avvikla.
- Oppfølging av evaluering og forbetring av Nye metoder, blant anna med tiltak for raskare saksbehandling og auka brukar- og klinikarinvolvering.
- Arbeid med styrking av elektiv aktivitet som desentraliserte tenester. I Helse Vest blir det per i dag ytt desentrale spesialisthelsetenester i eit stort omfang. Helse Vest vil byggje opp om den desentraliserte strukturen av spesialisthelsetenester som er utvikla i regionen gjennom mange år, og samtidig sjå på behovet for funksjonsfordelingar i utviklinga av tenestene slik at dei avgrensa ressursane i helseføretaka kan brukast mest mogleg effektivt.
- Innspel til kommande Nasjonal helse- og samhandlingsplan

Det er fleire resultat knytt til dette styringsmålet som ikkje er nådde. Desse områda blir følgde opp vidare i 2023. Dette gjeld blant anna dei løpande måla for kvalitet. Helseføretaka har ikkje klart å redusere ventetidene slik det var lagt planar for

samanlikna med 2021. 2022 har vært prega av eit etterslep i elektiv aktivitet som følgje av pandemien.

Utviklinga vidare

Årleg melding for 2022 viser at mykje ligg til rette for god utvikling vidare, i 2023. Den økonomiske situasjonen er usikker og krevjande, verdssituasjonen like usikker og helseføretaka skal ta att for mykje arbeid som blei sett på vent under pandemien. Det går allereie vanskelege diskusjonar om prioritering i tenesta.

Men med grunnlaget for utvikling på fleire viktige område som er bygd gjennom åra, blant anna, innan planlegging, analyse og digitalisering, ligg det òg moglegheiter for nødvendig omstilling og endring. Dette må ha som mål å gi medarbeidarar gode rammer for det viktige arbeidet dei gjer og pasientane den beste behandlinga vi kan gje.

Hausten 2022 vedtok styret i Helse Vest RHF den reviderte utviklingsplanen for dei neste åra. Våren 2023 skal tiltaksplanen ligge føre.

Med grunnlaget vi har i alt arbeidet som er lagt ned i Helse Vest over fleire år, eit kunnskapsgrunnlag som stadig blir styrkt, løpande forbetring og eit tett samarbeid, både regionalt og nasjonalt, ligg det rette for mykje godt arbeid i spesialisthelsetenesta på Vestlandet vidare inn i 2023.

2. Rapportering på krav i oppdragsdokument

2.1 Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Mål 2022:

Kvalitative:

- **Styrke psykisk helsevern og TSB slik at tilbodet kan trappast opp for barn og unge, samt vaksne med alvorleg psykisk liding. Førebygging og kvalitet skal prioriterast, og utfall av behandling skal leggjast vekt på.**

Psykisk helsevern for barn og unge (BUP)

Alle helseføretak i Helse Vest har hatt ein auke i budsjettet som har gjort det mogleg å tilsette fleire behandlarar eller spesialistar. Fleire tiltak er etablert. Eit eksempel på dette er vurderingssamtale før eventuelt avslag på tilvising (Helse Førde), sped- og småbarnsteam, utgreiing av Ung-FACT[1] team (Helse Fonna), etablering av to Ung-FACT team og styrkt DBT[2]-team og Psykoseteam (Helse Bergen). Fleire helseføretak melder om at samarbeidet mellom barne- og ungdomsklinikken og Bufetat er styrkt for dei mest alvorleg sjuke pasientane.

Psykisk helsevern for vaksne (VOP)

Fleire helseføretak har òg styrkt budsjetta for psykisk helsevern for vaksne. Helse Bergen har blant anna etablert ein ny ROP[3]3-eining med åtte nye døgnplassar. Fleire DPS i heile regionen melder om nye behandlarstillingar og ein auke i kapasitet og etablering av nye FACT-team (Stord DPS og Haugaland DPS). Det er gjennomført internrevisjon med psykoseforløp i Helse Fonna, og på bakgrunn av funna er det utarbeidd lokale handlingsplanar.

Tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)

Fleire helseføretak har hatt auka merksemd på akuttlinja, som, for eksempel, auka samarbeid med prehospitale tenester/ ambulanse for å implementere nytt område i pasientforløpa om handtering av overdose. Helse Bergen har etablert «Ung rusoppdagelse» (URO) der formålet er å komme i kontakt med sårbar ungdom (15-25 år) i tidleg fase av problematisk bruk av rusmidlar. Det er etablert og det blir planlagt for fleire Ung-FACT team. Det er lagt til rette for utdanningsstilling for LIS 3 ved ruspoliklinikk. Det er etablert felles tilvising av pasientar til TSB i Helse Fonna og Helse Stavanger. Kvalitetsregister rus (KvaRus) blir nytta for å evaluere eigne tenester (særleg i Helse Stavanger).

[1] FACT = Flexible Assertive Community Treatment, og kan omsetjast til fleksibelt, aktivt oppsøkjande behandlingsteam i lokalmiljøet.

[2] DBT = «Dialektisk atferdsterapi». Dette er ein empirisk validert behandlingsmetode for personar med kronisk suicidalitet, sjølvskading og emosjonelt ustabil personlegdomsforstyrring.

[3] ROP = Begrepet ROP blir brukt som ei samlebenemning for «samtidig rusliding og psykisk liding»

- Forhindre feil bruk av tvang og leggje til rette for tenestene slik at førebygging av aggresjon og vald understøttast.

MAP (Møte med aggresjonsproblematikk) er eit nasjonalt opplæringsprogram relatert til førebygging og handtering av aggresjons- og valdsproblematikk i psykisk helsevern og rus. Eit av hovudelementa i MAP er korleis førebyggje bruk av tvangsmidlar, og korleis ein kan utøve tvang på ein skånsam og forsvarleg måte, når bruk av tvang er nødvendig. Helseføretaka i Helse Vest har alle implementert MAP. Helseføretaka har kontinuerleg fokus på å redusere bruken av tvang, og i mange føretak er det laga eigne handlingsplanar for redusert bruk av tvang.

Indikatorar:
- Gjennomsnittleg ventetid skal vere lågare enn 40 dagar for psykisk helsevern vaksne, lågare enn 35 dagar for psykisk helsevern barn og unge og lågare enn 30 dagar for TSB.

Dei siste offisielle tertialtala frå Helsedirektoratet er frå andre tertial 2022. Ikkje bekrefta månadstal frå tredje tertial viser at målet er nådd for TSB, men ikkje for VOP og BUP. Det er verd å merke seg at gjennomsnittleg ventetid er på rett veg, med langt lågare ventetider i dei tre siste månadane av 2022 enn for andre tertial.

Tala under viser gjennomsnittleg ventetid for pasientar som hadde starta med behandling per tertial, samt for dei siste fire månader av 2022. Tala er samla for alle helseføretak og private aktørar i Helse Vest.

Fagområde	1. tertial 2021	2. tertial 2021	3. tertial 2021	1. tertial 2022	2. tertial 2022	Sept. 2022*	Okt. 2022*	Nov. 2022*	Des. 2022*
BUP	43	51	47	52	58	69	49	48	50
PHV	38	40	39	46	51	51	42	43	40
TSB	28	28	29	29	32	24	30	27	28

Kjelde: Ventetider og pasientrettigheter, per tertial - Helsedirektoratet. Tal for 3. tertial 2022 er ikkje klare før 17. mars-23.
**Kjelde: Ventetider og pasientrettigheter, per måned - Helsedirektoratet viser månadstala. Dei er ikkje endeleg bekrefta.*

Fleire helseføretak peiker på høge tal for tilvising til psykisk helsevern over tid og låg rekruttering av legar og psykologar som årsak til at måla ikkje er nådd. Fleire tiltak blir nemnd:

- Vurdere den interne variasjonen blant behandlarar knytt til talet på pasientar og lengde på behandlinga.
- Deltaking i regionalt prosjekt om å behalde og rekruttere medarbeidarar.
- Kartlegging og endring av arbeidsrutinar som oppgåvegliding for å bidra til at pasientar kjem raskt inn i forløp.
- Oppstart med kveldspoliklinikk for å behandle fleire pasientar.

- Aktiviteten i psykisk helsevern skal vere høgare i 2022 samanlikna med 2021, både innan døgnbehandling og poliklinisk aktivitet.

Tabellane under viser nøkkeltal for aktivitet i psykisk helsevern for vaksne (VOP) og psykisk helsevern for barn og unge (BUP) i Helse Vest per 2. tertial 2022, og endring frå same periode i 2021. Tala inkluderer både eigne helseføretak og private avtaleinstitusjonar. Det er ikkje korrigert for gjestepasientar mellom regionane.

Aktivitet VOP	Tal per 2. tertial 2022	Endring i % mot 2. tertial 2021
Pasientar	27 043	4 %
Utskrivingar	6 726	1 %
Opphaldsdøgn	144 058	1 %
Avdelingsopphald	9 757	3 %
Dagbehandling	3 040	31 %
Polikliniske kontaktar	229 769	-2 %
- direkte	179 849	4 %
- indirekte	49 920	-19 %

Kjelde: Statistikk frå spesialisthelsetenesta - Norsk pasientregister (helsedirektoratet.no)
Tal for 3. tertial og dermed heile 2022 bli ikkje publisert før mars 2023.

Aktivitet BUP	Tal per 2. tertial 2022	Endring i % mot 2. tertial 2021
Pasientar	13 674	6 %
Utskrivingar	780	9 %
Opphaldsdøgn	8 876	-2 %
Avdelingsopphald	844	10 %
Dagbehandling	333	36 %
Polikliniske kontaktar	137 526	-1 %
- direkte	90 643	4 %
- indirekte	46 883	-8 %

Kjelde: Statistikk frå spesialisthelsetenesta - Norsk pasientregister (helsedirektoratet.no)
Tal for 3. tertial og dermed heile 2022 bli ikkje publisert før mars 2023.

Tala viser at psykisk helsevern for vaksne har ein vekst på alle indikatorar, med unntak av indirekte polikliniske kontaktar (indirekte polikliniske kontaktar omfattar videokonsultasjon og telefonkonsultasjon, men også indirekte pasientkontakt som ikkje har omfang av konsultasjon – for eksempel reseptutskriving, brev etc. Det same gjeld for psykisk helsevern for barn og unge, men her er det i tillegg redusert aktivitet knytt til opphaldsdøgn (tala er her små).

Helseføretaka rapporterer at auken i aktivitet som blir etterspurt innan psykisk helsevern er vanskeleg å nå på grunn av mangel på fagpersonar. Einingane har tilstrekkeleg økonomi til å tilsetje fleire, men det er vanskeleg å rekruttere til fagområda, og det er høg turnover, særleg blant psykologar. Helse Vest har initiert eit regionalt prosjekt for å bidra til betra rekruttering og lågare turnover av medarbeidarar.

- Prosentdel pasientforløp som har gjennomført evaluering av behandling i poliklinikk for psykisk helsevern barn og unge, psykisk helsevern vaksne og TSB skal vere minst 80 pst.

Tabellen under viser prosentdelen pasientar som har gjennomført første evaluering av behandling i poliklinikk innan tilrådd forløpstid per helseføretak, samla for Helse Vest (helseføretak og private aktørar) og samanlikna med heile landet.

Gjennomført første evaluering i poliklinikk	BUP		VOP		TSB	
	1. tertial 2022	2. tertial 2022	1. tertial 2022	2. tertial 2022	1. tertial 2022	2. tertial 2022
Helse Førde	21 %	29 %	57 %	40 %	20 %	57 %
Helse Bergen	53 %	39 %	38 %	29 %	20 %	18 %
Helse Fonna	12 %	25 %	42 %	33 %	43 %	-
Helse Stavanger	50 %	53 %	42 %	43 %	76 %	82 %
Helse Vest	**45 %**	**40 %**	**44 %**	**37 %**	**46 %**	**51 %**
Heile landet	38 %	37 %	47 %	42 %	45 %	49 %

Kjelde: Helsedirektoratet. Tal for 3. tertial 2022 er ikkje klare før 17. mars 2023

Det er for låg måloppnåing for alle tenestenivå, sjølv om det er stor variasjon mellom helseføretaka. Det er heller ikkje god nok rapportering på pasientforløpa.

Erfaringa er at pakkeforløpa har mista noko fokus i fagmiljøa etter namneendring til pasientforløp utan samtidig reell endring av innhald. Dette til tross for påpeikt rom for forbetring i to evalueringsrapportar.

Interne journalrevisjonar i helseføretaka viser likevel at føringar i pasientforløp blir følgt, men at kodinga er mangelfull. Det er ønskje om betre funksjonalitet i DIPS for å kunne følgje betre opp. Låg måloppnåing skuldast i nokre tilfelle at behandlar gløymer å registrere. Det er meldt tilbake eit ønskje om påminning frå systemet når ein gløymer å registrere. Ei anna tilbakemelding er at den første evalueringa kjem for tidleg og er for tett på ferdigstilling av behandlingsplanen. Dette gjer at evalueringa ikkje blir opplevd å vere reell. Gode og felles evalueringsverktøy er ei utfordring, særleg for feltet barn og unge.

Vurderinga er at helseføretaka kjenner til eigne resultat, og at det blir arbeidd med å betre registrering. Eksempel på tiltak er:

- Setje inn ekstra ressursar
- Oppgåvedeling og diverse forbetringsarbeid
- Identifisere konkrete utfordringar knytt til registrering av målepunkt i pasientforløp og fokus for å betre koding

- Prosentdel pasientar i pasientforløp som saman med behandlar har utarbeidd ein behandlingsplan, skal vere minst 80 pst.

Prosentdelen av pasientar i pakkeforløp som saman med behandlar har utarbeidd ein behandlingsplan er som følgjer per helseføretak, samla for Helse Vest (helseføretak og private aktørar) og samanlikna med heile landet:

Utarbeidd behandlingsplan	BUP		VOP		TSB	
	1. tertial 2022	2. tertial 2022	1. tertial 2022	2. tertial 2022	1. tertial 2022	2. tertial 2022
Helse Førde	12 %	10 %	29 %	34 %	23 %	24 %
Helse Bergen	35 %	23 %	17 %	18 %	31 %	18 %
Helse Fonna	7 %	4 %	11 %	8 %	-	-

Helse Stavanger	24 %	26 %	9 %	8 %	36 %	34 %
Helse Vest	**25 %**	**18 %**	**18 %**	**17 %**	**27 %**	**21 %**
Heile landet	41 %	40 %	42 %	42 %	44 %	42 %

Kjelde: Helsedirektoratet. Tal for 3. tertial 2022 er ikkje klare før 17. mars 2023

Målet er ikkje nådd. Det er i tillegg store variasjonar mellom helseføretaka i Helse Vest for desse tala. Det er indikasjonar for at det for dei fleste blir laga behandlingsplanar i journal, men at dette i mindre grad blir registrert i pakkeforløpsmodulen. Helseføretak med høgast måloppnåing ser også ut til å ha best rutinar. Sjå òg kommentarane over.

- **Minst 70 pst. av epikrisane skal vere sende innan 1 dag etter utskriving frå psykisk helsevern for vaksne og TSB.**

Tabellen under viser utvikling for prosentdelen epikriser sendt ut innan 1 dag etter utskriving. Tala er per helseføretak, samla for heile Helse Vest (inkludert private aktørar) og samanlikna med heile landet:

Epikriser sendt innan 1 dag	**VOP**		**TSB**	
	1. tertial 2022	**2. tertial 2022**	**1. tertial 2022**	**2. tertial 2022**
Helse Førde	42 %	34 %	53 %	56 %
Helse Bergen	72 %	76 %	76 %	68 %
Helse Fonna	47 %	56 %	57 %	59 %
Helse Stavanger	35 %	34 %	70 %	68 %
Helse Vest	**53 %**	**55 %**	**63 %**	**64 %**
Heile landet	52 %	56 %	56 %	53 %

Kjelde: Helsedirektoratet. Statistikk for VOP og TSB. Tal for 3. tertial 2022 er ikkje klare før 17. mars 2023

Samla for heile Helse Vest er ikkje målet nådd, sjølv om det har vore ei betring både for VOP og spesielt TSB sidan 2021. Det er likevel store forskjellar mellom helseføretaka, der Helse Bergen i størst grad har nådd målet for dei to første tertiala i 2022.

Det er ikkje sett inn ekstraordinære tiltak i helseføretaka for å betre ferdigstilling av epikriser. Det ligg føre oppdaterte rapportar i Helse Vest sin rapportportal, og tema blir løfta fram i dei fleste driftsmøte i føretaka.

Det regionale prosjektet «Vel Heim» har starta ein pilot ved klinikk for psykisk helsevern i Helse Stavanger HF for å teste ut moglege regionale løysingar som skal sikre epikriser frå alle PHV-einingar til legevakt i alle føretaksområda. Sjølv om prosjektet har som hovudmål at tilviser skal få epikrise, vil det også virke inn på epikrisetida. Prosjektet er forventa ferdig i juni 2023.

Oppgåver 2022:

- **Helse Vest RHF skal i tråd med nasjonal alkoholstrategi 2021 – 2025 syte for gode basistenester innan TSB i alle helseføretak, styrke rusbehandlingstilbodet til barn og unge og utvikle rutinar for samhandling mellom somatiske avdelingar, psykisk helsevern og TSB.**

Basistenester

Alle helseføretak har basistenester innan TSB. Helse Førde og Helse Fonna har integrert struktur med TSB organisert i DPS.

Styrke rusbehandlingstilbodet til barn og unge
Tilbodet er styrka i helseføretaka i Helse Vest.

Helse Bergen har etablert «Ung rusoppdagelse» (URO) der ein vil komme i kontakt med sårbar ungdom (15-25 år) i tidleg fase av problematisk bruk av rusmidlar. Det er etablert, og det blir planlagt for, fleire Ung-FACT team. BUP Helse Fonna har laga eit eige "BUP-forløp rusmiddel" som skisserer kartlegging, utgreiing og behandling for unge frå 12 til 18 år med rusmiddelbruk. Helse Stavanger har organisert TSB i psykisk helsevern barn og unge, og har tett samarbeid om rusbehandling for dei yngste, også i samarbeid med barneverntenesta og deira institusjonar.

Samhandling mellom somatiske avdelingar, psykisk helsevern og TSB
Det er utvikla rutinar for samhandling i alle helseføretak, men med ulik innretning.

Eksempel på dette er:
Helse Stavanger har hatt ordninga med ruskonsulentar i 15 år. Dei gjer kortidsintervensjonar med pasientar innlagt i somatisk avdeling med risikofylt og/ eller skadeleg bruk av alkohol og/ eller andre rusmiddel. Ruskonsulentane har mellom 700 og 800 samtalar per år. Fleire av pasientane har aldri vore i kontakt med hjelpeapparatet for dei rusrelaterte problem dei har tidlegare.

I Helse Førde er det innført ei akuttløype for alkoholavhengigheit ved Nordfjord psykiatrisenter. Dette gir rask helsehjelp for personar som treng strakshjelp og sikrar at tilbodet blir koordinert med somatiske avdelingar. Korte ventetider gjer at liknande tilbod ikkje er nødvendig for andre pasientgrupper i TSB i Helse Førde.

Det er oppretta eit fagnettverk for avhengigheit på tvers av BUP Haugesund og BUP Stord. I fagnettverket sit det ulike fagpersonar. Fagnetteverket har blant anna som oppgåve å sjå på interne rutinar og faglege retningslinjer på tvers av dei to BUP-ane.

I Helse Bergen gjennomfører seksjon ambulant avdeling for rusmedisin på oppdrag tilsyn i somatiske einingar og i einingar i psykisk helsevern. Det er også etablert telefonisk konsulentfunksjon for legar.

- **Helse Vest RHF skal innan utgangen av 2022 ha etablert og i funksjon dei felles tilvisingsmottakarane (helseføretak/avtalespesialistar) innan psykisk helsevern**.

2022 er nytta til å førebu føretaka og avtalespesialistane i ordninga. Det er også gjennomført eit eige IKT prosjekt, som har sikra at ordninga er understøtta av gode teknologiske løysingar, slik at informasjonsforløpa er digitalisert. Ordninga vil tre i kraft i heile regionen i løpet av våren 2023.

- **Helse Vest RHF skal leggje til rette for å tilby vurderingssamtale innan psykisk helsevern, særleg for barn og unge og der det er uklart om pasient har rett til helsehjelp eller det er**

behov for supplerande informasjon, eller der lege/tilvisar meiner det er behov for rask avklaring før eventuell tilvising.

Helseføretaka har anten innført eller held på å innføre ulike modellar for vurderingssamtalar i BUP. I psykisk helsevern vaksne er det berre nokre få helseføretak som testar ut å tilby vurderingssamtalar.

- **Dei regionale helseføretaka skal, under leiing av Helse Midt-Norge RHF, utvikle ein felles standard for kommunane sine avtalar om busetjing av personar dømde til tvungen omsorg og hjelpe Helse- og omsorgsdepartementet i den varsla gjennomgangen av auken i talet på dommar. Føremålet er å styrke kostnadskontrollen med ordninga og utgreie tiltak som kan bidra til å avgrense vidare kostnadsvekst. Det visast til omtale under kap. 734, post 71 i Prop. 1 S (2021-2022).**

Det er oppnemnt ei interregional arbeidsgruppe som er samansett av personar med juridisk kompetanse innan rettspsykiatri og økonomi/budsjettering. Arbeidsgruppa har deltaking frå det nasjonale kompetansesenternettverket, frå RHF-a og frå KS, og har gjennomført arbeidet i samsvar med framdriftsplan og fordelte oppfølgingsaktivitetar.

Helse Midt-Norge RHF har samla delarbeida til ein sluttrapport. Dei regionale helseføretaka og representantar for KS i gruppa skal gje innspel før oversending til Helse- og omsorgsdepartementet (HOD). Følgjande aktivitetar er gjennomført:

- Evaluering av noverande standard for etablering av avtalar om busetting i kommunane.
- Evaluering av rutinar for risikovurdering ein legg til grunn for risikohandtering/forvalting av samfunnsvernet.
- Kartlegging av variasjonar i kostnadar.
- Drøfting av offentlege kostnader i tida før dom til tvungen omsorg.
- Beskriving av kommuneperspektivet knytt til gjennomføringa av dom til tvungen omsorg, inkludert forhold som er knytt til etablering av butiltak i kommunane og førebuing av tidspunkt for opphøyr av dom.
- Forslag til forbetringar av eksisterande avtalestandard.
- Forslag til andre moglege tiltak for å avgrense kostnader og til betring av ordninga ein har i dag.

Innspel til sluttrapport og oversending til HOD er noko forseinka jamfør opphavleg framdriftsplan, men vil føreliggje innan frist for årleg melding til HOD.

- Helse Vest RHF skal syte for at helsetenesten som deltar i team for helsekartlegging i barnevernet har nødvendig språkleg og kulturell kompetanse for samiske barn som skal plasserast utanfor heimen.

Helse Vest er i dialog med Bufetat om etablering av tverrfagleg helsekartleggingsteam med oppstart i Helse Bergen i 2023. Der det er aktuelt med språkleg og kulturell kompetanse for samiske barn, blir det brukt tolk og henta inn kompetanse frå Sami Klinihkka [4].

[4] Klinikk i Karasjok der spesialisthelsetjenestetilbudet innenfor somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling til den samiske befolkningen er samla.

Utgreiingsoppdrag:

- **Dei regionale helseføretaka skal utarbeide ein overordna plan for sikkerheitspsykiatrien og andre tiltak for dømde til tvunge psykisk helsevern, jf. statusrapport om sikkerheitspsykiatri og rapport om utskrivingsklare pasientar i sikkerheitspsykiatrien. Det skal særleg vurderast:**
  - **behova for endring i kapasitet, innhald, organisering og samanheng i tenestetilbodet**
  - **behovet for langvarig forsterka butilbod i samarbeid med kommunane og om det kan vere føremålstenleg å etablere tverrfaglege ambulante team for å ta hand om personar som utgjer ein sikkerheitsrisiko**
  - **vidareutvikling av samarbeidsavtalar med kommunane, styringsdata og retningslinjer, jf. nevnde rapportar frå dei regionale helseføretaka**

Helse Sør-Øst RHF leier arbeidet. Det er etablert ei styringsgruppe, ei interregional prosjektgruppe og ei referansegruppe. Arbeidet er forankra laupande i dei fire regionale helseføretaka. I prosjektet vil ein blant anna vurdere:

- Overordna organisering av pasientar innlagt etter strafferettsleg heimel / «To spor»
- Organisering av psykisk helsevern på området
- Pasientforløp for «sikkerheitspsykiatriske pasientar» og for domfelte pasientar
- Førebyggingsperspektivet
- Korleis kommunane kan leggje til rette for at pasientar som er dømt til tvungent psykisk helsevern kan busettast i kommunen.

Følgjande tema er særleg relevante for vurderingane:

- Kapasitet/kompetanse/organisering
- FACT/Ambulante tenester
- Forsterka bu-tilbod
- Økonomi/Finansiering
- Lovverk
- Behov for regionale/lokale variasjonar

Helseføretak, kommunar og brukarorganisasjonar er involvert i arbeidet gjennom representasjon i fleire møte, for innspel. Prosjektgruppa har bedt om innspel på følgjande problemstillingar:

1. Kva skal til for at kommunar kan gi gode helse- og omsorgstenester til pasientar med psykiske liding og risiko for vald – og til personar dømt til tvungen psykisk helsevern?
2. Korleis kan kommunar i samarbeid med spesialisthelsetenesta bidra til å redusere innleggingar i psykisk helsevern?

Prosjektgruppa vil i januar og februar 2023 ferdigstille rapporten og gjennomføre nødvendig forankring. Helse Sør-Øst RHF skal ha rapporten innan 1. mars, og den vil deretter bli behandla i styringsgruppa og i dei regionale helseføretaka, før oversending til Helse- og omsorgsdepartementet i løpet av første halvår 2023.

2.2 Styrke forsking, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleiken

Mål 2022:

Kvalitative:

- Det skal arbeidast med tiltak som bidreg til å rekruttere, behalde og utvikle helsepersonell. Det skal leggjast til rette for praksisplassar og læreplassar.

Føretaksgruppa Helse Vest arbeider kontinuerleg med tiltak for å sikre tilstrekkeleg fagleg kompetanse gjennom målretta tiltak for å behalde, fagleg utvikle, utdanne, vidareutdanne og rekruttere. Det er utarbeidd fleire rapportar som omhandlar dette, blant anna «Ekstern turnover» og «Berekraftig utvikling for intensivsjukepleiarar». I tillegg er arbeidet med berekraftig utvikling for psykisk helsevern og rus i gang. Styret i Helse Vest behandla ei sak i desember 2022, som tar føre seg oppdatert kunnskapsgrunnlag for helseføretaka i Helse Vest.

Helseføretaka i Helse Vest deltar i Regionalt samarbeidsorgan for utdanning. Det er høg merksemd på god planlegging for gjennomføring av hovudpraksisperiodar for studentar. Helseføretaka er store utdanningsinstitusjonar på mange område. Dette gjeld dei fleste yrkesgruppene. Tiltak for å mobilisere til heile faste stillingar er etablert, og det er laga oversikt over utviklinga målt i tråd med krav frå HOD tilbake til 2012.

Kvart år blir det utarbeida oversikt over kunnskapsinnsatsen i føretaksgruppa Helse Vest. Rapporten for 2022 vil publiserast våren 2023. Resultatet for 2021 var om lag 2,5 milliardar kroner.

Helseføretaka legg til rette for og har auka tal på hovudpraksisplassar for sjukepleie, medisin og helsefagarbeidarar. Det er gjort fleire kartleggingar og tiltak for å auke kapasiteten for praksis i helseføretaka.

Veksten i talet på studentar for bachelorutdanninga for sjukepleiarar har utfordra kapasiteten i helseføretaka. Det er lagt ned eit betydeleg arbeid for å få dette til, særleg i å gjere ei avgrensing i kva einingar som kan bli nytta. Det er langt fleire studentar enn kandidatmåltala for alle helseføretaka.

Det er etablert fleire tiltak i 2022:

- Helse Bergen har etablert traineeprogram for helsefagarbeidarar og sjukepleiarar, i tillegg til eit eige kompetanseprogram for helsefagarbeidarar.
- Helse Stavanger greier ut etablering av felles, utvida traineeordning for sjukepleiarar, basert på enkelte klinikkars erfaringar. Ordninga skal starte i 2023.
- Helse Fonna har avtale med Universitet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet (HVL) og VID vitskaplege høgskule campus Bergen og Sandnes. Ny studieplan for bachelor i sjukepleie ved HVL blei innført hausten 2020, og hausten 2022/våren 2023 skal nytt praksisemne innan fagleg leiing, tenesteutvikling og innovasjon gjennomførast for første gong. Praksis kan gjennomførast både i spesialist- og kommunehelsetenesta, og Helse Fonna har innhenta rundt 60 praksisplassar i heile føretaket til praksisemnet.

- Felles regional desentral vidareutdanning for barneintensivsjukepleiarar ved Lovisenberg diakonale høyskole er eit samarbeidsprogram for føretaksgruppa Helse Vest.

Styret i Helse Vest RHF får årleg ei sak om utvikling i talet på lærlingar i heile føretaksgruppa, og det har også i 2022 vore ei god utvikling. Totalt i 2022 var det 222 lærlingar. Det har vore 21 prosent auke i tal ordinære eigne lærlingar samanlikna med 2018.

I tillegg til dette blir det utarbeidd rapport for kunnskapsinnsatsen i føretaksgruppa kvart år. Talet på ulike tildelte kompetanseplanar, læringsmålplanar og målplanar for aktive stillingar er nå om lag 246 000 for føretaksgruppa Helse Vest. Kompetanseplanane dekkjer om lag 2 420 000 enkelte kompetansekrav basert på erfaring, om lag 1 250 000 fullførte krav og 52 prosent gjennomførte.

Det er òg lagt til rette for at allmennlegar i spesialisering (ALIS) kan oppnå læringsmåla sine i helseføretaka. Dette er ein modell som er utvikla saman med føretaka, fastlegar og RHF-et. Legeforeningen har gitt støtte til å prøve ut modellen.

- Det skal leggjast til rette for forsking og innovasjon i tenesta, og arbeidet med pasienttryggheit og kvalitet skal styrkast.

Rammeverket som forsking tilbyr er nødvendig for at sjukehusa skal kunne etablere nye diagnostiske tilbod, evaluere ny behandling og velje bort utdaterte prosedyrar og intervensjonar. Sjukehusa må leggje til rette for systematisk bruk av rutinar og kontrolltiltak for å sikre at forskingsprosjekt blir planlagt, gjennomført og avslutta i tråd med lovpålagte krav og forskingsetiske normer. Roller og ansvar for prosjektleiar, forskingsansvarlege institusjonar og samarbeidspartar må vere tydelege både før, under og etter gjennomføring av prosjekt. Det skal vere enkelt for forskarar å vere oppdatert på gjeldande rutinar og lovverk, med eit tydeleg fokus på forskingsetikk og pasienttryggleik. Det har vore eit fokus på å gje opplæring som studiesjukepleiarar til fleire.

Føretaka har organisert forskinga noko ulikt, men felles for 2023 er at alle har ulike satsingar for å auke talet på kliniske behandlingsstudiar slik at fleire pasientar kan få tilbod om utprøvande behandling. Arbeidet er forankra i nasjonale og lokale strategiske dokument. I Helse Bergen arbeider ein med ei satsing på eit «Utprøvarsjukehus», for å auke integrasjon av forsking og innovasjon i den vanlege pasientbehandlinga gjennom kompetanse, infrastruktur og auka kapasitet hos behandlar. I Helse Stavanger blei det i 2022 blant anna sett av midlar til ei 20 prosent stilling for å styrke forskingsmiljøet innan kvalitet og pasienttryggleik. Føretaket deltar i eit forskingsprosjekt om resiliens i helsetenesta (SHARE). I Helse Fonna og Helse Førde er det dels auka bemanning innan forskingsstøtte (koordinator, bioingeniør) for å auke kliniske behandlingsstudiar. Begge føretaka kan vise til auka forskingsproduksjon.

Også i dei private ideelle institusjonane med avtale er forsking og innovasjon viktig. Ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus blei det nyleg opna ein forskingspoliklinikk, for å støtte den auka aktiviteten til forskingsgruppene ved sjukehuset.

Helse Vest RHF lyser årleg ut midlar til innovasjonsprosjekt i regionen. Utlysinga stimulerer til både inkrementell og radikal innovasjon i føretaka, og understøtter måla i Helse 2035 og Nasjonal helse- og sjukehusplan (NHSP). I 2022 fekk totalt 16 prosjekt finansiering frå den regionale innovasjonspotten, til saman 16 millionar kroner. Tenesteinnovasjon knytt til samhandling mellom spesialist- og kommunal helseteneste og digitale helsetenester er områder der innovasjonsmidlane er eit godt og viktig verkemiddel for å stimulere til desse endringane. Då det er viktig å stimulere til såkalla open innovasjon, nemleg at fagmiljøa på sjukehusa samarbeider med relevante aktørar som akademia, kommunar og næringsliv om å utvikle nye og betre tenester, kan delar av støtnaden nyttast til relevante samarbeidspartnarar. Vidare fekk heile 10 prosjekt i Helse Vest prosessrettleiing frå InnoMed, nasjonal kompetanseteneste for tenesteinnovasjon, i 2022. Fleire av desse prosjekta har finansiering frå Helse Vest RHF.

Då helsetenesta årleg gjer store investeringar gjennom anskaffingar, er innovative anskaffingar ei viktig satsing i Helse Vest. For å styrke kompetansen knytt til korleis ein kan nytte anskaffingar som eit strategisk verkemiddel for å leggje til rette for innovasjon, blei Helse Vest RHF strategisk partnar i det nasjonale Leverandørutviklings-programmet (LUP) i januar 2022[1]. Partnarplanen definerer mål og tiltak for partnarskapet mellom Helse Vest og LUP[2].

[1] LUP finansierast delvis av fire departement, mellom anna HOD. Det offentlege Noreg gjer anskaffingar for nærmare 600 milliardar i året og programmets oppgåva er å auke innovasjonseffekten av desse anskaffingane.
[2] Sykehusinnkjøp HF er også partnar i LUP.

Indikatorar:
- Talet på kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka som inkluderte pasientar i 2022 skal aukast med minst 15 pst. samanlikna med 2021, jf. måla i *Nasjonal handlingsplan for kliniske studiar.*

Alle helseføretaka jobbar jamt og systematisk med å auke talet på studiar og talet på pasientar som får delta. Helse Vest RHF har blant anna etablert regional forskingsstøtte som skal gjere det enklare for fleire føretak å delta i kliniske behandlingsstudiar. Det er etablert to NorTrials-sentre i regionen og det nasjonale forskingsstøttenettverket NorCRIN blir no leia frå Helse Bergen. Tala for 2022 ligg ikkje føre per dags dato. Nokre tal frå 2021:

- I Helse Bergen blei det i 2021 rekruttert pasientar til 105 kliniske behandlingsstudiar i føretaket (mot 104 studiar i 2020). Frå 2020 til 2021 har talet på inkluderte pasientar i denne typen studiar auka med heile 75 prosent. I 2020 blei 1130 pasientar inkludert, og i 2021 blei 1972 pasientar inkludert i kliniske behandlingsstudiar.
- I 2021 var det inkludert 689 pasientar i 49 kliniske behandlingsstudiar i Helse Stavanger.

- I 2021 var det åtte aktive kliniske behandlingsstudiar i Helse Fonna, med totalt 129 pasientar inkludert.
- I Helse Førde er 12 kliniske behandlingsstudiar opne for inkludering av pasientar. Føretaket ligg godt an til å nå målet om 15 prosent auke.
- Det er fleire KlinBeForsk-studiar i Helse Vest som har laupande rekruttering av pasientar både i regionen og nasjonalt.

- **Talet på utdanningsstillingar for sjukepleiarar innan anestesi-, barn-, intensiv-, operasjons- og kreftsjukepleie (ABIOK), samt jordmødrer, skal aukast samanlikna med 2021**.

Helseføretaka i Helse Vest har auka tal på utdanningsstillingar for vidareutdanning for spesialsjukepleiarar i anestesi, operasjon, kreft og for jordmor.
Helseføretaka samarbeider med utdanningsinstitusjonane på Vestlandet om tilgang til studieplassar og føreseielege utdanningsløp. Opptak til vidareutdanning for sjukepleiarar er no ein del av samordna opptak. Dette har gitt utfordringar for føretaka. Dei medarbeidarane helseføretaka har ønskje om å inngå utdanningsavtale med kan bli fortrengt av andre søkjarar. Dette er ein situasjon som blir behandla i Samarbeidsutvalet for utdanning. Det blir arbeidd med å vidareutvikle og forbetre samspelet mellom UH sektoren og føretaka.

- **Talet på lærlingar i helsefagarbeidarfaget skal aukast samanlikna med 2021**.

Årleg statusrapport viser ei stabil utvikling for føretaksgruppa. Alle helseføretaka har etablert eigne strategiar for å styrke utviklinga for tal lærlingar. Ved utgangen av oktober 2022 var det 109 helsefaglærlingar i føretaksgruppa Helse Vest. Det er ein auke på sju helsefaglærlingar frå same periode i 2021.

- **Talet på LIS i psykiatri skal aukast samanlikna med 2021.**

Alle helseføretaka har tredelt turnus for LIS 1 legar. I prosjektet Berekraftig utvikling for psykisk helsevern og rus blir auka tredelt turnus for LIS 1 legar vurdert.

I Helse Stavanger arbeider ein på andre område for å løyse LIS-delen i psykisk helsevern. Helse Bergen har hatt ein auke med seks LIS 1 i året samanlikna med 2021. Helse Fonna har auka talet på LIS tre innan TSB og BUP-feltet i 2022 samanlikna med 2021. Helse Førde har auka frå fire til seks LIS1 per kull. Dette er ei styrking og stabilisering av LIS1-teneste innan psykiatri samanlikna med 2021 og tidlegare år. Helse Førde har i 2022 hatt fleire vakante stillingar for LIS3 psykiatri. Det er eit mål å tilsette fleire LIS3 psykiatri, men det har vore særlege utfordringar med å rekruttere søkjarar til utlyste stillingar.

- **Prosentdelen av somatiske pasientopphald med pasientskade, målt med metoden GTT, skal reduserast til 10 pst. innan 2023, jf. mål i Nasjonal handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring.**

Sjukehusa i Helse Vest arbeidar kontinuerleg og systematisk for å redusere pasientskadar. Det er framleis variasjon i resultat. Det er ikkje publisert tal for 2022. Tal frå 2014 visar utviklinga:



	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Haraldsplass	11,7%	8,3%	8,3%	8,8%	9,6 %	9,2 %	13,8%	12,5%
Helse Førde	19,6%	14,6%	11,3%	11,3%	12,5 %	14,2 %	17,1%	6,3%
Helse Stavanger	15,8%	15,0%	15,8%	10,4%	17,5 %	15,4 %	12,1%	17,1%
Helse Bergen	15,8%	12,9%	11,7%	16,7%	8,5 %	10,8 %	12,8%	12,0%
Helse Fonna	4,2%	11,3%	17,1%	14,6%	18,3 %	16,7 %	12,5%	18,8%

Det er ein normalvariasjon mellom 19 prosent og fire prosent i Helse Vest i perioden 2014 – 2021. Dei fleste sjukehusa i Helse Vest undersøkjer 240 journalar kvart år, mens Helse Bergen undersøkjer 940 journalar.

Sjukehusa rapporterer om få alvorlege skadar i kategori 5 G, H og I. Dei fleste skadane er i kategori E og F. Det er ein trend som har heldt seg dei siste fem åra. Skadane det er flest av er legemiddelskadar, postoperative sårinfeksjonar og trykksår.

Målet om å redusere GTT-målte skadar til ti prosent er ikkje nådd i 2021. Helse Vest opprettheld fokuset på å få ned talet på skadar. Sidan ein ikkje ser endringar i normalvariasjon, er det satt i verk nye tiltak. Dette er blant anna:

- Regional plan for risikoområdet legemiddel (ROMLE) er eit av fem utvalde risikoområde som følgjast tett opp (Topp fem risiko).
- Nytt fokus på implementering og implementerings-strategiar i Helse Vest. Det er her eit samarbeid med akademia med gjennomgang av resultat frå nyare forsking på implementering.
- Det er auka fokus på opplæring av leiarar på alle nivå med fokus på forbetringar.
- Styrking av samarbeidet mellom kvalitetsregister, simulering og pasientryggleik.
- Opplæring av medarbeidarar i felles metodikk for forbetringsarbeid held fram.

Tiltaka må evaluerast og endrast for å få ønskt effekt. Sjukehusa i Helse Vest følgjer opp Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik og har sin eigen versjon av planen. Dette er med på å sørgje for at arbeidet får høgare kvalitet med minka pasientskadar og auka

[5] Kategori E: Forbigåande skade som kravde behandling
Kategori F: Forbigåande skade som førte til forlenga sjukehusopphald
Kategori G: Langvarig skade – varig mèn
Kategori H: Livreddande behandlingstiltak var nødvendig
Kategori I: Pasienten døde

pasienttryggleik. Det er framleis eit tett samarbeid mellom Helse Vest RHF og helseføretaka for å sjå ting i samanheng og for å sikre systemperspektivet i arbeidet for å redusere pasientskadar.

- **Samla forbruk av breispektra antibiotika skal reduserast med 30 pst. i 2022 samanlikna med 2012. 2021 var siste året for *Handlingsplan mot antibiotikaresistens i helsetjenesten* (2015-2020), og det blir planlagt for vidare arbeid med den nasjonale strategien mot antibiotikaresistens i 2022.**

Noreg har hatt eit nasjonalt mål om at bruken av breispektra antibiotika i sjukehus per 100 liggedøgn skulle reduserast med 30 prosent frå 2012 og fram til utgangen av 2020. Dette styringsmålet blei vidareført til utgangen av 2022. Ved tolking av tala under er det viktig å skilje mellom antibiotikabruk per 100 liggedøgn og reduksjon av samla forbruk av breispektra antibiotika, sidan tal på liggedøgn har gått betydeleg ned i perioden.

Målingane er talet definerte døgndoser (DDD) per 100 liggedøgn, samla for dei fem breispektra midla karbapenem, 2. og 3. generasjon cefalosporin, penicillin med enzymhemmar og kinolon. Tal blir publisert på Helsedirektoratet sine nettsider for nasjonale kvalitetsindikatorar: Forbruk av et utvalg bredspektrede antibiotika i sykehus - Helsedirektoratet. Dei siste publiserte tala er frå andre tertial 2022. Tabellen under viser antibiotikabruken fordelt på helseføretak, og samla for heile Helse Vest, for dei to første tertiala av 2022 samanlikna med 2012 (tal for heile året). Prosentvis endring er også lagt inn i tabellen. Sidan tal på liggedøgn har gått ned, har totalforbruket av breispektra antibiotika blitt redusert mykje meir enn det som kjem fram i denne tabellen.

Helseføretak / institusjon	**2012 (DDD/100 ld)**	**1.+2. tert 2022 (DDD/100 ld)**	**Endring (%)**
Helse Bergen HF	17,60	15,97	-9,3 %
Helse Fonna HF	19,30	17,02	-11,8 %
Helse Førde HF	17,40	14,99	-13,9 %
Helse Stavanger HF	18,40	16,89	-8,2 %
Haraldsplass Diakonale Sykehus	18,46	11,76	-36,3%
Helse Vest samla	17,81	15,92	-10,6 %

Kjelde: Antibiotikaforbruket i norske sykehus pr 2. tertial 2022 – Antibiotika.no

Alle føretaka i Helse Vest har redusert antibiotikabruken samanlikna med eige forbruk i 2012, men det er tydelege variasjonar mellom helseføretaka. Forskjellar i pasientpopulasjon og behandlingstilbod kan vere ein del av årsaka til at føretaka har ulike resultat, men dette er nok ikkje heile forklaringa. Ein medverkande faktor til at måltalet ikkje er nådd er også at styringsmålet ikkje berre er knytt til antibiotikabruk, men også aktivitet. Tal på liggedøgn i Helse Vest er redusert med 20,3 prosent frå 2012 til 2021 (tal for 2022 er ikkje publisert enno).

Oversikt under frå Antibiotika.no - Antibiotikaforbruket i norske sykehus pr 2. tertial 2022 viser årleg utvikling i samla forbruk i helseregion vest, fordelt på dei fem breispektra midla.



Ved utgangen av andre tertial 2022 var bruken av dei fem breispektra antibiotikatypane redusert med 10,6 prosent i sjukehusa i Helse Vest samla sett, frå 17,81 DDD/100 liggedøgn i 2012 til 15,92 DDD/100 liggedøgn i 1.+2. tertial 2022. Reduksjonen i forbruk av breispektra antibiotika i Helse Vest i målperioden er litt større enn reduksjonen på nasjonalt nivå, som ligg på 3,4 prosent i 1. og 2. tertial 2022, samanlikna med 2012.

I Helse Vest har forbruk av breispektra antibiotika korrigert for liggedøgn auka med 6,4 prosent frå 2021 (14,96 DDD/100 liggedøgn) til 1.+2. tertial 2022. Denne auka ser ein også i tal på nasjonalt nivå, der forbruket per 2. tertial 2022 er 9,5 prosent høgare enn i 2021. Datagrunnlaget er ikkje egna til å seie noko om årsaka til auken, men det er truleg fleire forhold som speler inn. Endra pasientsamansetting under pandemien, stor pågang med infeksjonspasientar i pandemibølga vinter og vår 2022, at oppdaterte retningslinjer for antibiotikabruk i sjukehus i større grad anbefaler breispektra antibiotika enn tidlegare, og at det har vore vanskeleg for dei kliniske einingane å oppretthalde fokuset i pandemien blir trekt fram som sannsynlege årsaker til utviklinga av sjukehus i Helse Vest.

Haraldsplass Diakonale Sjukehus har oppfylt målet om 30 prosent reduksjon i bruk av breispektra antibiotika sida 2017, og dei har også greidd å halda det lave forbruket ved lag i 2022. Sjukehuset legg vekt på tett samarbeid mellom mikrobiologisk laboratorium og klinikk, engasjerte klinikarar som følger opp yngre kollegaer og lett tilgang til nasjonale retningslinjer som viktige element for at dei har nådd målet. Dei har eit tverrfagleg antibiotikateam som har jobba aktivt for å rasjonalisera antibiotikabruken i sjukehuset, og dei er opptatt av at nye medarbeidar skal bli del av den gode antibiotikakulturen som rår på sjukehuset.

Alle føretaka i Helse Vest har frå tidlegare organisert arbeidet for antibiotikastyring med mandat, policy, målsetting, tverrfaglege antibiotikateam med sterk fagkompetanse, rapportering av antibiotikabruk og framdrift av arbeidet, samt regelbunden undervisning om rasjonell antibiotikabruk til fleire faggrupper. Det er også pågåande forbetringsarbeid for betre antibiotikabruk i fleire kliniske einingar på fleire av sjukehusa. Regionalt kompetansesenter for smittevern (RKS) i Helse Vest held sjukehusa oppdatert, koordinerer felles innsats og sørgjer for erfaringsdeling når det gjeld antibiotikastyringsarbeid.

Antibiotikastyringsarbeidet har vært krevjande å prioritera i pandemien for ei rekke sentrale ressursar i helseføretaka. Arbeidet med å redusere forbruket av breispektra antibiotika har begynt å ta seg opp igjen. Hausten 2022 er fleire aktivitetar reetablert og sjukehusa planlegg videre arbeid. Helse Vest RHF vil også sjå på korleis vi som region kan jobbe betre med rett antibiotikabruk i føretaka i 2023.

I det vidare arbeidet er det behov for ei styrking av prosessane for rett antibiotikabruk i Helse Vest. Dei kliniske avdelingane må driva med systematisk forbetringsarbeid. God oppfølging i leiarlinja er eit viktig verkemiddel for å få dette til.

Det er stort behov for ein ny nasjonal handlingsplan som kan stake ut ei felles retning for det vidare antibiotikaarbeidet i spesialisthelsetenesta.

Oppgåver 2022:

- **Intensivkapasiteten i norsk spesialisthelseteneste skal aukast. Dei regionale helseføretaka skal i samarbeid, og under leiing av Helse Sør-Øst RHF, jf arbeid som er i gang, ta stilling til behovet for auke i kvar region og nasjonalt, og vurdere tiltak på kort og lang sikt. Særleg skal helseføretak med lav ordinær kapasitet (per 100 000) og/eller som har hatt høg beleggsprosent over tid bli prioriterte, samtidig som omsynet til regionale funksjonsfordelingar skal ivaretakast. Dei regionale helseføretaka skal særleg vurdere personellbehov og kompetansehevande tiltak for å skape fleksibilitet i behandlingskapasiteten og for å avlaste intensivavdelingane. Dette kan til dømes innebere å etablere opplæringstilbod for andre sjukepleiarar og spesialsjukepleiarar enn intensivsjukepleiarar, samt for andre helsepersonellgrupper. Dei regionale helseføretaka skal innhente kunnskap og erfaringar om organisering av intensivkapasitet frå andre land. Det skal leverast ein felles statusrapport for arbeidet innan 15. juni 2022, med vekt på tiltak på kort sikt.**

Oppdraget er løyst på tre nivå; interregionalt, regionalt og lokalt, og omfattar tre fasar. Helse Sør-Øst RHF har leia arbeidet med oppdraga på interregionalt nivå.

Fase 1 var eit interregionalt samarbeid for å tydeleggjere definisjonar og beskrive korleis intensivkapasitet skal bli berekna. Helsedirektoratet har delteke i arbeidet. Det blei levert ein felles statusrapport om fase 1 til Helse- og omsorgsdepartementet i juni 2022.

I fase 2 har kvar region utført ein regional kartlegging av intensivkapasitet. I Helse Vest er det gjort ei konkretisering av intensivkapasitet i normal drift, og i situasjonar med auka kapasitet og beredskap. Fase 2 er gjennomført hausten 2022 og har tatt utgangspunkt i arbeidet utført i fase 1.

Den regionale kartlegginga bekreftar, som tidlegare utgreiingar og rapportar, at det er behov for å auka tal intensivsjukepleiarar og tal intensivsenger i regionen. Talet på kategori 3-senger er låg, sett både frå eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv. I teljinga i 2019 var Helse Vest den helseregionen som hadde lågast tal intensivsenger per 100 000 samanlikna med dei andre helseregionane.

Kartlegginga har vore tru til den interregionale definisjonen av senger. Dette medfører eit lågt tal kategori 1 senger (21) og kategori 2 senger (20) i regionen. Om det ikkje hadde vore krav om at intensivsjukepleiar skal vere tilknytt eininga, hadde tala vore vesentleg høgare då fleire overvakings- og observasjonssenger hadde blitt inkludert.

Samleoversikt over talet på senger per 100 000 innbyggarar per helseføretak/sjukehus i Helse Vest:

	Helse Førde	Helse Bergen + HDS	Helse Fonna	Helse Stavanger	Helse Vest samla
Kategori 3 senger per 100 000 innbyggarar	1,88	4,32	2,21	2,13	3,02
Intensiv- og overvakingskapasitet (2+3) per 100 000 innb.	3,76	6,48	3,31	3,72	4,79

Grunna dagens låge grunnbemanning av kategori 2 og 3 senger er det vurdert som ein større risiko for at pasientar får behandling på eit for lågt nivå, enn eit for høgt nivå (intensivseng). Samstundes vil ei auking av kategori 1 og 2 senger mest sannsynleg gje ein avlastning av kategori 3 senger.

Vurderinga er vidare at det ikkje er realistisk å auke talet på nye senger før eksisterande intensivsenger har nødvendig bemanning.

Som oppfølging av rapporten er helseføretaka i Helse Vest bedt om å rapportere på følgjande innan 30. april 2023:

- Status tal på senger (om endringar frå november 2022).
- Plan for auking av kategori 1-3 senger.
- Konkret plan for rekruttering og tiltak for å behalde intensivsjukepleiarar, inklusive plan for reduksjon av innleidd personell.
- Konkret plan for kompetansevedlikehald for sjukepleiarar som kan avlaste intensivsjukepleiarar ved behov for auka kapasitet eller beredskap.

Det vil bli lagt fram ei sak til styret i Helse Vest RHF i juni 2023 basert på helseføretaka sin rapportar.

- **Dei regionale helseføretaka skal i samarbeid, og under leiing av Helse Vest RHF utgreie og etablere felles avtaleverk for gjennomføring av desentraliserte kliniske studiar der fleire helseføretak deltek. Slike studiar bidreg til kompetanseoverføring og pasienten slepp å reise**.

Helse Vest oppnemnte ei arbeidsgruppe for oppdraget med representantar frå alle regionale helseføretak. Det blei i tillegg oppnemnt ei referansegruppe der også LMI

(bransjeforeininga for legemiddelindustrien), SLV (Statens legemiddelverk) og NorTrials var representert, i tillegg til fleire representantar frå regionane. Det interregionale fagdirektørmøtet har vore orienterte om prosessen undervegs og har også gitt si tilslutning til den endelege rapporten.

Rapport med avtalemal blei oversendt Helse- og omsorgsdepartementet 18. januar 2023.

- **Helse Vest RHF skal bidra i arbeidet til departementet med revisjonen av nasjonal strategi for persontilpassa medisin, under dette levere oppdatert status for fagutvikling i spesialisthelsetenesta og for innføring av persontilpassa medisin i diagnostikk og behandling. Vidare skal Helse Vest RHF bidra i Norges forskningsråd sitt arbeid med å revidere handlingsplanen for forsking og innovasjon for persontilpassa medisin.**

Helse Vest har bidrege i arbeidet.

- **Helse Vest RHF skal leggje til rette for helsetenesteforsking og innovasjonsprosjekt som utviklar nye måtar helsetenester kan leverast på, samt prosjekt som evaluerer kvalitet og pasienttryggleik i pasientbehandling**.

Helsetenesteforsking er ein naturleg del av forskinga i Helse Vest, og forskarar er oppmoda om å søkje den opne utlysinga om forskingsmidlar. Helse Vest RHF har og innovasjonsmidlar som blir opent lyst ut årleg. Forskingsbasert innovasjon, innovative anskaffingar, leverandørutviklingsprogram og tenesteinnovasjon er viktige område. Helseføretaka har tre TTO selskap (Technology Transfer Office) og ein medisinsk inkubator (Eitri) som dei samarbeider om.

- **På bakgrunn av endra oppgåver for Statped, jf. Stortinget sitt vedtak ved behandlinga av Meld. St. 6 (2019-2020), skal Helse Vest RHF, i samarbeid med Statped, gjennomgå aktuelle fagområde og vurdere behov for avtalar for å sikre eit godt tilbod til barn med varige og omfattande behov. Dette omfattar mellom anna tilbodet til døvblinde organiserte i Helse Nord, stemmevanskar i Helse Sør-Øst og tilbodet innan leppe-, kjeve- og ganespalte i Helse Vest og Helse Sør-Øst. Alternative samarbeidsformer er skildra i rapporten *Utvikle samarbeidet mellom Statped og helsesektoren* (2020).**

Samarbeidet mellom Statped og Helse Vest RHF blei starta opp våren 2022, og representantar for helseføretaka og Regionalt brukarutval blei også invitert inn. Bakgrunnen for oppdraget er at Statped har fått endra oppgåver, tydeleg avgrensa til spesialpedagogisk rådgiving og kompetansebygging, opplæring og læremiddelutvikling, innan rammene av barnehage- og opplæringslovene. Konsekvensane for samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og Statped er at ein må teikne ei klar grense mellom helseteneste og spesialpedagogisk teneste.

Det innleiande arbeidet viste eit behov for å samarbeide på tvers av regionsgrensene for å løyse oppdraget. Gjennom eit interregionalt samarbeid om utforming av aktuelle samarbeidsavtalar og samarbeidsrutinar som er så likelydande som mogleg, vil ein kunne oppnå meir likeverdige tenester landet rundt. Målet er at barn/familiar som har behov for tenester både frå Statped og spesialisthelsetenesta får samordna tenester til rett tid.

Eit interregionalt samarbeid om oppdraget blei forankra i det interregionale fagdirektørmøte 23. januar 2023, og forslag til løysing skal leggjast fram for dette møtet i løpet av året.

Det blir lagt opp til å handtere det interregionale arbeidet i tre deloppdrag:

1. Utarbeide forslag til samarbeidsavtalar og samhandlingsrutinar om «strakstilbod» for samordna tidleg innsats for barn og unge med nyoppdaga/nyoppstått sansetap (syn, høyrsel), erverva hjerneskade, og som vil ha varige, omfattande og komplekse hjelpebehov. Det kan også vere aktuelt å sjå på samhandlingsrutinar for lærings- og meistringstilbod og små, spesialiserte spesialpedagogiske fagområde. Ein vil leggje til rette for faglege møteplassar mellom Statped og spesialisthelsetenesta (habilitering og psykisk helsevern for barn og unge) på nasjonalt og regionalt nivå.
2. Gjennomgå samarbeidet med Statped knytt til den fleirregionale behandlingstenesta innan leppe-, kjeve- og ganespalte ved Haukeland universitetssjukehus (HUS) og ved Oslo universitetssykehus (OUS). I arbeidet vil blant anna grensene mellom helseteneste og spesialpedagogisk teneste bli vurdert, saman med dei økonomiske konsekvensane for HUS og OUS.
3. Sjå på konsekvensar av endringane i Statped sine oppgåver og foreslå løysingar for tilbodet innan stemmevanskar ved Oslo universitetssykehus i Helse Sør-Øst.

Den delen av oppdraget i oppdragsdokumentet som gjeld tilbodet til døvblinde, som er organisert i Nasjonal kompetanseteneste for døvblinde i Helse Nord, vil inkluderast i den pågåande gjennomgangen av nasjonale kompetansetenester.

Utgreiingsoppdrag:

- **Helse Vest RHF skal utarbeide ein behovsanalyse og plan for å sikre tilstrekkeleg tilgang til jordmødrer på kort, mellomlang og lang sikt. Relevante aktørar skal involverast i arbeidet.**

Helse Vest RHF har førebudd gjennomgang av bemanningsbehov ved føde- og barseleiningar. Arbeidet startar i mars 2023. Det føreligg tal for utvikling av oppbygging av jordmortilbod i kommunane som har ført til rekruttering frå sjukehusa, korleis stillingsstørrelse for eigne jordmødrer har utvikla seg over tid. Dette er deler av det som vil inngå i det regionale prosjektet.

Helseføretaka arbeider kontinuerleg med å sikre tilstrekkeleg jordmorkapasitet. Analyse og gjennomgang av jordmødrer var og del av arbeidet/rapporten Ekstern turnover. I tillegg har Helse Vest vist utviklinga over tid, særleg effekten av oppbygginga av jordmortenesta i kommunane har påverk fagleg kapasitet i føretaka. Det har blant anna ført til at svært mange jordmødrer har deltidsstillingar i helseføretaka. Arbeidet med å behalde og rekruttere jordmødrer er eit satsingsområde. Den nyoppretta jordmorutdanninga i 2019- ved Universitetet i Stavanger har vært viktig for rekrutteringa i Sør-Rogaland. Helse Stavanger har lagt systematiske planar for simulering, og det er oppretta ein klinisk jordmorrettleiar-funksjon for å trygge nye jordmødrer. Helse Bergen har arbeidd med oppgåvedeling, som er viktige for å sikre god og tilstrekkeleg tilgang på kompetanse. Nasjonal bemanningsmodell blir nytta til framskrivingar.

- **Dei regionale helseføretaka skal, under leiing av Helse Midt-Norge RHF, utgreie behovet for eit spesialisert regionalt eller nasjonalt tilbod til pasientar med hovudverk, under dette organisering, kapasitet, kompetanse og lokalisering. Utgreiinga skal inkludere avtalespesialistar og ei vurdering av behov for å etablere fagnettverk og andre tiltak som forbetrar tilbodet til pasientar med hovudverk. Det blir vist til Helsedirektoratet sin rapport *«Forbedringer i behandlingstilbudet til personer med hodepine».***

Arbeidet er påbegynt. Det er utarbeidd eit forslag til prosjektorganisering og samansetting av prosjektgruppe. Dette er oversendt interregionalt fagdirektørmøte for endeleg godkjenning.

2.3 Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Mål 2022:

Indikatorar:

- **Gjennomsnittleg ventetid skal reduserast i alle regionar samanlikna med 2021. Målsetjinga på sikt er lågare enn 50 dagar.**

- **Regionen skal overhalde minst 95 pst. av pasientavtalane**.

Helseføretaka arbeider kontinuerleg med å redusere ventetid. På grunn av etterverknadar etter pandemien kor elektiv drift i periodar blei redusert og det har vore høgt fråvær blant eigne medarbeidarar, har helseføretaka ikkje klart å redusere ventetidene slik det var lagt planar for, samanlikna med 2021.

Helseføretaka har gode verktøy for å etablere gode oppgåveplanar, noko som er eit grunnleggjande og viktig tiltak for å sikre at pasientane får avtale om oppfølging innan frist. I 2022 har aktiviteten vært prega av eit etterslep i elektiv aktivitet som følgje av pandemien. Dette har ført til at ein ikkje har klart å nå målet om å overhalde 95 prosent av pasientavtalane. Samtidig har det vært ein aukande tendens at pasientar har bedt om endring av tildelte timar. Tal endring av tildelte timar frå pasientane var i 2022 om lag 240 000 pasientkontaktar, om lag 8,3 prosent av alle avslutningskodar i 2022. Ikkje møtt utgjorde 2,8 prosent av alle avslutningskodar i 2022. Det er satt inn vesentlege tiltak for å redusere tal endring av tildelte timar og ikkje møtt. Ikkje møtt er redusert med nær 50 prosent over tid. Det påverkar god og planlagt gjennomføring av aktivitet.

- **Prosentdel polikliniske konsultasjonar som gjennomførast over video og telefon skal vere over 15 pst.**

Målet om over 15 prosent video og telefonkonsultasjonar er ikkje nådd i helseføretaka. Det er etablert ein regional gruppe for digitale helsetenester (DHT). Dette arbeidet dekkjer også digital heimeoppfølging (DHO). DHT skal invitere til samarbeid og dele erfaring regionalt. Både regionalt og lokalt er det utført ein barriereundersøking for å synleggjere flaskehalsar knytt til manglande (auka) bruk av video- og telefonkonsultasjonar. Denne stadfestar ulike årsaker til at måltalet ikkje er nådd.

Overgang til DIPS Arena i november 2022 og ny oppgradering våren 2023 vil gi betre moglegheiter for å ta i bruk ulike digitale tilbod som er klare til å tas i bruk. Det er svært mange pasientar på Vestlandet som nyttar seg av ulike digitale løysingar. Alle Møter programmet har lagt til rette for ny forenkla løysing for videokonsultasjon via DIPS Arena. Løysningen via DIPS Arena gjer det enklare å planleggje og gjennomføre

videokonsultasjon direkte frå DIPS Arena. Det er og lagt til rette for strukturerte digitale skjema for å redusere tal polikliniske kontrollar og anna oppfølging. Pasientar kan og be om å endre frå oppmøte til video og telefon.

Behovsstyrd poliklinikk er prøvd ut for fleire fag. Det vil bli lagt vekt på å ta i bruk og digitalisera raskare og meir systematisk gjennom 2023. Det er gjennomført om lag 17 000 andre digitale konsultasjonar enn det som er video og telefonkonsultasjonar. Det er mottatt om lag 90 000 digitale meldingar frå pasientar i 2022. Vidare er det mottatt om lag 33 000 digitale skjema. Om lag 55 000 pasientar har oppretta digital kommunikasjon med føretaka i 2022. Det er viktig å sjå heilskapen i digital dialog og kommunikasjon som er tatt i bruk mellom pasientane og helseføretaka. Nokre av tiltaka det er vist til her vil over tid kunne erstatte telefon og video.

Bruk av video- og telefonkonsultasjonar i Helse Bergen blir følgt opp gjennom den månadlege verksemdsrapporten for alle kliniske einingar. Mål om 15 prosent blir løfta fram i nivå 2/3-møta. Føretaket har etablert støtteeining for å assistere klinikkane med rettleiing i bruk av video- og telefonkonsultasjonar, og det er utpeikt eigne koordinatorar for videokonsultasjonar i kvar eining.

Del polikliniske konsultasjonar som blir gjennomført over video og telefon er samla for Helse Bergen på 9,9 prosent. Det er likevel stor variasjon mellom somatikk på 7,9 prosent og PHV, PBU og TSB på 15,6 prosent.

Del polikliniske konsultasjonar som blir gjennomført over video og telefon er samla for Helse Stavanger på om lag ni prosent. For psykisk helsevern aleine er ein noko nærare målet.

I Helse Fonna har del polikliniske konsultasjonar som blir gjennomført over video og telefon vore relativt stabil det siste året, på omtrent 10 prosent, der telefonkonsultasjonar utgjer den langt største delen. I klinikk for psykisk helsevern og rus er det lagt til rette for bruk av video og telefonkonsultasjonar ved alle poliklinikkar, og her har det variert mellom ni og tolv prosent gjennom året med relativt store forskjellar mellom dei ulike fagområde og poliklinikkar. BUP Haugesund har for eksempel hatt ein variasjon mellom tolv prosent og 21 prosent gjennom året.

Prosentdelen digitale konsultasjonar har variert frå omtrent ti prosent til 18 prosent i 2022 ved klinikk for medisin Haugesund og Odda, og det er gjennomført totalt ca. 5500 digitale konsultasjonar per oktober 2022.

Helse Førde har i overkant av ti prosent digitale konsultasjonar i 2022. Føretaket har valt ut ulike satsingsområde og arbeider metodisk med desse. Det er etablert eit lokalt nettverk som gjev støtte til avdelingane. I 2022 er virtuell anestesipoliklinikk etablert og kommen i drift. Det er også etablert behovsstyrte poliklinikkar innan fleire fagområde i ortopedi. Dette er eit viktig digitalt tilbod som skal avklare behov for polikliniske tenester og sikre kapasitet til dei som har mest behov for hjelp. Auke i tal digitale konsultasjonar krev omlegging av arbeidsrutinar og pasientforløp. Det er tidkrevjande å gjennomføre slike endringar med varig effekt og det krev omstilling hos det kliniske personalet.

- **Prosentdel pakkeforløp gjennomført innan standard forløpstid for kvar av dei 24 kreftformene skal vere minst 70 pst.**

Helse Vest når målet samla med 70 prosent. Dette er likevel ei negativ utvikling frå 2021 då måloppnåinga var på 77 prosent. Dette skuldast spesielt ei lågare måloppnåing i Helse Bergen (68 prosent), men også i Helse Førde (63 prosent). Helse Stavanger (73 prosent) og Helse Fonna (70 prosent) når målet.

I 2022 melder HF-a at det har vore større utfordringar knytt til utgreiing, noko som blant anna skuldast auka krav til diagnostisering i samband med at fleire pasientar får individretta behandling. Det er også utfordringar med operasjonskapasitet. Alle helseføretaka følgjer opp resultata og har overordna forløpskoordinatorar som følgjer opp klinikkar og avdelingar.

Helse Vest når målet om at alle kreftpasientar skal vere registrert i pakkeforløp kreft med 84 prosent. For den indikatoren har regionen stabile resultat over mange år. Dette gjeld alle føretaka i regionen.

Måloppnåing er ulik og varierer for dei ulike forløpa. Det var ei positiv utvikling i Helse Vest frå 2019 til 2021 med betydeleg reduksjon i variasjon mellom forløpa. Regionen hadde relativt liten variasjon i måloppnåing ved utgangen av 2021. Denne har auka noko i løpet av 2022. Det er grunn til å tru at dette har samanheng med pandemien og redusert operasjonskapasitet over fleire år samt vanskar med å halde fokus på gode pasientforløp på tvers av avdelingar og sjukehus.

Variasjon er synleggjort i tre figurar under og viser utviklinga frå 2021 til 2022. Kreftformene med størst totalvolum er i øvste figur, dei med lågast volum i siste figur.

Dette er ei samla visning for variasjonsbredde og OF4-indikator. OF4-indikatoren viser kor stor prosentdel av forløpa som starta behandling innan standard forløpstid. Den er her berekna overordna for kvart år. Det vil sei at månadstala er vekta etter talet på starta forløp. Slik unngår ein at månadar med svært få forløp får meir enn høveleg stor påverknad på resultatet. Variasjonsbreidda er forskjellen mellom helseføretaket med størst indikatorverdi og det med minst indikatorverdi. Et eksempel kan vere: Føretak A har en OF4 på 43 prosent, føretak B har 78 prosent og føretak C har 94 prosent. Variasjonsbreidda blir 94-43 = 51.

Pakkeforløpa er fordelt over fleire figurar, sortert etter volum. Pakkeforløpa med flest pasientar blir vist i den første figuren, og så vidare.



Kreftform-etikettane er tilfeldig plassert i nærleiken av tilhøyrande symbol. Det er sjølve symbolet som markerer dataverdiane.



Kreftform-etikettane er tilfeldig plassert i nærleiken av tilhøyrande symbol. Det er sjølve symbolet som markerer dataverdiane.



Kreftform-etikettane er tilfeldig plassert i nærleiken av tilhøyrande symbol. Det er sjølve symbolet som markerer dataverdiane.

- **Minst 70 pst. av epikrisane skal vere sende innan 1 dag etter utskriving frå somatisk helseteneste.**

Tabellen under viser utvikling for prosentdelen epikriser sendt ut innan 1 dag for kvart helseføretak, samla for heile Helse Vest og samanlikna med heile landet.

Epikriser sendt ut innan 1 dag, Somatikk	**1. tert. 2021**	**2. tert. 2021**	**1. tert. 2022**	**2. tert. 2022**
Helse Førde	76 %	79 %	75 %	76 %
Helse Bergen	64 %	63 %	60 %	62 %
Helse Fonna	59 %	59 %	63 %	59 %
Helse Stavanger	60 %	59 %	58 %	59 %
Helse Vest	**64 %**	**63 %**	**62 %**	**64 %**
Heile landet	66 %	66 %	65 %	67 %

Kjelde: Helsedirektoratet. Tal for 3. tertial 2022 er ikkje klare før 17. mars 2023.

Det er berre Helse Førde som har nådd målsettinga i Helse Vest. Det har for heile Helse Vest vore lite endring frå 2021 til 2022.

Det blir arbeidd i helseføretaka med å forbetre rutinane knytt til pasientadministrasjon i DIPS-Arena.

Helse Vest RHF har i tillegg gjort eit arbeid med å kartleggje ulike tiltak som kan betre epikrise-tidene innan somatikk.

Prosjektet «Epikrise til legevakt», som blei gjennomført i Stavanger i 2022, oppdaga at legevaktene i Helse Stavanger, Helse Bergen og Helse Fonna ikkje fekk epikriser etter så mykje som 40-50 prosent av tilvisingane til somatikk. Prosjektet har kartlagt ei lang kjede av feil som kan oppstå fleire stader i organisasjonen, som igjen fører til mangelfull registrering i DIPS. Tiltaka som blei sett i verk har hatt god effekt. Dei siste målingane ved Stavanger legevakt viser at legevakta no får nær 100 prosent av epikrisene dei forventar frå somatiske innleggingar. Tiltaka frå prosjektet «Epikrise til legevakt» blir no bredda ut regionalt i somatikken gjennom det regionale prosjektet «Vel Heim» og aktuell arbeidspakke «Betre informasjon frå lege».

Prosjektet avdekte òg at ei automatisering i Dips Arena kan bidra til at ein større del epikriser og polikliniske notat blir sendt til tilviser. Denne automatiseringa er forventa å komme på plass ved ny oppgradering av Dips Arena i mai 2023 og vil gjelde heile regionen.

Oppgåver 2022:

- **Helse Vest RHF skal sjå til at pasientar som mottar behandling hos private leverandørar gjennom godkjenningsordninga i fritt behandlingsval får vidareført det tilbodet dei har behov for når ordninga blir avvikla**.

Helse Vest har delteke i møte med Fritt behandlingsval (Helsedirektoratet) hausten 2022, for planlegging og gjennomføring av tilbakeføring for pasientar til helseføretaka. Pasientane vil bli tilvist til det tilbodet dei har behov når ordninga blir avvikla. RHF-et har hatt god dialog med leverandørane av fritt behandlingsval og pasientane i Helse Vest.

- **Helse Vest RHF skal, i samarbeid med Statens legemiddelverk, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet følgje opp evalueringa av Nye metodar, med tiltak for raskare saksbehandling og auka brukar- og klinikarinvolvering, under dette utvikle rammer for ei sterkare referansegruppe i systemet. I dette arbeidet inngår utarbeidinga av ein samla prosessrettleiar for saksbehandling i systemet og eit strategisk dokument for vidareutviklinga av systemet, som inkluderer handtering av persontilpassa medisin og medisinsk utstyr samt bruk av mini-metodevurderingar. Det skal leverast ein felles statusrapport for arbeidet 1. oktober 2022.**

Dei administrerande direktørane i RHF-a behandla i mars 2022 skisse til oppfølging av dette oppdraget. I saka blei oppdraget delt opp og foreløpig oppgåvedeling beskreven. Helse Vest RHF fekk ansvar for å samordne arbeidet med oppdraga. Sekretariatet for nye metodar fungerer som eit felles sekretariat for RHF-a i arbeidet, og er kontaktpunkt for aktørane som er involvert i arbeidet med oppdraga.

Ein statusrapport om oppfølging av evalueringa av systemet for Nye metoder blei sendt til Helse- og omsorgsdepartementet 3. oktober 2022. Sekretariatet for Nye Metoder følgjer opp implementeringa. Nettsidene til Nye metoder blir jamleg oppdatert med ny status. Siste oppdatering blei gjort 21. desember 2022.

- **Helse Vest RHF skal vurdere kva slags elektiv aktivitet som heilt eller delvis kan flyttast frå større til mindre sjukehus.**

I samsvar med protokoll frå føretaksmøte 23. juni 2022, sak 10 Nasjonal helse- og samhandlingsplan, skulle tilbakemeldinga på dette oppdraget om flytting av elektiv aktivitet

sjåast i samanheng med to av oppdraga i protokollen: oppdrag 10.2 «Gode tenester der folk bur» og oppdrag 10.4 «Kompetanseutveksling». Oppdraga skulle også sjåast i samanheng med nasjonalt oppdrag frå føretaksmøtet 10. januar 2022 om avtalespesialistordninga.

Svarfrist var 15. desember 2022. Helse Vest sendte over svar til Helse- og omsorgsdepartementet i brev datert 11.12.22.

Helse Vest viste i denne samanheng også til innspel til Nasjonal helse- og samhandlingsplan, i brev datert 15.09.22 og til oversikt over distriktsmedisinske senter (DMS), sjukestover og andre eksempel på samlokalisering av spesialisthelsetenester og kommunale helse- og omsorgstenester, i brev datert 28.09.22.

Tilbakemeldinga blei summert opp som følgjer:
Helse Vest vil byggje opp om den desentraliserte strukturen av spesialisthelsetenester som er utvikla i regionen gjennom mange år, og samtidig sjå på behovet for funksjonsfordelingar i utviklinga av tenestene slik at dei avgrensa ressursane i helseføretaka kan brukast mest mogleg effektivt.

I Helse Vest blir det per i dag ytt desentrale spesialisthelsetenester i eit stort omfang, men det er likevel behov for eit langsiktig og kontinuerleg utviklingsarbeid for å sørgje for at pasientar som treng det, får spesialisthelsetenester med god kvalitet ofte og nært.

Det vil særleg vere aktuelt å greie ut moglege tiltak for å snu pasientstraumar inn mot dei to minste føretaka, Helse Fonna og Helse Førde, særleg frå Helse Bergen. Det kan vere eit ubrukt potensial i delte pasientforløp mellom regions-/universitetssjukehusa og dei små helseføretaka/lokalsjukehusa.

Føresetnader for at slik flytting av elektiv aktivitet skal vere berekraftig, er god utnytting av lokal kompetanse og kapasitet, at sjukehusa arbeider tett saman i nettverk, at det blir lagt til rette for digital informasjonsdeling og digitale helsetenester og at læringsmåla i LIS-utdanning blir sikra.

Vidare er det kontinuerlege samarbeidet gjennom helsefellesskapa vesentleg. Ei viktig oppgåve er blant anna å leggje til rette for at kompetanseutveksling mellom spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta bidrar til god kvalitet og tenleg oppgåvedeling.

Utgreiingsoppdrag:

Det blir vist til tiltak i Nasjonal strategi for sjeldne diagnosar. Dei regionale helseføretaka skal, under leiing av Helse Sør-Øst RHF og i samarbeid med brukarorganisasjonane og andre relevante aktørar, utgreie korleis likeverdig og rask tilgang til høgspesialisert utgreiing, diagnostikk og behandling av personar med sjeldne diagnosar best kan takast hand om i spesialisthelsetenesta. Det skal vurderast om det bør etablerast nasjonale og/eller regionale tilbod. I arbeidet skal også utgreiing av eit nasjonalt register for sjeldne diagnosar inngå. Sistnemnde må sjåast i samanheng med oppdrag til Direktoratet for e-helse om kodeverk innan sjeldanområdet. I arbeidet skal det sjåast til internasjonalt arbeid med sjeldanområdet.

Oppdraget er organisert som eit interregionalt prosjekt, leia av Helse Sør-Øst RHF. Interregionalt fagdirektørmøte ved fagdirektør i Helse Sør-Øst RHF er prosjekteigar. Brukarar og konserntillitsvalde deltek i styringsgruppa.

Det er gjennomført ein interessentanalyse. Med bakgrunn i denne blir det gjennomført innspelsmøte med relevante aktørar og interessentar, både for forankring og innspel til utgreiingsarbeidet. Ulike fagmiljø og alle helseføretak skal også bidra med innspel via strukturerte spørjeskjema. Etter oppstart av arbeidet, blei prosjektleiar involvert i EU sitt helseprogram, ERN-Joint Action, på vegner av Helse Sør-Øst RHF som Competent Authority for Noreg. Fleire av arbeidspakkene i ERN-Joint Action er samanfallande med tema og tiltak i utgreiingsarbeidet. Arbeidet i ERN-Joint Action startar først opp hausten 2023, og dei to prosessamen er slik ikkje samanfallande i tid. Tilrådingar frå interregionalt utgreiingsarbeid vil dermed kunne bli drøfta videre i arbeidet med ERN-Joint Action, tentativt registerarbeid (Work Package 8 Data Management) og utvikling av nasjonale fagnettverk (Work Package 7 National reference networks and undiagnosed disease programmes or equivalent strategies interlinked with ERN) som harmonerer med ERN-strukturen internasjonalt.

Det blei gitt løypemelding om framdrifta i interregionalt prosjekt i oppfølgingsmøte med Helse- og omsorgsdepartementet i desember 2022. Utgreiing vil etter planen bli levert primo juli 2023.

3. Nye oppgåver 2022

Tilleggsdokument etter Stortingets behandling av Prop. 115 S (2021-2022):

3.1 Styrke psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling

De regionale helseforetakene bes om å prioritere å styrke psykisk helsevern og TSB, jf oppdragsdokumentet for 2022 hvor det er innført mål om å styrke tilbudet for blant annet barn og unge og personer med alvorlige psykiske lidelser, samt krav om at aktiviteten i psykisk helsevern skal være høyere i 2022 sammenlignet med 2021 både innen døgnbehandling og poliklinisk aktivitet.

Oppgaver 2022:

- **Det har vært en økning i henvisninger og antall i behandling for spiseforstyrrelser de siste årene. De regionale helseforetakene skal prioritere tilbudet til mennesker med spiseforstyrrelser gjennom å videreutvikle og styrke tilbudet for barn, unge og unge voksne. De regionale helseforetakene må selv vurdere hvilke tilbud og tiltak som må styrkes i sin region, for å ha tilstrekkelig kapasitet og kompetanse på alle nivå. Ved mistanke om utvikling av alvorlige lidelser, er det viktig med tidlig oppfølging og behandling. Her vil også kommunal helse- og omsorgstjeneste ha en viktig rolle. Det vises til at barn og unge, samt personer med alvorlige psykiske lidelser og rusproblemer, er to av de fire pasientgruppene som helseforetakene skal prioritere å planlegge og utvikle tjenester til i samarbeid med kommunene i helsefellesskapene.**

Dei siste åra har helseføretaka sett ein markant auke av barn og unge med spiseforstyrringar. Helseføretaka har derfor vore opptatt av å sikre at medarbeidarane

har rett kompetanse, og det går derfor føre seg eit regionalt samarbeid om kompetanseheving.
Føretaka har styrka ressursane både med fleire stillingar, eigt team og samhandling mellom psykisk helsevern barn og unge og barneklinikkane.

Internrevisjonen i Helse Vest har starta ein revisjon i BUP-ane. Der blir det lagt spesielt vekt på å revidere tenester til barn og unge med spiseforstyrringar. Revisjonen er planlagt ferdig våren 2023.

- **Statsforvalter, Helsetilsynet og Ukom har gjennomført tilsyn der personer i psykotisk tilstand eller under dom på overføring til psykisk helsevern har vært involvert. Manglende informasjonsutveksling, voldsrisikovurderinger og samarbeid mellom sektorer øker risikoen for nye hendelser. De regionale helseforetakene skal vurdere om det er behov for prosedyrer og tiltak for å følge opp funn fra tilsyn etter alvorlige hendelser. Departementet viser til oppdrag om å lage en overordnet plan for sikkerhetspsykiatri og øvrige tiltak for dømte til psykisk helsevern i oppdragsdokument for 2022. De regionale helseforetakene må vurdere om det er behov for regionale tiltak før planen er ferdig.**

Helse Vest har dei siste åra gjort eit stort arbeid innan sikkerheitspsykiatrien, som blant anna resulterte i ein eigen utviklingsplan. Styret i Helse Vest har godkjent ein opptrappingsplan som har satt helseføretaka i stand til å møte utviklinga. Fagområdet er styrka gjennom ein opptrappingsplan, med styrking på 20 millionar kroner i 2021 og 40 millionar kroner i 2022. Den nasjonale planen vil ha fleire tiltak som er identiske til, eller ei utvikling av det som ligg i den regionale planen. Planen er under utvikling. Arbeidet blir leia av Helse Sør-Øst.

Utredningsoppdrag:

- Det vises til rapport av 1. juli 2021 med forslag til ny framskrivningsmodell for psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling (TSB). Det skal legges fram en opptrappingsplan for psykisk helse og en forebyggings- og behandlingsreform for rusfeltet, dvs. behov og tiltak skal vurderes. De regionale helseforetakene skal på bakgrunn av en fornyet helhetlig analyse og framskriving av behov for tjenester, personell og kompetanse innen psykisk helsevern og TSB, foreslå konkrete tiltak for å styrke spesialisthelsetjenestens innsats innen disse to fagområdene. Det bes herunder om at de regionale helseforetakene vurderer hvordan BUP, i samarbeid med kommunene, kan jobbe for å forebygge, fange opp og gi tidlig hjelp til barn og unge. Det må vurderes hvordan fragmentering av ansvar for oppfølging av sårbare barn og unge kan motvirkes gjennom tettere samarbeid og deling av kunnskap. De regionale helseforetakene bes vurdere muligheter for å prøve ut nye modeller for samarbeid hvor BUP kan ta et større helhetlig ansvar sammen med kommunene. Det vurderes om Helsedirektoratet skal gjennomgå kunnskapsgrunnlaget for å forstå hva som hindrer/fremmer bruk av kompetanse i fellesskap, samt hva som virker av tiltak. De regionale helseforetakene skal eventuelt bidra i dette arbeidet.

Rapport for det interregionale utgreiingsoppdraget blei behandla i styra til dei regionale helseføretaka i desember 2022. Rapporten ble deretter oversendt Helse- og omsorgsdepartementet 21. desember 2022.

- De regionale helseforetakene skal vurdere status og utfordringsbilde innen TSB-området, herunder status for etablering av basistjenester i alle helseforetak og en beskrivelse av hvordan den foreslåtte avviklingen av fritt behandlingsvalg-ordningen (FBV-ordningen) vil påvirke TSB.

Helse Vest har kartlagt tal pasientar innan TSB som fekk behandling ved Helfo-godkjente institusjonar, og kartlagt kapasiteten innan slik behandling i eigne føretak. Det er tilstrekkeleg kapasitet i eigne helseføretak, og dermed ikkje behov for Helfo-godkjente institusjonar som yter tenester innan TSB i Helse Vest. Alle helseføretak har basistenester innan TSB. Helse Førde og Helse Fonna har integrert struktur med TSB organisert i DPS.

- Det vises til at dagens nasjonale kompetansetjenester innenfor psykisk helsevern og TSB på sikt skal organiseres utenfor det forskriftsregulerte systemet for nasjonale tjenester i spesialisthelsetjenesten. De regionale helseforetakene skal særlig vurdere hvilke områder innen psykisk helsevern og TSB det eventuelt er et særskilt behov for å bygge opp og spre kompetanse nasjonalt og hvordan dette best kan organiseres.

Arbeidet skal ledes av Helse Sør-Øst RHF og det skal innen 20. oktober 2022 leveres en rapport med innspill om behov og tiltak fra alle regioner.

Rapport for utgreiingsoppdraget blei behandla i styrane til dei regionale helseføretaka i desember 2022. Rapporten blei sendt til Helse- og omsorgsdepartementet den 21. Desember 2022.

Helse Vest har også eit større prosjekt som blir vidareført i 2023, der alle faktorar som har påverknad på tenestetilbodet er til vurdering. Det er etablert fem mindre prosjekt knytt til rekruttering og fagutvikling. Ordninga 'Barn og unge si helseteneste' er innført i heile regionen.

3.2 Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbedre kvalitet og pasientsikkerhet

Oppgaver 2022:

- **Det vises til oppgave i oppdragsdokumentet for 2020 om å etablere regionale behandlingstilbud for personer med kjønnsinkongruens. De regionale helseforetakene bes avklare hva som skal være innholdet i tilbudet innen 1. oktober 2022.**

Dei regionale helseføretaka arbeidar i lag med kommunar og brukarorganisasjonar med å etablere eit heilskapleg pasientforløp for barn og unge med kjønnsinkongruens. I prosjektet blir det også arbeidd med å anbefale innhald i dei regionale sentra. Eit interregionalt prosjekt med mange ulike tenestenivå kan berre anbefale kva som bør liggje av oppgåver og kompetanse i dei ulike tenestenivåa. Det er dei som er ansvarleg for tenesta som sjølv må vurdere, både ut ifrå tilgjengeleg kompetanse og midlar, kva som er forsvarleg og mogleg å få til.

Ut ifrå innsiktsarbeidet som er gjort i prosjektperioden hausten 2022, så anbefaler prosjektet at følgjande oppgåver bør liggje til eit regionalt senter:

- Individuell kartlegging av pasienten sine behov
- Oppfølging psykososiale behov
- Rettleiing hjelpemidlar
- Leggje til rette for foreldrestøtte

- Utforsking av kjønnsidentitet
- Koordinering av barn og unges forløp og oppfølging
- Utgreie behov for medisinsk behandling i samråd med den nasjonale behandlingstenesta
- Følgje opp hormonbehandling

Helse Bergen har fått i oppdrag å etablere eit regionalt senter for kjønnsinkongruens i 2022 i Helse Vest. Dei har fått 2 millionar kroner årleg til oppdraget.

Helse Bergen lyste ut stillingar til senteret hausten 2022, utan at dei fekk søkjarar. I januar 2023 er stillingane lyst ut på nytt. Det er mål om tilsetjing av koordinator i 100 prosent stilling, barnelege i 50 prosent stilling og psykologspesialist i 50 prosent stilling. Så snart tilsetjingane er klare, vil etableringa av senteret starte opp.

3.3 Rask tilgang til helsetjenester og sammenhengende pasientforløp

Oppgaver 2022:

- De regionale helseforetakene skal vurdere hvorvidt godkjente virksomheter i fritt behandlingsvalg-ordningen i dag leverer tjenester som oppfyller et viktig nasjonalt eller regionalt behov og påse at slike tjenester også i fremtiden gjøres tilgjengelige.

Helse Vest har kartlagt talet på pasientar som fekk behandling ved Helfo-godkjente institusjonar, og kapasiteten innan slik behandling i eigne føretak. Det er tilstrekkeleg kapasitet i eigne helseføretak for aktuelle tenester, og dermed ikkje behov for Helfo-godkjente institusjonar som yter tenester i Helse Vest.

- **- Stortinget har behandlet Meld. St. 28 (2020-2021) om prioritering i helse- og omsorgstjenesten, og sluttet seg til felles prinsipper for prioritering i hele helse- og omsorgstjenesten. De regionale helseforetakene skal legge de reviderte prinsippene for prioritering til grunn. Det vises til stortingsbehandling av Dokument 8:233 S (2021-2022) og Innst. 359 S (2021-2022). De regionale helseforetakene skal i samarbeid, og under ledelse av Helse Vest RHF, gjennomgå praktiseringen av unntaksordningen i system for Nye metoder. De regionale helseforetakene skal herunder vurdere om unntaksordningen praktiseres i tråd med premissene i Prop. 55 L (2018-2019) og undersøke variasjon i praktiseringen av unntak for enkeltpasienter. Arbeidet skal vurdere forslag til forbedringer og eventuelle behov for endringer i ordningen. Gjennomgangen skal også vurdere sammenhengen mellom unntaksordningen i Nye metoder og ordninger for tilgang til utprøvende behandling, som for eksempel «compassionate use program», godkjenningsfritak eller kliniske studier.**

Rapport om unntaksordninga i system for Nye metoder blei oversendt Helse- og omsorgsdepartementet 24. januar 2023. Rapporten er utarbeidd av ei interregional arbeidsgruppe under leiing av Helse Vest RHF.

Utredningsoppdrag:

- **De regionale helseforetakene skal følge opp evalueringen av Ekspertpanelet gjennom følgende endringer i mandatet:**
    - **Utvide Ekspertpanelets sammensetning med en nevrolog.**

- **Erstatte dagens avgrensning i aktuelle pasientgrupper med å bruke som et utgangspunkt en situasjon der alle behandlingsalternativer er utprøvd uten tilstrekkelig effekt, og at det er tale om en alvorlig tilstand. Begrensningen i mandatet med hensyn til Nye metoder skal videreføres.**

I tillegg skal de regionale helseforetakene vurdere alternative tekniske løsninger for henvisning av pasienter til panelet. Med hensyn til henvisningspraksis gir departementet en tilslutning til forslaget om at pasientens situasjon og behandlings-muligheter først gjennomgås i regionen, før saken sendes Ekspertpanelet. Departementet vurderer at dette er en videreføring av gjeldende mandat. Endringene innebærer at det må settes av mer ressurser til Ekspertpanelet. Departementet vil komme tilbake til de juridiske problemstillingene som reises i evalueringsrapporten i et rundskriv.

1. Ekspertpanelet er utvida med nevrolog.
2. Nytt mandat som tar omsyn til ny avgrensing av kva for pasientar som kan tilvisast, jf. formulering i utgreiingsoppdraget frå HOD, er vedteke innført av dei fire RHF-a.
3. Teknisk løysing er utgreidd av Helse Vest i samarbeid med Helse Bergen. Foreslått løysing er bruk av ein forbetra versjon av Checkware. Denne løysinga har fått tilslutning av dei andre RHF-a. Helse Vest oppfattar at løysinga er tilfredsstillande, og det einaste alternativ som kan bli gjennomført innan rimeleg tid og gitt ein samla prioritering av tilgjengelege IKT-ressursar.

4. Rapportering på krav frå føretaksmøte

Rapporteringa skal følgje struktur på krav til omtale som gitt av vedlegg 1 til protokoll frå føretaksmøte i januar 2021. Eventuelle krav til rapportering gitt i andre føretaksmøte skal leggjast til i avsnitt 4.2, saman med omtale av eventuelle andre aktuelle saker.

4.1 Krav og rammer for 2022

<u>Bemanning, leiing og organisasjon</u>
Bemanning
Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:

- **vidareføre og forsterke arbeidet med å utvikle ein heiltidskultur i helseføretaka**.

Føretaksgruppa Helse Vest har over år jobba aktivt med tiltak for å auke heiltidsdelen for medarbeidarar. Haldninga er at hovudregelen skal vere heile faste stillingar. Uavhengig av desse prinsippa vil det vere behov for noko deltid og vikarar grunna fråvær og sjukefråvær.

Meir enn 11 000 medarbeidarar har fått høgare stillingsprosent i foretaksgruppa Helse Vest i løpet av åra Heiltidsmodulen har eksistert, frå 2010 til 2022. Det er og om lag 8 000 fleire medarbeidarar som har 100 prosent stilling. Desse tala representerer ein viktig utvikling. Heiltidsmodulen og tett oppfølging på dette området har over tid vist resultat. Det vil vere viktig å halde fram eit godt arbeid, i tråd med dei overordna måla. Helse Vest har tidlegare synleggjort kva effekt høgare stillingsprosent vil ha for framtid fagleg kapasitet.

Føretaka har óg eigne bemanningssentre for å kombinera arbeid på fleire einingar til heile stillingar og redusere behovet for bruk av innleidde helsepersonellvikarar.

- **iverksette tiltak for å styrke rekruttering og spesialistutdanning for legar ved dei mindre sjukehusa i distrikta.**

Regionalt utdanningssenter, (RegUt,) arrangerer regelmessige samarbeidsmøte med utdanningsansvarlege overlegar i regionen. Helse Vest har òg organisert samarbeidet for fagmiljøa med regionale utdanningsråd for kvar spesialitet. Det er faste oppfølgingsmøte på fleire nivå i føretaksgruppa Helse Vest for å sikre gode, planlagde og strukturerte utdanningsløp. Ein er ikkje i mål, men det er lagt eit godt fundament for halde fram med et godt samarbeid.

Prosessen med utvikling av «Vestlandslegen» vil vere eit viktig bidrag til rekruttering, då studentane vil ha ein mykje lengre del av utdanninga si på sjukehusa i Helse Fonna, som vil gi betre moglegheit for å rekruttera dei til vidare arbeid i føretaket.

- **delta i arbeid med forslag til endringar i spesialistforskrifta.**

Det er gjennomført to vesentlege høyringar knytt til endringane i spesialistforskrifta, der helseføretaka har samarbeida med det regionale helseføretaket i høyringsuttalen. RegUt har koordinert eit grunnlag for felles høyring på vegner av føretaksgruppa Helse Vest til Helsedirektoratet.

ForBedring
Helse Vest RHF skal vidareutvikle arbeidet med å sjå arbeidsmiljø og pasienttryggleik i samanheng, med utgangspunkt i oppfølging av nasjonal handlingsplan for pasienttryggleik og kvalitetsforbetring og undersøkinga ForBedring.

- **Helse Vest RHF ba helseføretaka om å lage handlingsplanar som del av gjennomføring av ForBedring i Synergi og bruke Synergi aktivt for å følge status og framdrift på identifiserte tiltak.**

Resultata av ForBetring er tilgjengeleg for alle leiarar, medarbeidarar, vernetenesta og tillitsvalde så snart undersøkinga er gjennomført. ForBetring har òg vært tema på regionale samlingar for tillitsvalde og vernetenesta. Det er lagt til rette for å nytte Synergi for utvikling og oppfølging av lokale handlingsplanar. ForBetring skal vere eit grunnlag for lokalt forbetringsarbeid. Det er derfor viktig at handlingsplanar skal vere opne og tilgjengelege for medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta.

I Helse Bergen har dei laga eit «dashbord» for handlingsplanar for dei ulike einingane for at dei skal ha enklare tilgang til planane og bruke dei aktivt i forbetringsarbeidet. Ytterlegare forbetring for støtte til etablering og oppfølging av handlingsplanar blir stilt til disposisjon mars 2023. I tillegg tar føretaksgruppa Helse Vest i bruk felles Risikostyrings modul i Synergi. Begge desse tiltaka skal bidra til betre oversikt over operasjonell og strategiske utfordringar og risiko.

Stadleg leiing
- **Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka gjere greie for korleis dei ulike verksemdene i regionen er organisert for å ivareta prinsippet om stadleg leiing. Dette skal gå fram av årleg melding for 2022.**

Føretaksgruppa Helse Vest har stadleg leiing på lokalsjukehus, distriktspsykiatriske sentre (DPS) og ambulansestasjonar. Sjukehusutvalet er gitt ei brei orientering om leiarnivå og stadleg leiing. Gjennomgåande klinikkstruktur i dei føretaka som har organisert verksemda slik, har i tillegg ein lokal stadleg leiar. Andre føretak har lokalsjukehus som eigen eining som er representert i føretaksleiinga. Stadleg leiar har

ein koordinatorfunksjon og samordnar arbeidet og bidreg til samarbeid lokalt. I Helse Førde er stadleg leiar del av føretaksleiinga.

Inkludering og mangfald

- **Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å vidareføre arbeidet med inkludering og mangfald og leggje til rette for rekruttering av personar som har utfordringar med å kome inn i arbeidslivet, samt å forhindre fråfall frå arbeidslivet.**

Føretaksgruppa Helse Vest vidareførar og forbetrar arbeidet med inkludering og mangfald. Det blir lagt til rette for rekruttering av personar som har utfordringar med å komme inn i arbeidslivet. I tillegg har føretaksgruppa Helse Vest fokus på å forhindre fråfall frå helseføretaka i form av uføre mv. Uføredelen blant tilsette i helseføretaka har gått ned med 0,5 prosent for sjukepleiargruppa, 0,26 prosent for legegruppa og med 5,04 prosent for fellesordninga samanlikna med 2021 og 2012. Statistikk for 2022 er venta 1. kvartal 2023.

Det er etablert ei regionalt ressursgruppe for arbeid med likebehandling, inkludering og mangfald (LIM). Alle føretaka, inkludert Helse Vest IKT, har to representantar i den regionale ressursgruppa i Helse Vest. Denne gruppa har utarbeida mal til årleg likestillingsutgreiing.

I tillegg deltek Helse Vest i felles nasjonalt arbeid for inkluderingsarbeid i Spekter. Inkluderingsarbeidet er fast sak i regionalt PO-direktørmøte.

Helse Vest har i 2021-2022 hatt særleg merksemd på system og retningslinjer rundt inkluderande rekruttering. Følgjande tiltak er gjennomført:

- Det er laga mangfaldserklæring som er tatt inn i alle stillingsutlysingar i føretaksgruppa.
- Det er tatt i bruk eit felles e-læringskurs i Helse Vest for inkluderande rekruttering for alle leiarar, rekrutterarar og tillitsvalde. Kurset er del av obligatoriske krav for nye leiarar.
- Det er tatt inn eit eige punkt knytt til inkluderande rekruttering i kompetanseplan for leiarar, der e-læringskurset inkluderande rekruttering er lagt inn.
- Personalhandbøkene (intervjumal og vurderingsskjema til bruk for vurdering av søkjarar i etterkant av intervju) er oppdatert for sikre strukturerte prosessar i tråd med obligatoriske e-læringskurs for inkluderande rekruttering.

Føretaka har sett ned eigne arbeidsgrupper/utval som arbeider med likebehandling, inkludering og mangfaldsarbeid lokalt, og føretaka har godt samarbeid med NAV og andre tilsvarande aktørar. Det blir i tillegg arbeida aktivt for å spreie kunnskap om

inkluderande rekruttering og korleis leiarane skal bli betre på å inkludere og behalde menneske som har nedsett funksjonsevne, lengre opphald frå arbeidslivet eller er innvandrarar.

I Helse Bergen er likebehandling, inkludering og mangfald frå hausten 2022 inkludert i det interne 40 timars HMS-kurset for leiarar og verneombod.

Føretaksgruppa har stadig deltakar i arbeidstrening, både i språktrening og arbeidstrening/arbeidsutprøving. I tillegg kan nemnast at helseføretaka er representert med deltakar i bedriftsnettverk leia av NAV arbeidslivsenter. Eitt nettverk med erfaringsdeling og fagleg påfyll i inkluderingsarbeid og ivaretaking av eigne medarbeidar.

Uføretilbøyelegheita blant eigne medarbeidarar har gått ned for fellesordninga frå 8,60 prosent i 2021 til 8,33 prosent i 2022. Uføredel årsverk har gått ned frå 7,11 i 2021 til 7,07 i 2022, og del uføre for aktive stillingar har gått ned frå 1 328 i 2021 til 1 312 i 2022.

For fellesordninga er det ein nedgang i kostnadar over tid frå 1,3 milliardar til 1,04 milliardar. Det er viktig å sjå endring i tala over tid.

Beredskap og sikkerheit
Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:

- **vidareutvikle beredskapsarbeidet og -planane med tanke på pandemiar og andre alvorlege kriser, ved å følgje opp eigenevaluering av pandemihandteringa, Koronakommisjonen sin rapport og eigne analysar av risiko og sårbarheit knytt til infrastruktur, kompetanse og innsatsfaktorar mv.**

Gjennom pandemien har det vore kontinuerleg læring og evaluering av iverksette tiltak. Beredskaps- og smittevernplanar har blitt kontinuerleg oppdatert med bakgrunn i erfaringar frå pandemien. Det har blitt utført både lokale del-evalueringar og regional del-evaluering av pandemihandteringa.

Helseføretaka var framleis i beredskap grunna pandemien då krigen i Ukraina braut ut i februar 2022. Krigen og den sikkerheitspolitiske situasjonen har gitt auka fokus på fleire beredskapsområde som CBRNE-hendingar, auka flyktningstraum og medisinsk evakuering. Det blir også arbeidd med å handtere sårbarheit knytt til IKT-sikkerheit og anna kritisk infrastruktur som vatn, straum og kommunikasjon.

Beredskapsleiinga i alle føretak, inkludert Helse Vest RHF, har gjennomført diskusjonsøvingar innan atomberedskap hausten 2022. Helseføretaka jobbar også med planar for å handtere eit eventuelt råd om innandørsmelding ved atomhending. Ein ser at god og tryggande kommunikasjon til befolkninga (og eigne tilsette) omkring dette

tema er svært viktig. Vi føresett at det er ein førebudd og omforeint kommunikasjonsstrategi/plan på alle nivå.

Samanhengande etablert beredskap gjennom fleire år har medført at det i liten grad har vore ressursar til ein overordna sluttevaluering av pandemihandteringa. Kontinuerleg læring, gjennomførte del-evalueringar og Koronakommisjonen sine rapportar er nytta til å betre beredskapen og revidere planverk.

Regional helseberedskapsplan for Helse Vest er ferdig revidert i februar 2023, og vil vere førande for dei lokale planverka. Den regionale beredskapsplanen vil ikkje vere tidsavgrensa, men vil vere under kontinuerleg forbetring i tråd med ny kunnskap og læring. Det vil bli utarbeidd fleire del-planar underordna regional helseberedskapsplan. Arbeidet med ein regional del-plan for CBRNE-beredskap er i sluttfasen.

- **bidra med innspel til departementet sin nasjonale gjennomgang av helseberedskapen i 2022.**

Helse Vest har bidratt med innspel til gjennomgangen.

- **delta i planlegging, gjennomføring og evaluering av nasjonal atomberedskapsøving 2022.**

Helse Vest RHF har bidratt til planlegging av nasjonal atomberedskapsøving og har delteke på felles planleggingskonferansar og i ulike undergrupper i denne prosessen. Øvinga blei dessverre utsett som følgje av krigen i Ukraina. Helse Vest RHF har saman med helseføretaka planlagt og gjennomført diskusjonsøvingar med utgangspunkt i scenario for den nasjonale atomberedskapsøvinga Artic Reihn.

- **sørge for at militært personell som gjer teneste under NATO-øvinga Cold Response 2022 får tilgang til spesialisthelsetenester utan etterfølgjande fakturering frå norske myndigheiter.**

Helse Vest RHF har delteke i interregional arbeidsgruppe for å utarbeide eit vertsnasjonsstøttedokument for øvinga Cold Response 2022. Helseføretaka har sørgja for tilgang til spesialisthelsetenester i vår region utan etterfølgjande fakturering.

<u>Nasjonal samordning</u>
Klima og miljø
Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:
- **dokumentere årleg status i arbeidet med å nå dei langsiktige måla innan klimaområdet gjennom spesialisthelsetenesta sin rapport om samfunnsansvar.**

Klimaarbeidet er dokumentert i klimarekneskapen og i rapport for samfunnsansvar.

- **vurdere om det er riktig av omsyn til ressursbruken å vidareføre tredjepartssertifiseringa av system for miljøleiing, eller om ein skal ivareta målsettingane for miljøleiing på annan måte.**

Helse Vest RHF, Helse Vest IKT og Helse Førde har vald å gå bort frå tredjepartssertifiseringa. Dei andre føretaka har vidareført dette også i 2022.

- **bidra i arbeidet med nasjonal analyse av sårbarheiter og tilpassingsbehov knytt til klimaendringar og helse.**

Helse Bergen deltek i arbeidet. Alle krava er gjennomført.

Luftambulansetenesta

- **Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å følgje opp funna i rapporten frå Helsetilsynet og setje i verk nødvendige tiltak. Det skal rapporterast til departementet innan utgangen av 2022.**

Helse Nord RHF har leia eit arbeid for å følgje opp funna i rapporten frå Helsetilsynet. Helse Vest RHF har bidratt i arbeidet. Rapporten er oversendt Helse- og omsorgsdepartementet.

Bygg og vedlikehald mv.
Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:

- **fastsette mål for tilstandsgrad for sine sjukehusbygg.**
- **sikre at helseføretaka utarbeider verdibevarande vedlikehaldsplanar med bakgrunn i tilstandsregistreringa av bygningsmassen som vert gjort kvart fjerde år, slik at fastsette mål for tilstandsgrad blir nådde.**

Helse Vest har i samarbeid med helseføretaka i regionen utarbeidd følgjande mål for tilstandsgraden for bygningsmassen:

- den vekta aggregerte tilstandsgraden for bygningsmassen skal ikkje vere dårlegare enn 1,2
- ingen bygningsdelar eller komponentar som inngår i målinga skal ha tilstandsgrad 3

Målet er behandla i styra i helseføretaka, og styra har i tillegg bedt om å få seg førelagt ei sak som seier korleis det respektive helseføretaket skal nå målet. Sakene skal gjere greie for:

- noverande tilstandsgrad basert på siste kartlegging med informasjon om kva som er gjort etter denne kartlegginga.
- planar for bygningsmassen, under dette kva bygg som skal nyttast til sjukehusdrift framover og såleis inngår i mål for tilstandsgrad.
- plan for korleis helseføretaket gjennom systematisk arbeid, med delmål, kan nå målet for samla tilstandsgrad. Planen bør ha eit tidsperspektiv på 5-10 år.
- korleis helseføretaket årleg vil rapportere på framdrift.

Styret i Helse Vest RHF har i styremøte 15. februar 2023 gitt sin tilslutning til målsettinga for tilstandsgrad som er vedteke i helseføretaksstyra, og til det arbeidet

helseføretaka no gjer for å nå måla for tilstandsgrad for eigedomane i regionen. Krav knytt til dette er innarbeidd i styringsdokumenta til helseføretaka for 2023.

- **Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF og Helse Sør-Øst RHF rapportere om korleis Sykehusbygg HF vert brukt i dei prosjekta der det er tildelt nye lånerammer for 2022**.

Helse Vest RHF blei i 2022 tildelt lån til eit nytt prosjekt – byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus (Helse Fonna HF). Helse Fonna HF har hatt samarbeid med Sykehusbygg HF i byggetrinn 1 i konkrete problemstillingar, med rådgiving i kontraktsspørsmål, entreprisestrategi, «second opinion» mv. Representant for Sykehusbygg satt tidlegare i styringsgruppa for prosjektet (Byggetrinn 1), men Sykehusbygg trakk ut sin representant etter eiga ønskje i 2017 på grunn av kapasitetsproblem. I samarbeidsmøtet 20. mars 2017 blei det avtalt samarbeidsformer i kommande fasar.

Det er avtalt følgjande samarbeidsform mellom Helse Fonna og Sykehusbygg for byggetrinn 2:

- Prosjektdirektør ByggHgsd2020 får tilbod om å delta i samarbeidsforum med tilsvarande nybygg/ombyggingsprosjekt (A-hus, Telemark og Ålesund). Dette samarbeidsforumet kan nyttast til å drøfte for eksempel val av entreprisestrategi
- Prosjektdirektør ByggHgsd2020 blir kobla på når prosjektleiarane i dei nemnde prosjekta skal ha sin gjennomgang i Sykehusbygg sin metodikk for val av entreprisestrategi.
- Sykehusbygg gjer tilgjengeleg entreprisebeskrivelse av luftsmitteisolat i Hammerfest.
- Med omsyn til dRofus blir avtalen oppdatert med m2 for byggetrinn 2, og Sykehusbygg sender forslag til ny avtale på dRofus.
- Dersom det seinare blir aktuelt med andre konkrete rådgivaroppdrag frå Sykehusbygg kjem ein tilbake til dette etter kvart og eventuelt utformar ein avtale på dette.

<u>IKT-utvikling og digitalisering</u>
Journal- og samhandlingsløysingar
Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka leggje følgjande til grunn i det vidare arbeidet for betre journal- og samhandlingsløysningar:

Felles språk
- **Dei regionale helseføretaka skal utarbeide felles planar for bruk av felles språk innan prioriterte fagområde, medrekna legemiddelområdet, pleieplanar, og medisinske kvalitetsregistre. Helse Midt-Noreg RHF skal ha ei leiande rolle i arbeidet**.

Felles plan blei levert den 1. oktober 2022.

Pasienten si legemiddelliste

- **Dei regionale helseføretaka skal gjere nødvendige førebuingar for trinnvis innføring av pasienten si legemiddelliste frå 2023 og utarbeide ein felles plan for vidare utprøving og innføring i alle regionar. Arbeidet skal baserast på erfaringane i Helse Vest og Helse Midt-Norge. Helse Vest RHF skal ha ei leiande rolle i arbeidet.**

Arbeidet med Pasienten si legemiddelliste (PLL) er ein del av det nasjonale samarbeidet leia av Direktoratet for e-helse. Det nasjonale arbeidet var i 2022 organisert i programmet Pasienten si legemiddelliste (PLL). Programmet har 4 delprosjekt; Utprøving av PLL i Bergen/Helse Vest, innføring av Kjernejournal i kommunal sektor, innføring av e-multidose og utvikling av Sentral forskrivningsmodul (SFM).

Fokus for delprosjekt Utprøving av PLL i Bergen/Helse Vest har vore å prøve ut arbeidsflyt i ulike system for å understøtte Pasienten si legemiddelliste som felles informasjonsgrunnlag på tvers av sjukehus, legekontor og kommunale helse- og omsorgstenester. IKT-løysingane har vore best utvikla og tilpassa for bruk av legekontor. Meir enn 50 prosent av fastlegekontora i Bergen kommune kan lage PLL for sine pasientar. Etablering av PLL er primært ei oppgåve for fastlegen. Løysinga er og innført ved nokre avtalespesialistar, for å få erfaring frå desse i tillegg. Meir enn 10.000 pasientar i Bergen har fått sin PLL. Løysingane har vore nytta av ei avgrensa gruppe legar på Haraldsplass Diakonale Sykehus og Mottaksklinikken ved Haukeland Universitetssjukehus. IKT-løysing er delvis tilgjengeleg for helsepersonell i Bergen kommune. Det blir arbeid med forbetring og forenkling av IKT-løysing for sjukehus og kommune. Det er utarbeid ein midtvegsrapport som oppsummarar erfaringane. Desse er drøfta både i den lokale gruppa «PLL i praksis» og med den nasjonale gruppa «PLL i praksis».

Mot slutten av 2022 blei programmet Pasienten si legemiddelliste organisert inn som ein del av Program Digital samhandling. Planlegging av vidare utvikling og innføring av PLL nasjonalt inngår i arbeidet som blir leia av Direktoratet for e-helse og som blir lagt fram for programstyret for Digital samhandling.

Digital samhandling

Dei regionale helseføretaka skal:
- **samordne krav til dokumentdeling via kjernejournal og utarbeide planar for vidareutvikling og trinnvis innføring i dei enkelte regionane. Helse Sør-Øst RHF har ei leiande rolle for arbeidet i helseregionane. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Direktoratet for e-helse og Norsk helsenett SF.**

Helse Vest har delteke i arbeidet med dokumentdeling via kjernejournal. Arbeidet med å definere og samordne krav til dokumentdeling via kjernejournal blei gjennomført medio 2022 med god involvering av alle regionar, Norsk helsenett SF og Direktoratet for e-helse. Helse Sør-Øst leia dette arbeidet. Det endelege dokumentet blei behandla i det

inter-regionale IKT-direktørmøtet i desember 2022. Det er semje om at kravdokumentet fungerer godt som eit mogeleg målbilete, men at partane må evne å gå stegvis vidare i utprøving og implementering utan at alle krav er oppfylt, og der krav må vurderast opp mot løysingsmønster som kan realiserast og skalerast.

Helse Vest IKT har etablert deler av den tekniske løysinga som er nødvendig for å kunne realisere dokumentdeling via kjernejournal.

- **vidareføre arbeidet med utprøving av grensesnitt for deling av kritisk informasjon mellom journalsystema i sjukehus og kjernejournal. Helse Vest RHF har leiarrolla for helseregionane i arbeidet. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Direktoratet for e-helse og Norsk helsenett SF.**

Prosjektet «Kritisk informasjon» har eit nasjonalt og eit regionalt oppdrag. I det nasjonale oppdraget skal Norsk Helsenett og Helse Vest/DIPS utvikle og prøve ut eit programmeringsgrensesnitt (API) for synkronisering av kritisk informasjon mellom Kjernejournal og DIPS. Denne delen av prosjektet blir gjennomført av Helse Vest og Norsk Helsenett på vegner av heile helse- og omsorgssektoren som ein del av Program Digital samhandling.

I den regionale del av prosjektet blir DIPS etablert som regional master for kritisk informasjon i Helse Vest. DIPS skal bli kjelde for dei andre regionale IKT-løysingane som har behov for slik informasjon, ved at dei kan synkronisere kritisk informasjon med DIPS.

Den første delmengda av kritisk informasjon som blir prøvd ut er legemiddelreaksjonar. Etter planen skal denne bli tatt i bruk i første kvartal i 2023 i Helse Vest. Resterande kategoriar av kritisk informasjon i Kjernejournal er planlagt for uttesting i 4. kvartal 2023.

- **starte utprøving og sørge for innføring av nasjonal informasjonsteneste for laboratorie- og radiologisvar (NILAR) i eigen region og delta i styringsgruppa for prosjektet som vert leia av Direktoratet for e-helse.**

Helse Vest har meldt følgjande tilbake til Norsk Helsenett SF vedrørande deltaking i utprøving av Pasienten sine prøvesvar (tidlegare NILAR); *"Helse Vest er kommet svært langt i konsolidering av felles laboratorie-informasjonsløsning (LIMS), levert av AlfaSoft (Unilab). Unilab omfatter alle laboratoriefag inkl. patologi. Helse Vest vil bare bidra med laboratoriesvar fra den regionale fellesløsningen. Helse Vest har en regional konsolidert felles løsning for radiologi (Sectra). Dermed har Helse Vest et godt grunnlag for raskt å kunne konfigurere flere kopi-mottakere for radiologiske meldinger."*

Helse Vest har også, på vegner av det interregionale prosjektstyret for Nasjonal digital

patologi, meldt til Norsk Helsenett SF at fagmiljøa innan patologi er positive til å bidra i arbeidet med utprøving av pasienten sitt prøvesvar for patologiske prøvesvar.

Digital heimeoppfølging og digitale innbyggjartenester

Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:

- **samordne krav og føresetnader som bør ligge til grunn ved vidare innføring av digital heimeoppfølging i spesialisthelsetenesta. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Direktoratet for e-helse og Norsk helsenett SF, og inngå i *Felles plan 2022*.**
- **leggje til grunn felles prinsipp for tilgjengeleggjering av digitale innbyggjartenester.**

Helse Vest etablerte tidleg i 2022 eit regionalt nettverk for auka bruk og effekt av digitale helsetenester. Det regionale nettverket har vore leia av Helse Bergen HF. Nettverket har delteke aktivt på inter-regionale og nasjonale arenaer der digitale helsetenester har vore tema. Nettverket har hatt utstrekt dialog med ulike helseføretak utanfor Helse Vest når det gjeld satsingar på digitale helsetenester. Helse Vest har dialog med Direktoratet for e-helse og med Norsk Helsenett SF i arbeidet med digitale helsetenester. Helse Vest har gjennom mange år vore ein sentral aktør i arbeidet med utvikling av digitale innbyggjartenester via helsenorge.no.

Helse Vest arbeidar no med eit eige "satsingsforslag" knytt til digitale helsetenester. Målbildet for dette arbeidet vil vere; "Digitale helsetenester skal bidra til pasienten si helseteneste ved å auke tilgjengelegheit og effektivitet i tenesta. Befolkninga skal få forsvarlege helsetenester utan at bruk av helsepersonell aukar."

For å lukkast med å få høgare tempo i digitale helsetenester, vil det vere svært viktig å kombinere arbeid som kan gjennomførast og ha effekt på kort sikt, med ein langsiktig plan som skal realiserast. Arbeid som kan ha effekt på kort sikt er viktig for å gi legitimitet til det videre arbeidet, avlaste helsetenesta, gi betre opplevingar for pasientar og pårørande, samt utvikle erfaringar som vil gi vidare innsikt.

Betre bruk av helsedata

- **Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å bidra i det vidare arbeidet med realisering av Helseanalyseplattforma.**

Helse Vest har delteke i arbeidet med realisering av Helseanalyseplattforma. Arbeidet har til dels vore prega av usikkerheit knytt til rammevilkår for delar av arbeidet med Helseanalyseplattforma.

Informasjonssikkerheit

Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:

- **rapportere på arbeidet med dei regionale handlingsplanane for det systematiske arbeidet med å styrke informasjonssikkerheita, og med å lukke dei sårbarheitene som Riksrevisjonen si undersøking avdekka innan utgangen av 2022.**

Det regionale arbeidet med informasjonssikkerheit er i Helse Vest organisert som ein del av arbeidet med Topp fem risiko. I det arbeidet er det etablert ei eiga arbeidsgruppe med deltakarar frå alle føretak i føretaksgruppa Helse Vest RHF, samt med representantar frå dei private, ideelle føretaka.

Handlingsplanen er operasjonalisert i følgjande prosjekt; (1) Felles tilnærming til NSM 2.0, (2) Revisjon av regionalt styringssystem for informasjonssikkerheit og personvern, (3) Vidareutvikling av sikkerheitskultur, (4) Tiltak for IKT-sikkerheit i regi av Helse Vest IKT, (5) Felles tiltak for økt IKT-sikkerheit for MU og TU, (6) Tiltak for økt IKT-sikkerheit for Lokal IKT.

Arbeidet med informasjonssikkerheit er eit kontinuerleg arbeid for å sikre at personell har tilgang til relevant informasjon på rett tid og stad, sikre integriteten i informasjonen og unngå truslar knytt til konfidensialitet. Gjennomføring av «Regional handlingsplan for informasjonssikkerheit» har godt fart og rett retning.

Informasjonstryggleik er på agendaen kvar dag. Sjølv om den regionale handlingsplanen gjev eit løft i 2022 og 2023, er det også viktig å erkjenne at dette er eit arbeid utan tidshorisont og ende. IKT-systema våre blir stadig utsett for angrep – kvar dag, året rundt. Dette viser at informasjonstryggleik krev eit kontinuerleg arbeid, der kvar dag kan gje nye, uventa utfordringar. Då blir det ekstra viktig å skape innhald i tanken om at i Helse Vest er vi over 30.000 som arbeider med informasjonssikkerheit, slik at vi saman kan vere på den sikre sida.

- **utarbeide ein årleg rapport i samarbeid med Norsk helsenett SF om truslar, trendar, sårbarheiter og relevante tiltak som spesialisthelsetenesta kan nytte i sitt arbeid med vurderingar av risiko og sårbarheiter innan 1. juni kvart år. Erfaringar frå penetrasjonstesting og portskanningstestar vil vere relevante.**

Helse Nord IKT HF og Sykehuspartner HF har saman med Helse Vest IKT AS, HEMIT HF og Norsk helsenett SF (HelseCERT) utarbeid ein felles trusselvurdering om IKT- og informasjonstryggleik for 2022. Dette er ei felles trusselvurdering som dekkjer heile spekteret av verksemder og verdiar i spesialisthelsetenesta.

- **samarbeide med HelseCERT om regional og nasjonal kapabilitet for å oppdage og handtere sikkerheitshendingar, og gjennom det sørge for at hensiktsmessige kapabilitetar vert etablert for å styrke eigenbeskyttelsen og regionen sin samla evne til å oppdage digitale angrep.**

Helse Vest IKT samarbeider tett med HelseCERT om gjennomføring av regelmessige penetrasjonstestar. Dette samarbeidet er særs viktig for å styrke eigenbeskyttelsen for den samla IKT-infrastrukturen for helseføretaksgruppa Helse Vest. Helse Vest IKT har

også etablert samarbeid med HelseCERT om sikringstenester knytt til "sikring i djupna". Gjennom dette samarbeidet er Helse Vest IKT sin evne til å oppdage digitale angrep styrka.

Økonomiske krav og rammer

Økonomisk resultatkrav og endringar i driftskredittramma

- **Føretaksmøtet la til grunn at dei regionale helseføretaka innrettar verksemda innan økonomiske rammer og krav som følgjer av Prop. 1 S (2021–2022), føretaksmøtet og oppdragsdokumentet for 2022, slik at sørgje for-ansvaret vert oppfylt og at det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling over tid.**

Resultat

Styret i Helse Vest har vedtatt eit samla budsjett i 2022 med eit resultatkrav på 495 mill. kroner. I dette resultatkravet ligg det ein reserve for å fange opp uføresette forhold. Resultatkravet skal sikre eit tilstrekkeleg finansielt grunnlag for å gjennomføre investeringsplanane i 2022. Foreløpig resultat for 2022 viser eit positivt resultat på 419 mill. kroner, 75,6 mill. kroner lågare enn budsjettert.
Foreløpig resultat i føretaka fordeler seg som følgjar:

	Hittil i år		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	107 697	226 000	-118 303
Helse Fonna	-155 740	-19 999	-135 740
Helse Bergen	-15 029	100 000	-115 029
Helse Førde	2 584	30 000	-27 416
Sjukehusapoteka VEST	9 984	8 000	1 984
Helse Vest IKT	-3 199	1 000	-4 199
Helse Vest Morselskap	473 058	150 000	323 057
Til saman	**419 356**	**495 001**	**-75 645**

Rekneskapen for 2022 er ikkje ferdig og ikkje gjennomgått av revisor. Ein må derfor rekne med at det blir gjort endringar i det endelege resultatet for 2022.
I Nysalderingsproposisjonen for 2022 Prop. 19 S (2022-2023) som blei lagt fram 25. november 2022 blei Helse Vest tildelt 477,4 mill. kroner. Desse midlane er fordelt ut til føretaka og innarbeidd i foreløpig resultat for 2022. Foreløpig resultat ville ha vore vesentleg lågare utan desse midlane. Årsakane til det er i hovudsak høgare løns- og prisvekst enn det som låg til grunn for deflator i statsbudsjettet for 2022, samt høgt sjukefråvær som har gitt negative avvik på overtid, innleige, ekstravakter og anna variabel løn, samt utfordringar med rekruttering og kompetanse. Vidare har generell høg prisvekst i samfunnet, høge kostnader til energi, samt nye behandlingsmetodar gitt negative avvik i forhold til budsjett.

Driftskredittramme

Driftskredittramma til Helse Vest var ved starten av året på 2 164 mill. kroner. I føretaksmøtet i januar blei denne vedtatt auka med 546 mill. kroner til 2 710 mill. kroner. I føretaksmøtet i juni blei driftskredittramma redusert med 54 mill. kroner til

2 656 mill. kroner. I føretaksmøtet i desember blei driftskredittramma igjen auka med 153 mill. kroner. Driftskredittramma var per 31.12.2022 på 2 809 mill. kroner. Helse Vest har ikkje trekt på denne ramma i 2022 ut over trekket som stod ved inngangen til 2022 på om lag 2 mill. kroner.

Investeringar og lån

For 2022 er Helse Vest RHF tildelt 2 450,56 mill. kroner i lån. Det er sett av 1 446 mill. kroner til nytt sjukehus i Helse Stavanger, 173 mill. kroner til å oppgradere og modernisere Haugesund sjukehus, 240 mill. kroner til Protonsenter ved Haukeland sjukehus, 386,56 mill. kroner til byggjetrinn II av barne- og ungdomssjukehuset ved Haukeland universitetssjukehus i Helse Bergen og 205 mill. kroner til å oppgradere og modernisere sjukehuset i Helse Førde.

For 2022 er Helse Vest tildelt 95 mill. kroner til Protonsenter ved Haukeland universitetssjukehus.

Investeringsbudsjettet for 2022 blei vedtatt av styret i Helse Vest i møte den 15. februar 2022, sak 011/22.

Tabellen nedanfor viser ei foreløpig samanstilling av investeringar i føretaksgruppa for 2022. Tala er ikkje endelege, rekneskapen for 2022 er ikkje ferdig og ikkje gjennomgått av revisor.

Investeringar 2022 Helseføretak	Regnskap per desember 2022	Budsjett 2022
Helse Stavanger HF	2 545 269	3 033 930
Helse Fonna HF	349 362	492 176
Helse Bergen HF	1 441 629	1 672 800
Helse Førde HF	406 258	316 900
Sjukehusapoteka Vest AS	24 998	27 546
Helse Vest IKT AS	471 200	598 275
Sum	5 238 716	6 141 627

Alle tall i heile tusen

Det samla investeringsbudsjettet for 2022 er på om lag 6,1 mrd. kroner. Samla investeringar for 2022 ligg foreløpig an til å bli om lag 5,2 mrd. kroner. Hovudårsaka til at foreløpig rekneskap for 2022 er lågare enn budsjett er etterslep på investeringar. Alle helseføretaka har utbyggingsplanar som er i gjennomføringsfasen. Av det samla investeringsbudsjettet i 2022 er om lag 4 mrd. knytt til store byggjeprosjekt. Mindreforbruket i forhold til budsjett 2022 knytt til byggjeprosjekta vil bli innarbeidd og overført til investeringsbudsjettet for 2023.

Andre krav

Oppfølging av Riksrevisjonen sine undersøkingar

Riksrevisjonen si undersøking av psykiske helsetenester

- **Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka følgje opp Riksrevisjonen si undersøking om psykiske helsetenester**.

Dei lokale helseføretaka har utarbeidd handlingsplanar for å følgje opp Riksrevisjonen si undersøking, og handlingsplanane er blitt gjennomført.

Riksrevisjonens undersøking av kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka

- **Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka følgje opp Riksrevisjonen si undersøking av kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka.**

For å auke integrasjon av kliniske behandlingsstudiar i pasientbehandlinga har helseføretaka i regionen forsøkt å gjera det enklare for klinikarar å starte og praktisk gjennomføre studiar, ved å auke kompetanse på støttepersonell og leggje til rette infrastruktur. Helse Vest har ein stor fordel i at det på tvers av helseføretaka er ein felles e-Infrastruktur i bruk i pasientbehandling, og at det integrert i denne også er ei regional løysing for å behandle data samla for forsking.
For å auke tilgangen til kliniske studiar for pasientar har Helse Vest RHF i 2022 finansiert ei regional forskingsstøtte som sikrar juridisk kompetanse og enklare budsjettering av industri-studiar i heile regionen. Dette er i tillegg til regional statistikarteneste og regional monitorering av kliniske studiar. For å sikre god leiarforankring har forsking i 2022 vore tema i styremøta i helseføretaka og i møte på ulike leiarnivå i Helse Vest. Eit eksempel på dette er behandlinga i Helse Bergen sitt styre av ei sak om «Organisering og internkontroll av klinisk forsking i sjukehuset» (sak 46/22) som spesifikt omhandla pasienttryggleik, rutinar og kontrolltiltak i forbindelse med organiseringa av forskingsverksemda.

Riksrevisjonen si undersøking om helse og omsorgstenester til barn og unge med funksjonsnedsettingar

- **Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka følgje opp Riksrevisjonen sin rapport om helse- og omsorgstenester til barn og unge med funksjonsnedsettingar.**

Riksrevisjonen peiker på at det er geografiske skilnader og utilstrekkeleg kapasitet i helseføretaka sine habiliteringstilbod til barn og unge. Helseføretaka i Helse Vest fekk i oppdrag å følgje opp rapporten frå Riksrevisjonen. Helseføretaka hadde også i oppdrag å følgje opp den regionale planen for habilitering og rehabilitering i Helse Vest, der eit av innsatsområda er å «styrke medisinsk og helsefagleg kompetanse i habilitering for barn, unge og vaksne».

Helseføretaka har utarbeidd eigne opptrappingsplanar for habilitering for barn og unge. Helse Vest har bidratt med styrkingsmidlar som skal komme i tillegg til helseføretaka si eiga styrking. Status for opptrappinga blei det gjort greie for i ei sak til styret i Helse Vest i november 2022. Dette blei gjort i samband med oppfølging av tilsyn med habiliteringstenestene til barn og unge i tre av helseføretaka, gjennomført av Statsforvaltaren i Vestland.

Helseføretaka rapporterer om at det blir arbeidd med å styrke tenestene, og at det er tilsett i nyoppretta stillingar, men at det er utfordringar med rekruttering og med å få tilstrekkeleg med fagpersonar med riktig kompetanse. Tenestene, særleg ved dei minste helseføretaka, er små og sårbare for fråvær/vakanse. Opptrappinga vil gå over fleire år. Det blir arbeidd med å utvikle tenestene, betre samhandlinga med psykisk helsevern for barn og unge, og med kommunane. Helse Bergen er godt i gang med å utarbeide pasientforløp med tilstrekkeleg kapasitet for barn med erverva hjerneskade og behov for intensiv habilitering, med regional dekning.

Helse Vest vil i 2023 fortsette å følgje opp korleis helseføretaka styrker habiliteringstenestene til barn og unge.

Avtalespesialistar

- **Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka, under leiing av Helse Vest RHF, utarbeide ei felles vurdering av korleis avtalespesialistordninga kan bli nytta i tenesta på best mogleg måte. Vurderinga må inkludere kva for endringar som bør gjerast og forslag til målsettingar som bør gjerast gjeldande. Frist for rapportering er innan utgangen av 2022.**

Arbeidet har blitt utført gjennom eit interregionalt prosjekt med deltaking frå alle fire regionar, konserntillitsvalde, brukarar og profesjonsforeiningane. Det har blitt gitt forlenga frist til medio februar 2023 for overlevering av rapport. Ferdig rapport er oversendt Helse- og omsorgsdepartementet innan ny tidsfrist. Rapporten er samstemt, og peiker på at det er behov for fornying og modernisering av avtalespesialistordninga. Det er nødvendig å gjennomføre større integrering mellom avtalespesialistar og anna spesialisthelseteneste, samt meir dynamisk samhandling.

Fyrtårnsprosjektet

Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:

- **leggje til rette for at dei sju helseføretaka som deltar i Fyrtårnprosjektet arbeider med å betre kvaliteten på registrering av data etter trafikkskadar.**
- **byggje opp kompetanse i arbeidet med registreringa og sørge for erfaringsoverføring til dei andre helseføretaka.**

I Helse Vest er det Helse Bergen som har oppretta koordinatorar på akuttmottaket og skadepoliklinikk i dette nasjonale prosjektet. Elektronisk skjema for registrering er tatt i bruk. Fase 2 av prosjektet med å sørgje for erfaringsoverføring til dei andre helseføretaka står igjen å gjennomføre.

4.2 Øvrige aktuelle saker i 2022

Føretaksmøte 18. mars 2022

Tiltak i samband med ankomst av flyktningar frå Ukraina

Dei regionale helseføretaka vert bedne om å:

- **førebu seg på ei stor flyktningetilstrøyming frå Ukraina, og i samband med det mellom anna sikre stor nok kapasitet til tuberkulosescreening.**

Alle føretak førebudde seg tidleg på å ta i mot flyktningar frå Ukraina. Det har blitt satt inn ekstra ressursar for å sikre stor nok kapasitet til å handtere tuberkulosescreening. Det er etablert eit godt samarbeid med kommunane.

Helseføretaka si rolle er i hovudsak avgrensa til behandling av dei som har behov for spesialisthelsetenester. Pasientar blir tilvist til spesialisthelsetenesta på vanlig måte.

Det vil vere eit auka behov for psykososial støtte, samt behandling for psykiske helseplagar. Helse Bergen viser her til at Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (RVTS Vest) saman med e-helse og kommunane har utarbeidd og gjort tilgjengeleg sjølvhjelpsprogram (tilpassa mobiltelefon) og anna relevant informasjon innan psykisk helse på ukrainsk og russisk språk. Desse er tilgjengeleg på internettsider og kan brukas av alle.

- **etablere nasjonal og regional koordinering av mottak av medisinsk evakuerte pasientar frå Ukraina og sørgje for behandling og oppfølging av desse pasientane. Omfanget skal løpande avklarast med Helse- og omsorgsdepartementet.**

Helse Vest har bidratt i etableringa av ein nasjonal og regional koordinering av mottak av medisinsk evakuerte pasientar frå Ukraina (MEDEVAC). Det er vedteken ei ramme på 550 pasientar i MEDEVAC-ordninga. Oslo universitetssykehus er nasjonalt kontaktpunkt mot EU og har ein koordinerande rolle mot dei andre regionsjukehusa. Helse Bergen har fått ansvar for å koordinere dette i Helse Vest-regionen. Helse Bergen har etablert regional koordinering mellom helseføretaka i regionen og det er utarbeidd retningslinjer for hurtig å kunne avklare førespurnader om mottak av pasientar.

Alle sjukehusa i Helse Vest har tatt imot MEDEVAC-pasientar, men Haukeland universitetssjukehus har teke imot flest pasientar. På grunn av personvernomsyn oppgjer vi ikkje eksakt tal MEDEVAC-pasientar.

Til no har MEDEVAC-pasientane i hovudsak vore kreftpasientar og skadde pasientar som trenger sekundæroperasjonar eller rehabilitering. Vi ser no ein auke i talet på krigsskadde pasientar, og forventar at talet på pasientar som kjem til Noreg gjennom MEDEVAC-ordninga kan auke. Noreg er no eit av åtte land som evakuerer såra ukrainske soldatar gjennom eit samarbeid.

Føretaksmøte 8. april 2022

Beredskap for å handtere covid-19-pandemien framover

- **Dei regionale helseføretaka skal leggje regjeringa sin oppdaterte strategi og beredskapsplan for vidare handtering av covid-19-pandemien til grunn.**

Helseføretaka har igjennom pandemien kontinuerleg oppdatert sine planverk med bakgrunn i sine eigne erfaringar og evalueringar. Regional del-evaluering og regjeringas

oppdaterte strategi for vidare handtering av covid-19 pandemien er lagt til grunn i dette arbeidet.

- **Kapasitet for PCR-analysar skal inntil vidare tilsvare moglegheit til å analysere prøver av èin prosent av befolkninga per veke.**

Helse Stavanger og Helse Bergen vil på relativt kort varsel kunne etablere kapasitet for å analysere prøvar tilsvarande ein prosent av befolkninga per veke.

Føretaksmøte 23. juni 2022

- **Sak 7: Bruk av vikarar i ambulansetenesta**

Akuttmedisinforskrifta trådde i kraft i 2015, ambulansetenesta har i alle år vore avhengig av en viss tilgang til timelønna vikarar for å dekkje opp for fråvær og ferier. I 2019 blei det gjort ei kartlegging i bruk av vikarar i prehospitale tenester. Kartlegginga førte til endringar for periodar der ein hadde ubalanse i bemanninga.

Gjennom pandemien har det vore noko auka bruk av vikarar i periodar, men på det jamne har bruken av vikarar frå 2020 gått ned.

HOD har gitt Helsedirektoratet i oppgåve å utarbeide en nasjonal rettleiar som skal definere nasjonalt minimumskrav for nødvendig ambulansefagleg kompetansenivå, her under bruk av vikarar. Helse Vest har sett ned ei referansegruppe i det pågåande arbeidet som vil bli avslutta i løpet av 1. kvartal 2023.

Vikarar i ambulansetenesta skal ha same grunnkompetanse som fast tilsette.

- **Sak 9: Pasientreiser – drosjebruk**

Helse Vest RHF sendte 17.11.2022 ein rapport til Helse- og omsorgsdepartementet der det blei gitt ei oppsummering av erfaringane med samarbeid med fylkeskommunane om transporttilbod og skisse til område for utvikling av samarbeid med fylkeskommunane med forslag til tiltak.

I region vest er det ikkje sett i gang noko arbeid om koordinering eller tett samarbeid med fylkeskommunane om transporttilbod. Helse Stavanger har forsøkt å få til møte med fylkeskommunen utan å lykkast. Helse Førde har kontakt med fylkeskommunen om transporttilbod der dei står utan avtale. Helse Fonna har ikkje noko samarbeid. Helse Bergen har dialog mellom pasientreiser og fylkeskommunen, det er ønskjeleg med samarbeid med det er ikkje blitt sett i gang noko enda.

Føretaka i Helse Vest meiner at det er fleire område der det ligg ein felles interesse med fylkeskommunane for tettare samarbeid, for eksempel betre kollektivtilbod, fortrinnsrett på ferjestrekningar og samarbeid om konkurransegrunnlag/utlysingar. Rapporten seier avslutningsvis at dei føreslegne endringane for hausten 2022 er ei innskjerping av dei to år gamle krava til drosjenæringa, at det vil bli noko vanskelegare å etablera seg for nye aktørar og at dette vil kunne gi redusert konkurranse og auka priser i kontraktsmarkedet.

- **Sak 10: Nasjonal helse- og samhandlingsplan**

- **Føretaksmøtet ba dei regionale helseføretaka om å hauste erfaringar frå spesialisthelsetenesta med dei lovpålagde ordningane for koordinering og med forløpskoordinator, og i tillegg kome med innspel til forbetringar slik at ein kan oppnå intensjonane med ordningane. Frist for oppdraget er 15. november 2022.**

Helse Vest sendte tilbakemelding på oppdraget om koordineringsordningar i spesialisthelsetenesta til Helse- og omsorgsdepartementet i brev datert 15. november 2022. Tilbakemeldinga kan summerast opp slik:

Intensjonen med koordineringsordningane (koordinator, koordinerande eining, kontaktlege og individuell plan) er å bidra til samanhengande pasientforløp, både internt og mellom spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Ordningane er heimla i både spesialisthelsetenestelova og pasient- og brukarrettslova. Ordningane gjeld både innan somatikk, rusbehandling og psykisk helsevern. I tillegg er det ordningar med forløpskoordinator i samband med pakkeforløp/pasientforløp.

Det vidare arbeidet med å forbetre koordineringa for å sikre at tenestene verkar godt saman, bør ha ei praktisk tilnærming. Det kan for eksempel rettast meir fokus på å engasjere klinikarane og få dei til å forstå nytten av ordningane. Men det er også eit klart behov for at overordna styresmakter i større grad avgrensar og definerer når dei ulike ordningane skal brukast. Ein bør søkje å gjere ordningane meir praktisk nyttige, blant anna ved å klargjere i kva samanheng dei ulike ordningane og tiltaka passar best, og når dei bør setjast i verk. Dette verkar klart mest tydeleg for kontaktlegeordninga der helseføretaka peiker på stor ulikskap mellom rettleiar og den praktiske handteringa av ordninga.
Det må vere ambisjonar om å leggje opp til at ein del av koordineringa, i alle fall logistikk-delen, kan ivaretakast av teknologi.

Helsefellesskapa er eit sentralt grep for å bidra til meir samordna og heilskapleg helsehjelp. Det gjeld særleg for dei fire prioriterte gruppene; barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidingar og rusvanskar, personar med kroniske lidingar og skrøpelege eldre. I tillegg skal endringar i velferdstenestelova frå august 2022 styrke samarbeidet og samordninga av velferdstenester, særleg for barn og unge og deira

familiar. Det inkluderer etablering av eigen barnekoordinator i kommunane. Desse endringane må også gje eit bakteppe for å vurdere korleis spesialisthelsetenesta skal samvirke med kommunane for å få til meir samanhengande helsehjelp på tvers av tenestenivåa og innsatsfaktorane.

Eit arbeid med å forbetre ordningane bør truleg byggjast på ei nærare evaluering; kvifor fungerer ikkje ordningane som tiltenkt og kva skal til for å sikre pasientane desse rettane. Helse Vest har starta med eit arbeid på dette når det gjeld koordinator i somatisk spesialisthelseteneste.

Erfaringa med innføring av forløpskoordinatorar for pakkeforløp kreft har vore god for både pasientar, pårørande og sjukehusa. Ein kan ikkje sjå den same verknaden med forløpskoordinatorar for pakkeforløp innan psykisk helsevern og TSB. Forløpskoordinator bør som hovudregel berre innførast for forløp som er komplekse og krev høg grad av individuell tilpassing. For andre forløp bør ein heller arbeide med prosessforbetring enn å innføre fleire forløpskoordinatorar.

- **Føretaksmøtet ba dei regionale helseføretaka om ei oppsummering av korleis det vert lagt til rette for desentralisering av spesialisthelsetenester. Føretaksmøtet ønskte at dette oppdraget vert svart på samstundes med oppdraga frå føretaksmøtet 10. januar 2022 om avtalespesialistar og elektiv aktivitet slik at dette kan sjåast i samanheng. Frist for oppdraget er 15. desember 2022. Dette inneber at fristen for oppdraget om flytting av elektiv aktivitet vert framskunda.**

Det blir vist til svaret under oppdraget om elektiv aktivitet ovanfor.

- **Føretaksmøtet ba dei regionale helseføretaka om ei vurdering av korleis spesialisthelsetenesta kan bidra til at førebyggjing vert ein integrert del av det samla helse- og omsorgstilbodet, og kva for hinder og moglegheiter dei ser for å oppnå dette. Relevante forslag som kan vere eigna for innføring fleire stader skal takast med. Frist for oppdraget er 20. oktober 2022.**

Helse Vest sendte tilbakemeldinga på oppdraget om spesialisthelsetenesta si rolle i førebyggande helsearbeid til Helse- og omsorgsdepartementet i brev datert 19.10.22. Tilbakemeldinga kan summerast opp slik:

Det helsefaglege tilbodet i spesialisthelsetenesta omfattar førebygging, diagnostikk, behandling, omsorg og rehabilitering. Hovudansvaret for førebygging, helsefremming og folkehelse ligg til kommunane ettersom dei disponerer heile breidda av verkemiddel. Spesialisthelsetenesta har likevel eit viktig ansvar for å bidra i førebygging.

At førebygging i større grad blir ein integrert del av det samla helse- og omsorgstilbodet er viktig for å gi helsetenester av god kvalitet til innbyggjarane no og i framtida, men også for å bidra til å dempe veksten i behovet for helsetenester.

Eit viktig hinder for å få dette til er at førebyggjande helsetenester kan vere tidkrevjande og krevje ekstra ressursar i helseføretaka. Innstrammingar i økonomien i helseføretaka kan dermed føre til at førebyggjande helsetenester ikkje kan prioriterast like høgt som ønskt.

Det blei peikt på følgjande moglegheiter for å integrere førebygging som ein del av det samla helse- og omsorgstilbodet:

- Betre implementering av allereie eksisterande førebyggjande tiltak for å hindre at sjukdom og skade blir påført under behandling, for eksempel for å redusere talet på sjukehusinfeksjonar.
- Samhandling og kunnskapsdeling med kommunane gjennom helsefellesskapsmodellen vil vere vesentleg i utvikling av det førebyggjande arbeidet, for å bidra til løysing av felles utfordringar.
- Samarbeid om tenesteinnovasjon og kunnskapsdeling på tvers av sektorar (helseklyngesamarbeid) kan bidra til å styrke innsatsen på førebygging og kunnskapsbasert folkehelsearbeid.
- Ta i bruk pasientar og pårørande som ressurs i førebygging. Spesialisthelsetenesta må gi pasientane meir ansvar for eigen helse, og informasjon om korleis dei skal få det til, både munnleg og skriftleg i epikriser.

- **Føretaksmøtet ba dei regionale helseføretaka om ei vurdering av korleis rettleiing og kompetanseutveksling mellom spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta kan bidra til god kvalitet og tenleg oppgåvedeling. Vurderinga skal supplere pkt. 10.2 Gode tenester der folk bur.**

Det blir vist til svaret under oppdraget om elektiv aktivitet ovanfor.

5. Styret sitt plandokument

Regional utviklingsplan for Helse Vest RHF blei vedteken av styre i Helse Vest i styremøte 6. - 7. desember 2022 og er oversendt Helse- og omsorgsdepartementet i eigen ekspedisjon.

Den regionale utviklingsplanen bygg på den regionale strategien – Helse 2035 - og dei lokale utviklingsplanane.

Det vil våren 2023 bli gjennomført ein revidering av tiltaksplanen til utviklingsplanen.

ÅRLIG MELDING 2022

REGIONALT BRUKERUTVALG

I HELSE VEST RHF 2022

Et godt samarbeid mellom fagmiljø, forskning, pasient- og pårørenderepresentanter og helseforetakets administrasjon gir en god plattform for å oppnå kvalitet i pasientens helsetjeneste.

Følsomhet Intern (gul)

INNHOLDSFORTEGNELSE

Innledning s. 1

Regionalt brukerutvalgs sammensetning s. 2

Aktivitet og oppgaver s. 4

- MØTEAKTIVITET
- VIKTIGE SAKER OG TEMA
- LIKEVERDIG BEHANDLING AV PASIENTGRUPPER
- ALVORLIG PSYKISK SYKE
- UTVALG, GRUPPER, PROSJEKTER
- KURS, SEMINAR, KONFERANSER

Utfordringer og muligheter videre s. 11

Følsomhet Intern (gul)

ÅRLIG MELDING RBU 2022

Innledning

2022 ble det andre virkeåret for utvalget som ble oppnevnt høsten 2020.

Som vi alle vet - det ble nok et spesielt år for hele samfunnet generelt og helsetjenesten spesielt.

2022 har stort sett vært et godt år for brukermedvirkning, og RBU har aktivt blitt involvert i sentrale prosesser i Helse Vest. Imidlertid har RBU registrert at det er stor variasjon i graden av brukermedvirkning i Helse Vest. Brukermedvirkning på systemnivå er tema for internrevisjonen i Helse Vest i 2023. RBU ser frem til resultatene av denne revisjonen våren 2023.

RBU deltar i interregionalt samarbeid mellom de 4 RBU'ene i de Regionale Helseforetakene. I tillegg har RBU videreført Lederforum i Helse Vest som består av leder og nestleder i hvert brukerutvalg i HF'ene og Haraldsplass. Hensikten er å lære av hverandre, utveksle erfaringer, koordinere og diskutere strategier for arbeidet i brukerutvalgene.

RBU har i 2022 hatt representanter i 60-talls ulike utvalg, nettverk, arbeidsgrupper og prosjekter, hvor der er gitt innspill i viktige prosesser, høringer og tema både regionalt og nasjonalt. Dette arbeidsomfanget betinger at vi – i tillegg til de faste RBU-medlemmene og varamedlemmene – også for enkelte verv må finne ressurspersoner med riktig kompetanse i pasientorganisasjonene.

RBU jobber godt sammen, med utfyllende og bred kompetanse og med stort engasjement, men vi ser at der er mangel på brukerrepresentanter innen psykisk helse og rus. Økt satsing og derved økt aktivitet innen dette området medfører store utfordringer i tiden fremover knyttet til rekruttering av brukerrepresentanter.

Brukerrepresentantene føler seg generelt stort sett godt inkludert. Det er et lederansvar å sørge for at brukerrepresentantene får komme med sine innspill uten at deres representativitet og legitimitet blir trukket i tvil.

RBU vil takke administrasjonen, styret og andre samarbeidspartnere i Helse Vest for godt samarbeid i 2022. Vi ser frem til å ta tak i nye oppgaver i året som kommer.

Følsomhet Intern (gul)

ÅRLIG MELDING RBU 2022

Regionalt brukerutvalgs sammensetning

Det regionale brukerutvalget ble vedtatt opprettet av styret i Helse Vest RHF 27. mai 2002. Sammensetningen skal tilstrebe å ha representanter innen rus, psykisk helsevern, somatikk og innvandring samt ha god geografisk og aldersmessig sammensetning og jevn fordeling mellom kjønnene. Utvalget oppnevnes av styret i Helse Vest RHF for to år, etter styrevedtaket av 27. mai 2002.

Regionalt brukerutvalg i 2022 besto av:

Karl Olaf Sundfør og Jostein Bildøy var ikke tilstede da bildet ble tatt.

Navn	Verv	Tilknytning
Jan Oddvar Gjerde	RBU-leder	FFO Vestland
Henrik Aasved	RBU-nestleder	Kreftforeningen
Sigrun Marit Hansen	RBU-medlem	Pensjonistforbundet
Joe R. Aseerwatham	RBU-medlem	Det felles Innvandrerråd
Atle Lunde	RBU-medlem	FFO Rogaland

Følsomhet Intern (gul)

Karl Olaf Sundfør	RBU-medlem	RIO, Rusmisbrukerens interesseorganisasjon
Merete Hauge	RBU-medlem	FFO Vestland,
Astrid Gytri	RBU-medlem	FFO Vestland
Jostein Bildøy	RBU-medlem	FFO Vestland, Sonja Ljostveit fra sept. 2022
Anne Marie Auestad	RBU-medlem	SAFO SørVest
Cicel T. Aarrestad	RBU-vara	FFO Rogaland
Hege Skjelbred-Knudsen	RBU-vara	Kreftforeningen
Lars Olav Traa	RBU-vara	FFO Vestland, vara for Jan Oddvar Gjerde
Sonja Ljostveit	RBU-vara	FFO Vestland, vara for Jostein Bildøy
Vidar Myhren	RBU-vara	FFO Vestland, vara for Astrid Gytri
Anne-Grethe Høisæther	RBU-vara	FFO Vestland, vara for Merete Hauge
Sajjad Younas	RBU-vara	Det Felles Innvandrerråd
Veronika N. Hansen	RBU-vara	RIO, Rusmisbrukerens interesseorganisasjon
Else-Berit Ingvaldsen	RBU-vara	SAFO SørVest
Hans Otto Robberstad	RBU-vara	Pensjonistforbundet

RBU har i 2022 fortsatt med et arbeidsutvalg består av leder, nestleder og sekretær for det regionale brukerutvalget.

Følsomhet Intern (gul)

Aktivitet og oppgaver

RBU har en rådgivende funksjon, og vi har gitt innspill til saker og prosjekter til styret og administrasjonen i Helse Vest RHF. Dette med utgangspunkt i ivaretagelse av pasienters og pårørendes interesser, behov, ønsker og verdier i Helse Vest.

Hovedoppgavene til RBU har vært å:

- representere pasienter og pårørende i Helse Vest
- være et forum for tilbakemeldinger fra pasienter og pårørende
- gi innspill i høringsprosesser
- delta i eller oppnevne brukerrepresentanter i ulike relevante prosjekter, grupper og nettverk på systemnivå regionalt og nasjonalt
- delta med innlegg og representasjon i aktuelle fora, og holde oss oppdatert på viktige saker for pasienter og pårørende

---

MØTEAKTIVITET

RBU har hatt totalt 10 møter i 2022, 9 fysiske og 1 digitalt. Det årlige fellesmøtet med styret ble avholdt som fysisk møte.

I tillegg har RBU gjennomført en todagers samling på Kokstad med alle brukerutvalgene i de fire HF'ene; Førde, Bergen, Fonna og Stavanger samt Haraldsplass Diakonale Sykehus. Det har i 2022 vært holdt to møter i Lederforum som består av leder og nestleder i de nevnte foretakene.

Leder og nestleder har deltatt på to møter i det interregionale brukerutvalget sammen med de 3 øvrige RBU'ene.

Dessuten har leder og nestleder deltatt på et møte med Helse- og omsorgsdepartementet - sammen med leder og nestleder for de andre RBU'ene - der det ble gitt innspill til Oppdragsdokumentet for 2023.

Leder eller nestleder stiller fast som observatør i Helse Vest RHF sine styremøter, styreseminarer og annen relevant møteaktivitet i styret.

Følsomhet Intern (gul)

ÅRLIG MELDING RBU 2022

VIKTIGE SAKER OG TEMA

Nedenfor er listet en uprioritert oversikt over viktige saker og tema som er behandlet i RBU i 2022:

- **Årlig melding for RBU 2021**
- **Oppdragsdokumentet for 2022**
- **Årlig melding for Helse Vest RHF 2021**
- **Saker til drøfting/avgjørelse i styremøtene i Helse Vest RHF**
- **Pandemiutviklingen – informasjon/oppfølging**
- **Innspill til, og oppstart av internrevisjon om brukermedvirkning**
- **Felles tilvisningsmottak psykisk helsevern**
- **Oppdragsdokumentet fra HOD 2023, innspill**
- **Innspill til Oppdragsdokument fra RHF'et til HF'ene**
- **Likeverdig behandling av pasientgrupper**
- **Kompetansesenter for seneffekter etter kreftbehandling**
- **Nasjonale kompetansesentra i Helse Vest**
- **Arbeidsfordeling mellom sykehusene Haukeland – Haraldsplass**
- **Økonomi/Budsjett 2022**
- **Datavarehus for helseinnsikt**
- **Helse Vest sine avtaler med private/ideelle**
- **Forbedringsarbeid - pakkeforløp kreft**
- **Pakkeforløp heim**
- **Regional utviklingsplan**
- **Spesialisthelsetjenester til den samiske befolkningen**
- **Funksjonsfordeling kreftkirurgi**
- **Statsbudsjettet 2023 – konsekvenser**
- **Unntaksordning for Nye metoder**
- **Beredskap – problemstillinger/områder**
- **Sikkerhetspsykiatri – relevans for spesialisthelsetjenesten**
- **Oppfølging av tvang i psykisk helsevern**
- **Oppfølging av vedtak i RHF-styret**

Følsomhet Intern (gul)

LIKEVERDIG BEHANDLING AV PASIENTGRUPPER

RBU i Helse Vest har fått informasjon om at en del pasienter innen rus, psykiske lidelser, muskel- og skjelett-, smerte- og utmatting- og typiske kvinnesykdommer uten anerkjente biomarkører, opplever å bli møtt på en uheldig og lite respektfull måte i helkse- og omsorgstjenestene. Andre kronisk syke og funksjonshemmede kan også oppleve dette.

Pasientgruppene kan oppleve forsinket og utilstrekkelig hjelp i spesialisthelsetjenesten eller at tilvisningene blir vurdert å ikke gi rett til nødvendig helsehjelp. Når spesialisthelsetjenesten overfører til primærhelsetjenesten, mangler ofte relevante tjenestetilbud eller kapasitet.

Disse forholdene er til dels dokumentert I Riksrevisjonens rapport om psykiske helsetjenester og i rapporten etter evaluering av pakkeforløp psykisk helse og rus. En undersøkelse blant pasienter med ME/CFS viser at over 50% har opplevd at møtet med helsevesenet hadde negativ innvirkning på pasientforløpet.

RBU i Helse Vest er opptatt av hvordan helsetjenestene kan bli i stand til å møte disse pasientgruppene på en adekvat og respektfull måte og hvordan de kan gis det behandlingstilbudet de trenger.

RBU har derfor hatt dette oppe i det årlige fellesmøtet med styret i Helse Vest. Sammen med med øvrige RBUer ble temaet tatt opp i møte med Helse- og omsorgsdepartementet som innspill til Oppdragdokumentet for 2023. I RBU sitt årlige møte med de andre brukerutvalgene i Helse Vest, var dette hovedtemaet.

Følsomhet Intern (gul)

ALVORLIG PSYKISK SYKE

Brukerrepresentantene i RBU i Helse Vest deltar i et stort antall arbeidsgrupper, fagnettverk, styringsgrupper osv., både internt i Helse Vest og i interregionale grupper. Ervervet kunnskap fra levd liv og erfaringsutveksling i brukerorganisasjoner benyttes i forbedringsarbeid. Kombinasjonen av brukererfaring og kunnskap om helsetjenestene gir brukerrepresentantene unik kompetanse og motivasjon til å legge ned en betydelig frivillig innsats for å forbedre behandlingstilbudene til pasientene i Helse Vest.

Der har vært en nasjonal satsing på psykisk helsevern over mange år, men likevel viser stadige rapporter fra Sivilombudet, Statens helsetilsyn, Statsforvalter, UKOM m.fl. at tjenestene innen dette fagområdet ikke tilfredsstiller lovverk og retningslinjer.

I Helse Vest sin egen internrevisjonsrapport om tvang fra august 2021 står følgende: «***Helse Vest RHF bør ta eit særskilt ansvar for å avklare med Helsedirektoratet kva som er rett praksis når det gjeld pasientar som er tilvist frivillig, og som mangler samtykkekompetanse»***
Til tross for anbefaling fra Internrevisjonen til administrasjonen om oppfølging, så er dette ennå ikke gjort, begrunnet i kapasitetsutfordringer. Det er i tillegg til variasjon i lovforståelse også store forskjeller og variasjon innad i helseregionen med hensyn til hvilket behandlingstilbud alvorlig psykisk syke får i helseforetakene.

På denne bakgrunn har RBU i desember 2022 gitt et innspill til Internrevisjonen til revisjonstema. RBU ønsker revisjon på hvilket behandlingstilbud som faktisk blir gitt av helseforetakene til pasientene med alvorlig psykisk sykdom.
Det er viktig å snu den negative utviklingen som har vært de siste årene.

Følsomhet Intern (gul)

UTVALG, GRUPPER OG PROSJEKTER

RBU har hatt representanter i følgende utvalg, grupper og prosjekter hvor der er gitt innspill i viktige prosesser, høringer og tema både regionalt og nasjonalt:

Regionalt nettverk for LMS (læring- og mestring)
Regional klinisk ressursgruppe for barn og unge med ME/CFS i Helse Vest
Nettverk for pasienterfaringsundersøkingar
'Alle møter' - styringsgruppa
Samarbeidsorganet forskning- og innovasjon
Samarbeidsorganet utdanning og praksisopplæring
Nettverk lungerehabilitering
Implementering av pakkeforløp rus- og psykisk helse
Referansegruppa til Nasjonal kompetanseteneste for leddprotesar og hoftebrot
ForBetringsundersøking i Helse Vest
Referansegruppe SESAM
Pasientoppfølging etter rehabilitering-prosjekt
Traumenettverket
Referansegruppa for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
Fagnettverk habilitering
Arbeidsgruppe 'Helse og arbeid'
Fagrevisjon Knekirurgi
Regional ressursgruppe tvang i psykisk helsevern
Regional ressursgruppe psykisk helsevern barn og unge
Fagnettverk revmatologi
Koordineringsgruppe for samhandlingsløp for barn og unge
Regionalt prosjekt for innføring av tarmscreening kreft
Pasientoppfølging etter rehabilitering-prosjekt
Regionalt nettverk innen presisjonsmedisin Helse Vest
Vel heim
Anskafffelse TSB 2023
Riksrevisjonens undersøkelse av psykiske helsetjenester
Uønskt variasjon radiologi og ortopedi. To regionale arbeidsgrupper.
Norse Feedback – tilbakemeldingssystem for psykisk helse og rus
Regionalt faglig nettverk for sikkerhetspsykiatri.
H2035-strategien og den nye regionale utviklingsplanen
Seineffekter etter kreftbehandling Helse Vest
Internrevisjon – uønskt variasjon i pasientforløp (BUP)
Kunnskapsoppsummering barn og unge
Styringsgruppe for prosjektet Koordinator i sjukehus.
Prosjekt Dialog med inneliggende pasienter

Følsomhet Intern (gul)

Samarbeid mellom Statped og spesialisthelsetenesta
Regional beredskapsplan, revisjon
Avtalespesialistordningen

NASJONALT
LIS spesialistgruppe for TNF-hemmarar
Programstyret for klinisk behandlingsforskning i spesialisthelsetjenesten (KLINBEFORSK)
Pasientreiser HF brukerutvalg
Pasientreiser HF observatør til styret
Nasjonal rapport for forsking og innovasjon 2022
LIS - Onkologisk spesialistgruppe
Interregionalt mottaksprosjekt AMK-IKT
Bestillerforum for nye metoder
Interregionalt prosjekt innan intensivmedisin.
Referansegruppeprosjekt i videreutvikling av GTT-metoden
Oppdrag sikkerhetspsykiatri
Oppdrag – sjeldne diagnoser
Desentraliserte kliniske studier
Arbeidsgruppe framskriving PHV og TSB
Utarbeidelse av kunnskapsgrunnlag i regi av Sykehusbygg HF

Stort sett er tilbakemeldingene fra brukerrepresentantene i disse utvalgene, gruppene og prosjektene at de blir både lyttet til og anerkjent.

Brukermedvirkning i spesialisthelsetjenesten er nedfelt i lovverket, så vel som i retningslinjer både fra Departement og ledelsen i RHF'ene. RBU opplever god ivaretagelse i sentral ledelse, mens der er stor grad av variasjon ute i organisasjonen. Videre registrerer vi også at det er store forskjeller mellom somatikk og psykisk helse/rus, sistnevnte har åpenbart et klart forbedringspotensiale.

Et sentralt moment innen brukermedvirkning er god rekruttering av brukerrepresentanter og sikring av legitimiteten til disse. Dette gjøres gjennom aktiv bruk av de relevante brukerorganisasjonene (pasient- og deres paraplyorganisasjoner) og ikke gjennom bruk av tilfeldig utvalgte eller egne ansatte i helsetjenesten, f.eks. erfaringskonsulenter.

Følsomhet Intern (gul)

RBU får mange forespørsler som kommer sent i tid og med store mangler hva gjelder omfang, tidsbruk og varighet. Gode forespørsler er en forutsetning for å sikre god og reell medvirkning.

KURS, SEMINAR OG KONFERANSER

Som ledd i å øke RBU's kompetanse har RBU vanligvis sendt medlemmer på utvalgte kurs, seminar og konferanser, RBU setter stor pris på å bli invitert til slike arrangementer, men i 2022 har dette vært noe begrenset pga. pandemien. Unntaket var Forskningskonferansen i Helse Vest der vi hadde flere deltakere med og deltok i paneldebatten.

Følsomhet Intern (gul)

Utfordringer og muligheter videre

Innledningsvis under denne overskriften, så må vi peke på virkningen av pandemien både på kort og lang sikt, hva er innvirkningen på spesialisthelsetjenesten? Hva vil forskningen fortelle oss om pandemien og konsekvensene? Vil der bli langsiktige eller tilnærmet permanente adferdsendringer i befolkningen? Mange kompetente og dedikerte mennesker som gjør en stor innsats i norsk helsetjeneste vil helt sikkert komme opp med gode svar og ny kunnskap i tiden fremover.

BRUKERMEDVIRKNING

På bakgrunn av erfaringer i 2022 anser RBU at det vil det være viktig å fortsette å styrke plattformen for brukermedvirkning i Helse Vest. Brukermedvirkning er både en rettighet og gir en stor verdi i et nytteperspektiv. Samarbeid på bakgrunn av tverrfaglig kompetanse gir mulighet blant annet for økt treffsikkerhet i tjenestetilbudet, etablering av nye innovative effektive løsninger og en helhetlig forståelse for mennesket bak diagnosen. Dette vil være sentralt i den videre utvikling av integrerte helsetjenester.

Der er for stor variasjon i brukermedvirkningen i Helse Vest sitt område, og RBU ser frem til den gjennomgangen som styret i Helse Vest har besluttet i revisjonsplanen for 2022-23. En videre utvikling av brukermedvirkning i regionen vil ha denne gjennomgangen som grunnlag, men også deltagelse i utarbeiding av mandater og styringsverktøy som bl.a. Oppdragsdokumenter.

Det bør nevnes at brukerrepresentasjonen er styrket i Nye metoder (Bestillerforum og Beslutningsforum) fra 1 til 4. De felleseide foretakene Pasientreiser, Sykehusinnkjøp, Luftambulansetjenesten, Sykehusbygg og Driftsorganisasjonen for nødnett forbereder etablering av brukerutvalg. Regionalt har Sykehusapotekene Vest besluttet å opprette brukerutvalg.

RBU'ene i RHFene vil se nærmere på hvordan brukermedvirkningen vil best bli ivaretatt innen evaluering av forskning og innovasjonsprosjekt i spesialisthelsetjenesten sett opp mot den regionale organiseringen. Det vil være naturlig å ta et initiativ i interregionalt RBU knyttet til Ungdområd, bl.a. på bakgrunn av erfaringene i Helse Nord.

Følsomhet Intern (gul)

SAMHANDLING

Samhandling er viktig i helsetjenesten, på tvers av tjenester og i samarbeidet mellom alle som jobber for å utvikle helsetjenesten. Både planer og konkret erfaring i pandemien viser at det er mulig å få til god samhandling mellom spesialist- og kommunehelsetjenesten. Vi håper at disse erfaringene blir tatt med inn i det videre arbeid med å gi konkret innhold i helsefellesskapene og at Samhandlingsutvalgene i stadig sterkere grad vil bidra til koordinerte tjenester. Pakkeforløp hjem er et av de konseptene som kan få stor betydning i denne sammenheng. Vi ser behov for at flere pasientgrupper får tilbud om pakkeforløp. Fra et brukerperspektiv vil det å skape sømløse pasientforløp og helhetlige helsetjenester være viktige satsingsområder. Brukermedvirkning må integreres i disse prosessene.

SAMVALG

Noen av de viktigste komponentene i samvalg er kompetanse, kultur og holdning. Å ha opplæring i samvalg i tjenesten og gjøre samvalg kjent blant pasienter og pårørende og skape en kultur der samvalg er en naturlig del av pasientforløpet, vil være et viktig bidrag til å videreutvikle pasientens helsetjeneste. Uten grunnleggende kompetanse, forståelse og kulturell modenhet vil vi ikke få realisert det potensialet som ligger i samvalg. Helsepersonellets evne og kompetanse til å kommunisere godt med pasientene er avgjørende for å lykkes.

VIKTIGE OMRÅDER

Spesialisthelsetjenesten er i stadig utvikling i skjæringspunktet mellom politiske prioriteringer, faglige vurderinger, pasientenes behov og demografiske fakta. Dette innebærer at RBU har og vil fortsette å engasjere seg i en rekke områder som:

- Utvikle et bedre tilbud til pasienter innen rus, psykiske lidelser, smerte- og utmatting, postvirale og multisystemiske sykdommer, overvekt og typiske kvinnesykdommer uten anerkjente biomarkører
- Videreutvikling og prioritering av psykiatri, særlig for barn og unge, bruk av tvang og sikkerhetspsykiatri

Følsomhet Intern (gul)

- Utvikle pasientforløp for pasienter med flere diagnoser og sammensatte utfordringer
- Øke oppmerksomheten på pasienter med sjeldne diagnoser
- Utvikle et bedre tilbud til barn og unge med smerte og utmatting og postvirale og multisystemiske sykdommer
- Utvikle et bedre tilbud til pasienter med langvarige pasientforløp uten avklart diagnose/ totalsituasjon i helsetjenesten
- Oppfølging og videreutvikling av habilitering og rehabilitering
- Oppfølging og videreutvikling av LMS-tilbud til pasienter og pårørende
- Pasientsikkerhet og utvikling av HMS-kultur i alle deler av organisasjonene
- Videreutvikle brukermedvirkningen i hele Helse Vest
- Ny teknologi med tilhørende nye arbeidsprosesser inkl. digitale helsetjenester
- Nybygg og oppgradering med de muligheter dette gir for utvikling
- Virkning av evt. politisk initierte omlegginger og at disse medfører reelle forbedringer for pasientene

Følsomhet Intern (gul)

Regionalt brukerutvalg vil også i årene som kommer være en aktiv og konstruktiv samarbeidspartner for administrasjon og styre i Helse Vest, fagmiljø, forskningsmiljø og alle våre pasient- og pårørendeorganisasjoner.

Følsomhet Intern (gul)

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 06.02.2023
SAKSHANDSAMAR: Gjertrud Jacobsen
SAKA GJELD: **Avtaler om kompenserande tiltak for kreftkirurgi**

ARKIVSAK: 2020/3
STYRESAK: **028/23**

STYREMØTE: **22.03.2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tar til orientering at avtaler om kompenserande tiltak for kreftkirurgi er inngått i tråd med styresak 100/19.

2. Styret sluttar seg til at ordninga med avtaler mellom helseføretaka om kompenserande tiltak for kreftkirurgi får verke over tid.

3. Styret ber om at det kvart år blir lagt fram sak som vurderer om gjeldande ordning med avtaler fungerer etter hensikta.

Oppsummering

Helse Vest vedtok i styresak 100/19 funksjonsfordeling for kreftkirurgi i regionen. Ein føresetnad for funksjonsfordelinga er at det blir sett i verk kompenserande tiltak innan nokre kreftområde kor mellom anna volum og bemanning er låg.

Helse Vest har i samarbeid med føretaka arbeidd for å få på plass formelle avtaler mellom helseføretaka om dei kompenserande tiltaka som lagt til grunn for gjeldande funksjonsfordeling. Innhald i avtalene er basert på krav i styresak 100/19 og innspel frå faggrupper og regulerer både organisatorisk og fagleg samarbeid.

Helse Bergen har nå inngått avtaler med dei tre andre sjukehusføretaka om kompenserande tiltak for kreftkirurgi

Bakgrunn

I styresak 100/19 vedtok styret i Helse Vest funksjonsfordeling for kreftkirurgi i regionen. Ein føresetnad for vedtaket er at det blir satt i verk kompenserande tiltak.

I styresakene 057/22 og 096/22 blei styret i Helse Vest orientert om status for arbeid med kompenserande tiltak, og korleis faggrupper har utarbeidd grunnlag for avtaler mellom helseføretaka om kompenserande tiltak basert på krava i styresak 100/19.

Avtaler om kompenserande tiltak for kreftkirurgi i Helse Vest

Helseføretaka har i samarbeid med Helse Vest utarbeidd avtaler for kompenserande tiltak for kreftkirurgi. Innhald i avtalene er basert på rapportar frå faggrupper med deltakarar frå alle helseføretaka. Avtalene består av ein kort hovudavtale som regulerer organisatoriske forhold, og vedlegg for kvart fagområde som regulerer det faglege samarbeidet mellom føretaka.

Helse Bergen har inngått avtaler med dei tre andre sjukehusføretaka. Avtalene omfattar fagområda nyrekreft, brystkreft, lungekreft, gynekologisk kreft og bukspyttkjertelkreft.

I vedlegga for kvart kreftområde er det konkretisert korleis fagleg samarbeid, regelmessige møter og hospitering skal organiserast. Ordningar for konkret samarbeid om enkeltpasientar og anna fagleg samarbeid er også klargjort i vedlegga for alle fagområda. Ansvarlege for tiltaka og kontaktpersonar er synleggjort. Vedlegga for dei ulike kreftområda har noko ulikt innhald basert på dei krava som er satt i styresaka.

For fagområde med enten små volum totalt i regionen, eller små volum i eit av helseføretaka er det laga ordningar for hospitering der ein utvekslar personell mellom helseføretaka. Dette gjeld for nyrekreft i Helse Førde og Helse Fonna der det er inngått avtale med Helse Bergen. Tilsvarande er gjort for alle føretaka innan gynekologisk kreft, og for Helse Stavanger og Helse Bergen for bukspyttkjertelkreft.

Styret har kun formell beslutningskompetanse når saker behandles i styremøter. Det er viktig at kravet om åpenhet ikke uthules eller omgås ved at styrets arbeidsoppgaver legges til andre fora enn selve styremøtet. Dersom deler av saken undergis behandling på forhånd, for å sørge for at bare "sikre" saker behandles i styremøtene, vil en unnta noe av beslutningsprosessen fra styremøtene. Det vil derfor ikke være anledning til å forberede en sak i et forberedende møte i en slik grad at det kun gjenstår å ta den formelle beslutningen i et styremøte.

Departementet legger til grunn at styreseminarer vil kunne avholdes når det er behov for å drøfte generelle strategier og utfordringer.

Aktiviteter som tar sikte på å dyktiggjøre styret som kollegium og nye styremedlemmer på prosessene og styrets arbeid hører normalt ikke hjemme i et formelt styremøte. Styremedlemmene må ha anledning til å finne sin plass i kollegiet og delta i opplæring. Eksempler kan være drøftinger av styrets arbeidsform, plikter, roller, spenninger mellom det å være ansattvalgt og det å være ordinært styremedlem, spørsmål som vedrører ledelse og administrasjonen og hvilket ansvar som påligger styret. Dette er samtaler om hva det innebærer å ta del i et styre og hvordan styret bør fungere.

I forlengelsen av dette anser departementet at samtaler om hvordan styret som kollegium bør arbeide med og nærme seg en konkret sak prosessuelt ikke nødvendigvis hører hjemme i et styremøte.

Loven § 26 a første ledd nr. 2 forutsetter at det skal holdes styremøter – ikke styreseminarer – når sak som er på et forberedende stadium i saksbehandlingen i foretaket legges frem for orientering. Dette samme må gjelde når slike saker drøftes. Lukkingsadgangen reguleres i slike tilfeller av loven.

Styreleder må, i samråd med de andre styremedlemmene og administrasjonen, vurdere konkret om sakene krever behandling i styremøte. Dersom det i praksis oppstår tvil, må saken legges til et styremøte.

Styrene bør tilstrebe å organisere sitt arbeid på en måte som skaper legitimitet og tillit til prosessene og beslutningene.

3.4 Om styrets egenevaluering

Det vises til omtale av styrets egenevaluering i departementets styreveileder.

Egenevalueringen kan normalt drøftes i styreseminarer som ikke er omfattet av helseforetakslovens bestemmelser om styremøter. Helseforetaksloven § 26 a om møteoffentlighet gjelder da ikke.

I den grad styret på bakgrunn av evalueringsprosessen faktisk ønsker å fatte vedtak, må det imidlertid behandles i styremøte på ordinær måte. Vi antar at dette sjelden vil være tilfellet. Et eksempel kan være behovet for å drøfte hvordan resultatet av egenevalueringen bør omtales i årlig melding.

Bakgrunnen for departementets vurdering er at styrets egenevaluering er et eksempel på drøftinger av utfordringer som normalt ikke er knyttet direkte til et fremtidig styrevedtak. En egenevaluering er ikke et ledd i foretakets beslutningsprosesser. Arbeidet skal ikke lede frem til vedtak om forvaltning av foretaket.

I motsetning til det som kjennetegner alminnelig styrearbeid, er det ikke et krav eller en nødvendighet for foretakets virksomhet som sådan at styret fatter vedtak med bakgrunn i evalueringsprosessen. Det er ikke naturlig eller hensiktsmessig at styret fatter vedtak knyttet til enkelte medlemmers fungering. Styret kan ikke vedta forbedringspunkter for det enkelte styremedlem, men medlemmet kan selv ta til seg konstruktive innspill og vurdere endringer på det personlige plan.

Styremøter er heller ikke et egnet forum for en grundig og ærlig drøfting av styrets arbeidsform og de enkelte styremedlemmenes fungering hver for seg og samlet. Formålet med egenevalueringen vil derfor ikke kunne oppnås ved å anse dette som styrearbeid. Allmennheten vil selv kunne danne seg et godt bilde av samspillet og fungeringen blant styrets medlemmer ved å benytte seg av muligheten til å lytte til foretakenes åpne styremøter.

Med vennlig hilsen

Frode Myrvold (e.f.)
ekspedisjonssjef

Kari Sønderland (e.f.)
ekspedisjonssjef

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Kopi til:
Nærings- og fiskeridepartementet

Utgitt av: Helse- og omsorgsdepartementet

Design: DSS, DepMedia - 03/2019



Styreinstruks for Helse Vest RHF

1. Formål med instruksen

Instruksen blir fastsett av styret og trekkjer rammene for styret sitt arbeid og byggjer på lova om helseføretak og vedtektene for Helse Vest RHF. Formålet med instruksen er å klargjere form, innhald og gjennomføring av styrearbeidet. Instruksen er ei rettesnor for styremedlemane og administrerande direktør sine roller, plikter og ansvar.

Instruksen er ikkje ei fullstendig opplisting av styret sine oppgåver og ansvar og må derfor supplerast med dei lover, forskrifter og myndigheitsvedtak som gjeld for spesialisthelsetenesta samt styrande dokument som er utarbeidde for verksemda.

2. Administrerande direktør og styret

Administrerande direktør tar hand om den daglege leiinga av føretaket og skal følgje dei retningslinjer og pålegg styret gir. Styret har utarbeidd eigen instruks for administrerande direktør.

3. Saker styret skal behandle

3.1 Hovudoppgåver

Styret er det øvste utøvande organet med ansvar for forvaltninga av helseføretaket. Dei rettslege rammene for oppgåvene og pliktene, deriblant grensene for kompetansen og myndigheita til styret går fram av helseføretakslova, særleg kapittel 6 og 7 og vedtektene til Helse Vest RHF.

Følgande hovudoppgåver høyrer dermed til styret:

1) ***Strategi***
   Styret har ansvaret for den strategiske utviklinga i føretaket.

2) ***Utvikling av helsefagleg kvalitet og tenesteinnhald***
   Styret skal i helseføretakslova legge til rette for eit best mogleg helsetilbod i regionen ved bruk av tildelte ressursar. Slike oppgåver vil ofte være fellesoppgåver i helseføretaksgruppa.

3) ***Organisering og leiing***
   Styret har ansvar for ei tilfredsstillande organisering og leiing av den samla verksemda i helseføretaket.

4) ***Tilsyn og kontroll med føretaket si verksemd og drift***
   Desse oppgåvene relaterer seg til mål nedfelt i helseføretakslova, vedtektene til føretaket, vedtak i føretaksmøtet og vedtekne planar og budsjett. Styret skal også føre kontroll med helseføretak og andre verksemder som Helse Vest RHF eig.

   Styret skal som ein del av tilsynsansvaret føre tilsyn med at føretaka driv forsvarleg og arbeidar systematisk med kvalitetsforbetring.

   Kontrolloppgåvene til styret inkluderer også:

- Sikre medisinsk forsvarleg beredskap og behandling i føretaksgruppa.
- Sjå til at risikostyring og styringssystemet fungerer, og at regelverket blir etterlevd i føretaksgruppa.
- Vurdere økonomi og likviditetssituasjonen i føretaksgruppa.

Styret har plikt til å setje i verk undersøkingar der styret finn det nødvendig. Revisjonsutvalet utfører desse oppgåvene for styret i samsvar med eigen instruks for revisjonsutvalet.

3.2 Verksemdstyring/internkontroll

Styret skal sjå til at Helse Vest RHF har ein internkontroll som kan førebyggje, hindre, avdekkje og rette opp svikt. Internkontroll i helseføretaka er system, prosessar, rutinar og andre tiltak leiing og tilsette gjennomfører for å sikre:

- fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester
- kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik
- etterleving av reglar, retningslinjer, rettleiarar, styringskrav og sjølvpålagde krav

Eit berande prinsipp er at intern styring og kontroll må tilpassast risikoen og eigenarten til verksemda. Risikoen må derfor identifiserast, analyserast og kontrollerast (risikostyring). Styret har ansvar for at internkontrollen blir følgd opp i stort nok omfang og på ein systematisk måte. Styret skal vidare sjå til det blir gjort tiltak for å korrigere svikt.

4. Eigenoppgåvene til styret

Styret skal sette opp ein årsplan for styrearbeidet. Planen skal gje ei oversikt over hovudoppgåver og møtetidspunkt. Planen gjev også ei oversikt over kva styresaker som skal behandlast i kvart av styremøta.

Utover fastlagt møteplan kan styreleiar innkalle til ekstraordinære møte ved behov. Også medlemmer av styret og administrerande direktør kan krevje at styret blir samankalla til møte.

Leiar av regionalt brukarutval har observatørstatus med tale- og forslagsrett i styremøte.

Styret skal årleg evaluere arbeidet og arbeidsforma til styret.

5. Innkalling/saksforberedelse

Styreleiar har det formelle ansvaret for at styret blir kalla inn til møte. Styreleiaren planlegg styremøtet i samråd med administrerande direktør. Innkallinga blir sendt ut av administrerande direktør.

Til innkallinga skal det følgje ei saksliste, og det skal følgje dokumentasjon som gir eit tilfredsstillande handsamingsgrunnlag for sakene som er sett på sakslista, samt administrerande direktør sine forslag til vedtak. Sakene skal vere påført nummer og årstal.

6. Behandling i møte

Styremøter blir leia av styreeleiar, eller ved fråvær, av nestleiar. Er ingen av disse til stede, vel styret sjølv møteleiar.

Med mindre styret i den enkelte sak fastset noko anna, har administrerande direktør rett og plikt til å være til stades på styremøtet og rett til å uttale seg.

Styret har vedtakskompetanse når meir enn halvparten av styremedlemmene er til stades, jf. helseføretakslova § 27. Har eit styremedlem forfall og det er valt varamedlem, skal varamedlemmet gis moglegheit til å møte. Styremedlemane blir oppmoda om å varsle administrasjonen om fråvær så tidleg som mogeleg slik at eventuelle varamedlem kan innkallast.

Som styret sitt vedtak gjeld det som fleirtalet av dei møtande har stemt for. Ved stemmelikheit er møteleiar si stemme avgjerande.

Innkalling og saksliste skal godkjennast innleiingsvis i møtet.

Styret kan behandle saker som ikkje er oppført i sakslista for møtet med mindre møteleiar eller ein tredel av møtande styremedlemmer motset seg behandling av saken.

Det skal førast protokoll for møtet. Dersom eit vedtak ikkje er samrøystes, skal stemmegjevinga gå fram av protokollen. Styremedlemmer eller administrerande direktør som ikkje er einig i eit vedtak, kan krevje si oppfatning innført i protokollen.

Styret skal ha sekretær som er til stades på styremøta og fører møteprotokollen. I samarbeid med styreleiar og administrerande direktør sørgjer styresekretær for dei praktiske oppgåvene rundt styret sitt arbeid. Administrerande direktør peikar ut styresekretær.

7. Styremedlemmene sine rettigheter og plikter

Styremedlemmane har plikt til å stemme i alle saker som blir behandla av styret.

Alle styremedlemmar har dei same rettigheitene og pliktene med unnatak av det som særskilt er fastsett for styreleiar, eventuelt avløysande møteleiar. Kvart styremedlem har plikt til å leggje fram all informasjon som har betyding for styret si handsaming av den enkelte sak. Dette gjeld også administrerande direktør.

8. Habilitet

Habilitetskrava i forvaltingslova § 6 gjeld for styremedlemmane. Dette inneber mellom anna at den som har personlege eller økonomiske interesser i ei sak eller nære slektningar eller familie med slike interesser, er inhabil til å ta del i handsaming av saka.

Styremedlemmane er pliktige til å opplyse om forhold som kan ha betyding for deira habilitet til å delta i handsaminga av enkeltsaker. Det er styret som avgjer om eit medlem er inhabil til å delta i handsaming av ei sak. Den habilitetsspørmålet gjeld kan ikkje delta i handsaminga av habilitetsspørmålet.

Styremedlem som er inhabil bør som hovudregel fråtre møtet under handsaming av den aktuelle saka. Møteleiar kan likevel tillate at den inhabile styremedlemmen ikkje behøver å forlate møterommet, men ta plass som tilhøyrar.

9. Møteoffentlegheit og teieplikt

Forvaltingslova og offentlegheitslova gjeld for verksemda i helseføretaka, jf. helseføretakslova § 5, og såleis også for styret.

Alle dokument for styret er som hovudregel offentlege. I den grad det ligg føre informasjon i sakspapira som ikkje kan delast med andre enn dei som har krav på informasjon, til dømes fordi det dreier seg og opplysningar underlagd teieplikt, skal desse haldast konfidensielle. Dette skal i så tilfelle gå fram av sakspapaira.

Styremøta skal være opne, jf. helseføretakslova §26a, med mindre reglane om teieplikt i forvaltingslova er til hinder. Styret kan også vedta å lukke dørene ved handsaming av ei sak dersom det er eit reelt og sakleg behov og eitt eller fleire av vilkåra nemnt i §26a andre ledd pkt. 1-5 er oppfylt.

10. Informasjonshandtering

Styreleiar uttalar seg på vegne av styret dersom ikkje anna er avtalt. Dei tilsette, styret og leiinga i helseføretak som styrevedtak har betyding for, må informerast på hensiktsmessig måte snarast mogleg etter at styremøtet er avslutta.

11. Oppfølging av felleseigde helseføretak

Dei regionale helseføretaka eig i fellesskap fleire helseføretak. Eigarstyring og oppfølging av verksemda i desse helseføretaka blir tatt hand om av dei administrerande direktørane i dei regionale helseføretaka, sjå også styresak 103/15. Styret skal haldast orientert om rapportering og planar for verksemda i dei felleseigde helseføretaka i økonomisk langtidsplan og tertialrapportar.

Vedtatt av styret i Helse Vest 30.09.2019

INSTRUKS FOR ADMINISTRERANDE DIREKTØR I HELSE VEST RHF

1. Formål med instruksen

Denne instruksen omhandlar rammene for administrerande direktør sitt arbeid og definerer ansvar, oppgåver, plikter og rettigheiter. Instruksen byggjer på lova om helseføretak og vedtektene for Helse Vest RHF.

2. Overordna rolleavklaring

Styret fastset strategiar og rammer for Helse Vest RHF. Administrerande direktør si rolle er å utvikle og iverksetje strategiar og handlingsplanar på lang og kort sikt i samsvar med styret sine beslutningar og instruksar, samt å følgje desse opp, jf. § 37 i helseføretakslova.

Styret tilset administrerande direktør og fastset lønn og andre tilsetjingsvilkår. Styret skal føre tilsyn med administrerande direktør sitt arbeid og kan fatsetje instruks for denne, jf. § 29 i helseføretakslova. Styret gjer vedtak om å seie opp eller avskjedige administrerande direktør, jf. § 36 i helseføretakslova.

Administrerande direktør deltek på styremøta med mindre særlege grunnar tilseier noko anna. Administrerande direktør har tale- og forslagsrett i styremøta og kan krevje at styret vert samankalla i møte, jf. §26 i helseføretakslova.

3. Administrerande direktør si myndigheit

Administrerande direktør utøver den daglege leiinga av Helse Vest RHF og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt. Administrerande direktør i Helse Vest RHF skal også føre løpande tilsyn med helseføretak som Helse Vest RHF eig og sjå til at verksemda der er i samsvar med vedtekter og vedtak gjort i føretaksmøtet og styret.

Administrerande direktør har, som ledd i oppfølginga mellom Helse Vest RHF og det enkelte helseføretak, rett og plikt til innsyn i det enkelte helseføretak med tilhøyrande administrasjon.

Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter forholda i føretaket er av uvanleg art eller av stor betydning. Administrerande direktør pliktar å føreleggja slike saker for styret. Dersom det vil medføre vesentleg ulempe for føretaket si verksemd å avvente vedtak i styret, kan dagleg leiar avgjere slike saker. Styret må i slike tilfelle bli underretta om saka snarast råd.

Den nærmare avgrensinga av myndigheita til administrerande direktør i forhold til styret, kan styret, om det er ønskeleg, fastsetje i eigen fullmaktsmatrise.

Administrerande direktør representerer føretaket utad i saker som fell inn under hans myndigheit, jf. helseføretakslova § 39. Dette inneber at dagleg leiar representerer føretaket utad i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i føretaket.

4. Administrerande direktør sine oppgåver

4.1. Overordna føringar

Administrerande direktør skal arbeide for at Helse Vest RHF utfører sine hovudoppgåver i samsvar med vedtektene § 6, føretaksprotokollar, oppdragsdokument og overordna føretaksplan for Helse Vest. Administrerande direktør skal vidare i samsvar med måla nedfelt i overordna føretaksplan aktivt bidra til å sikre vidareutvikling av helsefagleg innhald og kvalitet i Helse Vest RHF og helseføretak eigd av Helse Vest RHF.

4.2. Hovudoppgåver

Administrerande direktør sine hovudoppgåver følgjer naturleg av rolla som dagleg leiar av Helse Vest RHF, jf. helseføretakslova § 37. Innafor denne rolla ligg både oppgåver og ansvar knytt opp mot det overordna «sørgje for-ansvaret» ovafor befolkninga i regionen og rolla som konsernleiar i føretaksgruppa. Nedanfor er ei oversikt over hovudoppgåver som inngår i ansvaret til administrerande direktør:

4.2.1. *Strategisk planlegging, samordning av oppgåver og budsjettering*
Administrerande direktør skal innan rammene fastsett av styret, sørgje for at det for føretaksgruppa vert gjennomført felles langsiktig strategisk planlegging, samordning av oppgåver og budsjettering.

4.2.2. *Rekneskap*
Administrerande direktør skal sørgje for at føretaket si registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på betryggande måte, jf. helseføretakslova § 37, siste ledd.

4.2.3. *Rapportering.*
a) Informasjon til styret:
Administrerande direktør har plikt til å informere styret om føretaket si verksemd, stilling og resultatutvikling. Minst kvar 4. månad (tertial) skal administrerande direktør gi styret skriftleg rapport om situasjonen i Helse Vest RHF og helseføretak eigd av Helse Vest RHF, jf. § 38 i helseføretakslova. Rapporten skal innehalda både økonomiske og ikkje-økonomiske forhold, herunder eit spesielt fokus på helsefagleg kvalitet og innhald samt effektivitet.

På kvart styremøte skal det orienterast om selskapet sin økonomiske og driftsmessige situasjon. Styret har til eikvar tid rett til å krevje at administrerande direktør gir styret informasjon både av generell art og i saker av særskilt interesse. Tilsvarande har administrerande direktør ansvar for å halde styret informert om vesentlege forhold så vel internt som eksternt, jf. punkt 3.

b) Årleg melding til departementet
Administrerande direktør skal utarbeide forslag til årleg melding til departementet som styret i Helse Vest RHF pliktar å levere til departementet i samsvar med helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15.

c) Årsmelding og årsrekneskap
Administrerande direktør skal utarbeide forslag til årsmelding og årsrekneskap til styret. Administrerande direktør har ansvar for at årsmelding og årsrekneskap blir sendt føretaksregisteret.

4.3 Saksførebuing

4.3.1. *Styremøter*
Styreleiar har det formelle ansvaret for styrebehandlinga av sakene. Saksliste vert sett opp av styreleiar i samråd med administrerande direktør. Administrerande direktør førebur sakene til styremøtet i samråd med styreleiar. Administrerande direktør føretek innkalling til styremøta i samråd med styreleiar.
Styreprotokollen skal førast i tråd med offentlegheitslova og krava til meiroffentlegheit.

4.4. Føretaksmøtet

Administrerande direktør pliktar å møte i føretaksmøtet i Helse Vest RHF og føretaksmøta i helseføretaka og har rett til å uttale seg i møta. Ved lovleg forfall møter stedfortredar.

4.5. Leiarfora

Administrerande direktør har ansvar for at det vert etablert fora for samarbeid og utvikling i føretaksgruppa i Helse Vest med spesielt fokus på samhandling og samordning.
Administrerande direktør har eit overordna ansvar for at det vert etablert og drive gode leiarutviklingsprosessar innafor føretaksgruppa.
Administrerande direktør skal ha ei regional leiargruppe i Helse Vest samansett av leiarane for verksemdene og leiargruppe innan eigen administrasjon i Helse Vest RHF.

4.6. Samarbeid med andre

Administrerande direktør skal aktivt tilrettelegge for samarbeid i regionen, slik at ein totalt sett oppnår ein føremålstenleg og rasjonell ressursutnyttelse. Administrerande direktør skal også bidra til samarbeid med andre regionale helseføretak og helseføretak eigd av desse, når dette er eigna til å fremje formålet til Helse Vest RHF og å nå nasjonale helsepolitiske målsettingar.

Administrerande direktør skal innan ramma for «sørgje for-ansvaret» tilrettelegge for samarbeid med private aktørar, når dette medverkar til å fremje Helse Vest RHF sine formål og i eit heilheitleg perspektiv medverkar til hensiktsmessig og rasjonell ressursutnytting.

Administrerande direktør skal medverke til at det vert etablert samarbeid med kommunane i helseregionen om utvikling av samhandlingsreforma og målsetjinga om at pasientar og

brukarar får eit heilheitleg tilbod om helse- og omsorgstenester i samsvar med lova om helse- og omsorgstenester.

Administrerande direktør skal også medverke til at det vert etablert rettleiing ovafor kommunane innan ramma av «sørgje for-ansvaret», både administrativt og klinisk, slik at pasientane vert sikra heilskapelege helsetilbod. Det same gjeld i forhold til fylkeskommunale samarbeidspartar og i forhold til andre aktuelle statlige ansvarsområde.

Administrerande direktør skal medverke til at det vert etablert nødvendig samarbeid med universitet og høgskular, slik at Helse Vest RHF kan ivareta dei plikter som er nedfelt i eigen instruks om dette.

Administrerande direktør skal gjennom samarbeid og dialog med pasient- og brukarorganisasjonar tilrettelegge for at Helse Vest RHF sikrar medverking i samsvar med § 35 i helseføretakslova, vedtektene § 14 og styrande dokument frå Helse- og omsorgsdepartementet.

4.7. Kommunikasjon og openheit

Administrerande direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som tilrettelegg for openheit og innsyn og som er eigna til å byggje tillit til og styrke omdømmet til verksemda. I dette arbeidet skal lova om offentlegheit og krava til meiroffentlegheit leggjast til grunn.

4.8. Personal og organisasjon

Administrerande direktør har ansvaret for at Helse Vest RHF til eikvar tid er organisert i forhold til dei samla oppgåvene og har ein samla kompetanse som sikrar at oppgåvene vert ivaretekne på ein god måte.

Administrerande direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som sikrar at krava til helse, miljø og sikkerheit vert ivaretekne og at det blir tilrettelagt for eit godt arbeidsmiljø. Dette omfattar også samfunnsansvaret nevnt under pkt. 4.9.

Administrerande direktør har ansvaret for at det vert etablert organisasjonskart som klargjer rolle og ansvar til den enkelte medarbeidar, og fullmaktsstrukturar som sikrar at det er klarheit omkring fullmaktsforhold.

4.9. Samfunnsansvar og etikk.

I staten sin eigarskapspolitikk er det formulert forventningar om samfunnsansvar innafor 4 hovudområde knytt til menneskerettigheiter, arbeidstakarrettigheiter, førebygging mot korrupsjon samt klima og miljø. Administrerande direktør har ansvar for korleis den samla verksemda påverkar desse områda både gjennom kjøp av varer og tenester og som direkte effekt av eiga verksemd, og må difor sørgje for at det er etablert gode rutinar og retningslinjer for å ivareta dette ansvaret.

Det er uttrykt klar forventning til at statleg eigde verksemder har etablert etiske retningslinjer som del av samfunnsansvaret sitt. Helseføretaka forvaltar sentrale velferdsgoder i samfunnet og det er viktig at leiing og tilsette har tillit i offentlegheita. Administrerande direktør har ansvar for at verksemda har etablert etiske retningslinjer som er kjende og som alle tilsette føreheld seg til.

5. Resultatkrav og evaluering av administrerande direktør

Styret skal ein gong årleg gjennomføre evaluering av administrerande direktør. Styret kan etablere årlege resultatkrav til administrerande direktør. Styreleiar skal årleg ha ein leiarsamtale med administrerande direktør.

Fullmaktsmatrise.

Disposisjonar.	**Føretaksmøte.**	**Styret.**	**Dagleg leiar.**	**Grunnlaget for fullmakta.**
Økonomi				
Finansiering/låneopptak		Styret godkjenner alle låneopptak innafor rammer fastsett i vedtektene § 12.		Helseføretakslova § 33, jf. vedtektene § 12.
Driftsbudsjett Helse Vest RHF		Styret godkjenner	Dagleg leiar kan omdisponere mellom postar innafor budsjettramma	Helseføretakslova § 28. Styret vedtar at dagleg leiar kan omdisponere mellom postar innafor budsjettramma
Stillingsramme Helse Vest RHF			Dagleg leiar godkjenner	
Investeringsbudsjett Helse Vest RHF		Styret godkjenner		Helseføretakslova § 28
Inntektssystemet og inntektsfordelinga i		Styret godkjenner		Helseføretakslova § 28

helseføretaksgruppa				
Konsernbudsjett		Styret godkjenner		Helseføretakslova § 28
Årsrekneskap og årsberetning	Føretaksmøtet godkjenner			Helseføretakslova § 43, jf. vedtektene § 7
Revisjon	Revisor blir vald av føretaksmøtet som også fastset godtgjersle			Helseføretakslova § 44
Årleg melding til departementet		Styret godkjenner		Helseføretakslova § 34 og vedtektene §15
Saker av vesentleg eller prinsipiell betydning				
Alle saker som blir vurderte å vere av vesentleg eller prinsipiell betydning helsepolitisk, forskningspolitisk, utdanningspolitisk eller samfunnsmessig Saker i helseføretaka som er av vesentleg eller prinsipiell betydning	Føretaksmøtet treffer vedtak	Styret i Helse Vest RHF må også behandle saker i helseføretaka som er av vesentleg eller prinsipiell betydning, og deretter føreleggja saka for departementet		Om ei sak er av vesentleg eller prinsipiell betydning må vurderast konkret i forhold til helseføretakslova § 30. Politisk og samfunnsmessig interesse som saka har og praksis som har etablert seg på området, må også vurderast. Helseføretakslova § 30,2.ledd
Utskiljing av større deler av verksemda. Deltaking i omfattande samarbeid eller vesentlege	Føretaksmøtet treffer vedtak			

endringar i dette. Omfattande endringar i tenestetilbodet.				
Fullmakt for styreleiar i Helse Vest RHF til å representere eigar i føretaksmøte i helseføretak.				
Omfattar alle saker som vert behandla i føretaksmøtet i helseføretaka etter at dei er behandla i styret i Helse Vest RHF.				Helseføretakslova §§ 16 – 18, jf. lovkommentarar i Ot.prp. nr. 66 om helseføretakslova.
Omfattar også saker som ikkje er behandla i styret i Helse Vest RHF, dersom saka er kurant og styret blir underretta snarast råd.				Helseføretakslova §§ 16 – 18, jf. lovkommentarar i Ot.prp. nr. 66 om helseføretakslova
Andre saker der behandlingsmåten er lov- eller vedtektsbestemt				
Sal av sjukehusverksemd.	Departementet førelegg saka for *Stortinget*	Styret oversender sak med forslag til departementet.		Helseføretakslova § 32, jf. vedtektene § 10.
Sal av faste eigedomar tilhøyrande føretaket	Føretaksmøtet treffer vedtak.	Styret kan treffe vedtak når eigedomen er verdsett til kr. 10mill eller mindre		Helseføretakslova § 31, jf. vedtektene § 11.
Sal av fast eigedom tilhøyrande helseføretak	Føretaksmøtet i Helse Vest RHF må			Helseføretakslova § 31,2.ledd

Sal av fast eigedom tilhøyrande helseføretak verdsett til under 10 mill.	førehandsgodkjenne sal av eigedom til helseføretak	Styret vedtek sal før det blir godkjent i føretaksmøtet til helseføretaket.		Vedtektene til Helse Vest RHF § 11, jf. vedtektene til helseføretaka § 9.
Instruks om forholdet til universitet og høgskular	Føretaksmøtet fastset instruks			Vedtektene § 13
Endring av vedtektene	Føretaksmøtet			Helseføretakslova § 12, jf. vedtektene § 19
Val av styremedlemmer, styreleiar og nestleiar.(Gjeld ikkje tilsetterepresentantane). Avsetjing av styremedlemmer.	Føretaksmøtet			Helseføretakslova § 21
Val av styremedlemmer, styreleiar og nestleiar i helseføretak.(Gjeld ikkje tilsetterepresentantane). Avsetjing av styremedlemmer.		Styret gjer vedtak før det blir formell utpeiking i føretaksmøtet til helseføretaket.		
Godtgjersle til styremedlemmane	Føretaksmøtet			Helseføretakslova § 21
Godtgjersle til styremedlemmane i helseføretaka		Styret gjer vedtak før endeleg fastsetting i føretaksmøtet til helseføretaket.		
Årleg eigarstyringsdokument for Helse Vest RHF	Føretaksmøtet			Helseføretakslova § 16
Årleg bestilling til Helse Vest RHF (Oppdragsdokumentet)	*Helse- og omsorgsdepartementet*			Helseføretakslova § 16
Årleg styringsdokument til helseføretaka i Helse Vest		Styret vedtek styringsdokumentet før det blir fastsett i		Helseføretakslova § 2, jf. § 16 om eigarstyring.

		føretaksmøtet til helseføretaket		
Disponering av midlane i føretaket (overføring av verdiar)	Føretaksmøtet besluttar.	Styret føreslår dette		Helseføretakslova § 15
Signaturrett (teikne firmaet)		Styreleiar åleine	Dagleg leiar åleine	Helseføretakslova § 39, jf. delegasjon frå styret til styreleiar
Personal og organisasjon				
Overordna organisasjonsstruktur for føretaket, arbeidsgivarpolitikken og overordna retningslinjer for utøving av personalpolitikken Styreinstruks Instruks for dagleg leiar		Styret godkjenner dette Styret fastset denne Styret fastset denne		Jf. § 28 i helseføretakslova om oppgåvene til styret Etablert praksis innan selskaps- og føretaksretten Helseføretakslova § 29
Tilsetjing, oppseiing, lønsfastsetting Andre personalfunksjonar		Styret tilset dagleg leiar og fastset løna. Styret gjer vedtak om oppseiing, evt. avskjed av dagleg leiar	Dagleg leiar tilset personell i administrasjonen Dagleg leiar utøver desse personalfunksjonane	Helseføretakslova §36 om styret sine oppgåver og § 37 om dagleg leiar sine oppgåver. Helseføretakslova § 37 om dagleg leiar sine oppgåver.
Avtalar.				

Avtalar av stor betydning eller av uvanleg art Andre avtalar		Styret godkjenner slike avtalar.	Dagleg leiar inngår andre avtalar	Helseføretakslova § 37 slår fast at dagleg leiing ikkje omfattar saker av uvanleg art eller stor betydning
Myndigheitsfordelinga mellom styret og dagleg leiar m.h.t. andre oppgåver.				
Fastsetting av målsettingar for verksemda. Strategiske planar knytt til drift og utvikling av verksemda.		Styret har ansvar for å fastsette/godta dette		Jf. § 28 i helseføretakslova om styret sine oppgåver
Etablering av prosjekt			Dagleg leiar godkjenner etablering av prosjekt	Helseføretakslova § 37 om avgrensinga mellom styret og dagleg leiar si myndigheit
Uttale i høyringssaker.		Styret godkjenner desse i saker som har stor betydning	Dagleg leiar gir uttale i andre saker	Helseføretakslova §37
Retningslinjer i.f.m. drift innan kjernefunksjonar og støttefunksjonar		Styret godkjenner desse i saker som har stor betydning	Dagleg leiar fastset desse i andre saker	Helseføretakslova § 37
Styringssystem		Styret godkjenner desse i saker som har stor betydning	Dagleg leiar fastset desse i andre saker	Helseføretakslova §37
Endringar i tenestetilbodet	Føretaksmøtet må godkjenne alle endringar	Styret godkjenner andre endringar i		Helseføretakslova § 30

	som har vesentleg betydning eller prinsipiell interesse	tenestetilbodet		
Fullmakt for dagleg leiar til å avgjere saker som normalt høyrer under styret si myndigheit.				
Omfattar i prinsippet alle typar saker som høyrer under styret sitt myndigheitsområde.			Dagleg leiar kan avgjere slike saker dersom saka ikkje kan avvente styret si behandling utan vesentleg ulempe for føretaket si verksemd. Styret må underrettast snarast råd.	Helseføretakslova § 37.

HELSE VEST

ETISKE RETNINGSLINJER

føretaksgruppa Helse Vest

Generelt

Vi i føretaksgruppa Helse Vest (heretter kalla Helse Vest)[1] har ansvar for å yte spesialisthelsetenester til befolkninga på Vestlandet. Dei etiske retningslinjene tek utgangspunkt i verdiane våre og i gjeldande lov- og regelverk.

Verksemda vår skal vere kjenneteikna av høg etisk standard. Dei etiske retningslinjene skal vere til hjelp i vanskelege situasjonar som vi kan møte i arbeidet vårt i Helse Vest. Det kan vere i situasjonar som gjeld oss som fagperson, kollega eller leiar. Dersom vi er i tvil, skal vi ta opp spørsmål om etiske dilemma med leiaren eller kollegaer. Vi vil ofte ha nytte av å bruke tid på vanskelege avgjerder.

Dei etiske retningslinjene gjeld for alle medarbeidarar i Helse Vest. Dette omfattar òg mellombels tilsette og personar som utfører oppdrag på vegner av helseføretaka eller Helse Vest IKT AS.

1 Vi som arbeider i Helse Vest

Vi skal kjenne verdiane til Helse Vest og leggje dei til grunn for arbeidet vårt.

- Vi opptrer profesjonelt og med respekt, og vi er høflege og opne.
- Vi avstår frå handlingar som klart kan svekkje tilliten til helsetenestene.
- Vi er bevisste på etiske problemstillingar i helsetenestene generelt og pasientbehandlinga spesielt, både faglege problemstillingar og problemstillingar som gjeld menneskerettar, arbeidslivsstandard, miljø og korrupsjon.
- Det er vårt ansvar som leiar, medarbeidar og kollega å medverke til å halde ein høg etisk standard, òg i høve til samarbeidspartnarar.
- Som medarbeidarar i Helse Vest har vi lovpålagd teieplikt og skal signere teielovnaden til føretaka. Lovnaden gjeld òg ved all bruk av IKT-systema. Vi behandlar sensitiv informasjon med aktsemd og lojalitet, òg i situasjonar der vi ikkje har teieplikt.
- Vi følgjer IKT-sikkerheitsinstruksen for Helse Vest.
- I Helse Vest melder vi frå om uønskte hendingar og avvik til leiaren og registrerer dei i datasystemet Synergi. Teieplikta er ikkje eit hinder for å melde frå om forsømingar og andre uhaldbare eller lovstridige forhold.

1.1 Møtet med kollegaer og leiarar

Som medarbeidarar i føretaksgruppa Helse Vest skal vi bidra til eit godt arbeidsmiljø og behandle kollegaene våre med respekt og omtanke.

1.2 Lojalitet

Lojalitet betyr at vi opptrer etisk, lovleg og i tråd med verdiane våre. Vi skal opptre slik at vi bidreg til å ivareta føretaket sine interesser og omdømme. I lojaliteten ligg òg at vi melder frå om kritikkverdige forhold til rette instansar.

1.3 Rapporterings- og varslingsplikt

Vi pliktar å melde frå til leiaren om forhold vi blir kjende med som kan påføre pasientar, medarbeidarar, verksemda eller omgivnadene tap eller skade, slik at det kan setjast i verk tiltak for å unngå eller avgrense tapet eller skaden.

Dersom vi oppdagar svikt i tenestene eller i behandlinga og pleia av pasientar, pliktar vi å ta det opp med den nærmaste overordna og elles følgje dei etablerte rutinane som gjeld for verksemda.

Vi skal følgje reglane om plikt til fråhald. Bruk av alkohol eller andre rusmiddel er ein trussel for kvaliteten på arbeidet som skal utførast, for pasientbehandlinga og tryggleiken mellom kollegaer. Vi skal varsle nærmaste overordna dersom vi oppdagar at ein kollega er påverka av alkohol eller andre rusmiddel i arbeidstida.

Mobbing eller trakassering av kollegaer skal ikkje skje. Vi pliktar å melde frå til leiar eller verneombod om kollegaer blir utsette for trakassering eller diskriminering.

1.4 Bierverv

Vi pliktar å informere den nærmaste overordna dersom vi har lønna eller ulønna arbeid utanfor helseføretaket, har styreverv eller eigarskap i ei anna verksemd eller har oppdrag for andre/ei anna verksemd. Vi treng ikkje å registrere bierverv som er utan betyding for forsvarleg tenesteutøving i helseføretaket, og der det ikkje er tvil om habiliteten vår. Vi pliktar å halde -opplysningar om rollene vi har utanfor helseføretaket, oppdaterte i føretaket sitt system for registrering av bierverv.

Leiaren skal godkjenne eventuelle bierverv innanfor rammene av dei regionale retningslinjene og tilhøyrande rettleiing.

1.5 Opplæring og etterutdanning

Spesialisthelsetenestelova § 3-10 seier at opplæring, etterutdanning og vidareutdanning for helsepersonell er arbeidsgivaren sitt ansvar. Vi skal ikkje ta imot støtte frå leverandørar eller andre kommersielle aktørar som kan påverke vår habilitet i forbindelse med kurs, konferansar og kongressar.

2 Møtet med pasienten

Som medarbeidarar i Helse Vest skal vi utføre arbeidet vårt i samsvar med dei krava til fagleg forsvarlegheit og omsorgsfull hjelp som vi kan vente ut frå kvalifikasjonane våre, arbeidet sin karakter og situasjonen elles.

Vi skal behandle alle pasientane våre med medmenneskelegheit og respekt. Vi skal opptre profesjonelt og ikkje involvere oss personleg med pasientane, og vi skal heller ikkje ta imot gåver eller andre fordelar for oss sjølve eller andre som er eigna til å påverke handlingane våre.

Vi kan i vanskelege etiske problemstillingar knytt til pasientbehandlinga kontakte den kliniske etikkomiteen for å få råd.

2.1 Rettane til pasienten

Pasienten har rett til å få informasjon om si eiga helse, og han eller ho skal kunne vere trygg på at vi held teieplikta vår. Pasienten har rett til å medverke ved si eiga behandling og skal samtykkje til denne, jf. reglane i pasient- og brukarrettslova. Pårørande skal inkluderast til det beste for pasienten.

Vi har alle ansvar for å leggje forholda til rette for ei verdig avslutning på livet for pasientar i livets sluttfase. Det inneber at behandling og pleie skal leggjast opp slik at pasienten unngår unødig smerte, og at dei psykiske og åndelege behova kan bli dekte på ein best mogleg måte.

2.2 Prioritering

Dei daglege prioriteringane er ein del av etikken. Retningslinjer, rettleiarar og refleksjon skal sikre at vi bruker ressursane rett på alle områder slik at det verkeleg er dei sjukaste pasientane og dei som vil ha mest nytte av helsehjelpa som blir prioriterte (jf. Prioriteringsforskrifta). Korleis prioriterer vi når nye og spennande behandlingsmetodar eller medikament står klare til å bli tekne i bruk i staden for andre tiltak? I Helse Vest skal vi sikre ein etisk forsvarleg bruk av dei ressursane samfunnet har sett oss til å forvalte på best mogleg måte for pasientane.

3 Forsking

Som forskarar i føretaksgruppa Helse Vest har vi plikt til å verne om livet, helsa, privatlivet og verdigheita til personar som deltek i forskingsprosjekt. Vi må vurdere risikoen i prosjekta på ein realistisk måte.

Ingen skal starte medisinsk eller helsefagleg forsking utan godkjenning frå Den regionale komiteen for medisinsk og helsefaglig forskingsetikk vest (REK vest), og vi skal følgje retningslinjene REK fastset.

Velferda til dyr som blir brukte i forsking, skal òg respekterast. Retningslinjene til dei nasjonale forskingsetiske komiteane gjeld for all forsking i Helse Vest.

4 Tillit til helsetenestene

Som medarbeidar i Helse Vest er vi bundne av habilitetsreglane i forvaltingslova (forvaltingslova kapittel II, § 6 f.). Vi skal ikkje ta imot gåver, tenester eller økonomiske fordelar som kan påverke forholdet til leverandørane. Mindre gåver som blomar, og andre mindre gåver, for eksempel i samband med høgtider, kan aksepterast så lenge dei ikkje er knytte til direkte innkjøpsavtalar.

Vi viser til samarbeidsavtalen mellom Helse Vest RHF og Leverandørforeningen for Helsesektoren (LFH) og til samarbeidsavtalen mellom Helse Vest RHF og Legemiddelindustriforeningen (LMI).

4.1 Innkjøp

Det er etablert etiske retningslinjer for innkjøp som gjeld alt arbeid med innkjøp innanfor Helse Vest. Retningslinjene for innkjøpsarbeidet skal skape tillit og tryggje omdømmet til verksemda.

4.2 Initiativ for etisk handel

Føretaksgruppa Helse Vest er medlem av IEH (Initiativ for etisk handel) og har plikt til å følgje prinsipperklæringa og retningslinjene til IEH. Formålet til IEH er samarbeid for handel som sikrar menneskerettar, arbeidstakarrettar, utvikling og miljø.

4.3 Miljø og klima

Helse Vest har eit spesielt ansvar innanfor miljøsatsing i kraft av å vere blant dei største verksemdene på Vestlandet. Vi arbeider for å oppfylle dei nasjonale miljø- og klimamåla. Vi skal vere bevisste på kva konsekvensar åtferd og avgjerder kan få for miljøet. Miljø-vurderingar og miljøkostnader skal inkluderast i alle avgjerder.

4.4 Etisk rekruttering

Føretaksgruppa Helse Vest følgjer dei globale retningslinjene til WHO for internasjonal rekruttering av helsepersonell. WHO tilrår ikkje å rekruttere helsepersonell frå utviklingsland som har kritisk mangel på helsepersonell. Helse Vest ventar at alle samarbeidspartnarar og leverandørar legg tilsvarande etiske standardar til grunn.

[1] *Føretaksgruppa Helse Vest består av Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF, Sjukehusapoteka Vest HF, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF.*

Helse Vest
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger
Telefon: 51 96 38 00
www.helse-vest.no

Dei etiske retningslinjene med alle vedlegg finn du på
helse-vest.no/etikk

INSTRUKS FOR REVISJONSUTVALET I HELSE VEST RHF

1. FORMÅL

Revisjonsutvalet er eit underutval av styret i Helse Vest RHF og har eit særleg ansvar for å støtte styret til å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa.

2. ORGANISERING

2.1 Styret vel tre medlemmer til revisjonsutvalet frå medlemmene i styret, deriblant leiar av utvalet. Minst ein av medlemmene skal ha kunnskap innan rekneskap eller revisjon.

2.2 Styret vel medlemmene av revisjonsutvalet for to år om gangen. Ny oppnemning skjer når medlemmer trer ut av styret eller når nokon av medlemmene eller styret ønskjer skifte.

2.3 Styret fastset instruks for revisjonsutvalet.

2.4 Internrevisjonen i RHF er sekretariat for revisjonsutvalet.

3. MYNDE OG ANSVAR

3.1 Revisjonsutvalet er ansvarleg for utføringa av sine oppgåver berre overfor styret i Helse Vest RHF. Ansvaret til styret og det einskilde styremedlem vert ikkje endra som følgje av revisjonsutvalet sitt arbeid.

3.2 Revisjonsutvalet har mynde til å undersøke alle forhold ved helseføretaka. Alle tilsette skal gje dei opplysningane og yta den bistand som revisjonsutvalet måtte be om, med atterhald om avgrensingar i lov og regelverk.

3.3 Revisjonsutvalet kan setje i verk dei undersøkingane det finn nødvendig for å ivareta sine oppgåver. Revisjonsutvalet utfører normalt sine oppgåver ved å nytte internrevisjonen, men kan også hente inn ekstern bistand.

4. OPPGÅVER

Revisjonsutvalet skal:

4.1 Føre tilsyn med at det er etablert risikostyring og internkontroll som kan bidra til å sikre

- målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar
- påliteleg styringsinformasjon
- etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk)
- oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.

4.2 Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv intern revisjon. I dette ligg bl.a.:

- halde seg orientert om internrevisjonen sitt arbeid og sjå til at dette går føre seg i samsvar med faglege standardar og profesjonelle krav
- innstille overfor styret på internrevisjonens budsjett og årleg plan for internrevisjon
- godkjenne vesentlege oppgåver for internrevisjonen utanom vedteken revisjonsplan

4.3 Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv ekstern revisjon. I dette ligg bl.a.:

- sjå til at revisjonen går føre seg i samsvar med faglege standardar og profesjonelle krav
- gjennomgå vesentlege forhold knytt til Helse Vest sin årsrekneskap saman med ekstern revisor
- sjå til om ekstern revisor eller revisjonsselskapet har levert andre tenester enn revisjon som bidrar til å svekke eksternrevisor sin uavhengige rolle

5. RAPPORTERING TIL STYRET

Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram:

- Protokoll frå møta i revisjonsutvalet, til orientering
- Årleg møte- og aktivitetsplan for utvalet, til orientering
- Budsjett og plan for internrevisjon, til behandling
- Rapportar og større saker, til behandling eller orientering. Styret kan også be om at andre saker og rapportar som utvalet har behandla, blir lagt fram for styret
- Årleg rapport om sitt arbeid og internrevisjonens arbeid, til orientering

6. MØTER

6.1 Ordinær behandling i revisjonsutvalet skal skje i møter. Det må vera minst to medlemmer til stades for at møte skal vere lovleg sett.

6.2 Revisjonsutvalet møter så ofte den finn det nødvendig, men minst fire gonger årleg.

6.3 Møta i revisjonsutvalet er opne. Lukking av møte kan skje etter same reglar som for styret, sjå styreinstruks.

6.4 Revisjonsutvalet bestemmer sjølv si møteform.

6.5 Innkalling til møta skal skje skriftleg og dei sakene som skal handsamast skal gå fram av innkallinga. I spesielle tilfelle kan leiar av revisjonsutvalet avgjera at innkalling kan skje munnleg.

7. ANDRE SIN MØTE- OG TALERETT

7.1 Styremedlemmer og administrerande direktør eller den vedkommande utpeikar i HelseVest RHF, har møte- og talerett. Administrerande direktør deltar personleg minimum eingang i året.

7.2 Internrevisjonen deltar på møta, har talerett og er sekretær for utvalet.

7.3 Ekstern revisor deltar på møter minimum ein gang i året for gjennomgang av årsrekneskapen.

7.4 Styreleiarar og administrerande direktørar i helseføretaka har møte- og talerett når saker under deira ansvarsområde blir handsama.

8. INFORMASJON

8.1 Verksemda i Helse Vest er omfatta av offentleglova. Informasjon i saksdokument skal nyttast slik at den ikkje er til skade for arbeidet i utvalet og i styret.

8.2 Det skal gå fram av sakspapira dersom informasjon skal handsamast konfidensielt med heimel i lov, og det inneber også at medlemmene i utvalet har teieplikt om desse sakene.

9. IVERKSETTING

Denne instruksen gjeld frå 6. mars 2019 og erstattar instruks vedteken av styret 8. februar 2018.

INSTRUKS FOR INTERNREVISJONEN I HELSE VEST RHF

1. FORMÅL

Internrevisjonen skal på vegner av styret i Helse Vest RHF overvake og bidra til forbetringar i føretaksgruppa si verksemdstyring, risikostyring og internkontroll.

2. ORGANISERING

2.1 Internrevisjonen er underlagt styret i Helse Vest RHF. Den rapporterer fagleg til styret sitt revisjonsutval og administrativt til administrerande direktør.

2.2 Styret tilset og seier opp leiar for internrevisjonen i samråd med revisjonsutvalet. Administrerande direktør fastset i samråd med revisjonsutvalet godtgjersle til leiar av internrevisjonen.

3. ANSVAR OG MYNDE

3.1 Internrevisjonen skal være uavhengig og objektiv i sitt arbeide, og har ingen instruksjonsmynde overfor andre avdelingar eller føretak.

3.2 Internrevisjonen skal ha høg revisjons- og kontrollfagleg kompetanse, og skal kunne trekke på ressursar i føretaksgruppa i den grad det er nødvendig for å utføre oppgåvene sine.

3.3 Internrevisjonen har uinnskrenka innsynsrett i alle forhold i føretaka og skal ha tilgang til informasjon og dokumentasjon som er nødvendig for å utføre sine oppgåver, med dei avgrensingar som er sett i lov og regelverk.

3.4 Alle som utfører arbeid for internrevisjonen, også mellombels tilsette og eksterne ressursar, har teieplikt. Dei pliktar å verna tausheit rundt alle forhold som kjem til kunnskapen deira om føretaksgruppa, brukarar eller personale under arbeidet sitt. Internrevisjonen har sjølv ansvar for at mellombels tilsette og eksterne ressursar blir underlagt teieplikta. Revisjonsrapportar og/eller samandrag av slike rapportar, skal ikkje innehalda personopplysningar

3.5 Internrevisjonen har rett til å være til stades på interne møter der det vert informert om og diskutert forhold som vedrører internrevisjonens oppgåver etter denne instruksen.

3.6 Internrevisjonen skal utføre arbeidet sitt i samsvar med gjeldande definisjonar, etiske reglar og standardar for profesjonell utøving av internrevisjon, slik dei er fastsett av The Institute of Internal Auditors (IIA). Det betyr at ein følgjer desse kjerneprinsippa:

- Har og synleggjer integritet.
- Har og synleggjer kompetanse og tilbørlig fagleg aktsomhet.
- Er objektiv og fri for utilbørlig påverknad (uavhengig).
- Tilpassar seg organisasjonens strategiar, mål og risikoar.
- Er hensiktsmessig posisjonert organisasjonsmessig og har dei riktige ressursane.
- Har og synliggjør kvalitet og kontinuerlig forbetring.
- Kommuniserer virkningsfullt.
- Gir risikobaserte bekreftelser.
- Er innsiktsfull, proaktiv og framtidsfokusert.
- Fremmer forbetring i organisasjonen.

4. OPPGÅVER

4.1 Internrevisjonen skal sjå etter at risikostyring og internkontroll er tilpassa risikoen i føretaksgruppa og bidrar til å sikre

- målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar
- påliteleg styringsinformasjon
- etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk)
- oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.

4.2 Internrevisjonen skal uavhengig og objektivt gje uttalar og råd for å bidra til verdiskaping i føretaksgruppa.

4.3 Internrevisjonen skal vurdere korleis føretaksgruppa handterer risikoen for mislige tilhøve.

4.4 Internrevisjonen er sekretariat for revisjonsutvalet.

4.5 Internrevisjonen kan gjennomføre kontrollar i avtaleinstitusjonar og hos avtalespesialistar innan dei rammene som er sett i avtalen med vedkommande.

5. REVISJONSPLANLEGGING

5.1 Arbeidet til internrevisjonen skal nedfellast i ein årleg rullert plan som skal behandlast av revisjonsutvalet og godkjennast av styret.

5.2 Revisjonsplanen skal være basert på risikovurderingar av overordna, vesentlege forhold.

5.3 Internrevisjonen skal i arbeidet med revisjonsplanen søke å involvere styra og administrerande direktørar i RHF'et og helseføretaka, for eit best mogleg plangrunnlag.

5.4 Vesentlege oppgåver for internrevisjonen utanom vedteken revisjonsplan kan godkjennast av revisjonsutvalet. Internrevisjonen kan også på sjølvstendig grunnlag ta opp saker innan sitt ansvars- og arbeidsområde.

6. GJENNOMFØRING AV REVISJONEN

6.1 Internrevisjonen skal i gjennomføring av revisjonen leggje til rette for ein god dialog med reviderte føretak.

6.2 Administrerande direktør i det føretak revisjonsoppdraget vedkjem, er formell kontaktperson i alle saker, og skal som minimum ha oppstartsmelding, høyringsrapport og endeleg rapport tilsendt.

6.3 Internrevisjonen skal utarbeide oppdragsplan og ressursoverslag før eit prosjekt startar opp. Revisjonsutvalet og administrerande direktør i det føretaket som skal reviderast skal orienterast om dette.

6.4 Utkast til rapport skal sendast på høyring til administrerande direktør i revidert føretak. Høyringa skal gi høve til å kvalitetssikre faktagrunnlaget og uttale seg til rapporten.

6.5 Endeleg rapport skal behandlast av styret for revidert helseføretak. Administrerande direktør for helseføretaket har ansvar for at dette vert gjort.

6.6 Internrevisjonen skal leggje fram endelege rapportar for revisjonsutvalet med kopi til administrerande direktør i Helse Vest RHF. For prosjekt som har fleire rapportar, til dømes til kvart enkelt føretak, kan det vurderast å utarbeide ein samlerapport.

6.7 Internrevisjonen skal følgje opp om nødvendige tiltak på bakgrunn av revisjonsprosjekt blir sette i verk, og rapportere resultata av dette til revisjonsutvalet.

7. RAPPORTERING OG KOMMUNIKASJON

7.1 Internrevisjonen skal utarbeide ein årleg rapport til revisjonsutvalet. Rapporten skal oppsummere revisjonane og korleis funn som vart påpeikt blir følgt opp av føretaka.

7.2 Internrevisjonen skal uoppmoda informere revisjonsutvalet og administrerande direktør om vesentlege feil, tap, mislege tilhøve, svikt i internkontrollen eller andre forhold som revisjonen vert kjend med.

7.3 Internrevisjonen skal utveksle informasjon med eksternrevisor, Riksrevisjonen og ulike tilsynsstyresmakter i det omfang som er naturleg og hensiktsmessig for eit gjensidig effektivt kontroll- og tilsynsarbeid.

8. IVERKSETTING

Denne instruksen gjeld frå 24. mars 2022 og erstattar instruks vedteken av styret 6. mars 2019.

STYRESAK

GÅR TIL:	Styremedlemmer
FØRETAK:	Helse Vest RHF
DATO:	23.02.2023
SAKSHANDSAMAR:	Bjørn Munthe
SAKA GJELD:	**Årsrapport 2022 for revisjonsutval og internrevisjon**
ARKIVSAK:	2019/7908
STYRESAK:	**032/23**
STYREMØTE:	**22.03.2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar årsrapport 2022 for revisjonsutval og internrevisjon til orientering.

Oppsummering

Etter instruks skal utvalet og internrevisjonen legge fram ein årsrapport, og den er som tidlegare år samla i eit felles dokument.

./.
Vedlegg: Årsrapport 2022

ÅRSRAPPORT 2022 FOR REVISJONSUTVALET OG INTERNREVISJONEN I HELSE VEST RHF

Tittel:
Årsrapport 2022 for revisjonsutvalet og internrevisjonen i Helse Vest RHF

Last ned dokumentet her:
https://helse-vest.no/om-oss/internrevisjon

Framsideillustrasjon:
Foto: Bjørn Munthe

FORORD

Revisjonsutvalet og internrevisjonen i Helse Vest RHF er begge ledd i å styrke styret si overvaking av internkontrollen. I samsvar med gjeldande instruksar utgjer dette dokumentet den årlege rapporten om utvalet og internrevisjonen sitt arbeid.

INNHALD

1. Revisjonsutvalet **4**
- 1.1 Formål og samansetnad 4
- 1.2 Oppgåver 4
- 1.3 Instruks og møte 4

2. Internrevisjonen **5**
- 2.1 Formål og samansetnad 5
- 2.2 Instruks og møte 6
- 2.3 Oppgåver 7
- 2.4 Fagleg fundament og eksterne dialogar 7

3. Internrevisjonsprosjekt i 2022 **9**
- 3.1 Ny rapport: Internrevisjon – læring på tvers av uønskte hendingar 9
- 3.2 Oppfølging av internrevisjonsrapport "Økonomistyring i byggeprosjekt" 11
- 3.3 Fleire prosjekt 12
- 3.4 Fleire aktivitetar 13

4. Ekstern evaluering av internrevisjonen **14**

1. REVISJONSUTVALET

1.1 Formål og samansetnad

Revisjonsutvalet er eit underutval av styret i Helse Vest RHF og har eit særleg ansvar for å støtte styret til å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa.

Revisjonsutvalet hadde i 2022 følgjande samansetnad:

- Olin Johanne Henden, leiar
- Oddvar Martin Kaarbøe
- Wencke Kristin Røkenes

1.2 Oppgåver

Revisjonsutvalet skal:

- Føre tilsyn med at det er etablert risikostyring og internkontroll som kan bidra til å sikre:
  - målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar
  - påliteleg styringsinformasjon
  - etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk)
  - oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.
- Sjå etter at Helse Vest RHF har ein uavhengig og effektiv internrevisjon og ekstern revisjon

1.3 Instruks og møte

Revisjonsutvalet har lagt til grunn at internrevisjonen og revisjonsutvalet ved kvart årsskifte gjer ein gjennomgang av instruksane, og at ei tilråding frå utvalet kan følgje samlesaka til styret, saman med sjølve instruksane. Det ligg til styret å fastsette instruksar for revisjonsutvalet og internrevisjonen.

I 2022 gjorde styret ei klargjerande justering i instruksen til internrevisjonen knytt til teieplikt (sjå kapittel 2.2). Instruksen til revisjonsutvalet vart ikkje endra.

Revisjonsutvalet hadde seks ordinære, samt to ekstra, møte i 2022. Totalt åtte møte. I alt handsama revisjonsutvalet 57 saker i 2022. Protokollane frå utvalet sine møte vert lagt fram for styret til orientering. Internrevisjonen er sekretær for utvalet. Frå administrasjonen i Helse Vest RHF deltek eigardirektør og økonomi- og finansdirektør fast, med talerett. Administrerande direktør deltek normalt på eitt av møta i året.

Utvalet har i løpet av året fått framlagt rapport frå eit internrevisjonsprosjekt og har drøfta oppstart av mandat for internrevisjon på to nye prosjekt.

I revisjonsutvalet sitt møte i april gjekk ekstern revisor gjennom risikobilete og erfaringar frå revisjonen. Årsrekneskapen for Helse Vest RHF vart gjennomgått av konsernrekneskapssjefen i Helse Vest RHF. I utvalet sitt desembermøte presenterte ekstern revisor resultata frå interimsrevisjonen på hausten og planane for komande årsrevisjon.

Andre aktivitetar og oppgåver

Revisjonsutvalet og internrevisjonen har ut over dei meir omfattande revisjonsprosjekta gjennomført førebuande analysar og/eller kontrolloppgåver knytt til blant anna:

- IKT- og IKT tryggleik
- Grensekrenkande åtferd og tap av autorisasjon
- Budsjett og økonomisk berekraft i helseregionen for åra som kjem
- Samfunnsansvar og klimarisiko
- Eigenevaluering
- Med meir

For meir informasjon om desse aktivitetane blir det vist til protokollar frå møte i revisjonsutvalet.

2. INTERNREVISJONEN

2.1 Formål og samansetnad

Internrevisjonen skal på vegner av styret i Helse Vest RHF overvake og bidra til forbetringar i føretaksgruppa si verksemdstyring, risikostyring og internkontroll.

I 2020 valde styret å gjennomføre ein grundig prosess for å vurdere den mest hensiktsmessige organiseringa av internrevisjonen i Helse Vest RHF framover. BDO vart engasjert, og arbeidet resulterte i ein rapport som vart presentert for styret i desember 2020. Hovudkonklusjonen var at styret ønska å fortsette med ein kombinasjon av internt tilsette og innleige av eksterne konsulentar. Konklusjonen i sin heilskap kan lesast i styresak 142/20.

Internrevisjonen har sidan 2012 hatt tre stillingar. Sjølv med full bemanning er det ei lita og sårbar eining med eit stort virkefelt, og med ein omfattande revisjonsplan som ligg til grunn for arbeidet. Situasjonen vart ekstra krevjande grunna koronapandemien, som framleis var gjeldande inn i første kvartal av 2022.

Ny leiar av internrevisjonen tiltredde i slutten av august 2021. Leiar starta omgåande jobben knytt til å rekruttera to nye internrevisorar. Desse vart signerte i desember 2021 og starta i mars 2022. Internrevisjonen var fulltalig resten av året 2022 og består no av:

- Bjørn Munthe, leiar internrevisjonen
- Caroline Øie, internrevisor
- Sara Svela, internrevisor

Det er avgjerande at internrevisjonen kan supplere eigen kompetanse og kapasitet med innleidd bistand. Det held vi fram med, men erfaring viser at det er svært viktig å bruka ressursar for å følgje opp konsulentselskapa for å sikre gode leveransar. Best resultat vert oppnådd når oppdragsgjevar følgjer revisjonsteamet aktivt; dette sikrar erfaringsoverføring begge vegar. I dei to prosjekta som starta opp på slutten av 2022, blir ein av revisjonane gjennomført utelukkande med interne ressursar - og ein med innleidd prosjektleiing. I tillegg knyta internrevisjonen til seg fagleg bistand frå ressursar internt i RHF-et i prosjektstyringa.

Sjølv om det er krevjande med nytt team vil internrevisjonen seia seg fornøgd med situasjonen og meiner vi er godt rusta til å tre inn i eit nytt revisjonsår, denne gongen med full bemanning.

2.2 Instruks og møte

I 2022 gjorde styret ei klargjerande justering i instruksen til internrevisjonen knytt til teieplikt.

Internrevisjonen bruker i oppdraga sine innleidde ressursar. Ein innhentar òg ressursar frå det regionale helseføretaket og/eller i føretaka. Desse ressursane blir definerte som mellombelse, men gjennom bistanden sin skal desse både bli oppfatta som, og vera ein del av, sjølve internrevisjonen. For å ytterlegare presisera dette faktumet, og dessutan at dei mellombelse ressursane òg blir omfatta av teieplikta så er det naturleg å presisera dette i instruksen til internrevisjonen. Ei slik presisering klargjer dei mellombelse si rolle og deira ansvar.

I instruksen til internrevisor er teieplikta omhandla spesifikt i punkt 3.4:

«3.4. Internrevisjonen har teieplikt om alt den får kjennskap til under arbeidet sitt.»

Dette punktet vart endra til:

«3.4 Alle som utfører arbeid for internrevisjonen, også mellombels tilsette og eksterne ressursar, har teieplikt. Dei pliktar å verna tausheit rundt alle forhold som kjem til kunnskapen deira om føretaksgruppa, brukarar eller personale under arbeidet sitt. Internrevisjonen har sjølv ansvar for at mellombels tilsette og eksterne ressursar blir underlagt teieplikta. Revisjonsrapportar og/eller samandrag av slike rapportar, skal ikkje innehalda personopplysningar.»

2.3 Oppgåver

Innan oppgåva med stadfestingar er det i 2022 avslutta eit prosjekt, nærare omtalt seinare i årsrapporten. Oppfølging av tidlegare prosjekt er viktig, for å sikre gjennomføring av vedtekne tiltak. Erfaringa viser at det er nødvendig å vere klar overfor både RHF og HF-a på premissane for denne oppfølginga, for å sikre gjennomføring av dei tiltaka styret i Helse Vest RHF, og føretaksstyra, har vedteke. Det vart avslutta to prosjekt i 2021. Eit av desse har hatt oppfølginga si i haust (Økonomistyring i byggeprosjekt). Det andre prosjektet, Tvangsbruk i psykisk helsevern, vil bli følgt opp i første kvartal 2023. Brev om dette er sendt til både RHF og HF-a.

I tillegg til stadfestingsoppgåva (prosjekta) skal internrevisjonen på uavhengig og objektivt vis kunne gje uttalar og råd for å bidra til verdiskaping i føretaksgruppa. Vidare skal internrevisjonen vurdere korleis føretaksgruppa handterer risikoen for mislege tilhøve. Desse to oppgåvene blir i størst mogleg grad integrert i dei prosjekta revisjonen gjennomfører.

Sekretariatsfunksjonen for revisjonsutvalet er òg oppgåver som krev kapasitet gjennom året.

Verkeområdet til internrevisjonen er heile føretaksgruppa, altså dei fem helseføretaka og Helse Vest IKT AS. Internrevisjonen har høve til å gjennomføre kontrollar i avtaleinstitusjonar og hjå avtalespesialistar innan dei rammene som er sett i gjeldande avtalar. Dermed femner internrevisjon heilskapen i det som utgjer "sørgje-for"-ansvaret.

Internrevisjonen er fagleg uavhengig av linjeorganisasjonen. Den rapporterer funksjonelt til revisjonsutvalet og styret, og administrativt til administrerande direktør i Helse Vest RHF. I tråd med internasjonale standardar skal leiar for internrevisjonen minst årleg stadfeste for styret si uavhengige rolle. Internrevisor vil for 2022 gje uttrykk for at det ikkje har vore tilfelle der internrevisjonen sin uavhengige posisjon er blitt utfordra, og seier seg tilfreds med den rolla funksjonen har i føretaksstrukturen.

Internrevisjonen har jamlege møte i revisjonsutvalet. Ordninga med faste, jamlege kontaktmøte med administrerande direktør, eigardirektør og økonomi- og finansdirektør i RHF-et har vore gjennomført gjennom heile 2022.

2.4 Fagleg fundament og eksterne dialogar

Internrevisjonsfunksjonen utøver virket sitt med basis i lov om helseføretak og instruks fastsett av styret i Helse Vest RHF. Vidare utfører internrevisjonen sitt arbeid i samsvar med dei internasjonale standardane for profesjonell utøving av internrevisjon, slik dei er fastsett av Institute of Internal Auditors (IIA). Standardane inneheld etiske reglar og krav til profesjonell utøving av intern revisjon.

Internrevisjonseiningane i dei regionale helseføretaka har eit tett og godt samarbeid. Samarbeidet er nyttig, gitt einingane sin likskap i størrelse og funksjon. Det har òg i 2022 vore møte på leiarnivå og samling med alle medarbeidarane. Den årlege nasjonale konferansen for internrevisorar vart fysisk gjennomført i juni. Internrevisjonen hadde som tidlegare informasjons- og erfaringsutvekslingsmøte med Riksrevisjonen. Dette vart i år halde fysisk hos Riksrevisjonens lokale i november.

Dialogen med revisjonsfunksjonar i helseføretaka blir handtert på ad-hoc basis.

3. INTERNREVISJONSPROSJEKT I 2022

3.1 Ny rapport: Internrevisjon – læring på tvers av uønskte hendingar



Formålet med prosjektet har vore å undersøkje om helseføretaka si handtering av uønskte hendingar bidrar til å sikre l**æring og forbetring på tvers av fagmiljø og avdelingar i føretaka og mellom føretaka.**

Ut i frå bakgrunn og formålet har vi undersøkt følgjande **hovudproblemstillingar**:

1. Korleis sikrar helseføretaka læring etter uønskte hendingar på tvers i eige føretak?

2. Korleis sikrar helseføretaka læring etter uønskte hendingar på tvers mellom føretaka?

3. Styring og oppfølging av pasienttryggleik, under dette:

- Korleis og i kva grad er arbeidet med pasienttryggleik integrert i etablerte styringsliner?
- Korleis er styra i helseføretaka og i RHF-et involvert i arbeidet med å førebyggje og lære av uønskte hendingar, på tvers i føretaka og mellom føretaka?

Metode

- **Dokumentanalyse**
  - Rutinar og prosedyrar, planar, mål og tiltak, kurs, rapportering, styresaker
- **Intervju i kvart føretak**
  - Leiarar og tilsette ved ulike avdelingar
  - Fagdirektør
  - Administrerande direktør

- **Spørjeundersøking**
    - Utval: leiarar og tilsette innan fagområda kreft, fødselsomsorg, gastrokirurgi og ortopedi (basert på omfang av erstatningssaker/erstatningsbeløp – NPE)
    - Svarprosenten kunne vore høgare, men har ikkje vore til hinder for å kunne bruke resultata
    - Har gitt mykje viktig informasjon til revisjonen
- **Casegjennomgang av åtte uønskte hendingar**
    - For å undersøke læringsprosessen meir i detalj – ikkje saumfara sakene i seg sjølv
    - Fleire alvorlege hendingar – avgrensa kva som kan omtalast i rapporten

Konklusjon

Internrevisjonen meiner Helse Vest RHF og føretaka er i gang med eit viktig arbeid for å leggje til rette for læring på tvers.

Samtidig meiner internrevisjonen at det per i dag er ei rekke barrierar som hindrar læring på tvers, og at det i for liten grad blir følgt opp at læring på tvers skjer i praksis, sjølv om system og rutinar for dette på fleire område er på plass.

I det vidare arbeidet er det avgjerande å sikre at systema blir brukt og fungerer etter formålet, slik at pasientar kan møte ei helseteneste som lærer av sine feil uavhengig av kor dei skjer, og som kontinuerleg arbeider med å gi trygge og gode tenester.

På grunn av tett styrekalender vil den ferdigstilte rapporten først bli behandla av styret i Helse Vest RHF i mars 2023.

3.2 Oppfølging av internrevisjonsrapport "Økonomistyring i byggeprosjekt"

Det vart i 2021 gjennomført eit internrevisjonsprosjekt av korleis helseføretaka i Helse Vest handterer økonomisk risiko i byggjeprosjekt .

Formålet med internrevisjonen var å undersøkje om helseføretaka i Helse Vest på forsvarleg og tilfredsstillande vis vurderer og handterer økonomisk risiko i byggeprosjekt som er i gjennomføringsfasen, slik at prosjekta vert gjennomført i samsvar med dei gitte rammene, og evaluere kva slags læringspunkt ein kan hente til framtidige byggeprosjekt i Helse Vest.

Totalvurderinga var at helseføretaka i hovudsak følgjer opp økonomisk risiko i prosjekta på eit tilfredsstillande sett. Tilsvarande vart det ikkje identifisert vesentlege manglar i Helse Vest RHF si økonomioppfølging av store byggeprosjekt. Det vart gjort nokre observasjonar av område kor ein vurdererte at oppfølginga av økonomisk risiko kunne styrkast. Dette gjaldt både på RHF-nivå og dei undersøkte prosjekta.

Helse Vest RHF stilte i liten grad krav til styringssystem for prosjekt i gjennomføringsfasen, og på tvers av føretak og prosjekt vart det i liten grad lagt til grunn felles prinsipp for korleis operativ økonomistyring skal takast i vare. Føretaka har ikkje krav på seg om å dokumentere at prosjekta er rigga i samsvar med «Fullmakter i utbyggingsprosjekt» vedteke av styret i Helse Vest RHF. Revisjonen viste at det er risiko for at ikkje alle krav i fullmaktsdirektivet vert etterlevd i alle prosjekt.

I undersøkte prosjekt var det i liten grad nedfelt detaljerte prosedyrar for dei oppgåver og kontrollar som vert utført for å vurdere og handtere økonomisk risiko.

Vidare viste undersøkinga at det mellom prosjekta var skilnadar når det gjeld systematisk bruk av usikkerheitsanalysar og usikkerheitsstyring for å handtere økonomisk risiko.

Undersøkinga viste eit potensial for at det på tvers av føretak og prosjekt vert gjennomført meir regelbunden og systematisk erfaringsoverføring. Til tross for skilnadar som krev lokale tilpassingar verka prosjekta på ulike område å ha etablert gode praksisar som kan gje læringspunkt på tvers av prosjekta.

Styra i RHF-et og HF-a behandla rapporten og handlingsplanar frå administrasjonane i september og oktober 2021.

På seinhausten i år sende internrevisjonen ut brev til alle føretak kor vi bad om ei tilbakemelding som beskreiv kva som er gjort frå administrasjonen si side innan dei

tema rapporten tok opp. Føretaka blei bedd om å sjå til anbefalingane i rapporten, og den handlingsplan som de hadde lagt fram for sitt styre. Deretter blei dei samla tilbakemeldingane sendt til Helse Vest RHF, ved eigardirektør, for å få deira tilbakemelding på dei same spørsmåla.

Konklusjon

Konklusjonen er at internrevisjonen i det store ser seg nøgd med dei tilbakemeldingane som har komme inn. Samtidig ønskjer internrevisjonen å visa til at det er noko variasjon i kva grad råda frå revisjonen er teken til følge i dei respektive føretaka. Undersøkinga viste at det mellom prosjekta eksempelvis er skilnadar når det gjeld systematisk bruk av usikkerheitsanalysar og usikkerheitsstyring for å handtera økonomisk risiko. Dette er framleis gjeldande. Relatert til dette registrerer internrevisjonen at krav om oppdaterte usikkerheitsanalysar er tekne inn i Helse vest RHF sin oppdaterte "Prosedyre for avgjerd og gjennomføring av investeringsprosjekt" (behandla i Helse Vest RHF sitt styre den 20.04.22, sak 49/22).

3.3 Fleire prosjekt

Internrevisjon av uønskt variasjon i pasientforløp BUP

Prosjektet kom opphaveleg inn i revisjonsplanen i 2018, og eit prosjekt starta opp våren 2019. Men etter oppmodingar frå føretaka vart det utsett og først prioritert att i 2021.

Formålet med prosjektet er å undersøkje om det er uønskte variasjonar i Helse Vest kva gjeld mottak av tilvising, vurdering av tilvising, og behandling av barn og unge i det psykiske helsevernet. Bakgrunnen er at det er ein gjennomgåande risiko innan psykisk helsevern for at like pasientar får ulike rettar og forløp, både i og mellom helseføretak.

Prosjektet vil mellom anna kartleggje og vurdere om føretaka sikrar:

- at barn og unge i psykisk helsevern blir prioritert i tråd med nasjonale prioriteringsrettleiarar,
- at barn og unge innan same diagnosegruppe får mest mogleg likeverdige utrednings- og behandlingsforløp,
- spesialisert kompetanse for behandling av dei mest komplekse psykiske lidingane.

Internrevisjonen varsla at ein i gjennomføringa av dette prosjektet ville ha behov for innleie av ekstern kompetanse og kapasitet. Etter gjennomføringa av minikonkurranse vart oppdraget tildelt Deloitte AS. Oppstart av sjølve prosjektgjennomføringa vart utsett til hausten 2022 av omsyn til føretaka si utfordrande bemanningssituasjon som følgje av koronapandemien.

Internrevisjonsprosjektet er omfattande, men har god framdrift og internrevisjonen reknar med å ha sluttrapporten klar i løpet av våren 2023.

Internrevisjon av brukarmedverknad i helseføretaka

Prosjektet kom inn i revisjonsplanen i 2020, etter innspel frå regionalt brukarutval (RBU). Det vart vist til at det er skilnader både mellom ulike fagområde og mellom dei ulike føretaka. Ein har peikt på stor uønskt variasjon i brukarmedverknaden på systemnivå. Brukarrepresentantar har ulike verv i prosjekt- og styringsgrupper. Mange opplever god dialog og konstruktive møte. Andre opplever dårleg informasjonsutveksling og at dei ikkje blir tekne skikkeleg med. Nokre blir involvert alt for seint i prosjekta, etter at viktige avgjerder allereie er tekne.

Det er viktig at ein prøver å kartleggje omfanget av ein slik uønskt variasjon. Eit internrevisjonsprosjekt kan søke å identifisere korleis dette arter seg, og kvifor det er slik.

Formålet med revisjonen er å undersøkje korleis brukarmedverknaden på systemnivå er i dag - korleis han fungerer og kor han eventuelt ikkje fungerer. Dette vil gje oss innsikt i eventuelle uønskte variasjonar.

Brukarrepresentantar utgjer ein betydeleg ressurs med mykje erfaring. Der brukarmedverknaden fungerer, og brukarane sin kunnskap vert tilført prosjekta dei er med i, får ein styrka kvalitet på helsetenestene.

Prosjektplanlegging, kartlegging, analysar og rapportering går føre seg hausten og vinteren 2022-23 og vil resultere i ein rapport juni 2023.

Denne internrevisjonen blir utelukkande gjennomført med interne ressursar.

3.4 Fleire aktivitetar

Internrevisjonen i Helse Vest RHF skal halda fagleg høg standard. For ytterlegare å sikra dette så følger dei tilsette i internrevisjonen ein mastermodul på Handelshøyskolen BI, Oslo, innanfor områda compliance, governance, risk og internrevisjon. Kurset går over eit år, frå hausten 2022 med både prosjektoppgåve og eksamen seint på våren 2023. Kurset tek i denne perioden ein del av kapasiteten til revisjonen.

4. EKSTERN EVALUERING AV INTERNREVISJONEN

Internrevisjonen har over tid blitt søkt utført i samsvar med dei internasjonale standardane for profesjonell utøving av internrevisjon. Standardane inneheld etiske reglar samt omfattande krav til profesjonell utøving av intern revisjon.

Ein viktig del av krava i standarden er at leiar for internrevisjonen gjennomfører løpande oppfølging av internrevisjonens prestasjonar. Vidare skal det gjennomførast periodiske eigenevalueringar, samt periodisk evaluering gjennomført av andre partar innanfor organisasjonen med tilstrekkeleg kunnskap om internrevisjon. Minst kvart femte år skal det òg gjennomførast ein ekstern evaluering. Sjå IIA standard 1312:

«1312 Eksterne evalueringer

Eksterne evalueringer må utføres minst en gang hvert femte år av en kvalifisert, uavhengig person eller et evalueringsteam utenfor organisasjonen. Leder av internrevisjonen må drøfte følgende med styret:

- *metode og hyppighet av eksterne evalueringer og*
- *kvalifikasjonene og uavhengigheten til den eksterne personen eller evalueringsteamet, herunder mulige interessekonflikter»*

Siste eksterne evaluering av internrevisjonen i Helse Vest RHF vart gjennomført i 2017. Den gang var det generalsekretæren i IIA Norge som leia evalueringa. Den overordna konklusjonen frå evalueringa var:

«Etter vår mening er rammebetingelser, organisering og utøvelsen av internrevisjon hovedsakelig i overensstemmelse med definisjon av internrevisjon, de etiske regler og internasjonale standarder for profesjonell utøvelse av internrevisjon.»

Då siste eksterne evaluering vart gjennomført i 2017 skal det igjen gjennomførast ei evaluering i 2022.

På grunn av redusert bemanning i starten av året, erfaring og kapasitet var det ikkje formålstenleg å gjennomføra ei ekstern evaluering av internrevisjonen før mot slutten av året. Dette ga dei nye tilsette tid til å bli sett inn i sine oppgåver og ansvar før ekstern evaluering finn stad. Det vart av den grunn tilrådd frå revisjonsutvalet at den eksterne evalueringa blir gjennomført vinteren 2022-23.

Den eksterne evalueringa starta opp i månadsskiftet november/desember og er leidd av PwC. Evalueringa vil ferdigstillast i mars 2023.

Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Telefon: 51 96 38 00
helse-vest.no

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 23.02.2023
SAKSHANDSAMAR: Bjørn Munthe
SAKA GJELD: Plan for internrevisjonen 2023-24

ARKIVSAK: 2022/872
STYRESAK: **033/23**

STYREMØTE: **22.03.2023**

FORSLAG TIL VEDTAK
Styret godkjenner forslaget til ny plan for internrevisjon 2023-24.

Oppsummering
Plan for internrevisjon vert utarbeidd med ein tidshorisont på to år og med årleg rullering. Det vedlagte planforslaget gjeld 2023 og 2024. Planarbeidet for kommande periode har vore gjennom ein prosess med mellom anna fleire behandlingar i revisjonsutvalet og med innspel frå helseføretaka, Helse Vest IKT, regionalt brukarutval og dessutan med innspel og erfaring frå både munnlege og skriftlege kjelder innanfor og utanfor føretaksgruppa.

Innspela er diskutert, og sett opp mot topp 5 risiko og leiinga sin gjennomgang for Helse Vest RHF. Merk at internrevisjonen skal ha ein dynamisk tilnærming. Dette inneber mellom anna at internrevisjonen justerer planen dersom det er endringar i organisasjonen som tilseier dette.

Forslaget er at følgjande prosjekt inngår i planen for dei kommande to åra:

- **Implementering av pakkeforløp for kreft**
- **Koordinering av luftambulansehelikoptertenesta og flight following av ambulansehelikopteroppdrag i Helse Vest**
- **Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy**
- **Risikostyring i Helse Vest**
- **Beredskap**
- **Etterleving av innkjøpsavtalar**
- **Brukartilgangskontroll**

Følgjande prosjekt er i arbeid og kjem truleg til avslutning i første halvdel av perioden:

- **Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge** (pågåande prosjekt - planlagt ferdigstilt 1. kvartal 2023)
- **Brukarmedverknad i føretaka** (pågåande prosjekt – planlagt ferdigstilt 2. kvartal av 2023)

Andre innkomne innspel til plan er arkivert og blir ein del av dei framtidige vurderingane i Revisjonsutvalet.

Praksis er at internrevisjonen avklarar rekkefølgja på prosjekta med revisjonsutvalet etter at planen er vedteken av styret. Fleire prosjekt blir tekne med frå førre plan og to av desse er allereie prioriterte - og enten i arbeid eller under oppstart.

I tillegg til dei revisjonane som skal gjennomførast i regi av internrevisjonen, **så skal òg sjølve internrevisjonen og –revisjonsfunksjonen i Helse Vest RHF bli revidert** av ekstern part i 2022. Dette er ein type revisjon som er pålagd kvart femte år (ref. IIA Standard 1312 – Eksterne evalueringar).

Revisjonsutvalet hadde planforslaget til behandling 14.02.2023. Følgjande er protokollert.

«Revisjonsutvalet rår styret i Helse Vest RHF til å vedta framlagte utkast til plan for internrevisjon 2023-24 med dei endringane som blei diskutert i møtet.»

Endringane som er omtalt i vedtaket er innarbeid i dette saksnotatet, og dessutan i den vedlagde revisjonsplanen.

Vedlegg:

Forslag til plan for internrevisjon 2023-24

Internrevisjonen

PLAN FOR INTERNREVISJON 2023-2024

Vedteke i styremøte:
xx.xx..2023

Tittel:
Plan for internrevisjon 2023-2024

Last ned dokumentet her:
https://helse-vest.no/om-oss/internrevisjon

Illustrasjonar:
Framside: Bjørn Munthe
Øvrig: Colourbox

FORORD

Helse Vest RHF har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland og Vestland. Helseføretaka har om lag 30 000 medarbeidarar, omfattar 50 sjukehus og institusjonar og yter tenester til 1,1 million innbyggjarar.

Den fremste oppgåva til den regionale internrevisjonen er å stadfeste at styringa av verksemda i Helse Vest gir tryggleik nok for styret til å feste lit til at måla vert nådd. Det er nødvendig å velje ut avgrensa felt som lar seg undersøkje i form av revisjonsprosjekt. Det er mykje som er viktig, og endå meir ein kan analysere. Kunsten er å velje dei rette prosjekta.

Etter instruks skal arbeidet til internrevisjonen vere nedfelt i ein årleg rullert plan som revisjonsutvalet skal behandla og styret skal vedta. Denne planen femner 2023 og 2024, og omfattar Helse Vest RHF, dei fem underliggande HF-a og Helse Vest IKT AS.

INNHALD

1. Premissar for ny plan **6**

2. Tema: Helsetenester **10**

3. Tema: Økonomi **11**

4. Tema: Personal og organisasjon (HR) **12**

5. Tema: Teknologi **13**

6. Tema: Andre område **14**

7. ekstern revisjon av internrevisjonen **15**

8. Etter planvedtaket **15**

UTKAST

OPPSUMMERING

Det er i planarbeidet lagt til grunn ein inkluderande prosess med innspel og erfaring frå både munnlege og skriftlege kjelder innanfor og utanfor føretaksgruppa. Revisjons-utvalet i Helse Vest RHF har drøfta det som er kome fram, og legg dette dokumentet til grunn for innstillinga si til styret i Helse Vest RHF.

Forslaget er at følgjande prosjekt inngår i planen for dei kommande to åra:

- **Implementering av pakkeforløp for kreft**
- **Etterleving av innkjøpsavtalar**
- **Koordinering av luftambulansehelikoptertenesta og flight following av ambulansehelikopteroppdrag i Helse Vest**
- **Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy**
- **Brukartilgangskontroll**
- **Risikostyring i Helse Vest**
- **Beredskap**

Følgjande prosjekt er i arbeid og kjem truleg til avslutning i første halvdel av perioden:

- **Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge** (pågåande prosjekt - planlagt ferdigstilt 1. kvartal 2023)
- **Brukarmedverknad i føretaka** (pågåande prosjekt – planlagt ferdigstilt 2. kvartal av 2023)

Læring på tvers etter uønskte hendingar er eit prosjekt som er ferdigstilt i 2022, men ventar styrebehandling både i RHF-et og i føretaka i starten av 2023.

Andre innkomne innspel til plan er arkivert og blir ein del av dei framtidige vurderingane i revisjonsutvalet. Resten av dette plandokumentet orienterer kort om planprosessen, innkomne innspel, utdjuping av kulepunkta ovanfor, og neste steg.

Praksis er at internrevisjonen avklarar rekkefølgja på prosjekta med revisjonsutvalet etter at planen er vedteken av styret. Fleire prosjekt blir tekne med frå førre plan og to av desse er allereie prioriterte og i arbeid. Historisk har internrevisjonen levert frå 0 til 4 sluttrapportar kvart år.

I tillegg til dei revisjonane som skal gjennomførast i regi av internrevisjonen, **er sjølve internrevisjonen og –revisjonsfunksjonen i Helse Vest RHF i gang med å bli revidert** av ekstern part. Arbeidet er pågåande, og skal ferdigstillast første halvår 2023. Dette er ein type revisjon som er pålagd kvart femte år (ref. IIA Standard 1312 – Eksterne evalueringar).

1. PREMISSAR FOR NY PLAN

Føringane for utarbeiding av dette plandokumentet finn vi i Helse Vest RHF sin instruks for internrevisjon og i internasjonale standardar for internrevisjon. I planprosessen vert ei rekke kjelder undersøkt for å søke fram til eit godt grunnlag å gjere valet ut i frå.

1.1 Formelle krav

Tabellen under viser kva formelle krav som er stilt.

Tabell 1 - Krav til revisjonsplanlegging i internrevisjonsinstruksen og eksterne standardar
Instruks for internrevisjon i Helse Vest: «5.1 Arbeidet til internrevisjonen skal nedfellast i ein årleg rullert plan som skal behandlast av revisjonsutvalet og godkjennast av styret. 5.2 Revisjonsplanen skal være basert på risikovurderingar av overordna, vesentlege forhold. 5.3 Internrevisjonen skal i arbeidet med revisjonsplanen søke å involvere styra og administrerande direktørar i RHF'et og helseføretaka, for eit best mogleg plangrunnlag. 5.4 Vesentlege oppgåver for internrevisjonen utanom vedteken revisjonsplan kan godkjennast av revisjonsutvalet. Internrevisjonen kan òg på sjølvstendig grunnlag ta opp saker innan sitt ansvars- og arbeidsområde.» Internrevisjonsstandard (IIA) Nr «2010 Planlegging»: «Leder av internrevisjonen må utarbeide en risikobasert plan for å fastsette prioriteringene til internrevisjonen, i samsvar med organisasjonens målsetninger.» Tolkning «For å utarbeide den risikobaserte planen må leder av internrevisjonen konsultere toppledelsen og styret for å få en forståelse av organisasjonens strategier, de viktigste forretningsmessige målene, relaterte risikoer og risikostyringsprosesser. Leder av internrevisjonen må gjennomgå og justere planen, i den grad det er nødvendig, for å ta hensyn til endringer i organisasjonens forretningsvirksomhet, risikoer, drift, programmer, systemer og kontroller.»

I instruksane for både internrevisjonen og revisjonsutvalet er hovudoppgåvene peikt ut til å sjå nærare på om føretaksgruppa oppfyller krav til målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar, påliteleg styringsinformasjon; etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk); samt oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.

Internrevisjonen er pålagt å justere planen dersom det er endringar i organisasjonen som tilseier dette. Dette kan gå føre seg utanom den ordinære rulleringa av revisjonsplanen.

1.2 Kjelder til prioritering av nye prosjekt

Tidlegare rapportar frå internrevisjonen ligg offentleg tilgjengelege på nettstaden til Helse Vest RHF. Dei utgjer òg eit bakgrunnsbilete for val av framtidige prosjekt.

Dei kanskje fremste målområda for Helse Vest RHF kjem fram av strategiplanen Helse 2035. Andre sentrale dokument er oppdragsdokumenta frå departementet og eigne styringsdokument til helseføretaka. Likeins kan andre regionale og nasjonale planar og strategiar påverke valet av prosjekt. Føretaka kan ha sine eigne føretaksinterne strategiar og handlingsplanar, og la dei tene som grunnlag for innspel til den regionale internrevisjonsplanen.

Revisjonsutvalet og internrevisjonen har vurdert planen opp mot Topp 5 risikoar i føretaksgruppa, samt fokusområda i leiinga sin gjennomgang for RHF-et. Topp 5 risikoane er:

- Legemiddelområdet
- Vald og truslar mot medarbeidarar
- Uønskt variasjon – radiologi og ortopedi
- IKT og informasjonssikkerheit
- Ekstern turnover av medarbeidarar

Fokusområda i leiinga sin gjennomgang er:

- Klima og miljø
- Kvalitet og pasienttryggleik
- Beredskap og sikkerheit
- HMS-området
- Informasjonssikkerheit og personvern
- Arkiv og dokumentasjon
- Økonomistyring

Ein ser òg i planarbeidet til andre instansar som driv med liknande oppgåver. Føremålet er dels å unngå å gå i same fotefar og belaste organisasjonen unødig, men òg å få idear til eigne analysar. Eksempelvis vil det gjelde kva statlege tilsynsorgan (særs Helsetilsynet) og Riksrevisjonen har gjort. Med sistnemnte har internrevisjonen jamleg dialog og informasjonsutveksling. Ein ser òg på kva internrevisjonane i dei andre RHF-a har prioritert, samt internrevisjonane (eller tilsvarande) i helseføretaka i Helse Vest.

Til sist er det som før lagt stor vekt på å fange opp signal frå møter og skriftlege innspel frå mellom anna helseføretaka, leiinga i RHF-et og regionalt brukarutval. Som tidlegare år vart det ved denne rulleringa særskilt oppmoda til at føretaksstyra fekk høve til å kome med innspel. Det er gjort i alle føretaka.

Revisjonsutvalet har gitt innspel på fleire av sine møte i løpet av perioden, og har òg ei formell rolle i å innstille til styret om innhaldet i denne revisjonsplanen.

1.3 Kapasitet

Internrevisjonen i Helse Vest RHF består av tre stillingar, med eit budsjett som òg legg opp til å sikra kapasitet gjennom kjøp av eksterne tenester. Det aller meste av aktiviteten går med til å gjennomføre dei prosjekta som er blitt prioriterte i revisjonsplanen, og dessutan utføre sekretariatsoppgåver for revisjonsutvalet. Alle tilsette i internrevisjonen tar i 2022-2023 vidareutdanning, mellom anna for å sikre at ein oppfyller krav som vert stilt nasjonalt og internasjonalt til kompetanse, med mål om å oppnå sertifiseringa «Diplomert internrevisor».



1.4 Modell

Internrevisjonen i Helse Vest RHF har i fleire år brukt den følgjande modellen i revisjonsplanlegginga og i dialog med andre, og stikkorda i venstre del vert brukt som overskrifter i resten av dette plandokumentet.

Figur 1 – Pedagogisk modell for søk etter kandidatprosjekt til revisjonsplanen



2. TEMA: HELSETENESTER

Denne overskrifta femner «fag»-dimensjonen i helseføretaka, det kliniske området. Her ligg det inne ein revisjon som er pågåande, i tillegg til eitt nytt prosjekt.

2.1 Prosjekt i gjeldande plan

I gjeldande revisjonsplan er det inne tre prosjekt knytt til dette temaet, som vi tar med oss vidare.

- **Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern barn og unge**. Tematikken vart tatt inn i planen for 2018-2019, og prosjektet vart forsøkt starta i august 2019, men føretaka ønskja utsetjing. Formålet med prosjektet er å undersøkje om det er uønskte variasjonar i Helse Vest kva gjeld mottak av tilvising, vurdering av tilvising, og behandling av barn og unge i det psykiske helsevernet knytt til spiseforstyrrelser.

  Prosjektet er no i arbeid, og kjem truleg til avslutning i første halvdel av 2023.

2.2 Prosjekt som går ut av planen

«Administrasjon av pasientar på venteliste» er tatt ut av planen for 2023-2024. Grunngjevinga for dette er at den vil ha store likskapstrekk med internrevisjonen «Avansert oppgåveplanlegging» som vart gjennomført i 2019.

«Bruk av avtalespesialistar» er òg teken ut av planen. Det er ønskje om å revidera sjølve avtalespesialistane sin praksis, og per no er det ikkje høve til dette grunna avgrensingar i rammeavtalane. Ein revisjon av dette vil gå utanfor mandatet til internrevisjonen. Arbeidet med avtalespesialistar blir fylgt opp av andre einingar i RHF-et.

2.3 Nye prosjekt i planen

Det er eit nytt prosjekt i planen under tema «Helsetenester»:

- **Implementering av pakkeforløp for kreft.** Innspel frå styret i Helse Bergen. Prosjektet er knytt til kvalitet og pasienttryggleik, medrekna standardisering av pasientforløp.

3. TEMA: ØKONOMI

Økonomiområdet er det som går på økonomistyring, løn, rekneskap og innkjøp. Det er eitt prosjekt knytt til dette område i planen for 2023-2024.

3.1 Nye prosjekt i planen

Det er eit nytt prosjekt i planen under dette temaet:

- **Etterleving av innkjøpsavtalar.** Innspel frå revisjonsutvalet. Prosjektet er knytt til økonomistyring og korleis ein forvaltar ressursane i føretaksgruppa. Ein ønskjer å sjå på om ein hentar ut verdiane som ligg i innkjøpsavtalane, og eventuelt kvifor ein ikkje nyttar seg av avtalane som ligg føre.

4. TEMA: PERSONAL OG ORGANISASJON (HR)

Kompetanse, kultur, leiing og organisering er alle stikkord som går inn under denne overskrifta. Revisjonsplanen inneheld to prosjekt, i tillegg til eitt ferdig prosjekt som er klar til styrebehandling.

4.1 Prosjekt i gjeldande plan, inkludert prosjekt klar til styrebehandling

Det er eit prosjekt i gjeldande plan, i tillegg til eitt prosjekt som er ferdigstilt og klar til styrebehandling:

- **Læring på tvers av uønskte hendingar**. Korleis og i kva grad er arbeidet med pasienttryggleik og læring integrert i etablerte styringsliner? Sentrale element er både leiing, kultur, prosess og system. Legg kulturen til rette for læring og openheit? Kva system, rutinar og strukturar har vi for å overføre erfaringar mellom einingar i føretaka og mellom føretaka, og lærer vi varig av både det vi får til og av feila våre?

  Prosjekt er ferdigstilt i 2022, og kjem til styrebehandling i RHF-et og føretaka i første kvartal i 2023.

- **Koordinering av luftambulansehelikoptertenesta og flight following av ambulansehelikopteroppdrag i Helse Vest**

  Prosjektet kom som innspel frå styret i Helse Bergen HF i 2021.

  Sentraliseringa av luftambulansekoordineringa til ein AMK-LA sentral i kvar helseregion er eit tiltak som skal bidra til betre pasienttryggleik og ytterlegare profesjonalisering av flight-following i tenesta. Ei internrevisjon vil kunne evaluere i kor stor grad måla for sentraliseringa er nådd.

4.2 Nye prosjekt i planen

Det vert ikkje føreslått nye prosjekt i denne planen med hovudvekta si under overskrifta «Personal og organisasjon (HR)»

5. TEMA: TEKNOLOGI

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi femner på sett og vis alt vi driv med i helsesektoren, og vil vere ein sentral mogleggjerar for å løyse mange av utfordringane i det framtidige helsevesenet.

5.1 Prosjekt i gjeldande plan

I gjeldande revisjonsplan ligg det inne eitt prosjekt innafor dette temaområdet, som vi tar med vidare.

- **Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy.** Prosjektet skal sjå på implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy. Det vert i den forbindelse vist til dei store utgiftene og krava til omstilling som vert stilt, der ein kan vere usikker på om effektane faktisk blir som forventa.

  IKT og informasjonssikkerheit er eit av områda som er vurdert å ha høg risiko i Helse Vest.

5.2 Nye prosjekt i planen

Det er eit nytt prosjekt i planen under «Teknologi»:

- **Brukartilgangskontroll.** Innspel frå revisjonsutvalet. Prosjektet er knytt til informasjonssikkerheit som er omtalt i Topp 5 risikoar for føretaksgruppa og leiinga sin gjennomgang i Helse Vest RHF. Her har ein, mellom anna, moglegheit til å sjå på oppfølging av brukartilgangar, til dømes om tilgangar vart fjerna når ein person sluttar i føretaket.

6. TEMA: ANDRE OMRÅDE

Kategorien femner beredskap, bygg og eigedom, planlegging og støttetenester som ikkje er omfatta av dei andre overskriftene.

6.1 Prosjekt i gjeldande plan

I gjeldande plan ligg det inne eitt prosjekt, som vi tar med oss vidare.

- **Brukarmedverknad i føretaka.** Forslaget kom inn ved revidering av plan for internrevisjonen for 2021-22, etter innspel frå regionalt brukarutval, der det vart vist til at det er skilnader mellom dei ulike føretaka og samarbeidspartane i det private/ideelle området. Eit internrevisjonsprosjekt kan søke å identifisere korleis dette arter seg, og omfanget.

  Prosjektet er i arbeid og kjem truleg til avslutning i første halvdel av perioden.

6.2 Prosjekt som går ut av planen

På bakgrunn av det pågåande «ROMLE»-prosjektet (risikoområde legemiddel) vil det ikkje vera formålstenleg å revidere **«Tryggare legemiddelbehandling med utgangspunkt i registrerte alvorlege feil og hendingar»**, og prosjektet er difor tatt ut av denne rulleringa. Det kan vera ein aktuell revisjon når «ROMLE» er ferdigstilt.

6.3 Nye prosjekt i planen

Under overskrifta «Andre område» tek vi inn to nye prosjekt:

- **Risikostyring i Helse Vest.** Dette er eit innspel av internrevisjonen, på bakgrunn av revisjonen av internkontrollen i Helse Vest i 2019. Ein ny revisjon vil undersøkje korleis den heilskaplege risikostyringa er i Helse Vest sett opp mot topp 5 risiko og leiinga sin gjennomgang. Ei heilskapleg risikostyring er ein kontinuerleg prosess som må gå føre seg i alle delar av føretaksgruppa.

- **Beredskap.** Prosjektet kjem som innspel frå Helse Vest RHF. Dette er eit av områda som er gjennomgått i leiinga sin gjennomgang i RHF-et, kor dei ønskjer ein vurdering frå internrevisjonen på området.

7. EKSTERN REVISJON AV INTERNREVISJONEN

I tillegg til dei revisjonane som skal gjennomførast i regi av internrevisjonen, **er sjølve internrevisjonen og – revisjonsfunksjonen i Helse Vest RHF i gang med å bli revidert** av ekstern part. Arbeidet er pågåande, og skal ferdigstillast første halvår 2023. Dette er ein type revisjon som er pålagd kvart femte år (ref. IIA Standard 1312 – Eksterne evalueringar).

8. ETTER PLANVEDTAKET

Det er ønskjeleg å ha ein beredskap til å kunne handtere moglege andre prosjekt, dersom det oppstår nye behov undervegs i planperioden. I praksis vil nye prosjekt undervegs i året gå ut over framdrifta i andre, vedtekne prosjekt. Til ein viss grad kan ein moderere effekten gjennom kjøp av eksterne tenester, eller gjennom å avgrense tematikken i planlagde prosjekt. Slike konsekvensar vil internrevisor ta opp med revisjonsutvalet.

Alle tema vil verte konkretiserte ved starten av prosjekta. Dei er i planen formulerte på eit overordna nivå for å gi ei retning for tematikken i revisjonsprosjektet. Planen er internrevisjonen sitt arbeidsverktøy, men både rekkefølgja på prosjekta og problem-stillingar som skal undersøkjast vert lagt fram for revisjonsutvalet til drøfting.

I internrevisjonen sin prosessorienterte arbeidsmetodikk er oppfølging av tidlegare prosjekt definert som ein integrert fase i det samla prosjektforløpet. Internrevisjonen legg stor vekt på systematisk oppfølging av tidlegare prosjekt, og tilbakemelding til revisjonsutval og styre.

Eit godt gjennomført prosjekt, kor ein har hatt ein god dialog med reviderte verksemder og fagpersonar, aukar utsiktene for at tilrådde tiltak vert gjennomførte. På same måten verker handlingsplanane til dei administrerande direktørane i føretaka. Det å forplikte seg til endring, og erkjenne grunnlaget for ho, legg eit godt grunnlag for at det faktisk skjer noko.

Helse Vest
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Telefon: 51 96 38 00
helse-vest.no

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 14.02.2023
SAKSHANDSAMAR: Bjørn Munthe
SAKA GJELD: Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 14.02.2023

ARKIVSAK: 2023/127
STYRESAK: **034/23**

STYREMØTE: **22.03.2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek protokoll frå møte i revisjonsutvalet den 14. februar til orientering.

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte den 14. februar. Styret vert orientert om revisjonsutvalet sitt arbeid gjennom protokollane.

Protokollane frå møta blir godkjent fortløpande av medlemmene av revisjonsutvalet, anten i etterfølgjande møte eller skriftleg over e-post.

Vedlegg:
Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 14.02.2023

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 14.02.2023
MØTESTAD: Møterom Kjerag, Helse Vest RHF, Stavanger

Deltakarar frå utvalet

Olin Johanne Henden	Leiar
Oddvar Martin Kaarbøe	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem

Deltakarar frå internrevisjonen
Leiar internrevisjonen Bjørn Munthe
Internrevisor Sara Svela
Internrevisor Caroline Øie

Deltakar frå administrasjonen
Direktør for e-helse Erik M. Hansen (i sak 6/23 og 05/23)

Forfall frå administrasjonen
Eigardirektør Ivar Eriksen
Kst. økonomi- og finansdirektør Synnøve Odden Teigelid

Andre deltakarar
Bente Enehaug-Rebnord, styremedlem i Helse Bergen

Sakliste:

Sak 01/23 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 02/23 B	Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 07.12.2022
Sak 03/23 B	Budsjett
Sak 04/23 O	Instruks IR og RU
Sak 05/23 O	IKT og IKT-sikkerheit
Sak 06/23 O	Læring etter hendingar - erfaringar frå Equinor
Sak 07/23 O	Status på internrevisjonen
Sak 08/23 B	Oppfølging av internrevisjon «Tvangsbruk i psykisk helsevern»
Sak 09/23 B	Revisjonsplan 2023-2024
Sak 10/23 O	Årsrapport 2022 for revisjonsutvalet og internrevisjonen
Sak 11/23 O	Nye skriv og meldingar
Sak 12/23 O	Eventuelt

Sak 01/23 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):
Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 02/23 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 07.12.2022

Oppsummering:
Førebels protokoll var formidla til medlemmane for kommentarar etter møtet. Ingen merknader til sjølve protokollen.

Vedtak (samrøystes):
Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 07.12.2022

Sak 03/23 B Budsjett

Oppsummering:
Leiar for internrevisjonen la fram budsjettet for internrevisjonen for 2023. Det vart peika på forskjellar frå 2022 budsjettet og dei faktiske kostnadene for 2022 sett mot budsjett for 2023. Det vart også presisert at budsjettet for 2023 er redusert frå førre års budsjett. Budsjettet blir vurdert som tilstrekkeleg for inneverande år.

Vedtak (samrøystes):
Revisjonsutvalet sluttar seg til forslaget til budsjett for 2023, og til at dette blir å behandle vidare i samla sak om budsjettet for RHF-et. Revisjonsutvalet ber om at styret i saka blir gjort merksam på utvalet si innstilling.

Sak 04/23 B Instruks IR og RU

Oppsummering:
Årleg gjennomgang av instruksane til internrevisjonen og revisjonsutvalet vart gjennomført utan vesentlege endringar. I styresak 0235/22 anbefalte styret å endre instruksen til revisjonsutvalet til å vera kjønnsnøytral i punkt 7.1.

Vedtak (samrøystes):
Revisjonsutvalet sluttar seg til at instruksen for internrevisjonen vert ståande uendra, og at instruks for revisjonsutvalet endrar ordet «han» til «vedkommande» i punkt 7.1 første setning for å gjera instruksen kjønnsnøytral.

Sak 05/23 O IKT og IKT-sikkerheit

Oppsummering:
Erik M. Hansen heldt ein presentasjon om IKT og IKT-sikkerheit.

Revisjonsutvalet fekk ei god orientering om sikkerheitsarbeidet og moglegheitene for felles IT-løysingar. Revisjonsutvalet merkar seg at arbeidet med ein god sikkerheitskultur i føretaksgruppa er viktigare enn nokon gong i den sikkerheitspolitiske situasjonen vi er i. Utvalet fekk og ein påminning om at det er viktig med felles IT-løysingar for å underbygge god kvalitet og pasienttryggleik.

Vedtak (samrøystes):
Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 06/23 O Læring etter hendingar - erfaringar frå Equinor

Oppsummering:
Bente Enehaug-Rebnord, styremedlem i Helse Bergen, heldt ein presentasjon om læring etter hendingar – erfaringar frå Equinor.

Det er likskapar mellom temaet som vart presentert og revisjonsprosjektet "Læring på tvers etter uønskte hendingar". Revisjonsutvalet drøfta mellom anna utfordringar knytt til bakanforliggande årsaker, kultur og system.

Vedtak (samrøystes):
Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 07/23 O Status på internrevisjonen

Oppsummering:
For prosjekt i arbeid, læring på tvers etter uønskte hendingar, er rapporten behandla i styret i Helse Fonna med tiltaksplan den 13.01.23. IR har hatt presentasjon av rapporten i Helse Førde den 26.01.23, men dato for styrebehandling av tiltaksplan er ikkje offentleggjort. Rapporten er sett opp for behandling i styret i Helse Stavanger den 21.02.23, i Helse Vest RHF 22.03.23, og i Helse Bergen 30.03.23.

For prosjekt i arbeid, uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern barn og unge, er alle intervju no gjennomførte, og skriving av rapport er påbegynt.

